

Oddmund Løkensgard Hoel

Målreising og modernisering i Noreg 1885–1940

Avhandling for graden philosophiae doctor

Trondheim, november 2009

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet
Institutt for historie og klassiske fag



Digital utgåve 4.2.2011 som omfattar kap. 1-4 og 13
(s. 1-115 og 541-585).

NTNU

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

Doktoravhandling for graden philosophiae doctor

Det humanistiske fakultetet
Institutt for historie og klassiske fag

© Oddmund Løkensgard Hoel

ISBN 978-82-471-1816-0 (trykt utg.)
ISBN 978-82-471-1817-7 (elektr. utg.)
ISSN 1503-8181

Doktoravhandlingar ved NTNU, 2009:208

Trykt av NTNU-trykk

Føreord

Denne avhandlinga er vorten til innanfor prosjektet *Det opne språket. Språk og kulturendring*, som gjekk åra 2003–2007 ved Ivar Aasen-instituttet, Høgskulen i Volda, i all hovudsak finansiert av Noregs forskingsråd. Berande var delprosjektet *Nyopninga: Den nynorske skriftkulturen* der siktemålet har vore å skriva historia om bakgrunnen for og utviklinga av ein nynorsk skriftkultur frå 1700-talet til vår tid. Det vart delt i tre periodar, og eg fekk ansvaret for tida frå 1885 til 1950. I samråd med prosjektleiing og rettleiar er dette seinare avgrensa til perioden 1885–1940.

Som stipendiat ved Aasen-instituttet hadde eg det privilegiet det er å få arbeida med dette stoffet på heiltid frå september 2003 til november 2006. Høgskulen i Volda ytte dessutan to månadsverk ekstra våren 2007. HVO, Aasen-instituttet og prosjektleiar Stephen J. Walton skal ha ein stor takk for romslege arbeidsvilkår og god tilrettelegging. Med dei to medstipendiatane mine, Jens Johan Hyvik og Aase Norunn Digernes, har eg hatt lange og gjevande diskusjonar og fått mange og gode kommentarar på tekstutkast.

Eg har vore knytt til ph.d.-programmet i historie og kulturfag ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Avgjerande for det valet var Ola Svein Stugu ved Institutt for historie og klassiske fag, som straks sa ja til å vera rettleiar. Samtalene og dei mange og grundige kommentarane hans til tekstutkast, har gjort arbeidet til ein gjevande læringsprosess som eg er djupt takksam for.

Gjennom arbeidet med avhandlinga har eg vore storbrukar av Luster bibliotek, høgskulebiblioteka i Volda og Sogndal og biblioteket i Ivar Aasen-tunet. Lokalsamlinga ved Sogndal bibliotek har òg vore god å ha. Og eg har framleis til gode å møte bibliotekarar som ikkje entusiastisk og raskt gjer kva dei kan for å skaffa fram dei særaste ting. De skal ha ein stor takk.

Hausten 2004 gjorde eit utanlandsstipend frå Noregs forskingsråd det mogleg for meg og familien å vera fire månader i Aberystwyth, Wales, der eg fekk høve til å fordjupa meg i språkhistoria og den omfattande språkhistoriske forskinga knytt til walisisk. Eg hadde kontorplass på Centre for Advanced Welsh & Celtic Studies, University of Wales. Ein stor takk går til direktøren, professor Geraint H. Jenkins, for god tilrettelegging og hjarteleg velkomst. Attåt Jenkins var særleg Marion Löffler ved senteret og Richard Wyn Jones ved Department of International Politics, UWA, inspirerande og nyttige samtalepartnarar.

Rekkja er lang med folk som har kommentert tekstutkast, brukt tid på faglege samtalar eller stilt opp på anna vis. Medrettleiar Brynjulv Gjerdåker og Ottar Grepstad skal

særleg framhevast. Stor takk òg til Olaf Almenningen, Marie Lund Alveberg, Svein Ivar Angell, Anders Aschim, Are Ausland, Margit Bergstrøm, Ragnhild Bjørge, Øyvind Bjørnson, Terje Eggum, Per Halse, Eirik Helleve, Per Eivind Hem, Reidun Høydal, Knut Kjeldstadli, Hermund Kleppa, Kirsti Langstøyl, Gunnar Skirbekk, Åsmund Svendsen, Lars S. Vikør og Terje Aarset.

Sidan 2007 har Avdeling for samfunnsfag ved Høgskulen i Sogn og Fjordane vore arbeidsplassen min. Kollegaene mine skal ha takk, ikkje minst for å ha vist stor forståing for behovet mitt for å vera noko avskjerma og ukollegial i periodar. ASF har òg ytt økonomisk støtte til kursdeltaking.

Kristi var eit knapt år då eg byrja på stipendiatlivet medan Tora og Øyvind kom til i løpet av stipendiatperioden. Dei har effektivt sytt for at pappa med nokre unntak har måtta avgrensa avhandlingsarbeidet til tilnærma normal arbeidstid og dagleg har vorte minna på at det finst viktigare ting i livet enn avlidne målfolk.

Slik sett har andre delar av familien vore meir direkte til *nytte*. Svigermor Kari Grov har trødd til oftare enn nokon kunne venta. Bidraga frå mor mi, Torlaug Løkensgard Hoel, spenner over heile spekteret frå manuskommentarar til henting i barnehagen og baking av fredagskaka mi på jobben, attåt finansiell støtte i ein periode då det offentlege tok til å svikta.

Eli Bjørhusdal – kjærast, kone og fagfelle – skal ha den største takken, aller mest for å vita kva dette går ut på, og å ha funne seg i ein framdriftsplan som vart stadig meir ullen. Eg funderer stadig på når og korleis eg kan få betalt tilbake for eit krevjande au pair-opppdrag ho tok fire regntunge månader i Aberystwyth medan eg fekk levva (fag)livet.

Med så mange gode hjelparar burde det stå klart for alle at ingen andre enn eg kan lastast for dei lyta som framleis måtte hefta ved dette arbeidet.

Jostedalen, 27. mars 2009.

Oddmund Løkensgard Hoel

Innhald

Føreord	3
Innhald	5
Figurar og tabellar.....	9
Forkortingar	9
Kapittel 1 Innleiing	11
Problemstillingar.....	13
Innfallsvinklar, avgrensingar og disposisjon.....	16
Tematisk avgrensing	16
Periodisk avgrensing.....	19
Strukturen i avhandlinga.....	20
Kjelder.....	20
Kapittel 2 Fagtradisjonar og forskingssituasjon.....	23
'Ytre språkhistorie' - omriss av eit fagfelt.....	23
Språkhistorie og språkpolitikk	23
Inn i språkvitskapen.....	25
Ut av språkvitskapen	30
Frå 'ytre språkhistorie' til 'nynorsk skriftkultur'	33
Forskingssituasjon	37
Periodiske tyngdepunkt	38
Tematiske tyngdepunkt.....	38
Oppsummering	42
Kapittel 3 Teoretiske perspektiv på nasjonsbygging og modernisering	45
Nasjonsbygging og nasjonalisme	46
Skular i nasjonalismeforskinga.....	48
Kulturnasjonalisme	51
'Etnisk - statsborgarleg' nasjonalisme som problematisk dikotomi.....	55
Nasjonalisme - ovanfrå eller nedanfrå?	59
Språk og nasjonalisme	62
Kvasi-etniske konflikhtar innan nasjonar.....	65
Modernisering	68
Klassisk moderniseringsteori.....	68
Multiple modernitetar.....	71
Moderniseringa og målstriden - ulike syn	74
Norsk målstrid som uttrykk for alternative moderniseringsprosjekt?	77
Oppsummering	82
Kapittel 4 Kva var 'målrørsla'?	85
Målstridens omgrepshistorie.....	86
Omgrepshistorie - Koselleck	87
'Mål/språk'	90
Namna på skriftmåla.....	94
Ei rørsla tek form.....	103
Det nasjonale elitenivået.....	104
Dei lokale og regionale nivåa.....	108
Den nynorske pressa	113
Oppsummering	114
Kapittel 5 Synet på urbanisering og industrialisering før 1900.....	117
Synet på byar og bymål i målrørsla fram til 1890-åra.....	118

Utgangspunktet: tilknytninga til agrarsamfunnet	119
Hans Ross og Arne Garborg om bydialektane kring 1880	121
Språkleg grensedraging	125
Byar og bydialektar i ordsiftet om jamstillingsvedtaket 1885	127
Framgang for tilnærmingstanken	131
Knudsen og jamstillingsvedtaket	131
Nytt syn på byane?	136
Frå to-nasjonslære til samarbeid og integrasjon?	141
Målmarknaden 1898	147
Målrørsla og industrialiseringa	149
Tidleg småindustri i Nord- og Midthordland	151
Synet på industrien i det sentrale målmiljøet	153
Oppsummering	157
Kapittel 6 Mellom radikalisme og konservativisme	161
Venstre og målsaka	162
Døme: målvedtaka 1892	163
Kva ville Venstre med målsaka?	165
Målfolk til venstre for Venstre	167
Arbeidarsamfunnsrørsla før 1890	169
Eit sideblikk på Hedmark og Oppland	173
Arbeidardemokratane	179
"Anarkistrida"	180
Den 17de Mai og dei sosiale spørsmåla	185
Jordspørsmålet og georgismen	187
Oppsummering	192
Målfolk til høgre for Venstre	193
Grundtvigianarar mot pietistar?	194
Kristninga av landsmålet	198
Målsak og pietisme i Sogn	202
Kristelege ungdomsskular og lærarseminar	206
Lærer mot prest?	209
Moderate Venstre og målsaka	212
Avradikalisering?	214
Oppsummering	221
Kapittel 7 Målstrid, unionsstrid og militærpolitikk	225
Folkevæpning og målsak i 1880-åra	227
Ola Five	228
Folkevæpningssamlaga	229
Følgjene av unionskrisa 1895	232
Kulturnasjonalistisk organisering	233
Fredssak og forsvarsskepsis	237
Militærpolitisk snuoperasjon	241
Målrørsla og unionsoppløysinga	246
Unionsspørsmålet fram til mars 1905	248
Målrørsla og Karlstad-opposisjonen i hovudstaden	253
Karlstad-protestane utover i landet	262
Karlstad-protestane – ei vurdering	266
Ein nynorsk militarisme?	270
Kapittel 8 Nytt syn på byen?	279
Målstriden hausten 1899: nye skyttargraver	280

Den fyrste riksmålsorganiseringa	280
Bakgrunnen for målstriden	282
Riksmålsaksjonen og by-land-konflikten	287
Verknadene av riksmålsaksjonen.....	289
Bymåla blir rehabiliterte	291
Dei fyrste bymålsgranskingane	292
Bymålslaget	295
Den organiserte målrørsla i byane.....	296
Bylaga – eit oversyn	298
Den regionale sentrumsfunksjonen til bylaga.....	299
To døme: Rogaland og Telemark	301
Kristiania: Bondeungdomslaget og Klaus Slettens program	302
Bondeungdomslaga som fenomen – målsaka sin posisjon	305
Bondeungdomslaga – møtestader for ressurssterke innflyttarar?.....	310
Bymållaga og det praktiske arbeidet	313
Oppsummering	315
Kapittel 9 Målrørsla møter storindustrien	323
Fem industristader i nynorskland	324
Industrireisninga.....	325
Innføringa av landsmål.....	327
Løysinga: parallellklassar	331
Lovfesting av parallellklasseordninga.....	334
Synet på storindustrialiseringa	336
Sosiale motsetnader.....	337
Innflyttarar og bygdefolk – språkdemografiske faktorar	342
Urbanisering og ideologiske konfliktrar.....	345
Motstand mot storindustrien.....	347
Alternativ moderniseringsstrategi?	351
Industrivenlege målfolk.....	354
Moderat interesse	356
Domeneproblemet	357
Oppsummering	360
Kapittel 10 Målrørsla, arbeidarrørsla og militærpolitikken	367
Arbeidarpartiet og måls spørsmålet	368
Nøytralitetspolitikken.....	369
I praksis: ei målvenleg line.....	371
Arbeidarpartiet, målsaka og andre 'nasjonale spørsmål'	377
Militærpolitikken i norskdomsrørsla etter 1905	379
Heltane frå 1905	379
Lowzow og striden om hærordninga 1909	382
Samarbeidet med Norges Forsvarsforening	385
Militærpolitisk skjerping fram mot fyrste verdskrigen.....	386
Gjelsvik-Os-regimet.....	388
Fredsvener og fredssauer	392
Tilhøvet til arbeidarrørsla.....	394
Oppsummering	399
Kapittel 11 Mellom sosialismen og høgreaktivismen	403
Bonderørsla	404
Bondepartiet	404
Partikampen om målpressa.....	406

Nynorske bondepartiaviser.....	408
Samarbeid mellom bondelaget og norskdomsrørsla.....	411
"Bondereising"	412
Høgreaktivismen.....	419
Frisinnede Venstre.....	421
Fedrelandslaget.....	422
Strid mellom Fedrelandslaget og Noregs ungdomslag	426
Grønlandssaka	430
Militærpolitikken etter fyrste verdskrigen.....	438
Frieri til arbeidarrørsla	442
Avantgarden: Studentmållet.....	443
Mållagsårsmøta 1920-22.....	445
DNA: fyrste steg bort frå nøytralitetslina	450
Målsosialistane og nasjonalismen	456
Nynorske arbeidaraviser	460
Oppsummering	462
Kapittel 12 Makt og avmakt i byane	467
Den nynorske sigersvissa og byproblemet.....	468
Framgangen som argument	468
Einaste riksmål i landet - nedanfrå eller ovanfrå?.....	471
Målreisingsarbeidet i byane	477
Synet på bymåla	479
Gustav Indrebø om bymåla.....	480
Skilnader på eit tradisjonalistisk og reformistisk syn på bymåla?	482
Bynamna: spydspissen som brakk	486
Namnepolitikken 1900-1920 - ei nynorsk suksesshistorie	487
Bynamna kjem opp - <i>Kristiania-Oslo</i>	491
Lærdomar av <i>Oslo</i> -striden.....	494
Stridane om <i>Fosna</i> og <i>Nidaros</i> fram til juni 1929	496
Reaksjonen - <i>Bjergvin</i> og <i>Nidaros</i>	500
Strategien til målrørsla.....	502
Skepsis utanfor målrørsla.....	507
Språkstrid og namnestrid.....	508
Nye strategiar i 1930-åra	511
"Vokster-lina" mot "tvangs-lina"	512
Målreisinga som distriktpolitisk forsvarsstrid	516
Tilhøvet til arbeidarrørsla og samnorskpolitikken i 1930-åra	522
Oppsummering	533
Kapittel 13 Konklusjon.....	541
Det lokale nivået og domenespørsmålet	541
Målrørsla, Venstre og venstrenasjonalismen	543
Kulturnasjonalisme og politisk nasjonalisme	546
Urbaniseringa	548
Industrialiseringa	553
Arbeidarrørsla	556
Målrørsla og radikalismen.....	559
Når vart målrørsla ei 'rørsla'?	560
Alternative moderniseringsprosessar	562
Norsk målstrid som kvasi-etnisk konflikt	564
Avrunding.....	567

Kjelder og litteratur	569
Arkiv	569
Oppslagsverk, internettressursar m.m.....	569
Aviser og tidsskrift	570
Kjelde- og litteraturliste.....	570

Figurar og tabellar

Tabell 1. Stortingsrepresentantar etter haldning til Karlstad-traktaten 1905 og tilslutnad til målstemneoppropet 1906, s. 259

Tabell 2. Partitilknytinga for nynorskavisene 1920–40, s. 410

Figur 1. Sosial struktur på og ikring industristadene, s. 360

Figur 2. Nynorsk i folkeskulen 1890–1960. Krinsar og elevar. Prosent, s. 469

Forkortingar

bm	bokmål
BUL	bondeungdomslag
da.	dansk
DNA	Det norske arbeiderparti
f.	femininum
FD	Forsvarsdepartementet
GT	Det gamle testamentet
H	Høgre
LO	Landsorganisasjonen
m.	maskulinum
MF	Menighetsfakultetet
MV	Moderate Venstre
n.	nøytrum
NM	Noregs mållag
nn	nynorsk
NT	Det nye testamentet
NU	Noregs ungdomslag
rm	riksmål
spd.	spesidalar
sv.	svensk
V	Venstre

Kapittel 1 Innleiing

Frå 1880-åra til andre verdskrigen gjekk det norske språksamfunnet gjennom det største omskiftet i nyare tid. Kring 1880 hadde Noreg i all hovudsak felles skriftmål med Danmark. Det var åleine om ein offisiell status som nasjonalspråk, og korkje reformstrevet innanfor det rådande skriftmålet eller Ivar Aasens privat kodifiserte landsmål hadde nådd lenger enn eit avgrensa eksperimentelt og litterært stadium.

Eit halvt hundreår seinare var språksituasjonen ein heilt annan. Den skriftspråklege fellesskapen med Danmark var broten gjennom fleire større rettskrivingsendringar og ei reell endring av den skriftlege praksisen i det som vart heitande 'bokmål'. Lova om målbruk i statstenesta (1930) vart den førebels siste av ei rekkje statshandlingar som sidan 1885 hadde gjort landsmål/nynorsk formelt jamstelt med bokmål i all offentleg verksemd. På lokalplan gjekk bruken av det nye skriftmålet fram utan tilbakeslag til 1940-åra då drygt halvparten av skulekrinsane med kring ein tredel av folkeskuleelevane i landet hadde nynorsk som fyrstespråk (hovudmål). Til kyrkjeleg bruk hadde målet vunne endå større rom. Der språkskifteprosessen hadde kome lengst, var det etablert eit nynorsk 'kjerneområde' der skriftmålet var dominerande på sentrale samfunnsområde og også hadde vunne eit visst innpass i næringslivet. Det fanst òg eit stort grenseområde der det lokale skriftspråklege hegemoniet til bokmål var brote av at nynorsk var kome mykje i bruk på avgrensa samfunnsområde som skule, kyrkje og presse. I 1940 var det etablert ein omfattande litteratur på nynorsk innanfor dei fleste sjangrar, og drygt 40 norske aviser vart redigerte på nynorsk.

Om ein legg til grunn dei vanlegaste kvantifiserande variablane, som geografisk utbreiing og talet på nynorskelevar i folkeskulen, står denne lange framgangsperioden i kontrast til tilbakegangen og stagnasjonen dei følgjande tiåra. Samstundes står òg desse fluktuasjonane i kontrast til den langt meir stabile situasjonen som har prega tilhøvet mellom dei to skriftmåla dei siste 30–40 åra når det gjeld geografisk utbreiing og talet på språkbrukarar.

Utgangspunktet for denne studien er eit ynske om å bli klokare på kva som skapte desse store endringane, i fyrste omgang framgangen og i neste omgang tilbakegangen for nynorsk. Ideelt sett hadde det kravd ei gransking som strekte seg over ein hundreårsperiode, og det har ikkje vore praktisk mogleg. Periodisk er studien avgrensa til

tiåra mellom det offisielle gjennombrøtet for landsmålet i 1885 og krigsutbrotet i 1940, som skapte heilt andre vilkår for politisk aktivitet og offentleg meiningsdanning. Sluttstreken er dermed sett om lag då nynorsken var på topp etter dei nemnde måla.

Periodisk har studien såleis avgrensa seg frå tilbakegangsperioden etter krigen. Vendepunktet i 1940-åra hadde utan tvil tilhøve knytte til okkupasjonstida og dei næraste etterkrigsåra som utløysande årsak. Samstundes vart det i arbeidet med stoffet tidleg klart at dei problema målreisinga møtte etter okkupasjonstida, òg hadde langsiktige årsaker som gav seg utslag i veikskapar og faresignal alt i åra og tiåra før 1940. Sjølv om det finst ein omfattande litteratur om målreisinga gjennom perioden, både forskingsbasert og populær, er dette lite tematisert.¹ Tida fram til 1940 har gjerne atterhaldslaust vorte framstilt som ein sterk og kontinuerleg framgangsperiode for nynorsken, og tilsvarende har dei utløysande årsakene under og etter krigen fått dominera når tilbakegangen i 1950- og 60-åra skulle forklarast – attåt interne problem i målrørsla som i høgda strekkjer seg attende til indre usemje om 1938-rettskrivinga. Dette kallar på ei problematisering og ikkje minst differensiering av kva som ligg i *framgangen* – at det truleg er meiningsfullt å sjå på dei ulike dimensjonane (lovvern, skulemål, offentleg målbruk, kyrkjemål, bruk på andre felt) framfor å operera med eit generelt omgrep om den store framgangen.

I og med at me har det privilegiet å vita kva som seinare hende, ville ikkje ein analyse av framgangsperioden for målreisinga vore tilfredsstillande utan at ein òg tok føre seg kimen dei problema som seinare melde seg. Det er såleis det andre hovudtemaet her. Dette er òg inspirert av den allmenne tendensen i nyare norsk historieforskning med å leggja større vekt på kontinuiteten frå førkrigs- til etterkrigs-Noreg framfor ei einssidig vekt på okkupasjonstida som eit brot. Samstundes må det strekast under at denne studien *ikkje* tek mål av seg til å gje ei samla forklaring på problema for målrørsla og tilbakegangen til nynorsken etter krigen. Det hadde kravd ei anna periodisk tilnærming der ein òg tok omsyn til okkupasjonstida.

Det er eit relevant spørsmål om det er så mykje nytt å seia om eit såpass gjennomdokumentert felt som norsk målstrid og målreising 1885–1940 at det forsvarer ei avhandling. Kapittel 2 og 3 går nærare inn på korleis denne avhandlinga plasserer seg i høve til den teoretiske og empiriske forskingslitteraturen på feltet. Her skal det berre peikast på to punkt der denne studien tek mål av seg å tilføra noko nytt. Det fyrste gjeld altså det å ikkje sjå tiåra fram til okkupasjonstida einast i det som frå ein nynorsk synsstad er eit framgangsperspektiv, men å granska meir systematisk også dei problema som melde

¹ Det viktigaste unntaket er Vaagland 1982.

seg alt før 1940. Det andre punktet er at det vantar ei forskingsbasert framstilling som på same tid både grip over eit lengre tidsspenn og meir systematisk går inn på tilhøvet mellom etableringa og framveksten av den nynorske skriftkulturen og dei store samfunnsendingane i perioden. Som det vil bli vist i kapittel 2, har dette vore ein mangelvare i forskingslitteraturen.

Problemstillingar

I vidareføringa av det som er sagt ovanfor, kan dei overordna problemstillingane formulerast slik: Kva er forklaringa på at det halve hundreåret fram til 1940 under eitt vart ein framgangs- og konsolideringsperiode for nynorsk skriftkultur? Og vidare: Kva langsiktige faktorar i åra og tiåra før 1940 kan vera med på å forklara kvifor framgangen kulminerte i 1940-åra? Eller formulert med eit kontrafaktisk spørsmål: Finn ein i framgangsperioden før 1940 kimen til ein stagnasjon eller tilbakegang for målreisinga som truleg hadde kome uavhengig av krigsutbrotet og okkupasjonstida?

I konkretiseringa og utdjupeinga av desse heller vide problemstillingane kan det skiljast mellom faktorar på fleire nivå. Det øvste nivået er dei ytre samfunnsmessige faktorane som har å gjera med den omfattande moderniseringa av det norske samfunnet, som i tid fall saman med den store framgangsperioden for målreisinga og nynorsk skriftkultur. Dette var tunge strukturelle endringsprosessar som det korkje stod i målrørsla eller eit større samfunn av nynorskbrukarar si makt å påverka i særleg mon. Eit sentralt spørsmål blir dermed korleis dette definerte og avgrensa målrørsla sitt *handlingsrom*, og kva resonans eller grobotn for målsaka ein fann i samfunnet. Ei viktig side av dette er vurderinga av kva status heile det språkpolitiske feltet hadde i samfunnet: I kva grad vart målsprøsmålet, målsaka og språk meir generelt oppfatta som relevant og viktig nok til å driva fram eit språkpolitisk engasjement eller ei endring i språkleg praksis (språkskifte til nynorsk)?

Under dette kan ein tala om eit nivå av ytre faktorar som er knytte til det språklege feltet. Somt av dette har med språkpolitikk og –aktivisme å gjera, som den organiserte *motstanden* som målreisinga og det nynorske skriftmålet møtte. Sentrale spørsmål er her kor sterkt denne motstanden stod i ulike grupper og på ulike samfunnsområde, og kvar han henta næringa si ifrå. Framstillingar av målstriden har gjerne òg fokusert på dette nivået, noko som ikkje er til å undrast over. Her finn ein profilerte språkpolitiske aktørar, både personar og organisasjonar/institusjonar som stod mot kvarandre og som det stod ein strid om. Dette kan lesast av i offentlege debattar og som handfast hendingshistorie,

mellom anna korleis lagnaden til ymse språkpolitiske saker kan følgjast gjennom ålmenta og det politiske systemet.² Ein situasjon der to rørsler tevlar om å rekruttera brukarar frå same språksamfunn og etniske gruppe til to såpass nærskyldde skriftmål, inviterer òg til eit sterkt dikotomisert blikk.

Sjølv om det såleis er lett å fokusera på den eksplisitt formulerte nynorskmotstanden og den organiserte aktiviteten bak denne motstanden i ei framstilling av målreisinga, er dette òg problematisk. For det fyrste treng ikkje høg temperatur og kvasse konfrontasjonar mellom profilerte språkpolitiske aktørar nødvendigvis vera er eit teikn på måls spørsmålet sin posisjon i politikk og samfunnliv. Dette kan tvert om like gjerne vera eit teikn på at aktørane må heva røysta for å bli høyrde i samfunnet. For det andre kan ein lett koma i skade for å overvurdera rolla til dei mest profilerte språkpolitiske aktørane og oversjå at andre og mindre synlege aktørar og krefter kanskje hadde vel så stor innverknad på språksituasjonen.

Dette har to konsekvensar. For det fyrste må faktorane på det som her er kalla dei samfunnsmessige og det språkpolitiske nivåa sjåast i samanheng og vegast opp mot kvarandre, og for det andre må det språkpolitiske nivået differensierast. Mellom dei ulike rørsleane i det språkpolitiske feltet fann ein eit stort grenseland av individ og kollektiv som i éin situasjon og éin periode kunne gå til den eine sida, men under andre omstende kunne gå til hi. Her kunne det òg vera små marginar som skilde. Ein del av dette går på å vurdera kor viktig måls spørsmålet eigenleg vart oppfatta av ulike grupper.

Til dette nivået kjem òg eit praksisfelt. Målet for den språkpolitiske verksemda var i siste instans å påverka og forma ein personleg praksis – å få individ til å bruka ein bestemt språkvarietet i skrift og til dels òg i tale. Denne praksisen var – og er – i stor grad styrt av vane og av samfunnet ikring. Sjølv ikkje totalitære regime med dei mest dramatiske tvangsåtgjerder til rådvelde kan endra denne typen praksis over natta i stort omfang. Det er ei stor tregheit i språksamfunn som gjer at språkskifteprosessar oftast tek mange generasjonar. I norsk samanheng, i striden mellom nynorsk og bokmål, har det rett nok berre vore snakk om *skriftspråkskifte* utan direkte konsekvensar for talemålet. Likevel gjekk språkskifteprosessen frå bokmål til nynorsk over eit langt tidsspenn sjølv i lokalsamfunna der den politiske støtta til målsaka var massiv og den artikulerte og organiserte motstanden var fråverande. Ei anna viktig side av denne tregheita i praksisfeltet er at språkskifteprosessar kan bli sjølvgåande og sjølvforsterkande.

² Eit omfattande og veldokumentert uttrykk for denne tilnærminga er Einar Haugens klassiske oversynsverk over norsk språkpolitikk på 1900-talet (Haugen 1969).

Innanfor det som er studieobjektet her – den nynorske skriftkulturen – vert konsekvensen at ein må skilja tydeleg mellom eit politisk-institusjonelt nivå (*målrørsla*) og eit praksisnivå i form av eit større samfunn av *nynorskbrukarar*. Den uorganiserte nynorskbrukaren var i denne perioden eit resultat av den relative suksessen til målreisinga, altså personar som skreiv nynorsk primært fordi det hadde vorte det vanlege skriftmålet i skulen og lokalsamfunnet dei hadde vakse opp i, og som korkje nødvendigvis var personleg knytte til målrørsla eller hadde ei kulturpolitisk overtyding til grunn for den språklege praksisen.

Dette føreset ei differensiert tilnærming til det mangfaldige fenomenet *målrørsla*. Det ligg her ein fare i å gjera dei mest sentrale institusjonane og dei sterkaste elitemiljøa i målrørsla meir representative og meir samstemte enn dei var. Særleg kan det vera lett å overfokusera på institusjonar frå perioden som lever i beste velgåande som sentrale nynorskinstitusjonar i dag og som har hatt ressursar til å dokumentera og formidla si eiga historie. Mykje av perioden 1885–1940 var heller prega av eit skiftande og til dels fragmentert institusjonslandskap på nasjonalt plan. Med i dette biletet høyrer det òg at 'målrørsla' heller ikkje på nasjonalt plan tala med éi røyst, men at ein fann tevlande elitegrupper i meir eller mindre open strid. Endå meir nyansert blir biletet når ein dreg inn skiljet mellom det nasjonale og det regionale/lokale nivået i den organiserte målrørsla, og tilhøvet mellom organisasjonane og ymse sterke, men veikare organiserte grupper (til dømes forfattarar og politikarar) innanfor 'målrørsla' i vid meining. Konsekvensen blir at det i ein del samanhengar tilslører meir enn det forklarar å snakka om 'målrørsla' som ein einskap utan å presisera kva delar av eller miljø i rørsla eller det nynorske språksamfunnet det er snakk om. Spørsmålet om kva 'målrørsla' var i perioden for denne studien, vil bli grundigare handsama både omgreps- og realhistorisk i kapittel 4.

Blikket for det mangfaldige ved målrørsla ligg såleis til grunn for tilnærminga til kjernespora når det gjeld dei indre forklaringsfaktorane – altså dei som kan knytast til dei ulike nivåa *innanfor* den nynorske skriftkulturen i vid meining. Eit hovudspørsmål, som særleg relaterer seg til *målrørsla*, er korleis ho (meir presist: dei ulike delane av ho) utnytta det handlingsrommet ho faktisk hadde innanfor dei rammene som var lagde av dei ytre faktorane og som rørsla ikkje kunne gjera noko vidare med.

Innfallsvinklar, avgrensingar og disposisjon

TEMATISK AVGRENSING

Dei samfunnsmessige rammene som målreisinga og målstriden utspann seg innanfor, kan særleg knytast til dei to omgrepa *modernisering* og *nasjonsbygging*. Dette er vide og mangetydige fenomen som vil bli nærare handsama i kapittel 3. Hovudsaka her er å gjera greie for korleis desse fenomena vil bli operasjonaliserte i granskinga.

I den føreliggjande forskingslitteraturen er det eit stort sprik i korleis målrørsla og målreisinga vert tolka i høve til moderniseringsprosessen. Tolkingane sprikjer frå å rekna målreisinga som bygdene sin forsvarsreaksjon mot moderniseringa til å sjå målreisinga som ei drivkraft i moderniseringa både av bygdene og Noreg som heilskap.³ Bak dette ligg ulik vektlegging av dei ulike delane av moderniseringsprosessen, og til dels òg ulike teoretiske tilnærmingar til moderniseringa. Til ein viss grad kan ein seia at som ein ropar i den moderniseringsteoretiske skogen, får ein svar. Ei tilnærming som brukar urbanisering og (stor)industrialisering som sentrale målestavar, kjem ut med andre konklusjonar om målreisinga si rolle i moderniseringa enn om ein heller legg til grunn framveksten av folkestyret, organisasjonssamfunnet og ei diskuterande ålmente. Sjølv om dette i mange tilfelle ikkje kjem eksplisitt til uttrykk i forskingslitteraturen, kan dette relaterast til to ulike moderniseringsteoretiske paradigme: klassisk moderniseringsteori som legg vekt på industrialisering og urbanisering, og nyare moderniseringsteoretiske retningar som i større grad tek utgangspunkt i kommunikativ eller diskursiv rasjonalitet som eit grunnleggjande kjenneteikn på moderniseringsprosessen og moderniteten. I denne tradisjonen ligg òg eit meir ope blick for at moderniseringa kan ta ulike retningar.

I denne studien er det valt ut tre utviklingsdrag i det norske samfunnet som på ulike vis skapte *problem* for målreisinga: urbaniseringa, industrialiseringa og framveksten av arbeidarrørsla. Dette var tre av dei mest sentrale utviklingsdraga i den økonomiske og sosiale moderniseringa av Noreg i perioden, alle med omfattande politiske og kulturelle konsekvensar.

Urbaniseringa gjekk i bølger gjennom perioden, men hovudbiletet er at folketalsauken i all hovudsak kom i byar og tettbygde strok. Frå 1875 til 1930 auka folketalet i Noreg frå 1,8 til 2,8 millionar innbyggjarar, men knapt noko av denne auken kom spreiddbygde strok til gode. Eit resultat var at $\frac{3}{4}$ av innbyggjarane budde i spreiddbygde strok i 1875, mot berre kring halvparten i 1930 og 1946. Særleg sterk var

³ Sjå kapittel 3 for referansar og ein grundigare presentasjon av posisjonane.

veksten i hovudstadsområdet. Veksten gjekk i bølger og var særleg sterk gjennom 1890-åra då Kristiania voks frå 160 000 til ein kvart million innbyggjarar.⁴ Når ein veit kor store problem nynorsken hadde med å vinna fram i byane, og ikkje minst i hovudstadsområdet, blir det særleg interessant å analysere både kva konsekvensar urbaniseringa og by-land-konflikten fekk for målstriden og korleis dette vart tolka og oppfatta av målrørsla. Her vart såleis sentrale kulturkonfliktar knytte til moderniseringa sette på spissen, også språkpolitisk.

Industrialiseringa gjekk gjennom fleire fasar frå etableringa av dei eldre brukssamfunna på 15- og 1600-talet og skaut særleg fart frå 1850-åra og utetter. Veksten i sekundærnæringane blir fanga opp i statistikken over sysselsette ved at sekundærnæringane hadde passert jordbruket i sysselsetjing i 1930, mot 18 prosent i sekundærnæringane og 46 prosent av dei sysselsette i jordbruket i 1875. I denne samanhengen er det særleg 'den andre industrielle revolusjonen' frå 1905 til 1920-åra som fangar interessa. Denne perioden var prega av etableringa av einsidige industristader med industrianlegg basert på store vasskraftutbyggingar. Korkje nasjonaløkonomisk eller i talet på sysselsette var desse så viktige som ettertida har vilja hatt det til, men det er særleg to grunnar til at dei er interessante her. For det fyrste var storindustrien kanskje det fremste symbolet på 'den nye arbeidsdagen' etter 1905 – dei var for ålmenta det moderne samfunnet i konsentrert form. Og for det andre kom dei fleste av desse industriutbyggingane i område der landsmålet anten alt var innført eller var på veg inn i skule, kyrkje og lokalsamfunn.

Framveksten av arbeidarrørsla var ein konsekvens av industrialiseringa, men er drege ut som eit eige studieobjekt primært på grunn av dei rikspolitiske konsekvensane. Det store gjennombrotet for målsaka på nasjonalt plan vart tett knytt til Venstre si maktovertaking i 1884 og partiet sin dominans i norsk politikk dei neste tiåra. Arbeidarpartiet fekk inn sine fyrste representantar på Stortinget i 1903 og vart for alvor ein maktfaktor etter fyrste verdskrigen, i stor grad (men ikkje berre) med basis i den faglege arbeidarrørsla. Det interessante her vert då kva følgjer overgangen til 'arbeidarpartistaten' fekk for målstriden og målreisinga og korleis målrørsla takla dette.

Faren med å konsentrere studien kring desse nedslaga er at ein kan få ei altfor snever og skeiv oppfatning av 'moderniseringa' og tilsvarande sterkt forenkla konklusjonar om kven som var 'for' og 'mot' moderniseringa meir allment. Det krev for det fyrste ei brei

⁴ Tal frå Berner 1897, s. 194; Kjeldstadli og Myhre 1995, s. 112 og 115; NOS 1995; Myhre 1990, s. 386-387, jf. òg kapittel 5.

og nyansert tilnærming til dei tre utvalde fenomena. til dømes industrialiseringa som i perioden var langt meir enn etableringa av storindustri. For det andre krev det òg eit blikk for at *modernisering* var meir enn industrialisering, urbanisering og arbeidarorganisering. Det må understrekast at det er praktiske og pragmatiske grunnar som ligg bak denne avgrensinga, og det vil gjennom avhandlinga (særleg i kapittel 3 og 13) bli halde opp mot andre moderniseringsteoretiske tilnærmingar.

Framveksten av nasjonalisme og andre former for identitetspolitikk kan i vid meining sjåast som ein del av moderniseringsprosessen. Når det gjeld problemstillinga om korleis målreisinga kunne få eit såpass stort gjennomslag i denne perioden, er graden av integrering i Venstres nasjonaldemokratiske prosjekt sentralt. Her vert det vesentleg å sjå korleis nasjonalismen i målrørsla endra profil og funksjon etter kvart som samfunnet endra seg. Her er det særleg to overgangar som peikar seg ut, for det fyrste kva konsekvensar det hadde at norskdomsnasjonalismen gjekk frå ein reint opposisjonell posisjon i 1880-åra til å bli ein meir eller mindre integrert del av ein statsberande nasjonalisme kring hundreårsskiftet, og i neste omgang kva følgjer det hadde at dette nasjonale prosjektet vart utfordra både av høgrekrefter og arbeidarrørsla utover på 1900-talet. Dette aktualiserer òg det mykje diskuterte spørsmålet om tihøvet mellom politisk nasjonalisme og kulturnasjonalisme (jf. kapittel 3). Problemet kan stillast enno skarpere frå eit demokratisynspunkt: Dominerande delar av målrørsla sokna ved inngangen til perioden for avhandlinga til dei politiske kreftene som streid for parlamentarisme og allmenn røysterett både for menn og kvinner. Kva posisjonar inntok så den same rørsla etter at dei sentrale demokratispørsmåla var løyste og det kom nye politiske krefter og utfordra folkestyret, både frå høgre og venstre?

Det må elles presiserast at dette i all hovudsak er ei gransking som held seg til det politisk-institusjonelle nivået, ikkje praksisnivået. Det er altså i større grad ein studie av målrørsla og språkpolitikk enn av nynorsk skriftkultur i vidare meining. Eg går altså ikkje nemnande inn på domenespørsmål. Studien er dessutan tradisjonell på det punktet at han hovudsakleg held seg på det nasjonale elitenivået. I somme kapittel blir det gjort lokale og regionale punktnedslag, men då mest som illustrasjonar og fallstudiar (case-studiar). Det er såleis ikkje eit siktemål med granskinga å seia noko om den regionale utakta i språkstriden – det at somme regionar og landsdelar tok i bruk nynorsken, andre ikkje. I konklusjonskapitlet vil det bli peika på nokre viktige forskingsoppgåver i denne retninga.

PERIODISK AVGRENSING

Denne studien omfattar ein periode på eit halvt hundreår der 1885 og 1940 er valde som avgrensande årstal. 1885 er motivert av det såkalla 'jamstellingsvedtaket' i Stortinget 12. mai som sa at "det norske Folkeprog" skulle gjevast rom i skule og offentleg liv jamsides det "almindelige Skrift- og Bogsprog". Granskinga tek dermed til på eit tidspunkt då målreisinga hadde kome så langt at det lukkast å få eit stortingsfleirtal med på eit slikt vedtak.

Om periodiseringa skulle knytast til eit stortingsvedtak, kunne ein på den eine sida valt det fyrste rikspolitiske gjennombrøtet til målrørsla i 1878 då det vart fastslege at undervisninga i allmugeskulen skulle skje på talemålet til borna. På hi sida var legaliseringa av landsmålet til skule- og kyrkjebruk i 1892 meir avgjerande for den språklege praksisen – det var fyrst utover i 1890-åra ein kan ta til å tala om ein landsmålsbruk av noko omfang. 1880 hadde òg vore eit mogleg skilje om ein heller la til grunn oppkøyringa til riksrettsstriden som bana vegen for Venstre og dermed landsmålet. På fleire punkt i framstillinga blir det òg drege liner attover til 1870-åra. Når 1885 likevel er valt, er det fordi jamstellingsvedtaket både i samtida og i den seinare språkhistoriske litteraturen har vorte oppfatta som eit symbolsk vendepunkt og ein merkestein. Målreisinga i den næraste tida før 1885 er dessutan grundig analysert av Kjell Haugland i doktoravhandlinga hans.⁵

Sluttpunktet 1940 kan òg diskuterast. Dei to viktigaste grunnane til dette valet er at den tyske okkupasjonen skapte eit brot i den språkpolitiske verksemda som i annan politisk aktivitet, og at ei av dei viktigaste språkpolitiske hendingane i 1930-åra, 1938-rettskrivinga, no var sett i verk. Den opphavlege planen var å føra framstillinga fram til kring 1950. Det hadde gjort det mogleg å vurdere kontinuiteten på det språkpolitiske feltet gjennom okkupasjonstida. Ein kunne då halde langsiktige utviklingsdrag gjennom mellomkrigstida opp mot dei utløysande faktorane som okkupasjonstida førte med seg i ein freistnad på å forklara dei nye problema målreisinga møtte etter 1945. Dette hadde likevel sprengt alle realistiske rammer for avhandlingsarbeidet. Dette er såleis spørsmål denne studien kan yta eit tilskot til forståinga av, men ikkje gje direkte svar på. Eit anna alternativ hadde vore å setja sluttstrek kring 1930, då motivert språkpolitisk av *Nidaros*-striden og lova om målbruk i statstenesta. 1930-åra er òg det tiåret som denne studien går minst grundig inn i. Ei avgrensing til 1930 hadde likevel gjort at ein hadde gått glipp av

⁵ Haugland 1985. Studien har 1902 som sluttspunkt, men etter 1885 avgrensar han seg i all hovudsak til striden om skulelovene, som er hovudemnet for avhandlinga. Jf. òg Haugland 1974a og Haugland 1977b.

konsekvensane av Arbeidarpartiet si maktovertaking, og difor har eg valt å la 1940 stå som sluttpunktet.

STRUKTUREN I AVHANDLINGA

Kapitla 1 til 4 har ein innleiande karakter. Kapittel 2 er i all hovudsak eit deskriptivt og ukommentert kapittel av forskingstradisjonane på feltet og den eksisterande språkhistoriske forskingslitteraturen. I kapittel 3 vil så aktuelle forskarsynspunkt på det overordna temaet for studien bli integrert i ei framstilling av ulike moderniserings- og nasjonalismeteoriske perspektiv. Kapittel 4 har som utgangspunkt å klargjera kva som er meint med *målrørsla* gjennom perioden som studien dekkjer. I den omgrephistoriske drøftinga vil òg ein del andre sentrale omgrep bli gått etter i saumane, og det realhistoriske delkapitlet vil inkludera eit meir organisasjons- og institusjonshistorisk oversyn.

Kapitla 5 til 12 kan grupperast i tre kronologiske hovuddelar. Kapittel 5 til 7 tek hovudsakleg føre seg tida frå 1885 til hundreårsskiftet, kapittel 8 til 10 tida 1900–1920 og kapitla 11 og 12 tida 1920–1940. Det skal likevel presiserast at kvar einskild kapittel kan ha noko avvikande periodisering – kapittel 7 går til dømes fram til 1905. Eg har difor ikkje funne grunnlag for å dela avhandlinga *formelt* inn i tre periodiske hovudbolkar.

Dei tematiske hovudstolpane i studien vil bli følgde gjennom alle dei tre kronologiske hovudbolkanane, men med noko ulik vektlegging. Mest omfattande er handsaminga av urbaniseringa, som omfattar heile eller store delar av kapitla 5, 8 og 12. Industrialiseringa er òg omfattande handsama, særleg i kapittel 9, men òg i kapittel 5. Målrørsla sitt tilhøve til arbeidarsamfunnsrørsla er handsama i kapittel 6. Tilhøvet til den sosialdemokratiske arbeidarrørsla kjem opp i alle dei følgjande kapitla (7–12), men med eit tyngdepunkt i kapittel 10 og 11. Mykje merksemd er òg viggd militærpolitikken til målrørsla, og dette kjem opp både i kapittel 7, 10 og til ein viss grad i 11.

Kjelder

Denne studien har ei brei tilnærming, både tematisk og periodisk, og dette har kravt eit kjeldearbeid meir i breidda enn i djupna. For det fyrste er det i all hovudsak nytta (prenta) ytringar som er meinte for det offentlege rommet, det vil seia aviser, tidsskrift, bøker, småskrift, brosjyrrar, særprent og stortingsforhandlingar. Uprenta kjeldetilfang er berre reint unntaksvis nytta. Den viktigaste grunnen er at dette primært er ein studie av korleis målrørsla og målstriden arta seg i ålmenta. I ein del tilfelle kunne tvillaust private brev,

organisasjonsarkiv og offentlege arkiv kasta meir ljøs over hendingsgang og motiv. Men ut ifrå det overordna siktemålet med denne studien har eg ikkje funne det rekningsssvarande å prioritera dette.

For det andre har kjeldeinnhentinga i all hovudsak måtta basera seg på selektive nedslag framfor systematisk gjennomgang av aviser og tidsskrift. Sekundærlitteraturen har såleis spela ei viktig rolle i kartlegginga av dei aktuelle kjeldene, oftast ved at det er gjort søk i aktuelle aviser og tidsskrift i dagane, vekene og somme tilfelle månadene ikring viktige hendingar. I mange tilfelle har òg konkrete referansar i forskingslitteraturen vore til hjelp.

Av avisene står *Den 17de Mai* i ei særstode som kjelde. Ho kom ut gjennom mesteparten av perioden som denne avhandlinga dekkjer (1894–1935) og var i heile levetida si eit hovudorgan for målrørsla. Det vil ikkje nødvendigvis seia at avisa var representativ for *heile* målrørsla. Særleg i Steinsviks redaktørperiode (1894–1913) er det fleire døme på at avisa vart redigert med hard hand for å halda nede debatt om somme emne (jf. kapittel 4). *Den 17de Mai* var fyrst og fremst organet til den leiande hovudstadseliten i målrørsla. Når det er sagt, var det ingen andre organ som gjennom ein så lang periode hadde så mykje stoff om målsaka og målarbeidet landet over som denne avisa.

Det gjer òg *Den 17de Mai* til ei takksam kjelde at ho er så lett tilgjengeleg. I 1990-åra utarbeidde Ole Dalhaug ein database med eit register over alt stoff i avisa frå 1894 til 1913.⁶ Dette har gjort det svært raskt og lett å finna fram i desse årgangane, og det har gjort det mogleg å utnytta avisa som kjelde på ein heilt annan måte enn utan eit slikt verkty. Ein konsekvens av dette er at *Den 17de Mai*, og særleg årgangane til og med 1913, er meir intensivt nytta som kjelde enn årgangane 1914–35 og andre aviser. Når det likevel kan forsvarast, er det ikkje minst ut ifrå den posisjonen avisa hadde som hovudorgan for målrørsla i denne perioden. Det vil bli nærare utdjupa i kapittel 4.

Av andre aviser har *Gula Tidend* (utgjeve frå 1904), hovudorganet til målrørsla vestafjells, vore den viktigaste. Det har elles letta kjeldearbeidet mykje at så godt som alle nynorske aviser og blad i perioden finst innbunde i Ivar Aasen-tunet i Ørsta. Utanom nynorskavisene har dei sentrale riksavisene vore dei viktigaste – *Aftenposten*, *Morgenbladet*, *Verdens Gang* og *Dagbladet*.

Dei viktigaste organa for målrørsla og ungdomslagsrørsla er òg nytta. Det gjeld *Unge Skud/Unglyden* (frå 1893) som var offisielt organ for Norigs ungdomslag dei fyrste åra

⁶ Referert til i notane som D17M-base.

etter skipinga 1896, ungdomsbladet *Breidablik* (frå 1895) og dei felles meldingsblada for Norigs ungdomslag og Norigs maallag, *Bodstikka* (1913–15) og *Norsk ungdom* (frå 1916). Somme årgangar av desse blada er gjennomgatte systematisk, andre meir selektivt. Alle årgangar av tidsskriftet *Syn og segn* (frå 1895) og *Norsk Aarbok* (1920–39) er dessutan gjennomgådde, det same er *Samtiden* (frå 1890). I tillegg kjem eit større tal særprent, småskrift og bøker som i all hovudsak er tilgjengelege gjennom Bibsys. Dei meir sjeldsynte er i dei fleste tilfelle anten i Hannaas-samlinga ved Universitetsbiblioteket i Bergen eller i biblioteket i Ivar Aasen-tunet.

Den nynorske skjønnlitteraturen er ikkje nytta som kjelde i denne studien. Det er drege vekslar på nokre forskingsarbeid om den nynorske litteraturen, og det er liten tvil om at det hadde vore ei nyttig utdjuping av analysane i denne studien å dra inn skjønnlitterære tekstar direkte. Men både ei større utviding av kjeldetilfanget i denne retninga og den teoretiske og metodiske utvidinga som dette hadde kravd, var ikkje mogleg å prioritera.

Når det gjeld arkivtilfang, har særleg Peder Hovdans *Arkiv for norsk målreising* i Ivar Aasen-tunet vore til stor hjelp. Juvelen i denne samlinga er protokollen med tittelen *Norsk målreising. Målskifte i heradi 1865–1940–195...*⁷ Her førde han frå kring 1905 til slutten av 1940-åra inn opplysningane han samla, oftast med kjeldetilvisingar. Kjeldene hans var dels avisklypp og dels brev og meldingar frå eit stort nettverk han bygde opp. Protokollen er uvurderleg som kjeldeoversyn og som hjelpemiddel for å få oversyn over språkskifte og målstrid på kommunenivå. I arkivet ligg dessutan framleis ein stor del av tilfanget han fekk inn. Anna arkivtilfang er nytta i nokon grad, men meir djuptpløyande arkivgjennomgangar er altså ikkje prioritert.

⁷ Referert til som Hovdan 1946. Om Hovdan, jf. kapittel 12.

Kapittel 2 Fagtradisjonar og forskingssituasjon

Denne studien plasserer seg tematisk innanfor fagfeltet 'ytre språkhistorie'. Dette kapitlet har to siktemål. I det siste delkapitlet vert det gjort opp status for forskinga innanfor temaet og perioden som denne studien omfattar med vekt på *no*-situasjonen. Før eg kjem dit, vil ein del plass bli nytta på ein historiografisk gjennomgang av 'ytre språkhistorie', inkludert det nyare feltet 'nynorsk skriftkultur'. Det er behov for dette av fleire grunnar.

Det ligg for det fyrste ikkje føre noko historiografisk arbeid å stø seg til for å få eit samla oversyn over utviklinga av dette fagfeltet. For det andre er både 'ytre språkhistorie' og 'nynorsk skriftkultur' tverrfaglege felt som er forma i spenninga mellom ulike disiplin-fag, primært nordisk språkvitskap og historievitskapen, men òg med viktige litteraturvitskaplege innslag. Viktige historiografiske tema er såleis både tilhøvet mellom dei ulike disiplinane og ikkje minst tildriva til disiplinering av ytre språkhistorie innanfor nordistikken gjennom 1900-talet. Situasjonen i dag er på mange måtar mindre klar enn han var for 10–20 år sidan når det gjeld disiplinarynknytning og disiplinering. Denne avhandlinga skriv seg inn i dette skiftande landskapet ved å vera endå eit arbeid som bryt med det ankerfestet ytre språkhistorie har hatt innanfor nordistikken. Samstundes byr den breie språkhistorieforskinga med eit språkvitskapleg utgangspunkt på viktige innsikter som det er nyttig å ha med seg saman eit fagleg historiemedvit. Ein tredje grunn til å ofra ein del plass på historiografien, er at dette har vore til dels sterkt politiserte fagfelt med ei stor gråson mellom språk- og kulturpolitisk aktivitet og den vitskapleg baserte forskinga og formidlinga.

'Ytre språkhistorie' – omriss av eit fagfelt

SPRÅKHISTORIE OG SPRÅKPOLITIKK

Det har vore regelen meir enn unntaket at forskarar innanfor nyare norsk ytre språkhistorie og nynorsk skriftkultur har vore aktive og til dels profilerte deltakarar i norsk språkpoltikk. Det har både gjeve seg uttrykk i offentlege verv (til dømes Norsk språkråd), deltaking i offentlege debattar og engasjement i språkpoltiske organisasjonar og

institusjonar.¹ Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda er dessutan eit døme på ein forskingsinstitusjon som har markert ein klar språkpolitisk profil gjennom tilknytninga til målrørsla.²

Når det gjeld den faglege tekstproduksjonen, har gråsona mellom språkpolitikk og språkhistorie gjeve seg fleire utslag. Målgruppa for desse tekstane har i stor grad vore språk- og kulturpolitisk engasjerte krinsar utanfor dei vitenskaplege miljøa. Ein del er dessutan skrive på direkte oppdrag frå språkpolitiske institusjonar, særleg jubileumsskrifter. Tyngdepunktet i den språkhistoriske litteraturen har dermed vorte liggjande i det store grenselandet mellom rein formidlingsverksemd utan vitenskaplege ambisjonar og forskingsbaserte vitenskaplege tekstar i ei populær form. Den vide målgruppa og det språkpolitiske engasjementet hjå forfattaren har gjort at den språkpolitiske tendensen i denne litteraturen gjerne er tydeleg. Det same kan òg i mange tilfelle seiast om reint vitenskaplege publikasjonar.³ Å avgrensa ein gjennomgang av den relevante forskingslitteraturen til dei reint vitenskaplege arbeida blir såleis for snevert i og med at ein stor del av den faglege produksjonen og utviklinga har skjedd i den meir populært orienterte litteraturen.

Førestellinga om den verdinøytrale forskaren vart ettertrykkeleg avliva i oppgjeret med positivismen i 1960-åra, og iallfall innanfor humaniora og samfunnsvitenskap vil knapt nokon lenger hevda at fullstendig objektivitet er mogleg. Av norske historikarar sette Halvdan Koht tidleg fingeren på at det han kalla den historiske 'relativitetsteorien' – at "førrtida alltid skifter for augo til den som ser på ho".⁴ Kåre Lunden har formulerte det slik:

Det bør vere nokså klårt ... at under val av emne, synsvinkel og problem kjem ekstra-vitenskaplege verdiar inn, til dømes politiske og etiske. Dette må reknast som uunngåeleg og – difor – legitimt. Poenget må vere at forskaren sjølv veit dette, og at han ikkje legg skjul på det. Poenget kan også formast som fridom i problemstillinga.⁵

¹ Ein kan trygt seia at han som skriv dette sit i glashus, både med eit hovudfag i nordisk språkvitenskap og eit lengre engasjement i målrørsla bak seg. Eg har vore medlem og hatt tillitsverv i Norsk Målungdom eller Noregs Mållag sidan 1986 og var leiar i Noregs Mållag 1999–2002. I åra 1992–94 og 1996–2000 var eg tilsett i Det Norske Samlaget, til ein viss grad med kulturpolitikk som arbeidsfelt.

² Medlemskapen i Nynorsk forum er eit formelt uttrykk for denne tilknytninga. Nynorsk forum (skipa 1997) er samordnande organ for nynorske organisasjonar og institusjonar, både språkpolitiske og faglege. Aasen-instituttet stod bak forskingsprosjektet "Det opne språket" som denne avhandlinga er ein del av og var min arbeidsgjevar i stipendiatperioden (2003–2007).

³ Framifrå illustrasjonar på dette er dei to fyrste norske doktoravhandlingane i nyare språkhistorie som er skrivne med utgangspunkt i nordisk språkvitenskap (Bleken 1966, Jahr 1984).

⁴ Koht 1951, s. 164.

⁵ Lunden 1991a, s. 302.

Dersom det er eit ideal at historikaren ikkje skal dølja sine egne haldningar til emnet, har iallfall norske språkhistorikarar jamt over levd opp til det. Samstundes er det liten tvil om at forskingsspørsmål ikkje har vorte stilte og perspektiv liggjande i skuggen i mange språkhistoriske arbeid på grunn av den språkpolitiske plasseringa til forfattaren. Synsmåtar og omgrep er gjerne tekne for sjølvsgde og lite problematiserte. Ein viss debatt har det vore om språkhistoriske emne, særleg dei siste 20 åra, og særleg knytte til bokutgjevingar eller som ein del av debatten om nasjonsbygginga i norskfaget. Men allment har fagfeltet lide under å vera lite, med få og spreidde forskarar. Det har òg hatt problematiske sider at nordisk språkvitskap gjennom store delar av 1900-talet hadde fagleg hegemoni innanfor fagfeltet. Skal nokon lastast for dét, er det ikkje nordistar som har interessert seg for feltet, men historikarar som har halde seg unna.

INN I SPRÅKVITSKAPEN

Forskingfeltet 'ytre språkhistorie' har teke form i spenningsfeltet mellom historievitskap, lingvistikk og litteraturvitskap, og den faglege identiteten har aldri vore særleg tydeleg.⁶

Norsk språkhistorie som forskingsfelt kan førast attende til den norske historiske skulen med Peter A. Munch og Rudolf Keyser som frontfigurar. Verksemda deira på feltet var for det fyrste prega av ei sterk interesse for den gamalnorske perioden, og for det andre av at historievitskap og lingvistikk utgjorde to integrerte forskingsfelt utan eit klart utvikla disiplinskilje. Seinare historikarar som Ernst Sars og eleven Halvdan Koht var sameleis sterkt opptekne av språk og språkhistorie, men rekna ytre språkhistoria, også den nyare, som ein integrert del av historievitskapen.⁷

Det var likevel trygt innanfor nordisk språkvitskap at ytre språkhistorie i mellomkrigsåra vart grunnlagd som eige forskingsfelt attåt den indre språkhistoria der neogrammatikken framleis rådde grunnen. Didrik Arup Seip, professor i 'riksmål' frå 1916, var med orda til Ernst Håkon Jahr "den forskeren som la det akademiske og vitenskapelige grunnlaget for disiplinen [nyere norsk språkhistorie]".⁸ Det skal førebels få stå ukommentert at Jahr her kallar nyare språkhistorie for ein *disiplin*. Det skilde seg no ut to

⁶ Det følgjande byggjer i stor grad på mi eiga historiografiske framstilling i Hoel 2005b.

⁷ Fulsås 1999, s. 273, jf. Søilen 1983 som er det sentrale arbeidet om Sars og språkspørsmålet. Sars avsluttar t.d. hovudverket *Udsigt over den norske Historie* med sine synspunkt på korleis den norske språkstriden skulle løysast, nemleg ved at dei to skriftspråka på lang sikt burde smelta saman til eitt. Om Koht, jf. Søilen 1978, som er (det upubliserte) hovudverket om Kohts arbeid i grenselandet mellom språkpolitikk, historie og språkvitskap. Språkpolitikk og språkplanleggingshistorie står sentralt i fleire arbeid av Koht, mellom anna om Ivar Aasen, Johan Sverdrup og jamstillingsvedtaket 1885.

⁸ Jahr 1993, s. 127.

tydelege retningar som følgde hovudskiljet i målstriden. Seip var skuledannande for den dominerande retninga med avhandlinga *Norskhet i sproget hos Wergeland og hans samtid* (1914). Her var hovudsaka å dokumentera norske innslag i skriftspråket til danskskrivande nordmenn frå dansketida og framover. Historieteoretisk stod Seip for eit evolusjonistisk og deterministisk syn i tradisjonen frå Ernst Sars og Moltke Moe, der utviklinga 'naturnødvendig' gjekk i norskare lei.⁹ I dette harmoniske og integrerande perspektivet arbeidde alle aktørar i språkstriden for same norske sak, og språksosiale konflikhtar og spenningar fekk lite rom. Sjølv om denne tradisjonen på eit overordna nivå må sjåast i forlenginga av Sars, gjorde Seips hang til detaljar at ein vesentleg del av framstillingane av ytre norsk språkhistorie på 18- og 1900-talet har gått med til detaljtung rettskrivingshistorie og språklege normer i skjønnlitterære forfattarskapar og mønsterdannande læreverk.¹⁰

Den andre sentrale retninga innanfor ytre språkhistorie som fagfelt, er ideologisk nært knytt til den nynorske målreisinga. Historiske perspektiv og framstillingar hadde heile tida stått svært sentralt i agitasjonen for målreisinga. Det var nettopp dei historiske røyntslene ved ikkje å ha eit eige nasjonalt skriftmål som stod heilt sentralt i legitimeringa av målreisinga, og etableringa og styrkinga av eit særskilt historiemedvit var eit sentralt mål med agitasjonen her som i dei tevlande språkpolitiske leirane. Det var likevel noko etter hundreårsskiftet ein for alvor kan tala om ei vitskapleggjering av dette historiesynet, og skriftene kring hundreårsmarkeringa for Ivar Aasens fødsel i 1913 kan stå som eit startpunkt for denne fagtradisjonen i vitskapleg meining. Dette året kom det som vart ståande som det største biografiske verket om Aasen fram til 1996, skrive av Anders Hovden, Arne Garborg og ikkje minst Halvdan Koht.¹¹ På denne tida vart òg ei rad av Aasens uprenta arbeid publiserte.

Hovudmannen i denne tradisjonen i mellomkrigstida kom til å bli filologen og historikaren Gustav Indrebø, som i 1929 arva både formannsvervet i Noregs mållag og professoratet i vestnorsk målføregransking ved Bergen Museum etter Torleiv Hannaas. Lars S. Vikør har karakterisert perspektivet til Indrebø som 'voluntaristisk'. I kontrast til Seips evolusjonisme er det råkande, iallfall om ein legg vekt på Indrebøs moralsk insisterande bodskap om at det var eit viljespørsmål for det norske folket å atterreisa det

⁹ 'Naturnødvendig' er eit nøkkelord hjå Seip, slik Bleken 1966, s. 28-29, har vist (jf. òg Jahr 1993, s. 128). Men korkje Bleken eller Jahr nemner at han hadde overteke omgrepet frå Moltke Moe (t.d. Moe 1926 [1909]) og stod i gjeld både til Moe og Sars.

¹⁰ For ein kritikk av Seips språkhistorieskriving, sjå Jahr 1993, s. 127-129. Seip sjølv skreiv aldri noka samla omfattande framstilling av nyare norsk språkhistorie. Det kom to store oversynsverk over norsk språkhistorie i Seip-paradigmet. Vemund Skard hadde ambisjonar om å skriva eit større verk og gav i åra 1962-1979 ut fire band som dels i endelege og dels i førebelse utgåver dekte perioden frå dei eldste tider fram til 1907. Det andre er Vinje 1978 (førebels utg. 1973/1976). Båe er detaljtunge verk som lid under manglande syntetiserande grep.

¹¹ Garborg m.fl. 1913.

norske målet på Ivar Aasens faglege og kulturpolitiske grunn.¹² Det posthumt utgjevne hovudverket hans, *Norsk målsoga* (1951, ny utg. 2001) er likevel framleis eit standardverk om norsk språkhistorie fram til 1850. Den integrerte framstillinga hans av den indre og ytre språkhistoria var føre si tid ved å sjå språkendingar i ein kulturell og sosial kontekst der ytre faktorar vert gjevne vel så stor forklaringskraft som språkinterne lydendingar.¹³

Til skilnad frå Seip-tradisjonen er det vanskeleg å tala om ein 'Indrebø-tradisjon' i norsk språkhistorieforskning i etterkrigstida. Indrebø døydde i 1942, berre 53 år gamal, og han rakk aldri å føra *Norsk målsoga* fram til samtida slik han hadde tenkt.¹⁴ Produksjonen hans innanfor nyare språkhistorie er samla sett langt mindre enn Seips, og som professor i Bergen var han heller ikkje i same institusjonelle posisjon som Seip til å bli skuledannande innanfor academia. Han var dessutan leiar for den tradisjonalistiske fløya i målrørsla og stod for eit historisk-nasjonalt grunnsyn som raskt vart marginalisert i etterkrigstida.¹⁵

I ei veikare meining kan det til ein viss grad forsvarast å tala om ein fagleg Indrebø-tradisjon opp mot vår tid.¹⁶ Indrebøs vitenskaplege program om å synleggjera målreisingslina i språkhistoria og framheva det konfliktfylte, har vore viktig og hatt mange etterfølgjarar. Som innehavar av 'nynorskprofessoratet' i nordisk språkvitenskap i Oslo 1971–1997 har Kjell Venås vore ein framstående representant for denne tradisjonen, både gjennom eiga forskning og ved å ha vore rettleiar for dei fleste hovudoppgåvene i ytre språkhistorie gjennom tre tiår.¹⁷ Sidan kring 1990 har ynsket om å framheva den nynorske lina i norsk språk- og kulturhistorie vore den mest tungtvegande legitimeringa bak etableringa av 'nynorsk skriftkultur' som forskingsfelt med skipinga av Ivar Aasen-instituttet og Ivar Aasen-tunet i Ørsta som dei sentrale institusjonelle uttrykka.¹⁸

Som dominerande retning vart den harmoniserande Seip-tradisjonen i 1970-åra avløyst av ein meir konfliktorientert fagtradisjon inspirert av moderne sosiolingvistik og språkplanleggingsvitenskap. Einar Haugens verk *Language Conflict and Language Planning: The Case of Modern Norwegian* (1966) vart banebrytande både som empirisk studie av norsk

¹² Vikør 1994, s. 219. Meir problematisk er karakteristikken om ein legg vekt på Schopenhauer-tradisjonen som set viljen i samband med det irrasjonelle, i skarp motsetnad til fornufta/intellektet, jf. voluntarism, EOB (oppslag 20.2.2008).

¹³ Jf. Hovdhaugen m.fl. 2000, s. 411.

¹⁴ Indrebø 2001, s. 14.

¹⁵ I Indrebø-tradisjonen er dei to bøkene til Peder Hovdan populær agitatorisk målreisingssoge i reindyrka form (Hovdan 1928; Hovdan 1947). Noko meir avdempa er Almenningen og Lien 1978.

¹⁶ At ein kan tala om ein *målpolitisk* Indrebø-tradisjon i målrørsla i ymse styrkegradar og nyansar, er det ingen tvil om.

¹⁷ Fire av dei store arbeida til Venås er biografiar om sentrale forskarar i den nynorske tradisjonen i norsk språkvitenskap, Ivar Aasen, Marius Hægstad, Gustav Indrebø og Sigurd Kolsrud (Venås 1984, Venås 1992, Venås 1996a og Venås 2005).

¹⁸ Nyare uttrykk for denne tradisjonen er Grepstad 2006 og forskingsprosjektet *Det opne språket* som denne avhandlinga spring ut or.

målstrid og språkplanlegging fram til 1960-åra og som teoretisk og metodisk føredøme.¹⁹ Denne tradisjonen tok opp i seg konfliktperspektivet og blikket for politiske og sosiale tilhøve frå Indrebø-tradisjonen, men òg interessa for korpusplanlegging som hadde dominert i Seip-tradisjonen. Hovudfokuset låg framleis på rettskrivingsendringar og andre praktiske utslag av offentleg språkpolitikk meir enn på utanforliggjande drivkrefter, og Haugen gjekk i byrjinga òg ut ifrå ei snever forståing der språkplanlegging var meir eller mindre synonymt med 'språkrøkt'. Utover i 1970-åra vart språkplanlegginga gradvis utvida til å femna om meir av den offentlege handsaminga av språkforholda i eit samfunn, og det er nok ein av grunnane til at det fyrst var i 1980-åra at språkplanlegging meir systematisk vart teoretisk og metodisk grunnlag for språkhistorieforskinga.²⁰

Som fagfelt tok ytre språkhistorie gjennom 1970-åra såleis mot viktige impulsar frå sosiolingvistikken, som dermed stadfeste posisjonen til ytre språkhistorie innanfor nordistikken. I dei historievitskaplege miljøa var det framleis lite interesse å spora for språkhistorie, som for kultur- og identitetshistorie meir generelt. Frå kring 1970 og 15 år framover, med ein topp kring 1980, kom det ein straum av hovudoppgåver innanfor ytre språkhistorie, mange skrivne av språkpolitisk engasjerte studentar, og i Oslo hadde dei fleste som nemnt Venås som rettleiar.²¹ Det hende knapt at desse avhandlingane vart leverte på historie trass i at dei metodisk heller sokna til historievitskapen. Dette la grunnlaget for fleire nye språkhistoriske oversynsverk i 1980- og 90-åra av dei sentrale forskarane på feltet.²²

Det var dessutan fyrst no at 'ytre språkhistorie' fekk ein sterkare identitet. Det skjedde ei disiplinering i vitskapsteoretisk forstand, som til dømes gav seg uttrykk i at Jahr i 1993 altså omtala nyare språkhistorie som ein *disiplin*. Ein god illustrasjon på denne disiplineringsprosessen er disputasen til Jahr i juni 1984. Her kom ei fyrste etterlysing av historievitskapleg teori og metode i ytre språkhistorie. To professorar i *nordisk språkvitskap* i Oslo, Einar Lundebø og Kjell Venås, var ordinære opponantar, men historieprofessor Magne Skodvin opponerte ex auditorio. Han viste gjennom fem konkrete og slåande døme

¹⁹ Den norske utgåva er framleis det sentrale referanseverket om norsk språkplanleggingshistorie (Haugen 1969). Om Haugens rolle i oppbygginga av språkplanlegging som internasjonalt forskingsfelt, jf. Vikør 2007, s. 44-48.

²⁰ Dette kan særleg lesast ut av innføringsbøkene som kom i 1980-åra (sjå nedanfor). Haugens norske omsetjar, Dag Gundersen, gav likevel tidleg ut ei samla framstilling av norsk språknormeringshistorie sterkt inspirert av Haugen (Gundersen 1967).

²¹ Venås var òg ein føregangsmann innan norsk sosiolingvistikk og gav ut innføringsboka *Mål og miljø* som har vorte nytta heilt opp mot vår tid (Venås 1982).

²² Dei tre sentrale er Almenningen m.fl. (red.) 1981 (6. utg. 2002), Jahr 1994 (opphavleg prenta som eit kapittel i trebandsverket Johnsen (red.) 1987), og Torp og Vikør 1993 (3. utg. 2003). Tre sentrale referanseverk på engelsk skal dessutan nemnast. Utanom Haugen 1966, som er det klart grundigaste, er det Vikør 2001 og Bandle (red.) 2002-05.

korleis "allmennhistoriske tilnæringsmåtar" kunne "kasta endå meir ljøs over emnet for disputasen" og norsk språkhistorie i det heile.²³

Jahr vedgjekk at framstillinga sikkert ville ha tent på det, men forsvarte seg etter to liner. For det fyrste var han redd for at Skodvins etterlysing av samfunnsbakgrunnen og andreopponent Venås' etterlysing av meir djuptpløyande biografiske analysar av dei sentrale aktørane ville gjort ei tjukk avhandling endå meir omfangsrik. For det andre "bør eg vel halde fast ved at eg er språkhistorikar, og at eg har brukt allmennhistoria først og fremst som 'hjelpedisiplin'," seier Jahr og dreg ei skarp grense mellom disiplinane:²⁴ "Ein språkhistorikar er interessert i emnet i seg sjølv. ... Ein allmennhistorikar vil vel på si side først og fremst vera interessert i kva emnet (språkstriden) fortel om meir generelle sosiale, politiske, økonomiske og kulturelle tilhøve. Emnet er såleis ikkje interessant i seg sjølv, som det er for ein språkhistorikar..." Eit knapt tiår seinare vedgjekk Jahr at "en god del av det som er skrevet og publisert om nyere norsk språkhistorie, nok må sies å ha klare mangler med hensyn til f.eks. historisk kildekritisk metode."²⁵ Men han gjentok òg mest ordrett grenseoppgangen frå 1984 mellom språkhistorikarar og allmennhistorikarar.

Når det gjeld skiljet mellom 'ytre' og 'indre' språkhistorie, finn ein dette hjå lingvisten Alf Sommerfelt alt i 1934.²⁶ Arbeida til strukturalisten Sommerfelt peikar då òg fram mot gjennombrotet til sosiolingvistikken i Noreg i 1970-åra, men det var fyrst med innføringsboka til Lars S. Vikør og Arne Torp i 1993 at ei nyare framstilling meir systematisk vart delt i 'indre' og 'ytre' språkhistorie. Det ein no kan omtala som eit disipliniskilje, fekk her si grunngjeving og utdjuping. Her vert 'språkhistorie' definert som "vitskapen om korleis språket og språksamfunnet har endra seg gjennom tidene".²⁷ Medan den indre språkhistoria er *strukturell* og fokuserer på korleis (tale)språket har endra seg frå eitt stadium til eit anna, er den ytre språkhistoria *sosial* eller *sosipolitisk* og tek føre seg korleis språksamfunnet har utvikla seg til kvar tid. Dette inkluderer både korleis eit språk har ekspandert geografisk eller mist terreng, tevlinga mellom ulike språk eller dialektar, skriftfestinga av språket (m.a. normerings- og rettskrivingsspørsmål), funksjonen til skrifta i samfunnet, haldningar til språkbruk og ikkje minst språkpolitikk og språkideologiar.

Sjølv om eit skilje mellom 'indre' og 'ytre' språkhistorie no er innarbeidd, til dømes i studieplanar på høgskular og universitet, finst det framleis knapt nokon konsensus om

²³ Skodvin 1985.

²⁴ Jahr Ibid., s. 50.

²⁵ Jahr 1993, s. 122.

²⁶ "Sprogets indre historie" og "Sprogets ytre historie" utgjer to av fem hovudkapittel i Sommerfelt 1934. Innleiingskapitlet har tittelen "Sproget som sosialt fenomen".

²⁷ Torp og Vikør 1993, s. 13-15.

kvar skiljet går. Torp og Vikør legg, iallfall i praksis, til grunn ei forståing der den indre språkhistoria primært dreier seg om talemålet og den ytre om skriftmålet, men presiserer at dette skiljet ikkje er absolutt.²⁸ Då indre språkhistorie stod på programmet for språkkonferansen MONS 9 i 2001, vart det presisert at det var omtvista i kva grad indre og ytre språkhistorie kan skiljast frå kvarandre.²⁹ I diakron lingvistikk blir gjerne 'indre språkhistorie' reservert for studiet av språkinterne (universelle) språkendringsfaktorar. Endringar som kjem av ytre (ekstralingvistiske) faktorar, som migrasjon, språk- eller dialektkontakt, normering eller politiske omsyn, høyrer til den ytre språkhistoria sjølv om det er endringar i talespråket som her òg er studieobjektet.³⁰ Til dette kjem òg eit skilje mellom 'språkhistorie' og 'historisk lingvistikk'. Det har vore vanleg å definera språkhistorie som skildring av det historiske forlaupet i enkeltspråk eller grupper av enkeltspråk (til dømes norsk). Historisk (diakron) lingvistikk er derimot ein del av den generelle lingvistikken, som har generelle trekk ved språkendingar, språkendingstypologiar og skilnader mellom ulike språk som studieobjekt. Etter kvart som grensa mellom generell lingvistikk og, i vårt tilfelle, nordisk språkvitskap metodisk, teoretisk og institusjonelt har vorte meir og meir utviska dei siste åra, vil også skiljet mellom historisk lingvistikk og språkhistorie bli meir og meir flytande. I eit historiografisk perspektiv er derimot dette skiljet viktig å ha med seg fordi det i periodar har vore ulikt kva nordistar har inkludert i 'språkhistorie' og allmenningvistar i 'historisk lingvistikk' når det gjeld språkeksterne faktorar og tilhøve.

UT AV SPRÅKVITSKAPEN

At det er grenseoppgangen mot andre delar av lingvistikken som mest har oppteke dei som har praktisert innanfor 'ytre språkhistorie', er ei stadfesting på at det er innanfor nordisk språkvitskap fagfeltet har funne husrom.

Attåt sosiolingvistikken og språkplanleggingsvitskapen, kom dei sterkaste impulsane i fyrste omgang frå ein annan del av nordistikken, nemleg litteraturvitskapen. Til langt opp på 1900-talet var det eit flytande skilje mellom språkhistorie og litteraturhistorie gjennom den måten skjønnlitterære verk og forfattarskapar vart underlagde språklege studiar i analysar av rettskrivingsutviklinga, og ved at det språkpolitiske engasjementet til forfattarar vart analyserte i ein litteraturhistorisk kontekst.

²⁸ Ibid., s. 16.

²⁹ MONS 2001.

³⁰ T.d. Faarlund 2001.

Det var likevel den sterkare interessa for litteratursosiologiske og idéhistoriske perspektiv som førte til ny interesse for språkhistorie innanfor norsk litteraturvitskap i 1970- og 80-åra. Det viktigaste uttrykket for dette var forskingsprosjektet *Nynorsk litterær offentlegheit 1850–1915* som vart gjennomført på Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen i 1980-åra under leiing av Idar Stegane. Dei to doktoravhandlingane frå prosjektet plasserte seg rett nok innanfor litteraturvitskap, men stod for omfattande gjennomgangar og tildels nytolkingar av historia til nynorsk skriftkultur med eit litteratursosiologisk utgangspunkt.³¹ Det galdt òg fleire av hovudoppgåvene og dei mindre arbeida på prosjektet. I avhandlinga som blir rekna som hovudrapporten frå prosjektet, etablerer Stegane det Habermas-inspirerte omgrepet 'nynorsk offentlegheit' som omdreiingspunktet for framstillinga, og prosjektet var ikkje minst viktig for å tilføra ein breiare og meir teoretisk fundert kulturhistorisk kontekst til den ytre språkhistoria.

Gjennom 1990-åra byrja så historikarmiljø å fatta ny interesse for språk og språkhistorie. Den einaste historikaren med språkhistoriske emne som *primært* forskingsfelt gjennom 1970- og 80-åra var Kjell Haugland.³² I den grad nyare språkhistorie tidlegare hadde fått eit visst rom i arbeid av historikarar, var det primært gjennom den rolla målstriden spela i den politiske historia,³³ og det var i det heile eit sjeldsyn å sjå arbeid i nyare språkhistorie av faghistorikarar.³⁴ Arbeida til Haugland kom likevel til å peika framover mot det som verkeleg skulle få opp interessa for språkhistorie i historikarkrinsar, nemleg komparative og teoretiske perspektiv frå den internasjonale nasjonalismeforskinga.³⁵

I 1990-åra vart interessa for nyare språkhistorie særleg fanga opp av to miljø, og både historikarar og interesse for nasjonalisme stod sentralt i båd. Det eine hadde utspring i Volda og var knytt til arbeidet som tok til kring 1990 med å definera 'nynorsk skriftkultur' som eige tverrfagleg forskings- og formidlingsfelt (grundigare handsama nedanfor). Her er det nok å peika på at historikarar med Jostein Nerbøvik i spissen spela ei framtrekande rolle. Det andre miljøet hadde utspring i prosjektet *Utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet* ved Historisk institutt, Universitetet i Oslo (1993–1997), leidd av professor Øystein Sørensen. I ei rad av dei 21 publiserte rapportane frå prosjektet og dei endå fleire

³¹ Stegane 1987 og Gripsrud 1990; jf. Stegane 2002.

³² Han var den fyrste *historikaren* som disputert på eit emne frå nyare norsk ytre språkhistorie (1986, på Haugland 1985).

³³ Fram til 1990 galdt det særleg partihistoriske arbeid (om Venstre t.d.: Mjeldheim 1955, Mjeldheim 1978, Mjeldheim 1984 og Nordby 1983; om Høgre: Kaartvedt 1984 og Danielsen 1984).

³⁴ Etter ein rask gjennomgang har eg for tidsrommet 1965–1990 berre funne fire hovudoppgåver i historie med språkhistoriske emne (Haugland 1971a (levert 1967), Gjengedal 1971, Husby 1974 og Pedersen 1975) og to artiklar i *Historisk tidsskrift*, båd av Haugland.

³⁵ Sjå kapittel 3.

upubliserte hovudoppgåvene stod språkhistoriske emne meir eller mindre sentralt – både i arbeid av språkvtitarar, litteraturvtitarar og historikarar.³⁶ Faglege spenningar mellom Volda- og Oslo-miljøa var medverkande til at det kom opp diskusjonar i historiefaglege miljø om norsk språkhistorie gjennom 1990-åra. Særleg viktig og framtreddande var naturleg nok det nasjonalismeteorietiske grunnlaget som språkhistoriefeltet vart tilført i denne prosessen. Dette, og den nye interessa i historikarmiljø, nedfelte seg ikkje minst i banda til Anne-Lise Seip og Gro Hagemann i *Aschehougs norgeshistorie*, nyutgåva av Nerbøviks innføringsbok i norsk historie og i Sørensen's band av *Norsk idehistorie*.³⁷ Inntoget til historikarane kom òg til uttrykk ved at den komprimerte nyutgåva av *Vårt eget språk* (2002) hadde bytt ut Jahrs framstilling av ytre norsk språkhistorie frå 1987 mellom anna med eit 1800-talskapittel av Sørensen.³⁸

Det må leggjast til at norsk målstrid og språkhistorie òg har vekt interesse i somme samfunnsvitskaplege miljø. I Gabriel Øidne og Stein Rokkan sine analysar av politiske og kulturelle regionale skilnader står målsprøsmålet sentralt.³⁹ Med utspring i denne forskningstradisjonen interesserte Trond Nordby seg mykje for målreisinga og målstriden i studiane av moderniseringa av bondesamfunnet.⁴⁰ Frå eit anna samfunnsvitskapleg utgangspunkt har Rune Slagstad vidd målsprøsmålet mykje merksemd i analysen av den norske "folkedannelsen".⁴¹ Ikkje minst har desse impulsane frå samfunnsvitskapen vore viktige for den nyvekta interessa for målsprøsmålet i historiefaglege krinsar. Her har det òg kome viktige synspunkt på dei overordna perspektiva i denne studien som vil bli nærare drøfta i kapittel 3.

I norsk historieforskning fell den nye interessa for språkhistorie, nasjonalisme og identitetsspørsmål meir allment saman med dreininga frå sosialhistorie til kulturhistorie.⁴² Kulturhistorie var med Francis Sejersteds spissformulering nokon ein lenge "ikke kunne snakke om".⁴³ Teoretisk og metodisk har dette ført med seg ei dreining frå samfunnsvitskapleg inspirert kvantitativ strukturanalyse til større vekt på meining, identitet og tolking. Kulturdreininga og den 'språklege vendinga' er, som Dagfinn Slettan peikar på, svært samansett og motsetnadsfylt og femner både om mentalitetshistorie, poststrukturalistiske impulsar, hermeneutikk, omgrepshistorie, diskursanalyse og

³⁶ Den oppsummerande publikasjonen frå prosjektet er Sørensen (red.) 1998b. Eg skreiv sjølv hovudoppgåva mi innanfor prosjektet (Hoel 1996).

³⁷ Seip 1997; Hagemann 1997; Nerbøvik 1999; Sørensen 2001.

³⁸ Johnsen (red.) 2002, s. 63-74.

³⁹ Øidne 1957; Rokkan 1987 [1967].

⁴⁰ Nordby 1986; Nordby 1991. I Rokkan-tradisjonen, jf. òg Bjørklund 1979 og Bjørklund 2004.

⁴¹ Slagstad 1996; Slagstad 1998.

⁴² Jf. Slettan 1996; Kaldal 2002.

⁴³ Sitert etter Slettan 1996, s. 106.

semiotikk, attåt ei auka interesse for forteljninga og det narrative i historiske framstillingar. Her står ein likevel framfor eit stort paradoks: 'Den språklege vendinga' har henta mykje inspirasjon frå litteraturvitskapen, som på avdelingane for nordistikk har levd i eit meir eller mindre vellukka ekteskap med den språkvitskapen som fram til 1990-åra hadde hegemoni når det galdt ytre nyare språkhistorie. Trass i dette er teoretiske og metodiske impulsar frå 'den språklege vendinga' bortimot fråverande i den nye historie- og samfunnsvitskaplege interessa for norsk språkhistorie.⁴⁴ Dei som har interessert seg for språkhistorie i samband med forminga av norsk nasjonal identitet og nasjonalisme, har i all hovudsak henta teorigrunlaget i den meir samfunnsvitskapleg og idehistorisk inspirerte nasjonalismelitteraturen.⁴⁵ Iver B. Neumann står bak den framstillinga av norsk språkhistorie/ språkstrid som er sterkast inspirert av element frå den språklege vendinga så langt, og han må reknast som ein outsiders både i høve til historie- og nordiskfaget.⁴⁶

FRÅ 'YTRE SPRÅKHISTORIE' TIL 'NYNORSK SKRIFTKULTUR'

Den delen av forskinga innanfor ytre språkhistorie som har målreisinga og nynorsk språk og litteratur som forskingsobjekt, skjer i stor grad innanfor feltet som no gjerne vert kalla 'nynorsk skriftkultur'. Lanseringa av 'nynorsk skriftkultur' som eit særskilt fagfelt kan tidfestast til kring 1990. Det er ikkje utan vidare klart kva som ligg i 'skriftkultur', anten ein set 'nynorsk' framfor eller ikkje. Siktemålet med den følgjande drøftinga er å gjera greie for korleis omgrepet vert nytta og forstått i dag, og kva faglege aktivitetar som vert utførte under denne paraplyen.

'Skriftkultur' er eit relativt nytt fagomgrep. Setelarkivet til Norsk Ordbok har stort sett berre registrert ordet i bruk etter 1980, og den fyrste boktittelen som inneheldt 'skriftkultur', er frå 1985, same året som Rådet for skriftkultur vart skipa.⁴⁷ På det kulturpolitiske feltet var nok gjennomslaget for omgrepet særleg knytt til denne etableringa. Bakgrunnen var utfordringane frå ein stadig sterkare visuell kultur saman med otten for ein aukande funksjonell analfabetisme.

Den nyare akademiske bruken av 'skriftkultur'-omgrepet spring derimot ut or den internasjonale 'literacy'-forskinga. Dei siste åra er 'skriftkultur-forsking' teke i bruk som

⁴⁴ Eit unntak er Sveinung Time (jf. Frøyen og Time 1996 og Time 1997), men han er litteraturvitar.

⁴⁵ Referansar til Anthony D. Smith, Ernest Gellner, Benedict Anderson og John Hutchinson går att.

⁴⁶ Neumann 2001b, kap. 2. I den omgrepshistoriske og diskursanalytiske framstillinga hans av utviklinga av norsk nasjonal identitet, dominerer målspørsmålet i 1800-talskapitlet. Somme av synspunkta hans vil bli drøfta nærare i kapittel 5.

⁴⁷ NO-setel; Bibsys (søk 24.2.2005). Dei eldste treffa på 'skriftkultur' i Atekst (søk 24.2.2005) er frå våren 1986 og gjeld Rådet for skriftkultur.

norsk avløyser for det engelske 'literacy studies'.⁴⁸ Med utgangspunkt i den internasjonale literacy-forskinga er det lagt ned ein større innsats i å definera og avgrensa '(nynorsk) skriftkultur'.⁴⁹ Ei hovudretning har vore studiet av alfabetisering av individ og samfunn, både den historiske overgangen frå talebasert til skriftbasert samfunn, og nyare praktisk-pedagogiske problem knytte til dårleg lese- og skrivekunne. Mi gransking er frå ein periode (etter 1885) der overgangen til eit skriftbasert samfunn i Noreg alt var kome langt med mesta fullt utbygt lese- og skrivekunne.

Ei anna hovudretning byggjer på ei meir sosiokulturell tilnærming der den overordna problemstillinga er kva skrift blir nytta til i eit samfunn. For å gå opp ei grense til dei etablerte språk- og tekstvitenskapane, legg Kjell Lars Berge vekt på at skriftkulturforskinga er meir antropologisk orientert og meir oppteke av å studera kontekst enn tekst og tekststruktur i seg sjølv, mellom anna kva praktisk, kulturell og symbolsk verdi skrifter har i samfunnet.⁵⁰ Det same er Hans Marius Hansteen inne på når han hevdar at den aktuelle interessa for 'skriftkultur' spring ut or ei kjensle av at omgrepet 'litteratur' er for snevert: "'Skriftkultur' skal for det første fanga inn eit breiare tilfang av skriftlege ytringar og for det andre opna for meir kontekstuelle tilnærmingar enn det som har vore vanleg i litteraturforskinga."⁵¹ Men han legg òg til det som er slåande for heile debatten om skriftkulturomgrepet, nemleg at 'skriftkultur' ikkje er eit hakk meir analytisk enn 'litteratur'.

Denne debatten er ein viktig del av bakteppet for den måten omgrepet '*nynorsk skriftkultur*' er vorte lansert og fylt med innhald, samstundes som dette òg hadde ein meir pragmatisk bakgrunn. Då ein i visse miljø tok til å tala om '*nynorsk skriftkultur*' kring 1990, var føremålet i fyrste rekkje å skildra og avgrensa det som skulle skje av formidling og gransking innanfor det som den gongen vart kalla 'Ivar Aasen-senteret', og det vart eit nøkkelomgrep i det politiske arbeidet for å få reist den nye institusjonen. Det var utarbeidinga, lanseringa og oppfølginga av forprosjektrapporten for senteret som for alvor introduserte omgrepet '*nynorsk skriftkultur*'.⁵² Ivar Aasen-instituttet kom i drift ved årsskiftet 1997–98 og starta i 2002 opp eit masterstudium i *nynorsk skriftkultur*. Ivar Aasentunet opna i juni 2000 som eit "nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for *nynorsk skriftkultur*". Omgrepet er så sterkt knytt til desse to institusjonane at det kunne vera freistande å definera '*nynorsk skriftkultur*' som det som til kvar tid er i interessefeltet til

⁴⁸ Jf. Melve 2001; Berge 2004, s. 5.

⁴⁹ To sentrale publikasjonar er Burgess og Monsson (red.) 2002 og Berge m.fl. (red.) 2004.

⁵⁰ Berge 2004, s. 8.

⁵¹ Hansteen 2002, s. 150.

⁵² Nerbøvik (red.) 1992.

Ivar Aasen-instituttet og Ivar Aasen-tunet. Eg har iallfall som utgangspunkt at innhaldet i det nye omgrepet 'nynorsk skriftkultur' ikkje kan avgrensast utan at ein ser det i ljøs av det praksisfeltet som har oppstått ved etableringa av det nye studie- og forskingsfeltet. I tråd med omgrepshistorisk praksis ser eg det såleis som mest føremålstenleg å knyta drøftinga og innsirkinga av omgrepet til ei meir generell framstilling av forskingstradisjonar som har hatt noko med 'nynorsk' som granskingsobjekt.

'Skriftkultur' som forskingsfelt spring ut av eit grenseland primært mellom litteraturvitskap og lingvistikk, og grensedraginga mot etablerte tradisjonar i båd disiplinar har kome tydeleg til uttrykk ikkje minst i debatten om kva 'nynorsk skriftkultur' er for noko. Det fyrste som skal understrekast, er at det i 'nynorsk skriftkultur' ligg ei dreining i fokus frå tilhøvet mellom tale og skrift over til tilhøvet mellom skrift og samfunn. Dei språkpolitiske implikasjonane av dette har slege inn i den faglege debatten. Helge Sandøy reagerte i 2000 skarpt på tendensane i skriftkulturforskinga det føregåande tiåret til å operera med eit grunnleggjande skilje mellom tale og skrift. Poenget hans er at tale og skrift er to sider av same sak, *språket*, at alle talemålsvarietetar i prinsippet kan brukast til alt, også skrift, og at den relevante problemstillinga er korleis "det eine og same språket blir brukt i nye situasjonar og med nye medium som gir nye produksjonsvilkår".⁵³ Hovudbodskapen hans er elles at det framleis er avgjerande å ta med samanhengen mellom talemål og skriftmål inn i eit studium av skriftkulturen og kle kulturen av språket og analysera dei grunnleggjande makttilhøva som held eit skriftmål oppe.

Kjell Lars Berge har polemisk kommentert artikkelen til Sandøy som eit uttrykk for "den frykten en etablert talespråklig orientert forsker med nynorsk som målform, kan føle når skriftspråksforskere tar til orde for et mer nyansert syn på forholdet mellom tale og skrift".⁵⁴ Berge hevdar vidare at denne "fikseringen ved talespråk innenfor nynorskfilologien ... har bidratt til at oppmerksomheten sjelden har blitt rettet mot de skriftlige dimensjonene ved det språklige kulturarbeidet nynorsken har bidratt til". Endringa definerer Berge som at hovudfokuset i studiet av nynorsk skifter frå talespråkleg variasjon til skriftspråkleg variasjon, ikkje i trong meining som rettskrivings- og ortografistudiar, men sjangervariasjon og kva samanheng tekstar blir skrivne i og for. Synet i det som Berge kalla "nynorskfilologien" kom òg til uttrykk då Kjell Venås var beden om å definera og avgrensa 'nynorsk skriftkultur'. Han meinte, i motsetnad til Berge, at omgrepet

⁵³ Sandøy 2002, s. 124.

⁵⁴ Berge 2004, s. 10.

er snevrare enn 'nynorsk skriftmål' fordi det siste òg tek opp i seg talemålsgrunnlaget for nynorsk, dialektane.⁵⁵

På hi sida er litteraturvitskapen òg utfordra. Skriftkulturforskinga legg til grunn eit modernisert og utvida litteraturomgrep der skjønnlitteraturen har fått tevling og kanskje jamvel kan seiast å ha kome i bakgrunnen. Det er talande at det er Aasen-instituttet i samarbeid med *Prosjektmiljøet norsk sakprosa* som har vore leiande i forkinga på nynorsk skriftkultur dei siste åra. Attåt vekta på sakprosaen er det eit karakteristisk drag ved skriftkulturforskinga at ein òg har ei litteratursosiologisk tilnærming der det litterære systemet og produksjonsvilkåra for litteraturen er inkludert. Forskingsprosjektet *Nynorsk litterær offentlegheit 1850–1915* danna då òg eit viktig bakteppe og gav sentrale faglege impulsar til etableringa av den faglege verksemda ved Aasen-institusjonane i Ørsta/Volda. At 'nynorsk skriftkultur' har fungert som ein tverrfagleg møteplass, vert òg understreka av den rolla det historiefaglege miljøet har spela i utviklinga av feltet med Nerbøvik som den sentrale.⁵⁶

Den førebels konklusjonen når det gjeld fagfeltet 'nynorsk skriftkultur' må bli at det er grunnleggjande tverrfagleg og (difor) ikkje kan seiast å vera ein teoretisk eller metodisk eintydig definert og avgrensa disiplin. Dette blir understreka både gjennom mangfaldet på fagplanen for masterstudiet i nynorsk skriftkultur,⁵⁷ gjennom eit endå større mangfald i studentane sine val av emne for masteroppgåvene på det same studiet, og ikkje minst i den varierende faglege bakgrunnen og orienteringa til dei som er eller har vore sentrale i oppbygginga av fagfeltet. Det som i fyrste rekkje pregar feltet så langt, er karakteren av å vera ein tverrfagleg møteplass der ulike fagtradisjonar og kompetansar kan møtast og brynast utan at eit einskilt fag, iallfall så langt, har etablert noko hegemoni.

Eg legg vekt på dette dels fordi det er med på å gjera det vanskeleg å gje ein eintydig definisjon av omgrepet 'nynorsk skriftkultur', og dels fordi få har gjort systematiske freistnader på noko slikt. Ein av dei få som har prøvd, er Vikør:, som meiner 'nynorsk skriftkultur'

⁵⁵ Venås 1996b, s. 20. Han legg såleis til grunn ei snever tolking der 'nynorsk skriftkultur' er meir eller mindre synonymt med 'nynorsk skriftmål'.

⁵⁶ Mange av dei mindre arbeida hans er samla i Nerbøvik 2000b. Andre uttrykk for historikarinteressa er vestlandslærarprosjektet (jf. Høydal (red.) 1995b) og fleire nyare arbeid av Reidun Høydal (jf. Høydal 2007). Ottar Grepstad, leiar for Ivar Aasen-tunet, står òg bak ei rad arbeid om den nynorske målreisinga i eit kulturhistorisk perspektiv (t.d. Grepstad 2002b, Grepstad 2005b og særleg Grepstad 2006). Viktig for interessa og oppbygginga av Aasen-institusjonane var òg markeringa *Ivar Aasen-året 1996*, som var viktig for å fremja den faglege interessa både for Ivar Aasen særskilt og nynorsk skriftkultur allment, noko som understrekar den breie kulturpolitiske samanhengen som 'nynorsk skriftkultur' som fagfelt står i.

⁵⁷ Ivar Aasen-instituttet 2003.

...ikkje berre [er] ei samlenemning på alt som er eller vil bli skrive på nynorsk, men det omfattar heile den infrastrukturen som denne litteraturen utfaldar seg i (opplæringsystem, publiserings- og distribusjonsapparat, bruks- og resepsjonsmønster) og den åndsrørsla som har bore og ber han fram.⁵⁸

'Samlenemning' er vel det mest sentrale stikkordet her. I motsetnad til eit omgrep som 'det nynorske språksamfunnet' får 'nynorsk skriftkultur' eit diakront innhald attåt det synkrone – det femner òg om det som kan kallast 'den nynorske tradisjonen' i vid meining. Elles er vel Venås inne på noko vesentleg når han skriv at då ein kollega fyrst nemnde føredragsemnet "Nynorsk skriftkultur – innhald og avgrensing" for han, "var vi også utan vidare samde om at vi visste kva nynorsk skriftkultur var," men det gjekk over.⁵⁹

Denne debatten illustrerer at både omgrepet og det faglege innhaldet i 'nynorsk skriftkultur' har representert ei utfordring andsynes dei språkvitskaplege miljøa som dei siste tiåra har stått bak det meste av forskinga på nyar ytre språkhistorie. Skriftkultur-omgrepet har ført med seg ei dreining frå tilhøvet mellom skrift og tale til ei større vekt på litteraturen og ikkje minst til ei vidare kultur-, sosial- og idéhistorisk kontekstualisering av framveksten av det nynorske skriftmålet. Meir enn å prøva å gje ein eintydig definisjon av omgrepet og forskingsfeltet 'nynorsk skriftkultur', vert det sentrale i denne samanhengen dermed at etableringa av forskingsfeltet har vore med på å fremja ei naudsynt nyorientering innanfor språkhistorieforskinga. Og til bruk i denne studien skulle Vikør sin definisjon framleis vera dekkjande nok.

Forskingssituasjon

Med den historiografiske framstillinga ovanfor er det alt gjeve visse indikasjonar på den periodiske og tematiske orienteringa i den eksisterande forskingslitteraturen. Føremålet men den følgjande gjennomgangen er primært å skildra meir systematisk kva tema som er dekte med empiriske arbeid av meir eller mindre vitskapleg slag. Når det gjeld kva problemstillingar, teoretiske perspektiv og syntesar ein kan dra ut av den tidlegare forskingslitteraturen, vil det bli handsama dels i kapittel 3 og dels i dei empiriske kapitla utover i avhandlinga. Det gjeld òg teoriar og synspunkt i forskingslitteraturen som går direkte på problemstillingane for denne studien. Eg konsentrerer meg i det følgjande om dei mest sentrale arbeida.

⁵⁸ Vikør 1996, s. 45.

⁵⁹ Venås Ibid., s. 15.

PERIODISKE TYNGDEPUNKT

Tida før 1915 er klart betre dekt enn mellomkrigstida. Her har ein framfor alt Hauglands doktoravhandling om striden om skulemålet fram til 1902. Om tida før 1885 er dette i stor grad ei framstilling av målreisingsarbeidet og målrørsla allment; deretter fokuserer han sterkare på striden om skulemålet på nasjonalt plan, særleg kring dei sentrale politiske organa. Av arbeid som dekkjer lengre tidsspenn har ein elles doktoravhandlingane til Gregg Bucken-Knapp om norsk språkpolitikk i eit komparativt perspektiv og Ernst Håkon Jahr om talemålet i skulen 1874–1925, og dessutan hovudoppgåva til Eli Bjørhusdal om målkvinner før 1900.⁶⁰ Frå det nemnde prosjektet *Nynorsk litterær offentlegheit 1850–1915* i 1980-åra kom det fleire arbeid som er sentrale i denne samanhengen.⁶¹ Det galdt òg fleire av hovudoppgåvene og dei mindre arbeida på prosjektet. Av hovud- og masteroppgåver i historie har ein Arvid Gjengedal om målreisinga i 1870- og 80-åra, Margit Bergstrøm om målrørsla og unionsoppløysinga og Haugland og Arve Pedersen om striden kring sidemålsstilen og språkløvgjevinga ca. 1905–10. Vidare er hovudoppgåva til Olaf Almenningen ein grundig dokumentasjon av målreisinga med vekt på Noregs mållag 1906–1913.⁶²

Deretter blir det noko skrinna. Magne Rogne har i hovudoppgåva si gått grundig gjennom målstriden på Stortinget i 1920-åra, og Åshild Rykkja har teke føre seg Arbeidarpartiet og målstriden 1903–37. Vidare har ein hovudoppgåvene til Magnhild Bruheim og Oddrun Grønvik om mållova 1930. Per Ivar Vaagland si hovudoppgåve om målrørsla og rettskrivingsstriden i 1930-åra går òg noko inn på den ideologiske og politiske konteksten.⁶³ Sams for dei aller fleste nemnde arbeida er det likevel at dei har ei periodisk avgrensing som er monaleg snevrare eller annleis enn den som ligg til grunn for denne studien.

TEMATISKE TYNGDEPUNKT

Av dei språkpolitiske grupperingane, er litteraturen klart mest omfattande om målrørsla. Ser me framleis bort frå dei biografiske arbeida, er Fritz Meyens doktoravhandling det einaste større forskingsarbeidet med riksmålsrørsla som primært forskingsobjekt. 1907-rettskrivinga i riksmål er omhandla av Rolf R. Nygaard, og elles må det skytast inn at

⁶⁰ Bucken-Knapp 2003; Jahr 1984 (og fleire mindre arbeid); Bjørhusdal 2001.

⁶¹ Birkeland og Nicolaysen 1986; Stegane 1991 [1984]; Stegane 1987; Gripsrud 1990.

⁶² Gjengedal 1971; Bergstrøm 2005; Haugland 1971a; Pedersen 1975; Almenningen 1984.

⁶³ Rogne 1998; Rykkja 1978; Bruheim 1982; Grønvik 1987; Vaagland 1982.

rettskrivingsendringane for b  e m  al er godt dokumenterte av Haugen.⁶⁴ Oppnorskinga av det opphavleg danske skriftm  alet var elles som nemnt emne for Didrik Arup Seip i ei rad arbeid.  stlandsk Reisning fekk si historie med hovudoppg  ava til Jahr, og n  r det gjeld den ideologiske bakgrunnen for samnorskstrevet, har ein framfor alt fleire arbeid av Oddmund S  ilen, mellom anna hovudoppg  ava hans om Halvdan Koht.⁶⁵

Det finst ein omfattande jubileumslitteratur om institusjonane i m  alr  rsla. Somme har vitskaplege ambisjonar, dei fleste ikkje. Noregs m  allag, Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret har vore emne for fleire omfattande historiske verk, og det ligg f  re ei masteroppg  ave om Noregs Boklag.⁶⁶ Nokre av dei mest sentrale fylkesm  allaga og lokale m  allaga har   g f  tt sine jubileumsskrifter, men d  a er det helst snakk om meir summariske oversyn over arbeid og organisasjonsutvikling kombinert med personleg minnestoff. Eit unntak er det strategisk viktige Studentm  allaget i Oslo, som det   g finst to hovudoppg  aver om.⁶⁷ For riksm  alsinstitusjonane er Langslets 100-  rssoge for riksm  alsorganiseringa den viktigaste og klart mest omfattande.⁶⁸ Dei aller fleste jubileumsskriftene har liten avstand og er lite problematiserande til sitt eige politiske og ideologiske grunnlag og er ikkje sjeldan skrive med eit klart agitatorisk siktem  al, diverre ofte med skrinne kjelde- og litteraturtilvisingar. Det hindrar ikkje at dei er verdfulle, b  de som kjelder til sj  lvforst  inga, historiemedvitet og forvaltninga av dei kollektive historiske minna i organisasjonane/r  rslene. Og ikkje minst har desse skriftene vore s  ers viktige for    gje oversyn over feltet og inngang til opplysningar om sentrale hendingar, personar og kjelder.

Allment kan det seiast at dei institusjonane som er d  rlegast dekte i litteraturen, er dei som ikkje greidde    halda seg i live fram til eit rundt jubileum der det var naturleg    skriva ei jubileumssoge. Eit framifr   d  me er to av dei viktigaste nasjonale institusjonane i m  alr  rsla kring hundre  rsskiftet, *Maalkassa* og *Norskt maalkontor*, som berre er sporadisk nemnde i litteraturen. Elles ligg dei fleire hundre forretningsdrivande verksemdene i norskdomsr  rsla stort sett i m  rket end  a dei gjennom fleire ti  r var den viktigaste inntektskjelda for m  alr  rsla.⁶⁹ Den nynorske pressa er   g eit veikt punkt. Det ligg f  re

⁶⁴ Meyen 1932; Nygaard 1945; Haugen 1969.

⁶⁵ Jahr 1978; S  ilen 1978, S  ilen 1982, S  ilen 1983.

⁶⁶ Om Noregs m  allag: Eskeland 1956 og Almenningen m.fl. (red.) 1981. Om Samlaget: Birkeland m.fl. (red.) 1968. Om Det Norske Teatret: Braaten (red.) 1938, Sletbak (red.) 1963 og M  hle (red.) 1988. Om Noregs Boklag: Skipenes 2005.

⁶⁷ Dalgard m.fl. 1952, Bernsen 1975, Rodvang 1999 og Almenningen m.fl. 2003 (jf.   g mi eiga framstilling om perioden 1900–30 her).

⁶⁸ Langslet 1999.

⁶⁹ Nokre f  a av f  retaka har f  tt sine eigne jubileumsverk, t.d. Vestlandsbanken (Fr  ysland og Kirkeide 1976), men det ein finn om dei s  kalla 'lagsbruka' i m  allag og ungdomslag, avgrensar seg stort sett til mindre kapittel i lagssogene. Samskipnaden Norske lagsbruk og Nynorsk kultursentrum har i seinare tid likevel gjort eit dokumentasjonsarbeid som s   langt har resultert i Kol  s 2005.

større arbeid om *Fedraheimen*, *Den 17de Mai*, *Gula Tidend*, *Norsk Barneblad* og *For bygd og by*,⁷⁰ men elles finst det fint lite – det gjeld òg viktige nynorske dagsaviser i mellomkrigstida som *Norig* (Skien) og *Agder Tidend* (Kristiansand).

Det finst òg ein omfattande litteratur om den frilynde ungdomsrørsla og folkehøgskulane. Dei var tungt involvert i målreisingsarbeidet, særleg i den fyrste delen av perioden som denne studien dekkjer. Det finst fleire jubileumsverk og hovudoppgåver både om Noregs ungdomslag sentralt og fylkeslaga.⁷¹ Om folkehøgskulerørsla er det dei mange jubileumsskriftene og nokre forskingsarbeid om dei einskilde skulane som dominerer medan samla forskingsbaserte framstillingar av folkehøgskulerørsla under eitt manglar.⁷²

Stadig fleire av dei mest framtrekande aktørane får sine biografiar, både i form av bøker for allmenntilgjengleg marknaden og forskingsarbeid. Sentrale språkpolitikarar kring hundreårsskiftet, som Bjørnstjerne Bjørnson og Arne Garborg, har vore emne for fleire forskingsarbeid dei seinare åra.⁷³ Dei to språkpolitikarane frå fyrste halvdel av 1900-talet som har vore emne for flest studiar, er Halvdan Koht og Gustav Indrebø.⁷⁴ Andre sentrale aktørar på nynorsksida som er grundig biograferte dei siste åra, er Marius Hægstad, Jørgen Løvland, Hagbard E. Berner, Per Sivle, Rasmus Løland, Elias Blix og Bernt Støylen. Desse biografiane har ikkje minst gjeve verdfull innsikt i det sentrale målmiljøet i tiåra kring hundreårsskiftet. Den biografiske sjangeren i målrørsla er elles omfattande, særleg når det gjeld artikkelstoffet om målmenn i min periode. Brukte som leivningar fortel dei òg mykje om dei rådande ideala i målrørsla på den tida dei vart skrivne.⁷⁵ Framleis vantar det likevel grundige og moderne biografiar om fleire av dei sentrale målfolka i perioden. Framfor nokon gjeld det Rasmus Steinsvik, men òg personar som Nikolaus Gjelsvik, Olav Midttun, Johannes Lavik, Lars Eskeland, Ivar Mortensson-Egnund og Didrik Arup Seip.⁷⁶ Ein stor

⁷⁰ Dalhaug 1995 (*Fedraheimen*), Dalhaug [1998] (*Den 17de Mai*), Håland (red.) 1979 (*Gula Tidend*), Eriksson 1980 (*Norsk Barneblad*), Nyrnes 1985 (*For Bygd og By*). Av meir generelle framstillingar av den nynorske pressehistoria har ein Aure og Aarnes 1923, Skeidsvoll m.fl. (red.) 1938, Håland 1981, Roppen 1991 og ikkje minst Sande 2000.

⁷¹ Jubileumsbøker om NU sentralt: Moren og Os 1921, Moren og Lundanes (red.) 1971 og Hodne m.fl. 1995. Sentrale forskingsarbeid er Steinsland 1981 (om skipinga av NU), Tvinnereim 1981 (om Nord-Vestlandet), Klippenberg 1996 (om Nord-Trøndelag), og Warholm 2002 (om Telemark og Vestfold). Dei fleste fylkeslaga i ungdomsrørsla er dekte med eitt eller fleire jubileumsskrift; det same gjeld største bondeungdomslaga i byane. Det finst dessutan ei rad mindre historiske oversikter i artikkel- eller småskriftform over andre lokallag.

⁷² Det næraste ein kjem er det grundige og nyttige oversynsverket til Torjusson 1977.

⁷³ Særleg Sørensen 1997a om Bjørnson, og Frøyen og Time 1996 om Garborg.

⁷⁴ Søilen 1978, Stalsberg 1981, Kjørstad 1976, Venås 1984.

⁷⁵ Dei nynorske biografane framfor nokon var Anton Aure og Olav Midttun.

⁷⁶ Den mest omfattande biografien om Steinsvik er framleis Gausemel 1937, jf. òg Dalhaug [1998] om Steinsvik og *Den 17de Mai*. Om Mortensson-Egnund har ein Langen 1957, om dei andre berre mindre arbeid.

mangel er det òg at bortsett frå Hulda Garborg er ingen av dei store målkvinnene i perioden biograferte ut over mindre arbeid.⁷⁷

Innanfor det ein kan kalla nynorsk kultur- eller danningshistorie, er fleire interessante arbeid med til dels nye perspektiv publiserte det siste tiåret. Reidun Høydal si hovudoppgåve om Volda lærarskule 1895–1920 sette på nytt lyset på 'vestlandslæraren' si rolle i målreisinga, og ho har følgd opp danninga av ein alternativ målelite gjennom landsgymnasa i fleire arbeid. Folkedanningstradisjonen med den nynorske målreisinga som sentral ingrediens, er òg kraftig framheva av Slagstad.⁷⁸

Den nynorske skjønnlitteraturen i perioden og reine skjønnlitterære studiar har eg i utgangspunktet avgrensa meg ifrå, men fleire litteraturhistoriske, litteratursosiologiske og bokhistoriske arbeid har stor interesse. Dei nemnde publikasjonane frå forskingsprosjektet *Nynorsk litterær offentlegheit 1850–1915* er nyttige både gjennom vera empirisk grundige arbeid og ved å ha nye teoretiske innfallsvinklar og ikkje minst eit kritisk ideologisk tilhøve til den nynorske litterære institusjonen. Eit viktig tilskot var òg Vidar Lynghamars hovudoppgåve om den nynorske sakprosaen, som er særleg verdfull fordi ho er eit av svært få arbeid med ein grundig analyse av domenesituasjonen til nynorsken.⁷⁹

Målreisinga lokalt og regionalt er delvis dekt vesta- og nordafjells. Det finst hovudoppgåver om dei tre nordnorske fylka, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal både før og etter andre verdskrigen.⁸⁰ Sogn og Fjordane er dekt av den grundige, men agitatoriske og lite vitskaplege målreisingssoga til Anders A. Lothe, og det ligg føre hovudoppgåver om Nord- og Midthordland og Hardanger.⁸¹ Lenger sør og aust har ein i beste fall lokalhistoriske artiklar å stø seg til.⁸²

Ein eigen teig i den ytre språkhistoria er stadnamnpolitikk og namnestrid. Det administrative namneverket gjekk gjennom ein stor revisjon dei fyrste tiåra på 1900-talet, og det vart laga retningsliner som tok sikte på å få heile namneverket over på nynorsk målgrunn. Særleg var striden kvass om nokre bynamn. Det vil bli gjort nærare greie for denne forskingslitteraturen i kapittel 12.

⁷⁷ Obrestad 1992 (om Garborg), jf. òg Aune 2002 (om Fredrikke Marie Qvam). Oversyn i Bjørhusdal 2001.

⁷⁸ Slagstad 1996, Slagstad 1998, Høydal 1995a, Høydal 1998, Høydal 2003 og Høydal 2007, jf. Myhren 2001.

⁷⁹ Jf. òg Stegane 1983 om Mons Litleré, og Nyrnes 1985 om bladet *For bygd og by*; Lynghammar 2002.

⁸⁰ Om Nord-Noreg: Lockertsen 1984 (før 1938), Magne Heides klausulerte hovudoppgåve om tida etter 1938, og elles ein eigen studie av skulemålet i Lenvik (Evensen 1993). Elles Todal 1980 og Osnes 1981 om Sør-Trøndelag og Skjelten 1982 om Møre og Romsdal.

⁸¹ Lothe 1950 (som diverre har svært sparsamt med kjeldetilvisingar); Myking 1981; Kristensen 1985 (hovudoppgåve i pedagogikk).

⁸² T.d. Nerbøvik 1977 og Bernaas 1996 om Telemark.

Eit felt der det knapt finst forskningslitteratur, er det ein kan kalla nynorsk domenehistorie.⁸³ Hovudoppgåva til Lynghammar er nemnd – ho ser stillinga for nynorsken på ulike tidspunkt og ulike domene frå eit fugleperspektiv gjennom statistikk over nynorsk sakprosa. Men samla framstillingar av korleis nynorsk vart teke i bruk på ulike samfunnsfelt finst knapt ut over artikkelnivå. Mest er det å finna om skuleverket, langt mindre om det kyrkjelege feltet som var så viktig i den tidlege fasen i målreisinga, for ikkje å seia offentleg administrasjon (både kommunal og statleg), akademisk språkbruk, næringslivet og heile det teknisk-industrielle feltet, og dessutan pressa som alt er nemnt. Det vil altså seia at praksisnivået er så godt som fråverande i litteraturen medan dei aller fleste arbeida konsentrerer seg om det politisk-institusjonelle nivået, lokalt eller nasjonalt.

Oppsummering

Eit utgangspunkt for denne studien er at 'ytre språkhistorie' er for viktig til å kunna overlatast til nordistikken åleine. Dette er truleg eit ukontroversielt synspunkt i dag. Det sterke ankerfestet innanfor nordisk språkvitskap i etterkrigstida har sikra ein viktig lingvistisk grunnkompetanse på fagfeltet. Samstundes har dette òg hatt sin pris ved at mange arbeid har hatt eit veikt historievitskapleg grunnlag, både teoretisk og metodisk og i form av vantande kontekstualisering. Særleg tydeleg har tendensen vore i mange hovudfagsoppgåver som har hatt eit deskriptivt og etter måten snevert språkhistorisk perspektiv.

Kritikken er mindre råkande når det gjeld dei fremste fagfolka innanfor feltet, som Jahr, Vikør og Almenningen. Deira arbeid, ikkje minst lærebøkene og oversynsverka, representerer ei markant nyorientering både når det gjeld å setja ytre språkhistorie inn i ein brei samfunnshistorisk samanheng og synteseambisjonane.⁸⁴ Inntoget til litteraturvitarane i 1980-åra og historikarane i 1990-åra står i denne samanhengen meir for ei vidareføring av den retninga dei var med på å staka ut enn eit markant brot med nordistikktradisjonen innafor fagfeltet. Eg har heller ikkje registrert nokon nemnande strid eller revirkamp – iallfall ikkje meir enn det som storleg trengst – i samband med at ytre språkhistorie i aukande grad har vorte ein tverrfagleg møteplass dei siste tiåra. Då skal det samstundes strekast under at det er snakk om eit lite fagfelt både innanfor nordisk språkvitskap og

⁸³ Det næraste ein kjem ei samla framstilling er artiklane i hovudbolken "Nynorsken i samfunnet" i Almenningen m.fl. (red.) 1981, s. 311-516.

⁸⁴ Den fyrste var som nemnd Almenningen m.fl. (red.) 1981).

historievitskapen, og at kontaktpunkta framleis er få mellom forskarane på tvers av disiplinane.

Denne studien representerer eit forsøk på å ta utfordringane frå historievitskapen på alvor, og det er eit arbeid som på same tid både skriv seg inn i og ut av nordistikktradisjonen på feltet. Fagbakgrunnen min er altså nordistikken, men dette arbeidet plasserer seg institusjonelt, teoretisk og metodisk innanfor historiefaget. Det primære siktemålet er å sjå den nynorske målreisinga meir systematisk i ein brei samfunnshistorisk kontekst enn det som forskingsarbeida innanfor nordistikktradisjonen gjerne har gjort. Sjølv om det kjem mindre eksplisitt til uttrykk, er det samstundes eit siktemål å gjera dette utan å gje avkall på viktige innsikter i språkvitskapen, ikkje minst sosiolingvistikken og språkplanleggingsforskinga. Skal det rettast ein noko allmenn, upresis og uadressert kritikk mot dei arbeida om norsk språkhistorie som har eit historiefagleg ankerfeste, er det at dei kan ha ein tendens til å rekna språklege tilhøve som ideologiar, politikkområde eller idékompleks utan å ha for auga at språk for den einskilde språkbrukaren primært utgjer ein *praksis* og at språkhistorisk forskning òg må ta omsyn til språk som praksisfelt. Av avgrensings- og kapasitetsgrunnar er dette ei tilnærming som òg er svakt representert i denne studien. Særleg det siste punktet gjer at ambisjonane med det føreliggjande arbeidet ikkje er å gje eit svar på korleis norsk språkhistorie prototypisk bør granskast, men å yta eit tilskot til den fagelge debatten om korleis forskinga på feltet kan utviklast.

Forskingsoversynet i dette kapitlet har vore refererande og konsentrert seg om dei meir reindyrka språkhistoriske arbeida. Ein finn i desse arbeida dessutan berre i avgrensa grad drøftingar som går inn på dei overordna perspektiva i denne studien: dei store spørsmåla om framgang og tilbakegang for nynorsken og tilhøvet mellom målreising, nasjonsbygging og modernisering. Det er i arbeid der målstriden og målreisinga utgjer ein flik av meir allmenne historiske studiar at ein i størt grad finn drøftingar og forsøk på teoribygging som er relevant for mine problemstillingar. I det neste kapitlet vil dette bli følgt opp ved at nokre sentrale forskarsynspunkt på norsk målstrid vert sedde i samanheng med meir allmenne teoretiske perspektiv på nasjonsbygging og modernisering.

Kapittel 3 Teoretiske perspektiv på nasjonsbygging og modernisering

Som det vart gjort greie for i innleiinga, vil granskinga ta utgangspunkt i målreisinga sitt tilhøve til to breie prosessar som greip inn i kvar andre i det norske samfunnet i perioden: nasjonsbygginga og moderniseringa. Den historie- og samfunnsvitskaplege interessa for desse fenomenena har vore svært stor dei siste tiåra, og slik sett går denne avhandlinga teoretisk i eit opptrakka fotefar. Den internasjonale teoretiske litteraturen er så omfattande at det knapt er mogleg å ha oversyn over meir enn ein brøkdell. Det har med åra dessutan kome så mange studiar av norsk historie med nasjonsbygging og modernisering som innfallsvinklar at det også her er ei utfordring å følgja med.

Når det er sagt, står ein både i meir allmenne teoretiske arbeid og i empiriske studiar av den norske nasjonsbyggings- og moderniseringsprosessen langt frå ein konsensus om korleis desse felta skal forståast. Eit sentralt siktemål med dette kapitlet er å gjera greie for korleis denne studien plasserer seg i høve til desse fagdebattane. Det vil bli lagt vekt på å dra inn nokre nyare poeng og perspektiv frå feltet som kan vera opplysende for emnet for denne studien, og perspektiv frå den internasjonale teoretiske debatten vil bli sett i samanheng med meir konkrete synspunkt på norske tilhøve, ikkje minst på den norske målstriden. I tillegg til ein presentasjon av teoretiske posisjonar inneheld dette kapitlet såleis òg ei rad forskarsynspunkt på emnet for denne studien som må sjåast i forlenginga og i lys av kapittel 2. Her vil eg nøya meg med å presentera og strukturera desse synspunkta. Gjennom dei empiriske kapitla vil dei bli henta opp att medan den samla *drøftinga* kjem i konklusjonskapitlet. Den som ventar seg ei bastant posisjonering i dette kapitlet, kan såleis koma til å bli skuffa.

Nasjonsbygging og modernisering er to fenomen som grip tett inn i kvarandre, og dei fleste vil nok i dag hevda at nasjonsbygging/nasjonalisme er ein del av moderniseringsprosessen i vid forstand. For å få grep om dette, har eg likevel funne det føremålstenleg å handsama nasjonsbygging og modernisering i kvart sitt delkapittel.

Nasjonsbygging og nasjonalisme

Forskningsarbeid om norsk målstrid tek det meir eller mindre for gjeve at målstriden har hatt ei *nasjonal* side. Korleis 'det nasjonale' i målstriden skal forståast, er det derimot sprikjande syn på. Spørsmålet har tilknytning til eit lengre ideologisk ordskifte i målrørsla om målstriden djupast sett er 'nasjonal' eller 'sosial'.¹ I den faglege debatten er Lars S. Vikør den som sterkast har tona ned det nasjonale perspektivet. Hen hevdar at språkstriden "alt på 1800-talet primært var ein sosial strid, men han vart legitimert med nasjonal retorikk. Den nasjonale språkideologien var altså ein måte å uttrykke sosiale motsetningsforhold på."²

Det dominerande synet på norsk målstrid må likevel seiast å leggja meir vekt på det nasjonale enn det Vikør gjer, og representativ er Kjell Haugland. I omtala av idégrunnlaget til målrørsla legg han vekt på tre ulike motiveringar for målarbeidet, som alle var til stades: Den nasjonale, den sosiale og den folkepedagogiske.³ Ein kan diskutera om det er grunnlag for å skilja mellom ei sosial og ei 'folkepedagogisk' motivering, men det er ikkje poenget her – det er at 'det nasjonale' står fram som ein sjølvstendig faktor. Haugland var òg den fyrste som nytta moderne nasjonalismeteorii i ein analyse av norsk målstrid og dessutan tok i bruk omgrepet 'kulturnasjonalisme'.⁴

Den faglege utviklinga sidan 1990-åra har gått på ei ytterlegare framheving av det nasjonale perspektivet i målstriden. Prosjektet *Utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet* var som nemnt sentralt i å få historikarar til å interessera seg for norsk målstrid. I sluttrapporten vart prosjektet oppsummert med ein artikkel av prosjektleiaren Øystein Sørensen som delte "elitenes nasjonsbyggingsprosjekter 1770–1945" inn i 14 ulike prosjekt.⁵ Denne oppsummeringa er vel i dag det næraste ein kjem ei autoritativ oppsummering av forskingsfronten når det gjeld norsk nasjonsbygging i den perioden og er difor ein tenleg innfallsvinkel her. Språk står sentralt både i dei prosjekta han omtalar som "nasjonalromantikken", "venstres nasjonaldemokratiske prosjekt" og "norskdomsrørslas radikalisererte kulturnasjonalisme". Fleire andre prosjekt har dessutan ei viktig språkleg side, som Halvdan Kohts sameining av nasjonalisme og demokratisk sosialisme.

Artikkelen reiser fleire problemstillingar som er heilt sentrale i denne studien. Han har for det fyrste eit tydeleg eliteperspektiv (jf. tittelen), rett nok ikkje utan eit visst

¹ Jf. Hanto 1986, s. 34 for eit meir skjematisk oversyn over posisjonane over eit langt tidsspenn.

² Vikør 1994, s. 200.

³ Haugland 1985, s. 34ff.

⁴ Haugland 1980, jf. Haugland 1985, s. 34ff, og den komparative innfallsvinkelen i Haugland 1974b.

⁵ Sørensen 1998a.

atterhald: Eliten var avhengig av at dei nasjonale idéane møtte ein *resonans* – med andre ord: "Almuen lot seg ikke by hva som helst."⁶ Sørensen har for det andre sett seg føre å skilja mellom vinnarar og taparar i kampen om det nasjonale. Vinnarane er 1814-prosjektet, Venstre-nasjonalismen og Fellesprogrammet frå 1945, i noko mindre grad òg nasjonalromantikken og Intelligensens nasjonsbyggingsprosjekt.⁷ Taparane er "en broget skare" der ein mellom anna finn norskdomsrørsla – då vurdert opp mot målsetjinga om at landsmålet skulle bli einaste riksmål i landet. I det perspektivet karakteriserer han jamvel målreisinga som ein "fiasko", i sterk kontrast til Venstre-nasjonalismen.⁸ Når han skal prøva å forklara kva som skilde vinnarane og taparane, legg han særleg vekt på at dei vinnande prosjekta gjennomgåande var statsborgarleg orienterte – knytte til samlande politiske institusjonar – medan dei tapande var "lukkede i betydning ideologisk snevre og lite fleksible."⁹ Påstanden skal drøftast i kapittel 13. Éi sak ligg likevel implisitt i Sørensens arbeid: Den norske målstriden hadde i høgste grad ei nasjonal side som er relevant å drøfta opp mot den teoretiske litteraturen om nasjonalisme.

Det ligg fleire spørsmål i denne innleiande framstillinga som kallar på nærare teoretisk drøfting. For det fyrste: I kva grad er den klassiske dikotomien 'statsborgarleg' – 'etnisk' nasjonalisme relevant for ein analyse av norsk målstrid og målreising? Sørensen dreg altså fram dette som ein sentral forklaringsfaktor på kva nasjonale prosjekt som lukkast. Men er det eigenleg grunnlag for å hevda at norskdomsnasjonalismen var mindre statsborgarleg og politisk orientert enn dei tevlande prosjekta, til dømes i lys av at denne rørsla både stod sentral i kampen for parlamentarismen og striden om unionsoppløysinga? Og om det ikkje er grunnlag for eit så tydeleg skilje – er andre modellar meir til hjelp for å analysa norsk målstrid?

For det andre: Både Haugland, Sørensen og ikkje minst Jostein Nerbøvik har lagt stor vekt på 'kulturnasjonalisme' som omgrep og teoretisk innfallsvinkel til studiet av norskdomsrørsla.¹⁰ Er dette ei gjevande tilnærming, og kan ein skilja så tydeleg mellom kulturell og politisk nasjonalisme som desse teoriane legg opp til? I så fall kan dette vera eit argument for at eit skilje 'etnisk' – 'statsborgarleg' likevel har relevans, om enn kanskje ikkje på same vis som den klassiske dikotomien.

Det tredje spørsmålet som reiser seg, gjeld det me kan kalla dei nasjonalistiske suksessfaktorane. Sørensen er inne på omgrepet 'resonans', men dreg det overraskande

⁶ Ibid., s. 19.

⁷ Ibid., s. 46.

⁸ Ibid., s. 35.

⁹ Ibid., s. 46.

¹⁰ Nerbøvik 1994, jf. Nerbøvik 1998.

nok ikkje inn i drøftinga av kva faktorar som fekk dei ulike prosjekta til å lukkast eller mislukkast. Spørsmålet her er kva som finst av teoretiske verkty for i større grad å analysere nasjonalisme som eit fenomen nedanfrå når ein vil forklara suksess eller fiasko.

Det fjerde knippet av spørsmål grip attende til Vikørs påstand om at 'det nasjonale' i målstriden kan reduserast til retorikk. Kva var eigenleg 'nasjonalt' med den norske målstriden, og var det ein strid mellom ulike *språk*? Forskingslitteraturen har løyst dette ved å ta som utgangspunkt at det nasjonale i målstriden stod innanfor same etniske gruppe, den norske, og galdt i kva grad og på kva måte ein skulle ta eit oppgjær med den felles dansk-norske kulturarven som unionstida etterlet seg. Det ein då må spørja seg om, er om det er tilstrekkeleg å redusere det nasjonale til eit spørsmål om eit slikt postkolonialt historisk oppgjær, eller om nyare etnisitets- og nasjonalismeteori kan kasta nytt lys over eit slikt nasjonalt oppgjær innan ein nasjon. Her kan ein iallfall seia at Sørensens artikkel tek eit fyrste steg: Gjennom å sjå norsk nasjonsbygging som ei tevling mellom *alternative* nasjonsbyggingsprosjekt, har ein slege fast at norsk nasjonalisme ikkje var éin, men fleire.

SKULAR I NASJONALISMEFORSKINGA¹¹

Som internasjonalt forskingsfelt har studiet av nasjonalisme og etnisitet vore i sterk og kontinuerleg vekst sidan 1980-åra. Jamvel Anthony Smith måtte alt for ti år sidan vedgå at "it has indeed become quite impossible to keep abreast of the tide of publications in the field".¹² Trass i fleire viktige verk i tiåra før, er det vanleg å rekna fyrste halvdel av 1980-åra som grunnleggjingstida for den moderne nasjonalisme- og etnisitetsforskinga. I desse åra kom nyskapande verk av Ernest Gellner, Benedict Anderson, Eric Hobsbawm, Smith og Miroslav Hroch som sidan har vore sentrale referanseverk og fastpunkt for den som vil orientera seg på feltet.

Feltet kan grovt delast i to hovudretningar, den *modernistiske* og den *ikkje-modernistiske*,¹³ som igjen kan delast i fleire retningar. Det dominerande synet frå 1980-åra til i dag har vore det modernistiske paradigmet med Gellner, Hroch, Hobsbawm og Anderson som sentrale namn.¹⁴ Denne retninga har lagt vekt på nasjonar og nasjonalisme som fenomen skapte av moderniseringa, rett nok med temmeleg varierende tidfestingar av

¹¹ Den følgjande framstillinga dreg store vekslar på Smith 1998, Kumar 2006 og Kaufmann og Conversi 2008, og ikkje minst Ausland 2006, som er det grundigaste nyare forskingsoversynet på norsk innanfor feltet.

¹² Smith 1998, s. xi.

¹³ Jf. Ausland 2006, s. 2.

¹⁴ Av og til òg kalla 'instrumentalistar'. I USA vert retninga oftast kalla 'konstruktivistisk' (jf. Greenfeld 2006, s. 158). Til skilnad frå desse 'klassiske' modernistane, opererer ein gjerne med dei nyare postmodernistane som eiga gruppe.

moderniteten, og på at nasjonar er skapte og til dels oppfunne av ein elite og påført folket. Nasjonalitet og etnisitet er i denne tradisjonen verkemiddel for nokon til å oppnå materielle eller politiske gode på andre felt, i norsk samanheng spissformulert med Jens Arup Seips syn på nasjonalismen som eit vikarierende motiv.¹⁵ Innanfor norsk språkhistorieforskning er Vikør den mest profilerte representanten for ei slik retning. Det må strekast under at det ikkje er eit dominerande syn i denne tradisjonen at det ligg ein medviten og instrumentell manipulasjon bak konstruksjonen av identitetar. Hovudpoenget er understrekinga av at nasjonale identitetar er moderne fenomen som, iallfall til ein viss grad, er konstruerte av ein elite, men ein konstruksjon eller ei forming som heller ikkje alltid er medviten og tilsikta.

Den modernistiske posisjonen må tolkast som eit oppgjer med vanlege meir eller mindre medvitne idear om at nasjonar er eldgamle fellesskap som 'alltid' har vore der og som 'vakna' i nasjonsbyggingsprosessane på 18-/1900-talet. Med vektlegginga av nasjonar som sosiale fellesskap og nasjonalismen som eit historisk, sosialt og ikkje minst dynamisk fenomen, tilførte modernistane forskingsfeltet ein del innsikter som ein seinare ikkje har kome utanom. Med eit vidt spekter av nyansar utgjer då òg dette i dag ein "overwhelming trend" på feltet.¹⁶ Hit må ein òg rekna hovudstraumen i norsk nasjonalismeforskning, mellom anna det siterte arbeidet av Sørensen, rett nok i ei sterkt moderert utgåve jamført med posisjonen til nokre av dei klassiske internasjonale modernistane.

Medan 'modernistane' trass alt er kalla det same gjennom dei siste 20–30 åra, er omgrepsbruk og inndeling meir flytande for den minst like mangfaldige gruppa av 'ikkje-modernistar'. Eit samlande motiv har vore skepsisen til modernistane sitt syn på nasjonar og nasjonalisme som nyare fenomen, skapte av moderniseringa. Det er ikkje utan vidare lett å slå fast kva ein skal kalla dei ulike ikkje-modernistiske retningane, men til dette bruket vel eg å skilja mellom 'primordialistane' og 'ethnosymbolistane'.

På ytterfløya står *primordialistane*, som ser nasjonane som eldgamle fellesskap som i moderne tid vart vekte opp att. Karikert kan ein seia at ein her finn dei 'ekte' nasjonalistane – til dømes dei fleste aktørane som er objekt for denne studien. Som eit forskarsyn i dag er derimot denne posisjonen såpass marginal at han er mindre interessant i min samanheng, og primordialistane fungerer i dag primært, med Donald Horowitz' ord, som "the straw man of ethnic studies".¹⁷

¹⁵ Seip 1963.

¹⁶ Kaufmann og Conversi 2008, s. 8.

¹⁷ Sitert etter Ibid., s. 7.

Den sentrale fronten i nasjonalisme- og etnisitetsforskinga har i mange år stått mellom modernistane og ei utfordrande retning med nestoren på feltet, Anthony Smith, som leiande figur. Andre sentrale namn er John Armstrong, John Hutchinson og Walker Connor. Smith har brukt det akademiske livet sitt på å visa og argumentera for at dei moderne nasjonane har røter i gamle etniske fellesskap og at dét er ei sentral forklaring på nasjonane og nasjonalismen sitt gjennombrøt i nyare tid. Denne retninga må likevel skiljast klart ifrå mykje av det som i dag siglar under 'primordialist'-vimpelen. Smith og hans retning reknar òg nasjonar og nasjonalisme som historisk skapte og moderne fenomen, men attåt dei lange historiske banda, legg dei vekt på at symbol, mytar, minne og tradisjonar ikkje blir oppfunne, men gjenoppdaga og nytolka. Det må understreka at denne retninga aksepterer det modernistiske synet på identitetar som konstruerte, men med større fokus på at det finst klare grenser for kva tradisjonar som kan 'finnast' opp. Vektlegginga av den etniske og symbolske kontinuiteten har gjort at Smith og hans meiningsfrendar gjennom ein del år kalla seg 'ethnosymbolistar'.¹⁸

To innvendingar skal førast i marka mot å gjera eit for stort nummer av desse akademiske båsane. For det fyrste ser feltet i praksis meir ut til å arta seg som eit kontinuum rikt på nyansar og mellomposisjonar, både innanfor hovudretningane og imellom dei trass i at mykje polemisk energi vert nytta på å halda fronten oppe. For det andre er spørsmålet som kanskje har vore mest konstituerande for hovudmotsetnaden, mindre relevant ein studie med Noreg 1885 som startpunkt, nemleg kor viktig dei etniske røtene er for dei moderne nasjonane som tok form frå slutten av 1700-talet og framover. Eit par tilhøve gjer likevel at retningane fortener ei viss merksemd. Når eg har funne grunn til å framheva dei, er det ikkje minst fordi dei ulike posisjonane ser ut til å fungera såpass identitetsskapande og disiplinerande innanfor forskingsfeltet at einskildarbeid må lesast og

¹⁸ Dette krev likevel ein merknad. Smith kalla seg 'primordialist' i 1980-åra då han vart den sentrale kritikaren av det modernistiske paradigmet, og omgrepet er framleis vanleg om retninga hans i USA (jf. Greenfeld 2006, s. 158) og heller ikkje uvanleg i meir polemisk samanheng i Europa. I norsk samanheng vart dei gjerne kalla 'tradisjonalar' gjennom 1990-åra (t.d. Haugland 1996, s. 12). Mot slutten av 1990-åra proklamerte Smith seg sjølv og retninga si som 'ethnosymbolistane', til skilnad ikkje berre frå primordialistane, men òg frå 'perennialistane' som då stod i ein mellomposisjon mellom ethnosymbolistane og primordialistane. Denne typologiseringa er berande for den omfattande gjennomgangen hans av forskingsfeltet i Smith 1998. Det nummeret av *Nations and nationalism* (nr. 1–2, 2004) som var eit festskrift til Smith, hadde undertittelen "ethnosymbolism and its critics". I eit forskingsoversyn under utgjeving vert omgrepet nytta (Kaufmann og Conversi 2008), men det har ikkje vorte allment akseptert. I *The Sage handbook of nations and nationalism* (2006) må 'ethno-symbolists' finna seg i å stå med hermeteikn i stikkordregisteret, i motsetnad til primordialistane, perennialistane og modernistane, og i heile verket førekjem omgrepet berre i den refererte harselasen til Greenfeld. Det siste sentrale verket så langt der 'ethnosymbolisme' er eit konstituerande og sjølvdefinerande omgrep, ser ut til å vera Hutchinson 2005, jf. eit stort debattmøte om boka ved London School of Economics & Political Science i februar 2007 (Delanty m.fl. 2008). I den siste boka til Smith glimrar så 'ethnosymbolismen' med fråværet – han ser her heller ut til å rekna seg til den gruppa han, i hermeteikn, kallar "Neo-Perennialism" (Smith 2008, s. 4ff). Med fare for å verka avfeldig kallar eg dei likevel 'ethnosymbolistar'.

plasserast i ein slik kontekst. Ei sentral konfliktline har dessutan gått på eit spørsmål som er relevant for denne studien, nemleg vektlegginga mellom kulturelle og politiske element i nasjonalismen.

Finn ein så nokon som meiningsfullt kan reknast som 'perennialistar' eller 'ethnosymbolistar' innanfor norsk nasjonalismeforskning? Innanfor forskinga på målrørsla og målstriden har Haugland og Nerbøvik med bruken av omgrepet kulturnasjonalisme og framheving av dei kulturelle sidene av nasjonalismen som eit autonomt fenomen, nærma seg Smith-eleven og 'ethnosymbolisten' John Hutchinson. Særleg i Volda-miljøet har ein dessutan hatt ei sterk og profilert interesse for skrive- og lesekunna attende til tidleg nytid med hypotesar om ein samanheng til målreisinga på 1800-talet, spesielt Ivar Aasens arbeid.¹⁹ Dette mangfaldet av tilnærmingar gjer at ein i varsame ordelag må kunna tala om ei perennialistisk eller ethnosymbolsk retning.

Her skal det leggjast til at denne studien ikkje plasserer seg eintydig innanfor éi av desse retningane. Inspirasjon, synspunkt og teoretiske og metodiske byggjesteinar er henta frå forskarar med vidt ulike orienteringar. I den avsluttande drøftinga i avhandlinga vil det likevel bli gjort ein freistnad å plassera funna i høve til nokre overordna teoretiske perspektiv.

KULTURNASJONALISME

Eit analytisk skilje mellom ein 'etnisk' og ein 'statsborgarleg' nasjonalisme står sentralt i dei fleste nasjonalismestudier både i Noreg og internasjonalt – Sørensen er alt dregen fram som eit heimleg døme.

Den skarpe dikotomien mellom ei etnisk og ei statsborgarleg nasjonsutvikling vart lansert av Hans Kohn i *The idea of nationalism* (1944).²⁰ Den 'vestlege' ('civic') statsborgarlege nasjonalismen, som ein fann i til dømes Frankrike, Storbritannia og USA, var prega av sterke band til politiske rettar, individuell fridom og rasjonell kosmopolitanisme. Den 'austlege' etniske nasjonalismen, med Tyskland som prototypen og ei rad andre statar i Sentral- og Aust-Europa, la hovudvekta på etniske og kulturelle tilhøve, som mytar, språk og religion. Dette grip attende til eit skilje drege opp av Friedrich Meinecke (1919) mellom *Staatsnation* og *Kulturnation*, og dikotomien fell grovt sett saman med typologiseringsforsøk

¹⁹ Fet 1995; Fet 2003; Apelseth 1991; Apelseth 2004.

²⁰ Jf. Calhoun 2007, s. 117ff, for ein kritisk analyse av Kohns 'oppfinning' av motsetnaden mellom etnisk og statsborgarleg nasjonalisme.

gjennom andre dikotomiar som 'voluntaristisk – organisk', 'subjektiv – objektiv', 'liberal – illiberal' og 'kulturell – politisk' nasjonalisme.²¹

Oppløysinga av Sovjetunionen og utviklinga i Aust-Europa i 1990-åra var med på å gjere dikotomien ei ny stadfesting og eit nytt liv. Både hjå Kohn og mange seinare eksponentar for dikotomien var det eit sterkt innslag av politiske og moralske vurderingar i han: den statsborgarlege retninga var tolerant, liberal, rasjonell, konsensusorientert og god på alle vis – den etniske var derimot intolerant, illiberal, irrasjonell, bygde på falske mytar, var innvandringsfiendsleg, reaksjonær og gav grunnlag for etniske konflikter – kort sagt ikkje særleg bra.²² Også i fleire oversynsverk utover i 1990-åra vart dikotomien ført vidare, til dels i ei noko nyansert form. Liah Greenfeld tilførte ein dimensjon til med eit skilje mellom ein 'individualistic-libertarian' og ein 'collectivistic-authoritarian' type der den statsborgarlege nasjonalismen kunne opptre i baa variantar, men den etniske berre i den kollektivistisk-autoritære.²³

Dette hovudsynet er utfordra frå to kantar, dels gjennom ei omtolking av kulturnasjonalismen som fenomen, og dels ved at empiriske og komparative studiar har stilt spørjeteikn ved kor relevant dikotomien i det heile er.

Det fyrste spring ut av den etnosymbolske retninga si vektlegging av kulturelle faktorar og er særleg knytt til Hutchinson, som her skal få ein del plass, både sidan liknande idear om kulturnasjonalisme som nemnt har stått såpass sentralt i nyare forskning på norsk målstrid, og fordi teorien tykkjest vera relevant for denne studien. Ærendet hans har *ikkje* vore å byggja ned skiljet mellom politisk nasjonalisme og kulturnasjonalisme; tvert om har det stått sentralt for han å visa "the role of cultural nationalism as a movement distinct from that of political nationalism concerned with the identity and regeneration of the national community."²⁴ Prosjektet hans har såleis vore retta mot tendensen til å studera nasjonalisme som eit politisk meir enn eit kulturelt prosjekt med vektlegginga det har ført med seg av statsbygging, strategiar for massemobilisering, statsborgarlege rettar og territoriell integrasjon. Teorien til Hutchinson er formulert med klar adresse til modernistane, og fire sentrale punkt skal her framhevast.

Han opponerer for det fyrste mot det synet at kulturnasjonalistar er opportunistar som 'finn opp' tradisjonar slik dei finn for godt. Ei meir råkande nemning er 'gjenoppdaging' (*rediscovery*), meiner han, og legg vekt på at denne gjenoppdaginga alltid

²¹ Her etter Jubulis 2008 og Brubaker 1999, s. 55.

²² Hellesnes 1997 er eit framstående døme på eit slikt syn framført i den nynorske ålmenta.

²³ Greenfeld 1992, s. 11.

²⁴ Hutchinson 1999, s. 392.

vil vera kreativ, men aldri kunna gå lenger enn det allment aksepterte.

Kulturnasjonalistane er difor heller å sjå som meklarar (*mediators*) som er "engaged in a project of self-discovery and collective definition that may lead them to experiment with several alternative visions of the nation over an extended period."²⁵ Symbola er valde ut pragmatisk, det står ofte strid om dei, og utvalet kan endra seg over tid, ikkje fordi nasjonsbyggjarane er opportunistiske, men fordi dei heile tida blir utfordra av endringar i det samfunnet dei er ein del av.

For det andre vedgår Hutchinson at det i praksis kan vera vanskeleg å skilja mellom politiske og kulturelle nasjonalistar, men at det er viktig å halda oppe eit analytisk skilje. Politiske nasjonalistar har gjerne eit rasjonalistisk og universalistisk syn på menneskja, oftast med politisk autonomi og like rettar for alle samfunnsmedlemer som mål, dei har ein tendens til å skipa elitestyrte sentraliserte parti, og dei opptrer gjerne som lovgjevarar.²⁶ Kulturnasjonalistane er derimot ofte historikarar, filologar og kunstnarar av ymse slag, og dei er gjerne drivne til kollektiv handling av "evidence of social demoralisation and conflict which they believe results from a loss of continuity with the national heritage and a subsequent adoption of foreign values."²⁷ Dei vil såleis halda i hevd ein historisk tradisjon, men det må vera ein levande tradisjon som vert kontinuerleg omskapt for å møta behova til nye generasjonar. Han karakteriserer vidare kulturnasjonalismen som ei opplysningsrørsle som tek sikte på ei indre eller moralsk reform. Dette kan ikkje konstruerast ovanfrå, men krev fostring nedanfrå.

For det tredje avviser Hutchinson at kulturell homogenitet er eit sentralt mål for kulturnasjonalistane. Den nasjonale vitaliteten dei kjempar for, spring ofte ut av eit indre mangfald og skilnader som dei fryktar vil gå tapt gjennom ei uniformering av nasjonen, som gjerne er eit mål for politiske nasjonalistar. Visjonen til kulturnasjonalistane er heller "a highly decentralised nation of distinctive communities." Dette vil gjera dei kulturnasjonalistiske rørsleane svært attraktive for politiske nasjonalistar som i gjevne tilfelle har behov for breiare støtte. I slike tilfelle vil dei

... seek to broaden the cultural into a broader grass roots sociopolitical revival movement, by appealing to other excluded groups. They gather together decentralised clusters of historical and language societies, dramatic groups, choral societies, publishing centres, agricultural cooperatives, credit societies, and political journals and parties which can form

²⁵ Ibid., s. 397, med tilvising til Smith.

²⁶ Døma han brukar både på politiske og kulturelle nasjonalistar er alle frå nasjonar som på det tidspunktet ikkje hadde politisk autonomi.

²⁷ Hutchinson 1999, s. 399.

a counter-culture to the dominant value system and provide alternative paths of social mobility for a disaffected intelligentsia.²⁸

Dømet han brukar er den grundtvigianske rørsla i Danmark, men det kan òg stå som ei råkande skildring av korleis den nasjonaldemokratiske rørsla i Noreg vart skapt i 1870- og 80-åra.

Eit fjerde sentralt poeng hjå Hutchinson er å tilbakevisa at kulturnasjonalismen er ei reaksjonær rørsle som anten kjempar mot eller stiller seg likesæl til moderniseringa, slik fleire modernistar har meint. Slike tolkingar har gjerne hatt rot i ein ide om at kulturnasjonalismen er eit produkt av verksemda til intellektuelle frå sosiale lag under press i tilbakeliggjande område, og at dei, spissformulert, kjempar for at nasjonen skal gjenoppstå som eit folkemuseum. Hutchinson avviser ikkje at det *kan* vera slik, men held fram mot dette synet at "the underlying thrust of national revivalism is dynamic, to reform tradition and articulate options by which modernisation should be pursued." Han kallar difor kulturnasjonalistane *moralske innovatørar* som peikar ut nye vegar i tider med sosiale kriser. Kulturnasjonalistane er, seier han, gjerne høgt utdanna og kjem frå mange ulike sosiale lag. Og i dei situasjonane der samfunnet vert polarisert mellom modernistar og tradisjonalar, er målet til kulturnasjonalistane ikkje å koma tilbake til "an oasis of simplicity", men heller "to modernise traditions so as to restore the nation to its former status in the vanguard of human progress."²⁹ Målet for kulturnasjonalistane er her å skapa ein harmoni mellom tradisjon og modernitet. Mot tradisjonalar vil dei hevda at tradisjonar kontinuerleg må fornyast og tilpassast samtida. Mot modernistane, som gjerne ukritisk ovundrar framande modellar, vil dei derimot hevda at ein suksessrik modernitet må ta utgangspunkt i gullalderen til nasjonen. Kulturnasjonalistane står såleis i ein meklande mellomposisjon. Dei er

... reformers in conservative dress. They seek to use tradition to legitimate social innovation through selective borrowing from others and to rally modernists to the cause of building on indigenous traditions rather than of obliterating them. Their primary appeal is not to reactionary but to modernising groups ...³⁰

Her er det sjølvsgatt duka for konflikhtar, skriv Hutchinson, når desse rørsleane skal finna balansen mellom å konservera distinkte tradisjonar og fremja sosioøkonomisk framsteg – difor pendlar gjerne kulturnasjonalistane over eit modernist-tradisjonalist-kontinuum. Her

²⁸ Ibid., s. 401.

²⁹ Ibid., s. 402.

³⁰ Ibid., s. 404.

kan posisjonane gjerne skifta av instrumentelle eller affektive grunnar.

Kulturnasjonalistane kan såleis ikkje kallast anten modernistar eller tradisjonalar, men fyrst og fremst moralske eller ideologiske innovatorar der målet er å finna den gyldne mellomvegen i moderniseringa mellom å ta vare på ein distinkt identitet og behovet for framsteg.

Teorien til Hutchinson – og dei meir eller mindre karikerte framstillingane hans av synet han opponerer mot – er så langt referert i generelle vendingar utan atterhald og innvendingar. Korleis har desse synspunkta metodisk relevans for denne studien? Skal ein kunna rekna målrørsla og ungdomsrørsla som ei meir reindyrka kulturnasjonal rørsla, dreiar det merksemda bort ifrå engasjementet som denne rørsla måtte ha for politiske nasjonale spørsmål og over på *rekonstruksjonen* av ein norsk nasjonalkultur med utgangspunkt i den gamle bondekulturen og eldre historiske minne. Det avgjerande blir ikkje å plotta dei leiande nynorske kulturnasjonalistane inn på ein 'tradisjon-modernitet'-skala, men å sjå korleis dei på ulike vis prøver å legitimera prosjektet sitt i høve til dei ulike moderniseringsretningane i det norske samfunnet. Tilnærminga opnar vidare for ei vektlegging av mangfaldet i det nasjonale kulturgrunnet framfor einsretting og standardisering, noko som er i tråd med eit syn på målrørsla som ei laust og mangfaldig fenomen med ei rad ulike syn representerte.

Dei kritiske motspørsmåla blir då korleis ein med dette teoretiske utgangspunktet skal forklara det sterke politiske engasjementet, særleg i samband med unionsoppløysinga, om ikkje stoda i høve til ulike moderniseringsprosjekt er meir avgjerande og konstituerande for rørsla enn det teorien tek høgde for, og vidare korleis vektlegginga av eit indre kulturelt mangfald står seg mot rørsla sine freistnader på å driva både språknormering og anna kulturell standardisering (til dømes folkedans).

'ETNISK – STATSBOGARLEG' NASJONALISME SOM PROBLEMATISK DIKOTOMI

Dei siste 10–15 åra har dikotomien 'etnisk – statsborgarleg' nasjonalisme vorte utsett for stadig meir kritikk, gjerne følgd opp av freistnader på å etablere nye analytiske og typologiserande grep.³¹ Rogers Brubaker, som mellom anna har studert skilnaden på tysk og fransk nasjonalisme, kritiserer dikotomien for å vera både analytisk ubrukeleg og normativt forkasteleg. På det normative planet skal berre eitt av mange døme nemnast. Om

³¹ Ein aktuell illustrasjon på dette er at hovudtemaet for den årlege konferansen til The Association for the study of ethnicity and nationalism i London 15.–17.4.2008 nettopp var "Nationalism, East and West. Civic and ethnic conceptions of nationhood". Der stod det sentralt å drøfta dikotomiens "usefulness for historical interpretation and its value for contemporary policy-making" (ASEN 2008).

påstanden om at den etniske nasjonalismen er ekskluderande og den statsborgarlege inkluderande seier Brubaker:

In fact all understandings of nationhood and all forms of nationalism are simultaneously inclusive and exclusive. What varies is not the fact or even the degree of inclusiveness or exclusiveness, but the bases or criteria of inclusion and exclusion. ... citizenship itself, by its very nature, is an exclusive as well as an inclusive status. ... This "civic" mode of exclusion is exceptionally powerful.³²

Meir relevant for historiske studiar er det analytiske planet, og her plukkar Brubaker frå kvarandre 'etnisk' og 'statsborgarleg' nasjonalisme både som meiningsfull dikotomi på eit overordna typologiserande plan og som omgrep med meir avgrensa analytisk rekkjevidd. På eit overordna plan er det store problemet kvar grensene skal gå for å rekna ein nasjonalisme som 'etnisk' eller 'statsborgarleg' sidan alle nasjonalismar i røynda er blandingsprodukt. Ei løysing på dette gav Smith i 1980-åra då han gjekk bort frå dikotomien og i staden tok til å operera med etniske og statsborgarlege *element* som ein i konkrete tilfelle finn "in varying proportions at particular moments of their history."³³ Slik kan nasjonalismar typologiserast etter kva element som er dominerande utan at ein opererer med større regionar av etnisk og statsborgarleg definerte nasjonalstatar.

Brubaker innvender at dette heller ikkje løyser problemet, og ein viktig grunn er at det er så vanskeleg å plotta 'kultur' inn i dette kartet. Det kan vera like vanskeleg å kategorisera eit *element* som 'etnisk' eller 'statsborgarleg', seier Brubaker. Som døme brukar han politiske tiltak for å fremja eit spesielt språk. For Benedict Anderson er nasjonen "conceived in language, not in blood", og er difor noko ein kan slutta seg til når ein vil. Og Frankrike er gjerne rekna som eit fyrtårn for ein statsborgarleg nasjonalisme der ein sterkt assimilerande språkpolitikk utgjer eit viktig grunnlag. På hi sida er det òg mange som reknar ein språkleg nasjonalisme som eit sentralt uttrykk for ein etnisk nasjonalisme. Den klare konklusjonen til Brubaker er at me kan "no longer think of the civic-ethnic distinction as *mutually exclusive*".³⁴

³² Brubaker 1999, s. 64.

³³ Smith, her etter Ibid., s. 58. Sjå Kaufmann og Zimmer 2004 for ein meir detaljert gjennomgang og vurdering av korleis Smith har baska med dikotomien opp gjennom åra. Dei meiner Smith fortener "a great deal of credit above all for having emphasised the janus-faced nature of nationalist ideology and for moving the debate surrounding civic and ethnic nationalism away from the strong normative connections" både i klassiske og fleire nyare arbeid (s. 74). Det skal leggjast til at det også mellom modernistar er talrike døme på modifiseringar av og motlegg mot dikotomien. Calhoun skriv t.d.: "The common contrast between France and Germany, thus, is between two different styles of invoking history and ethnicity, not radically between non-ethnic and ethnic claims." (Calhoun 1994, s. 16.)

³⁴ Brubaker 1999, s. 62-63.

Brubaker har her fått representera kritikken mot dikotomien etnisk–statsborgarleg, og andre nyare arbeid om spørsmålet krinsar i stor grad kring dei same poenga.³⁵ Eitt av dei står Oliver Zimmer bak. Han har i ein kritikk av dikotomien kome inn på dei meir metodiske og operasjonelle problema han skapar. For historikarar og samfunnsforskarar som ikkje har konsentrert seg om leiande teoretikarar og ideologar, men har vilja analysera nasjonal identitet, nasjonale rørsler og politisk ideologi som ein offentleg diskurs representert i aviser, offentlege talar osv, har dikotomien vist seg "particularly inadequate".³⁶ I slike empiriske studiar har det vist seg umogleg å skilja tydeleg imellom etniske og statsborgarlege former for nasjonal identitet som idehistorikarar har kunna gjort, fordi det alltid er blandingsprodukt ein møter.

Det kan innvendast allment mot Brubakers dekonstruksjon at denne typen omgrep, dikotomiar og teoribygging sjeldan vil fanga opp alle einskildtilfelle, men likevel er nyttige fordi dei fangar opp tendensar på eit høgare abstraksjonsnivå. Kåre Lunden har peika på at å unnlata å bruka overordna omgrep og operera på eit høgt abstraksjonsnivå, gjer at ein heller fangar opp variasjonen i eit materiale enn den sentrale tendensen.³⁷ Spørsmålet som må returnerast til Brubaker og andre kritikarar, vert då om dei har meir relevante modellar å koma opp med enn dikotomien 'etnisk – statsborgarleg'.

I det følgjande skal tre slike alternative modellar presenterast. Den nyaste, men òg minst radikale står Mark Jubulis bak.³⁸ I ein fersk og omfattande kritikk av dikotomien 'etnisk – statsborgarleg' nasjonalisme konkluderer han som mange andre med at idealtypene ikkje finst i den verkelege verda, og at ein heller bør operera med eit kontinuum der statsborgarlege ideal står på den eine ytterkanten, etniske ideal på den andre og med kulturelle/lingvistiske tilhøve i midten. Han plasserer så Israel på den etniske kanten, finn ingen statar som heilt ut oppfyller dei statsborgarlege ideala, men plasserer USA nærast, og finn plass til Frankrike om lag i midten. Eit ope spørsmål er kva nytt som eigenleg er tilført her jamført med dei nyanserte tilnærmingane som til dømes Smith har stått for.

Kva er så Brubakers alternativ? Han tek til orde for ein annan dikotomi, mellom "*state-framed* and *counter-state* understandings of nationhood and forms of nationalism."³⁹ I den statsfremja nasjonalismen er nasjonen meint å samsvara med ei eksisterande statseining; i den motstatlege nasjonalismen høyrer det ein reknar som ein 'nasjon' til ei

³⁵ T.d. Nikolas 1999; Zimmer 2003; Calhoun 2007; Jubulis 2008.

³⁶ Zimmer 2003, s. 177.

³⁷ Lunden 1991b, s. 161ff.

³⁸ Jubulis 2008.

³⁹ Brubaker 1999, s. 67.

større eller er spreidd på fleire statseiningar som ein ofte står i opposisjon til. Og Brubakers hovudpoeng er at det ikkje er noko spesielt 'statsborgarleg' med den statsfremja nasjonalismen – han kan like godt byggja på lingvistiske, kulturelle og jamvel etniske sider ved nasjonaliteten. Det er såleis ikkje nokon motsetnad mellom etnisitet og statsfremja nasjonalisme. Ein møter ofte tvert om ein sterk statleg propaganda for kulturell einskap i slike tilfelle, og Brubaker dreg fram Frankrike som døme. Motsett treng heller ikkje den motstatlege nasjonalismen å vera spesielt etnisk. Mellom fleire døme dreg han fram det sterke 'statsborgarlege' innslaget i nyare nasjonalisme i tilfelle som Katalonia, Skottland og Quebec.⁴⁰

Mest raffinert er Oliver Zimmers freistnad. Han er ute etter å etablera eit metodisk rammeverk som i større grad kan fanga "the process-like nature of national identities, shaped as they are by national movements operating in a rapidly changing social, political and geo-political context."⁴¹ Han tek heller til orde for å skilja mellom *mekanismar* og *symbolske ressursar*. Mekanismane er det sosiale aktørar brukar når dei rekonstruerer grensene for den nasjonale identiteten på eit bestemt tidspunkt, og råmaterialet dei då nyttar, er dei symbolske ressursane. Det kan skiljast mellom to typar grensemekanisar (*boundary mechanisms*) – *voluntaristiske* og *organiske*. Den organiske følgjer ein deterministisk logikk i forminga av nasjonale identitetar – i motsetnad til omgrepet 'etnisk' som viser til ei spesiell *forståing* av nasjonal identitet. Når han snakkar om voluntaristiske mekanisar i staden for 'civic', er det for å skilja ein voluntaristisk strategi med ein konstruktivistisk logikk ifrå vektlegginga av politiske verdiar og institusjonar som ligg i 'civic'-omgrepet. Oppsummert: "Employing voluntarist and/or organic boundary mechanisms, nationalists create new ideological syntheses from available cultural idioms and resources."⁴² Og eit vesentleg poeng er at både voluntaristiske og organiske mekanisar nyttar seg av symbolske ressursar i form av eit råmateriale som Zimmer deler i fire kategoriar: politiske verdiar/institusjonar, kultur, historie og geografi.⁴³ Zimmer har òg ein visitt til Hutchinsons tilnærming til kulturnasjonalismen, som han meiner har vore "extremely productive for the study of movements of national cultural revival", men der skiljet

⁴⁰ Ibid., s. 69.

⁴¹ Zimmer 2003, s. 189. Hovudpoenga er gjentekne i Kaufmann og Zimmer 2004. Den sterke vektlegginga av nasjonalisme som *prosess* er elles noko han deler med Brubaker, som har teke til orde for at ein heller må sjå nasjonar og nasjonalitet som politiske krav enn som etnokulturelle faktum (t.d. Brubaker 2004, s. 115, jf. ein norsk presentasjon av synspunkta hans i Ausland 2006, s. 120-130).

⁴² Zimmer 2003, s. 179.

⁴³ Ibid., s. 180.

mellom 'politisk' og 'kulturell' nasjonalisme òg møter dei same problema ved at Hutchinson ikkje skil mellom dei to formene for identitetskonstruksjon.⁴⁴

Av Brukbaker og Zimmer ser Zimmer ut til å ha den mest relevante tilnærminga med tanke på norsk målstrid. Skiljet hans mellom mekanismar og symbolske ressursar lausrive frå skiljet 'etnisk' – 'statsborgarleg' gjer det for det fyrste mogleg å sjå delar av målrørsla som sterkt voluntaristisk trass i eit kulturnasjonalistisk program med til dels sterke etniske undertonar. Som nemnt har Vikør til dømes råkande karakterisert D. A. Seips samnorskprogram som sterkt deterministisk og Indrebøs målreisingsprogram som voluntaristisk.⁴⁵ Innanfor den klassiske dikotomien måtte samnorskprogrammet reknast som klart 'statsborgarleg' og målreisingslina til Indrebø som 'etnisk', noko som hadde samsvar dårlig med dikotomien 'voluntarisme' – 'determinisme'. Zimmers modell løyser dette problemet. For det andre vil ein analyse av kva symbolske ressursar over eit breitt register dei ulike rørsleane og aktørane rår over og tek i bruk, kunna vera til hjelp når ein skal forklara den varierende resonansen for dei ulike prosjekta. Dette vil bli utdjupa frå ein noko annan innfallsvinkel i det følgjande.

NASJONALISME – OVANFRÅ ELLER NEDANFRÅ?

Den primordialistiske forståinga av nasjonen er at han er vaksen fram nedanfrå. Nasjonen har alltid vore der, og innbyggjarane har alltid vore 'nasjonale', dei har berre ikkje alltid visst om det. Eliten si oppgåve i moderne tid vart dermed å 'vekkja' nasjonen frå djup svevn.

Den modernistiske forskingstradisjonen har mot dette lagt stor vekt på at nasjonar er nye fenomen, konstruerte av ein elite og så spreidd til folket. Mykje nasjonalismeforskning har såleis òg kome til å dreia seg om elitenivået i samfunnet. Det har etter kvart likevel kome ei rad tilnærmingar når det gjeld å fanga nasjonalisme som massefenomen, også frå den modernistiske tradisjonen. Eit framståande døme er den mykje brukte inndelinga Miroslav Hroch har gjort i ulike fasar i nasjonsbygginga. Fase A er ein periode med akademisk interesse der filologar, arkeologar, historikarar, forfattarar og andre kunstnarar bidreg til 'oppdaginga' og kartlegginga av nasjonen og formaliseringa og skapinga av ein nasjonal kultur. Fase B er ein perioden med patriotisk agitasjon retta mot breiare lag av folket medan fase C er perioden der ei nasjonal masserørsle reiser seg.⁴⁶

⁴⁴ Ibid., s. 190.

⁴⁵ Vikør 1994, s. 219.

⁴⁶ Hroch 2000, s. 23.

Ulike nasjonale rørsler kan vidare typologiserast etter kva fase dei var i då andre hendingar som ein borgarleg revolusjon, industrialiseringa, framveksten av ei organisert arbeidarrørsle o.l. skjedde.

Den norske nasjonalismeforskinga har òg i all hovudsak konsentrert seg om nasjonalisme som elitefenomen. Ei viktig utfordring til dette synet kom i 1990-åra gjennom forskingsprosjektet *Etnisitet og nasjonalitet. Nasjonsbygging og identitetsdanning som lokale prosesser* leia av Dagfinn Slettan, NTNU. Prosjektet hadde eit tydeleg uttala *nedanfrå*-perspektiv med ein like tydeleg brodd mot eit einsidig modernistisk syn som seier at nasjonsbygging vart "markedsført av eliter på ulike samfunnsnivå og implantert nedover til folket."⁴⁷ I eit av dei sentrale arbeida frå prosjektet om modernisering, identitetsdanning og nasjonsbygging i den sørtrønderske fjellbygda Oppdal 1860–1940, dokumenterer Kjell Haugland korleis bygda slett ikkje berre var ein passiv mottakar av kulturelt tankegods. Tvert om skjedde det eit kulturmøte der nasjonal ideologi utanfrå vart omtolka og brynt mot lokale identitetar, tradisjonelle haldningar og gamle fellesskapsformer. I denne prosessen vart nasjonalistisk tankegods omtolka og tilpassa ein lokal røyndom og tildels òg snudd og brukt som våpen mot storsamfunnet.⁴⁸ Eit tilsvarende *nedanfrå*-perspektiv er òg tydeleg i forkinga nemnd ovanfor frå det eg har kalla Volda-miljøet, og dette samsvarar med Hutchinsons sterke understreking av at studiet av kulturnasjonalisme føreset eit *bottom up*-perspektiv.

På eit generelt plan er det inga usemje i forkinga om at eit intellektuelt elitesjikt spela ei nøkkelrolle i nasjonsbygginga, spesielt i ein innleiande fase. Meir omdiskutert er då spørsmålet som spissformulert er kva som kan få folk til å ofra livet for ein førestelt fellesskap (nasjonen) der dei aldri vil møta personleg meir enn ein liten brøkdel av dei som høyrer til fellesskapen.

Det finst etter kvart ein omfattande litteratur med studiar av einskilde nasjonale rørsler, dels knytt til forkinga på kollektive rørsler meir allment. Når det kjem til stykket har då òg den norske forkinga med eit *nedanfrå*-perspektiv på nasjonsbygginga i all hovudsak dreidd seg om dei lokale rørslene og aktørane som var "periferiens nasjonsbyggjar",⁴⁹ særleg lærarane, altså det som trass alt òg må seiast å utgjera eit elitesjikt, om enn lokalt.

Det er langt skrinna både internasjonalt og i Noreg når det gjeld å granska kva faktorar som får ei nasjonal mobilisering til å lukkast eller mislukkast, altså forking på det

⁴⁷ Slettan og Stugu 1997, s. 9.

⁴⁸ Haugland 1996, særleg s. 165-172, jf. Slettan og Stugu 1997, s. 10ff.

⁴⁹ Jf. Høydal 1995a.

Sørensen kallar *resonans*. Kaufmann og Conversi framhevar ein freistnad av Jonathan Githens-Mazer på å finna ein modell for å gripa dette, og utgangspunktet hans er spørsmålet om kvifor mobiliseringa til Sinn Fein i Irland mislukkast i 1914, men lukkast langt betre i 1916. Githens-Mazer argumentert for tydinga av det han kallar "cultural trigger point", som han definerer som "an event which takes place in a symbolically-charged setting and leads to a step-change in support for nationalist organisations."⁵⁰

Slike utløysande faktorar legg Hutchinson òg vekt på. Sentralt i arbeidet hans med kulturnasjonalismen er å forstå kvifor nasjonen og nasjonalismen har vorte og held fram med å vera så viktig i liva til folk – kvifor nasjonale kjensler stikk så djupt. I det siste har han bygt vidare på Michal Billigs skilje mellom 'hot' og 'banal' nasjonalisme.⁵¹ Hutchinson gjer her framlegg om å skilja mellom to typar nasjonalisme som verkar i forminga av nasjonale identitetar: "a 'hot' transformational movement produced by a sense of crisis and a 'banal nationalism' that people consume as part of giving meaning to the experiences of everyday life."⁵² Den 'varme' nasjonalismen omfattar då verksemda, primært til elitegrupper og styresmakter, men òg folkerørsler som driv aktiv og eksplisitt nasjonsbygging. Den 'banale' (uformelle) nasjonalismen omfattar derimot det meir umedvitne konsumet av nasjonalisme i breie lag av folket der populærmusikk, politiske plakatar, frimerke, varemerke og flagg er med på å gje kvardagslivet meining.⁵³ 'Konsum' må nok her oppfattast ikkje som ei reint passivt handling der massane konsumerer ein nasjonalisme som ein elite produserer, men der det er eit klart innslag av *reproduksjon* av førestellingar og forståingsformer i kvardagskulturen.

Med utgangspunkt i dette har Hutchinson ei spissformulert forklaring på korleis massenasjonen oppstod: "National identities were not constructed from above but consumed from below by an emerging civil society."⁵⁴ Under dette ligg ei strukturell forklaring som mange nasjonalismeteorikarar stiller seg bak om kvifor nasjonalismen kunne få ein slik plass: Moderniseringa av samfunnet skapte ei identitetskrise som vart møtt med at nasjonalismen kom inn som eit nytt 'lim' i samfunnet etter religionen, på tvers av politiske, sosiale og økonomiske motsetnader. Den 'varme' nasjonalismen blir derimot i langt større grad skapt av akutte krisesituasjonar. Dei utløysande årsakene kan vera både

⁵⁰ Her etter Kaufmann og Conversi 2008, s. 27.

⁵¹ Sosialpsykologen Billig er i *Banal nationalism* (1995) ute etter å visa at nasjonalisme ikkje berre er noko som 'dei andre' driv med, men at nasjonalismen er til stades overalt i kvardagen, ofte usynleg for oss, men rett framfor nasene våre – det er dette han kallar 'banal' nasjonalisme (jf. Ausland 2006, s. 130-139). Eg tek derimot utgangspunkt i den meir historiserande bruken av omgrepa der Hutchinson har tilpassa dei sin teori (i Hutchinson 2005, kap. 4, jf. Hutchinson 2006 for ein nedkorta versjon).

⁵² Hutchinson 2006, s. 295.

⁵³ Ibid., s. 298.

⁵⁴ Ibid., s. 299.

krigar, økonomiske omveltningar eller ideologiske trugsmål. Men i motsetnad til den banale nasjonalismen vil den 'varme' nasjonalismen oftast ha ein meir episodisk karakter.⁵⁵ Med dette grepet leiार dermed Hutchinson merksemda over frå verksemda til elitesjiktet mot meir eller mindre latente nasjonale haldningar i folkedjupet.

SPRÅK OG NASJONALISME

Med eit lingvistisk utgangspunkt kan det like godt hevdast at den norske målstriden stod mellom to dialektar eller former av eit felles språk som mellom to språk, noko som gjer jamføringar med språkstrider i andre land problematisk. Spørsmålet om grenseoppgangen mellom og forståinga av omgrep som *språk* og *dialekt* vert dermed viktig.

Den vanlege allmennspråklege oppfatninga er at ein dialekt eller eit målføre er ein "... variant av eit språk som blir talt innanfor eit visst geografisk område",⁵⁶ utan at ein dermed har kome noko nærare eit svar på kvar grensa mellom dei går. Eit vanleg lingvistisk kriterium har vore at eit språk er ei samling av gjensidig forståelege dialektar.⁵⁷ Det fyrste problemet vert då korleis ein skal definera gjensidig forståelegheit. Sjølv om A skjønar B og B skjønar C, treng ikkje A skjønna C. Og sjølv om A skjønar B, treng ikkje B skjønna A, iallfall ikkje like godt. Forståelegheit er òg eit problematisk omgrep i seg sjølv. Kor mange prosent av bodskapen må ein gå glipp av før ein ikkje lenger skjønar? Eit anna problem er at definisjonen ofte kjem på kant med utbreidde haldningar til språk og dialektar. Til dømes vil dei skandinaviske språka då bli dialektar, medan ein del tyske dialektar må reknast som eigne språk. Chambers og Trudgill konkluderer då òg med at det ikkje er mogleg å bruka reint lingvistiske kriterium til å skilja mellom språk og dialekt.

Heinz Kloss har sett opp ein mykje nytta definisjon der han freistar ta omsyn både til språklege og sosiologiske kriterium.⁵⁸ Han skil mellom *avstandsspråk* (*Abstandssprache*) og *utbygdt språk* (*Ausbausprache*), men ikkje som eit motsetnadspar. Eit avstandsspråk er strukturelt sjølvstendig i høve til andre språk. Eit utbyggt språk er eit standardisert skriftspråk med godt utvikla ordtilfang og uttrykksmåtar som kan nyttast i alle funksjonar som eit moderne samfunn krev (*standardspråk* er òg omsetjinga Vikør nyttar). Eit språk kan då vera utbyggt (eit standarspråk) sjølv om det ikkje er eit avstandsspråk (lingvistisk sjølvstendig). Somme språk er baa delar, som engelsk, fransk og japansk, medan andre berre er utbygde språk, som slovakisk, makedonsk og dei skandinaviske. Sameleis finst

⁵⁵ Ibid., s. 305.

⁵⁶ Nn-ordboka.

⁵⁷ Chambers og Trudgill 1980, s. 3.

⁵⁸ Vikør 2007, s. 51-60.

avstandsspråk som ikkje er utbygde, til dømes sardinsk og lulesamisk. Vikør drøftar definisjonen til Kloss og peikar på fleire veikskapar, som til dømes problema med å setja opp eintydige og objektive kriterium for 'lingvistisk avstand'.

Også ved å trekkja inn ekstralingvistiske faktorar er det altså vanskeleg å skilja mellom 'språk' og 'dialekt' einast ved hjelp av synkrone objektive kriterium. Chambers og Trudgill hevdar at 'språk' "is not a particularly linguistic notion at all", og at omgrepet er politisk, geografisk, historisk, sosiologisk og kulturelt meir enn lingvistisk.⁵⁹ Dei har løyst problemet med å seia at skiljet ikkje er viktig. I staden har dei innført 'varietet' som omgrep for eit sjølvstendig lingvistisk system anten ein har med eit 'språk' eller ein 'dialekt' å gjera.

Kan så nynorsk og bokmål reknast som to ulike språk i perioden som denne studien tek føre seg? Med utgangspunkt i Kloss' definisjon er ikkje nynorsk og bokmål avstandsspråk sidan dei er gjensidig forståelege, men dei oppfyller kravet til å vera *Ausbausprache* (standardspråk) i og med at dei er standardiserte. Problemet er då at ein avgrensar seg frå dei 'språka' som ikkje er avstandsspråk og som av historiske og kanskje politiske grunnar heller ikkje er standardiserte. Fleire lingvistar har då òg argumentert mot å rekna nynorsk og bokmål som to språk, til dømes Einar Haugen som meiner at dei "fungerer snarere som dialekter."⁶⁰

Dei fleste som har prøvd å gå vidare i øvinga med å dra skiljet mellom språk og dialekt, har då òg drege inn diakrone og subjektive faktorar. Mykje sitert er utsegna som vert tillagd Max Weinreich: "... a shprakh iz a dialekt mit an armey un flot".⁶¹

Nasjonalismeteorikarar har ikkje vore like opptekne av dei lingvistiske distinksjonane mellom dialekt og språk, og det er gjerne Weinreich-sitatet eller helst traderte variantar av det ein støyter på i litteraturen om etnisitet og nasjonalisme. Særleg modernistane har lagt stor vekt på at det ofte er tilfeldig kva dialektar som er vortne til 'språk' gjennom standardisering og statusheving. Ein materialistisk orientert teoretikar som Hroch skriv til dømes: "...the development of language, culture and so on is determined by the development of economic relations ... [that] could and do accelerate the merging together of dialects, just as they stimulate the process by which some dialects achieve independent status".⁶² Modernistane legg gjennomgåande stor vekt på språk som faktor i nasjonsbygginga, og då særleg som verkty i den indre kulturelle standardiserings-

⁵⁹ Chambers og Trudgill 1980, s. 5.

⁶⁰ Haugen 1990, s. 65.

⁶¹ Utsegna skal stamma frå ei førelesing i USA under andre verdskrigen, formulert av ein av Weinreichs studentar, jf. Wiki (en) (oppslag 19.5.2008).

⁶² Hroch 2000, s. 5.

og homogeniseringsprosessen dei meiner føregår innanfor nasjonar, spesielt i den statsdrivne nasjonsbygginga.

Etnosymbolistane, som legg større vekt enn modernistane på etniske og kulturelle tilhøve, legg *mindre* vekt på språk. Med tilvising til Smiths definisjon av nasjon argumenterer Hutchinson til dømes mot tendensen hjå mange modernistar til å setja likskapsteikn mellom lingvistiske og etniske grupper:

The primary aim of cultural nationalists is to revive what they regard as distinctive and primordial collective personality which has a name, unique origins, history, culture, homeland, and social and political practices. Language is only one of many symbols invoked by nationalists...⁶³

Tilsynelatande paradoksalt er det såleis etnosymbolistane som opponerer skarpast mot den herderske bindinga mellom språk og nasjonalitet. Dette opnar for det fyrste for nasjonale prosjekt der den språklege sida er sterkt underordna eller heilt fråverande. For det andre opnar det for ei tevling innanfor eitt og same nasjonsbyggingsprosjekt mellom ulike språklege retningar, eller mellom dei som legg vekt på språk og dei som ikkje gjer det. Til dømes har John E. Joseph karakterisert Skottland som

... rather ambivalent about what its 'native' language is. There is a primal split between the Celtic and Germanic candidates, with some seeing Gaelic as the one true language of Scotland, while others are no less fervently committed to the authenticity of Scots, that Germanic cousin of English.⁶⁴

Spørsmålet om ein lingvistisk varietet skal reknast som ein dialekt eller eit språk, kan såleis jamførast med spørsmålet om ei etnisk gruppe skal reknast som ein nasjon: Det er knapt noko som kan avgjerast ut ifrå objektive kriterium – det er eit spørsmål som har eit sterkt subjektivt element, nemleg om medlemene av den etniske gruppa eller språkbrukarane meiner dei sjølv høyrer til eller snakkar ein nasjon eller eit språk. Og ikkje minst er det eit spørsmål som ofte vert emne for politisk kamp. I ei verd der nasjonalitetsprinsippet er rådande, vil det vera heilt avgjerande å bli anerkjent som ein nasjon i striden for status i det internasjonale samfunnet. For dei som kjempar for ein lingvistisk varietet vil sameleis stå sentralt å få anerkjent varietetten som eit språk på line med andre språk ein gjerne vil samanlikna seg med. Det var såleis heilt sentral for Ivar Aasen å grunnkje at dei norske dialektane til saman utgjorde eit sjølvstendig *norsk språk* til

⁶³ Hutchinson 1999, s. 394; jf. Smith 1991, særleg s. 14, for hans samanfallande definisjon av 'nasjon'.

⁶⁴ Joseph 2006, s. 8.

skilnad frå og på nivå med dansk og svensk.⁶⁵ I situasjonar der det ideologisk blir gjort tette koplingar mellom språk og nasjonalitet er spørsmålet særleg kritisk.

KVASI-ETNISKE KONFLIKTAR INNAN NASJONAR

I tilfelle der det står ein kamp mellom ulike språkprosjekt innan det dei aller fleste vil rekna som same nasjon eller etniske gruppe, som tilfellet er i Noreg, har ein ofte å gjera med nasjonsbyggingsprosessar der det står kontinuerlege og langvarige kampar mellom ulike nasjonale prosjekt. Denne typar konflikthar er emnet for Hutchinson i *Nations as zones of conflict* (2005). Her interesserer han seg mellom anna for konflikthar "between competing conceptions of the nation, often of a quasi-ethnic nature, that develop into long-running cultural wars."⁶⁶ Han meiner med dette konflikthar som ikkje står mellom ulike etniske grupper, men på hi sida heller ikkje kan reduserast til samanstøytar som opptrer meir periodisk mellom klassar, regionar, religionar eller andre ideologiar. Hutchinson distanserer seg dessutan klart ifrå ein tendens hjå modernistane til å redusera alle typar konflikthar innanfor ei etnisk gruppe til slike dimensjonar.

Med slike 'kulturkrigar' meiner han konflikthar og skilnader som

... seem to be systemic, that organise symbolic and political projects round two or three rial conceptions of the national past, taking on a quasi-ethnic form, and that articulate a diverse and changing set of issues and grievances. These differences usually take the form of cultural *clusters*, rather than of 'church-like' organisations that impose a high degree of control and uniformity.⁶⁷

Heterogeniteten – mangfaldet – er såleis eit sentralt kjenneteikn ved desse 'kvasi-etniske' prosjekta som det er med kulturnasjonalismen meir allment. Dette strekar han under som ein korreksjon til det utbreidde synet i den modernistiske nasjonalismeteorien om at den langsiktige trenden hjå nasjonane er indre kulturell homogenisering.

Hutchinson hentar empirisk støtte for synet mellom anna i den norske målstriden, men òg frå ei rad andre 'kulturkrigar' i mange land over eit tidsspenn på fleire hundre år. Eit av dei er Irland der det stod eit kulturelt slag mellom angloirske og gæliskirske forkjemparar gjennom 1800-talet og inn på 1900-talet. Den protestantiske angloirske gruppa, med røter attende til tidlegare engelsk innvandring, stod gjennom 1800-talet ved

⁶⁵ Jf. t.d. fyrste avnitt i Aasen 1864, s. 1.

⁶⁶ Hutchinson 2005, s. 77.

⁶⁷ Ibid., s. 78.

fleire høve saman med dei katolske gæliskirske gruppene i kampen mot britisk imperialisme. Dei kulturelle og politiske motsetnadene gjorde likevel at dei i aukande grad søkte støtte hjå dei britiske styresmaktene, og etter opprettinga av Den irske fristaten og delinga i 1922, flytte mange til Nord-Irland.

I slike konflikhtar står tevlende historiske mytologiar mot kvarandre. Spørsmålet er då om dei kan forklarast med konfliktliner i det moderne samfunnet som spring ut av klassar, regionar eller religion, eller om "we have to acknowledge the independent power of divergent deep-seated historical memories?"⁶⁸ Den modernistiske forklaringa vil vera at slike konflikhtar spring ut av tevlinga mellom etablerte og oppstigande sosiale grupper i samband med statsbygging, demokratisering og industrialisering frå 1800-talet og framover. Eit prominent døme i norsk samanheng er Rokkans analysar av kryssande konfliktliner i norsk politikk.

Korleis svarar så Hutchinson på den modernistiske analysen? For det fyrste sluttar han seg til at desse konfliktane hadde ein viktig klassesdimensjon, til dømes i England frå midten av 1700-talet mellom anglosaksiske og metodistiske grupper og eit frankofilt aristokrati. For det andre hadde konfliktane ofte ein sentral regional dimensjon, styrkt av den veksande makta til sentraliserte statar. Eit døme han fører i marka er motsetnaden mellom monarkiske haldningar og støtta til den katolske kyrkja i Vest-Frankrike og dei meir sekulære og republikanske områda kring Paris. I Ukraina finn han eit tilsvarande skilje mellom dei vestlege regionane særmerkte av kamp for ukrainsk språk, ei europeisk orientering og motstand mot Russland, og austlege område som er meir orienterte mot Russland og russisk og ortodoks kultur.⁶⁹

I slike konflikhtar står ein andsynes den situasjonen at rivaliserande symbolske repertoar med vidt ulike visjonar for nasjonen vert mobiliserte i den aktuelle kampen. Men kva er det som gjer historiske minne så viktige når gruppene formulerer prosjekta sine for samfunnet, spør Hutchinson. Det viktigaste svaret samlar han under overskrifta "The Trauma of History" – kraftfulle kollektive røymsler som spring ut av revolusjonar, borgarkrigar, krigar, kolonisering eller store religiøse konflikhtar. I slike situasjonar formar det seg rivaliserande repertoar av minne som mobiliserer til kollektiv handling.⁷⁰

For å venda tilbake til Hutchinsons irske døme: Tevlinga mellom ein angloirsk og ein gæliskirsk nasjonalisme på 1800-talet hadde ein sterk klassesdimensjon, men henta ein stor del av næringa si frå minna etter og konsekvensane av den engelske erobringa av

⁶⁸ Ibid., s. 85.

⁶⁹ Ibid., s. 86.

⁷⁰ Ibid., s. 88.

Irland på 1600-talet. Den angloirske nasjonalismen vart her verande ambivalent. Han motsette seg britisk underordning, men hadde problem med å skapa eit symbolsk grunnlag for ein hybrid irsk nasjon som gjekk utanom "the poisonous memories of conquest".⁷¹ Det vart i staden den gæliskirske nasjonalismen som sigra, intenst fiendsleg til den angloirske nasjonalismen. Sentralt stod her minnet om landkonfiskasjonane som mobiliserte bønder som ville atterreisa ei gælisk-irsk landsbygd, og den katolske kyrkja som forsvarte 'martyrane' som hadde falle i kampen. Leiarskapen var den katolske middelklassen som fram mot 1900 fekk ein tilførsel av ein radikal intelligentsia med utspring i bondestanden og den lågare middelklassen (særleg lærarar). Irland er dessutan eit framståande døme på eit anna poeng hjå Hutchinson: Slike rivaliserande nasjonale prosjekt kunne i sterk polariserte tilfelle få dramatiske konsekvensar. Gjennom geriljakrigen mot Storbritannia og den følgjande borgarkrigen mellom tilhengarar og motstandarar av delingstraktaten med Storbritannia, kom dei protestantiske angloirane for alvor i skotlina og vart rekna som "England's garrison in Ireland". Resultatet vart ein massiv emigrasjon etter lausrivinga.⁷²

Eit anna av Hutchinsons poeng som skal nemnast, er at forkjemparane for dei ulike nasjonale prosjekta, kanskje utan å vera medvitne om det, deler syn på mangt og mykje, og at tevlinga mellom dei er med på å definera og utdjupa ein (felles) nasjonal identitet. Jamvel i det polariserte Irland hadde dei anglo- og gæliskirske rørslene ei sams interesse i å kjempa mot anglifiseringa og i å framheva den gæliske kulturarven og litterære tradisjonane og å forsvara dei irsktalende områda på vestkysten som Irlands åndelege kjerneområde.⁷³

Men ligg det ikkje i forlenginga dette også at gamle debattar og motsetnader kan bli mindre relevante om det ikkje skjer spesielle ting som held dei oppe og nye spørsmål og prosessar kjem opp og blir dominerande? Særleg relevant er spørsmålet i fredfulle og stabile demokratiske samfunn.⁷⁴ Hutchinson legg vekt på at desse konfliktane ofte viser seg å vera meir seigleva enn ein kan tru sjølv om dei kan ta nye former og vegar, og at dei held fram med å spela ei rolle i samfunnet. Sjølv om det angloirske prosjektet vart nedkjempa etter 1922 og dei fleste utvandra, har det halde fram med å spela ei rolle i det irske samfunnet. Særleg etter at atterreisinga av det gælisk-irske språket til samfunnsberande språk ikkje førte fram, vart til dømes den gamle angloirske institusjonen Abbey Theater i

⁷¹ Ibid., s. 89.

⁷² Ibid., s. 100.

⁷³ Ibid., s. 107.

⁷⁴ Ibid., s. 108.

Dublin sentral i å utvikla ein irsk identitet på det språklege feltet gjennom ein engelsk influert av eit irsk idiom.⁷⁵ Konklusjonen til Hutchinson er at gamle rivaliserande nasjonale prosjekt held fram med å spela ei rolle – dei vert stadig sette i spel for å overvinna nye og skiftande utfordringar i livet til nasjonen. Slik har somme nasjonar òg funne seg ei rolle som meklarar mellom ulike kulturelle soner – eit døme han dreg fram er Finland.

Modernisering

Heilt sidan Kjell Hauglands arbeid i 1980-åra har mange studiar av norsk målstrid fått eit tydeleg og eksplisitt ankerfeste i moderne nasjonalismeteori, og denne tendensen vart styrkt gjennom 1990-åra. I motsetnad til dette finst det få forskingsarbeid med målstrid, målpolitikk eller målrørsla som *primært studieobjekt* der ein finn tilsvarende eksplisitte moderniseringsteoretiske perspektiv. Her må ein såleis i større grad ty til studiar med eit breiare eller eit anna tematisk tyngdepunkt for å finna tildriv til ei handsaming av språkhistoriske emne, då med den haka at dei gjerne òg er meir lemfeldig omtala. Det kan såleis vera like gjevande å ta føre seg studiar på andre tematiske felt med overføringsverdi til målreisinga og målrørsla.

I det følgjande vil nokre hovudposisjonar i den internasjonale moderniseringsteoretiske debatten bli dregne opp. Dette vil så bli ført vidare med og relatert til ein gjennomgang av norske forskarsynspunkt på modernisering og modernitet, særleg i høve til målreisinga og norskdomsrørsla. Siktemålet er å streka opp eit teoretisk grunnlag både for å forstå den norske debatten og for å peika på nokre relevante teoretiske og metodiske konsekvensar for denne studien.

KLASSISK MODERNISERINGSTEORI

'Modernisering' er eit samfunnsvitskapleg prosessomgrep og skildrar oftast ei historisk endring som kort kan oppsummerast som overgangen frå eit tradisjonelt til eit moderne samfunn – med Krishan Kumar: "...the transformation from a traditional, rural, agrarian society to a secular, urban, industrial society."⁷⁶ 'Det moderne' vert i denne konteksten dei samfunnsformasjonane som har gått gjennom denne endringsprosessen. 'Det moderne' eller 'moderniteten' er likevel like gjerne nytta som ein tilstand eller ein tenkemåte som går attende til opplysningstida. 'Modernisme' kan primært forståast som ei kulturell retning i

⁷⁵ Ibid., s. 110.

⁷⁶ Kumar 1990.

det moderne samfunnet, gjerne som kritisk refleksjon og med innslag av ambivalens overfor moderniseringsprosessen og moderniteten.⁷⁷

Dag Østerberg framhevar tre grunnleggjande sider ved moderniteten: Omgrep om *det frie individet*, om *fornufta* og om *framsteget*. Det fyrste er knytt til fridom, både ein ytre i form av fråvæer av tvang og ein indre i form av trua på at ein sjølv ut ifrå ein fri vilje kan forma si eiga framtid og samfunnet. Trua på *fornufta* var knytt til gjennombrotet for ein vitskapleg tenkjemåte, i fyrste omgang i kontrast til ein mytisk eller religiøs, og seinare til kjensler. Trua på *framsteget*, lausrive frå kristne domedagsførestellingar, går på at menneska vert edlare og meir rettskafne, at vitskaplege framsteg gjev stadig større innsikt i og kontroll med oppbygginga av verda, at samfunnet på alle plan blir meir humant og mindre brutalt og at menneska er frie og frigjorte frå fortidas åk.

I klassisk moderniseringsteori er dette vidareført i fire sentrale omgrep. Det mest sentrale er *rasjonalisering*, som stod sentralt i dei klassiske skriftene til Max Weber. Moderniseringa innebar eit strev mot det mest effektive og føremålstenlege medan religiøse og andre irrasjonelle grunngevingar for handlingsval vart skrella bort. Det andre sentrale omgrepet er *differensiering* – det moderne samfunnet drog skarpare skilje mellom ulike sfærar i samfunnet – mellom ei privat og ei offentleg, skule og familie, religion og politikk, arbeid og fritid osv.⁷⁸ Dette var òg knytt til ei *spesialisering*, både i produksjon og administrasjon. Denne oppsplittinga vart så motverka av eit fjerde sentralt drag, *homogeniseringa*, som både tok form gjennom ei globalisering av økonomiske, politiske og kulturelle strukturar, og gjennom eit strev mot indre einskap i statane, fremja av nasjonalisme, andre former for identitetsskaping, opplysningsverksemd og utbygging av folkestyret.

Weber utvikla med dette utgangspunktet ein modell for fire handlingstypar som kan kategoriserast etter avtakande rasjonalitetsgrad: Den *formålsrasjonelle* der ein handlar for å nå bestemte definerte mål, den *verdirasjonelle* der ein handlar etter overtyding uavhengig av resultatata, den *affektuelle* som spring ut av tidsavgrensa kjensletilstandar, og den *tradisjonelle* – åtferd styrt av vanedanning gjennom lang tilvenning.⁷⁹ Webers ideal og målestokken for resten av typologien er den formålsrasjonelle handlingstypen, som han òg ser som det typiske kjenneteiknet på det vestlege moderne velorganiserte og funksjonelle samfunnet. Innanfor klassisk moderniseringsteori vert då ekspansjonen til den formålsrasjonelle handlingstypen eit kjenneteikn og målestav på moderniseringsprosessen.

⁷⁷ Om definisjonane, jf. Østerberg 1999, s. 11-12; Seippel 2000, s. 11.

⁷⁸ Tjelmeland 1995, s. 3.

⁷⁹ Eriksen og Weigård 1999, s. 34ff; Gilje og Grimen 1995, s. 208ff.

Med orda til Erik Oddvar Eriksen og Jarle Weigård vart det moderniserte samfunnet mellom anna prega av "en rasjonell form for sosialt samkvem bygd på den kapitalistiske entreprenørs kalkulerende innstilling til omgivelsene."⁸⁰

Meir konkret har Piotr Sztompka formulert eit slags minste felles multiplum for knippet med endringsprosessar som mange vil inkludera i moderniseringsomgrepet:

Most historians would agree that modernity arose in the aftermath of great revolutions. The American and French revolutions provided the political, institutional framework of modernity: constitutional democracy, the rule of law and the principle of sovereignty of nations-states. The British industrial revolution provided the economic foundation: industrial production by free labour force in urban settings, engendering industrialism and urbanism as new modes of life, and capitalism as a new form of appropriation and distribution.⁸¹

Det konstitusjonelle demokratiet, rettsstaten, nasjonal sjølvråderett, industrialisering, urbanisering, geografisk og sosial mobilitet i arbeidsstyrken og kapitalismen som økonomisk system, er trekk som gjerne vert framheva som teikn på moderniteten. Det moderne er "et *vestlig kulturmønster* i vår tid, et mønster som hevdes å være det viktigste eller det rådende", opnar Østerberg framstillinga si med.⁸²

Overgangen frå det førmoderne til det tidlegmoderne vert gjerne tidfest til 1500-talet. Reinhart Koselleck har i den omgrepshistoriske granskinga si av periodeomgrepet 'Neuzeit' (Nytid) funne at i tysk intellektuell språkbruk blir 'die neue Zeit' nytta kring 1500 i kontrast til den føregåande perioden som ein då tok til å nemna 'die mittlere Zeiten' og etter kvart 'Mittelalter'. 'Neue Zeit' vart opp gjennom hundreåra gradvis fylt med eit kvalitativt innhald som gjorde det til eit historisk epokeomgrep, noko som kring 1870 krystalliserte seg ut i det nye omgrepet 'Neuzeit'.⁸³ Dette fell saman med overgangen frå det tidlegmoderne til det høgmoderne med oppkomsten av demokratia og nasjonalstatane, industrialiseringa, ei borgarleg offentlegheit, lønsarbeid og nye former for sosialisering og identitetsskaping.⁸⁴

⁸⁰ Eriksen og Weigård 1999, s. 9.

⁸¹ Sztompka 1993, s. 69-70, jf. Seippel 2000, s. 6 som sluttar seg til ei slik forståing. Det skal då skytast inn at Sztompka sjølv avviser ein historisk definisjon av denne typen som utilstrekkeleg og heller vil definera omgrepa analytisk.

⁸² Østerberg 1999, s. 11.

⁸³ Koselleck 2004, s. 222-228. Når det er sagt, må det nemnast at Koselleck er av dei som opererer med ein overgang til det moderne samfunnet relativt seint og plasserer brotet i opplysningstida. Den avgjerande overgangen til det moderne samfunnet avgrensar han til perioden 1750-1830, som han kallar 'Sattelzeit' (jf. Krogh 2005, s. 20).

⁸⁴ Tjelmeland 1995, s. 8-9.

Thomas Krogh hevdar at omgrepet 'modernisering' for alvor slo gjennom på 1950-talet og då var knytt til økonomisk teori, særleg gjennom arbeida til Walt Withman Rostow.⁸⁵ Sams for dei fleste samfunnsvitskaplege moderniseringsteoriar fram til 1970-åra var at dei bygde på ein klar dikotomi mellom det tradisjonelle og det moderne samfunnet, og idear om den vestlege moderniseringa som ein universell veg til moderniteten stod sterkt. Gunnar Skirbekk kritiserer denne retninga for å ha sett moderniseringsprosessen som deterministisk, endogen og unilineær med retning mot ein situasjon som liknar den anglo-amerikanske verda slik ho vart oppfatta på den tida.⁸⁶

Krishan Kumars artikkel om modernisering i *Encyclopædia Britannica* kan lesast som eit autoritativt og konsentrert uttrykk for ei slik retning. Globalt vil moderniseringa spreia seg "outward from its original Western base to take the whole world", skriv han. Dette kan føra til protestar mot rasjonaliteten og uniformiteten både i ungdomskultur og religiøse nyvakningar, og gjennom "a revival of ethnicity, a claim for a culture and way of life that often harks back to older communal traditions and which denies the legitimacy of any uniform culture propagated by the large nation-state". Det er likevel ingen alternativ – "there are no retreats and escape routes" frå moderniseringa.⁸⁷

MULTIPLE MODERNITETAR

Frå slutten av 1960-åra vart denne retninga utfordra. På eit ideologisk og politisk plan rulla ei bølge av pessimisme og modernitetskritikk over den vestlege verda med brodd mot framstegsoptimismen som hadde prega det dominerande synet på modernisering. Dessutan vart eurosentrismen utfordra. Ein fekk stadig fleire døme på at det også fanst ikkje-vestlege vegar til moderniteten – med Sovjetunionen, Japan og Singapore som framstående døme attåt mange planøkonomiske tildriv i Afrika, Asia og Latin-Amerika.⁸⁸ Som den afrikanske historikaren Walter Rodney uttrykte det i *Syn og segn* i 1973: "Mesteparten av den samfunnsforskinga som talar om 'modernisering' og 'nationbuilding', er reine forsvarsskrifter for utanlandsk dominans."⁸⁹

Heller ikkje mangfaldet i den vestlege verda kunne fangast i ein enkel rettlina trefasemodell frå det tradisjonelle til det moderne samfunnet med ein mellomperiode. Empiriske studiar reiv dessutan grunnen under ideen om den store dikotomien mellom eit

⁸⁵ Krogh 2005, s. 17.

⁸⁶ Skirbekk 2006, s. 33f.

⁸⁷ Kumar 1990.

⁸⁸ Ibid..

⁸⁹ Rodney 1973, s. 475. Bruken av hermeteikn og vantande omsetjing av 'nationbuilding' er samstundes eit signal om at desse fagomgrepa ikkje var vanlege i norsk ålmente tidleg i 1970-åra.

homogent tradisjonelt og eit moderne samfunn og brotet i overgangen frå det eine til det andre. Men som Hallvard Tjelmeland peikar på, var dei generaliserande ambisjonane til sosiologane i denne fasen (med Rokkan som det mest prominente norske dømet) framleis like store sjølv om modellane måtte gjerast meir kompliserte.⁹⁰

Ein måtte altså sannkjenna at det fanst ulike vegar til moderniteten, men finst det ulike modernitetar? Ein veg til eit alternativt syn har gått gjennom forminga av eit nytt omgrep om *rasjonalitet*. Det kanskje viktigaste alternativet til synet på føremålsrasjonaliteten som konstituerande for moderniteten, står Jürgen Habermas bak. Eit kjernepunkt hjå han var at rasjonalitet ikkje kan avgrensast til noko som spring ut or medvitet til kvart einskild individ der dei ulike aktørane einast ser på kvarandre som vilkår og middel for eiga måloppnåing. Rasjonaliteten vert heile tida stadfest og omdanna mellom fleire individ, og det er denne dynamiske gjensidige forståinga om den sosiale røyndomen som konstituerer rammene som spelet utfaldar seg innanfor. Attåt dei formålsrasjonelle kategoriane instrumentell og strategisk handling, innfører Habermas difor kategorien *kommunikativ handling* som ikkje er koordinert gjennom den resultatorienteringa som ligg til grunn for formålsrasjonell handling, men gjennom *forståingsorientering*. Her vil korleis ein best kan oppnå sine eigne handlingsmål, vera underordna det å koma fram til ei sams forståing med andre aktørar om kva som bør gjerast. Slik vil Habermas fram til eit rasjonalitetsomgrep som er komplekst nok til å overvinna motsetnaden mellom ein formålsrasjonell (positivistisk) og kontekstualistisk-interpretativ (hermeneutisk) tilnæringsmåte.⁹¹

Frå ein annan ståstad har den israelske sosiologen Shmuel Eisenstadt formulert eit skarpt alternativ til klassisk moderniseringsteori gjennom lanseringa av teorien om 'multiple modernities' i 1990. Eisenstadt markerer med eigne ord ein tydeleg opposisjon til "the 'classical' theories of modernization and of the convergence of industrial societies prevalent in the 1950s, and indeed against the classical sociological analyses of Marx, Durkheim, and (to a large extent) even of Weber, at least in one reading of his work."⁹² Ein av dei mest sentrale implikasjonane i teorien er at modernitet og 'vestleggjering' (Westernisation) *ikkje* er det same. Den vestlege moderniteten er rett nok eit grunnleggjande referansepunkt i heile verda, men den vestlege moderniteten er ikkje den einaste 'autentiske' moderniteten.⁹³ For Eisenstadt-skulen står det sentralt å visa, gjennom

⁹⁰ Tjelmeland 1995, s. 4.

⁹¹ Eriksen og Weigård 1999; Habermas 1997.

⁹² Eisenstadt 2002, s. 1.

⁹³ Ibid., s. 2.

empiriske studiar, at moderniseringa fann vidt ulike retningar og former, ikkje berre i ulike delar av verda, men òg mellom Europa og Nord-Amerika og internt i Vest-Europa. Med utgangspunkt i denne teorien har Eisenstadt dei seinare åra mellom anna argumentert konsekvent for at fundamentalisme, til dømes den islamske, ikkje er eit tradisjonelt, men eit høgst moderne fenomen.

Kva er så dei vitale kjenneteikna på moderniteten innanfor denne teoretiske retninga? Kumar formidlar det klassiske synet i spissformulert form når han opnar med at "Modern society is industrial society. To modernize a society is, first of all, to industrialize it."⁹⁴ Ernest Gellner skal sameleis ha sagt at "the true subject of all modern philosophy is industrialisation."⁹⁵

I norsk og internasjonal debatt har Gunnar Skirbekk stått for eit syn som sameinar synspunkta til Habermas og Eisenstadt. Skirbekk er skarp i kritikken av klassisk moderniseringsteori, men òg av ein postmodernistisk relativisme som avviser at det finst "kontekstuavhengig moral og fornuft."⁹⁶ Han sluttar seg såleis til eit synspunkt om at det ikkje finst éin, men mange modernitetar og moderniseringsprosessar, samstundes som han òg slår fast at eit omgrep om kommunikativ eller diskursiv rasjonalitet må sjåast som "*unavoidable characteristics of modern societies*", noko som òg heng intimt saman med posisjonen til og trua på vitenskapleg forskning.⁹⁷ Anthony Giddens har sameleis framheva den refleksive karakteren til moderniteten og det moderne samfunnslivet, som "består i at sosiale praksiser konstant undersøkes og omformes i lys av innkommende informasjon om de samme praksiser."⁹⁸

Industrialisering vert såleis ikkje ein avgjerande målestav på modernisering, heller ikkje hjå Eisenstadt som ser det kulturelle og politiske programmet som konstituerande for moderniteten. Det sentrale her (jf. Østerberg ovanfor) var ideen om det frie mennesket som var i stand til å frigjera seg frå tradisjonell politisk og kulturell autoritet, noko som la grunnen for trua på at mennesket aktivt kunne forma samfunnet. Dette skapte radikalt nye føresetnader for politisk verksemd.⁹⁹ Den tradisjonelle (religiøse) legitimeringa av den politiske ordenen braut saman og opna for ein kamp mellom nye ordenar. Nye politiske institusjonar vart skapte, og den politiske arenaen vart opna også for den geografiske og

⁹⁴ Kumar 1990.

⁹⁵ Nairn 1997, s. 1, jf. Gellner 1983, kap. 3. Gellner-eleven Tom Nairn (sst) er ikkje snauare når han meiner at "The steam-engine changed human beings and set them on the route to the personal computer and the World Wide Web."

⁹⁶ Skirbekk 2009, s. 9.

⁹⁷ Skirbekk 2006, s. 34.

⁹⁸ Giddens 1997, s. 35.

⁹⁹ Eisenstadt 2002, s. 5-6.

sosiale periferien i samfunnet. Opprør, protestar og sosiale rørsler var òg ein del av det nye politiske landskapet.

Eit anna heilt sentralt drag ved moderniteten var nye måtar å konstruera kollektiv på – kollektive identitetar vart ikkje lenger tekne som gjevne.¹⁰⁰ Identitetsforminga følgde to hovudvegar, kjent frå nasjonalismeteorien som den etniske – basert på sams opphav og kulturelle kriterium, og den statsborgarlege i den jakobinske tradisjonen – basert på skapinga av politiske fellesskapar. På same tid vart det òg viktig å skapa samband mellom politiske grenser og kulturelle kollektiv (nasjonalstaten). Eisenstadt inkluderer òg ein diskursiv rasjonalitet som eit kjenneteikn ved det moderne samfunnet i det han omtalar som ein potensiell kapasitet til kontinuerleg sjølvkorleksjon.¹⁰¹

MODERNISERINGA OG MÅLSTRIDEN – ULIKE SYN

Korleis har så ulike teoriar om modernisering nedfelt seg i ulike syn på norsk historie, og i kva grad og på kva måte har desse moderniseringsteoriane relevans for studiet av målreisinga?

Som Tjelmeland har poengtert, var omgrep som 'modernitet', 'det moderne', 'modernisme' og 'modernisering' så godt som ukjende i det norske historikarspråket fram til 1990-åra. No kjem det derimot knapt oversynsverk om norsk historie i overgangen mellom 18- og 1900-talet som *ikkje* har nokre av desse omgrepa i tittelen eller sentrale kapitteloverskrifter.¹⁰² Tjelmeland har ei treledda forklaring på dette. Dels har historikarar ofte teke utgangspunkt i kategoriane som aktørane i fortida sjølv brukar, og dels har dei vore meir smålatne når det gjeld store generaliseringar og omfattande prosessomgrep og heller nøydd seg med meir avgrensa omgrep som 'industrialisering' og 'demokratisering'. Dels har det òg hefta problem ved den samfunnsvitskapelege bruken av omgrep som 'modernisering'.

At historikarar har vore varsame med moderniseringsomgrepet, vil ikkje seia at tankegodset har vore fråverande i historiske framstillingar. Som Tjelmeland òg peikar på, har ein framstegsoptimisme, gjerne av deterministisk slag, vore berande i mykje historieskriving. Overgangar frå natural- til pengehusald, frå bondesamfunn til

¹⁰⁰ Ibid., s. 7.

¹⁰¹ Ibid., s. 11. Han ber samstundes med seg det tvisynet på moderniteten som ein òg finn hjå Weber når han peikar på at framveksten til moderniteten har vore innvoven i konflikatar og konfrontasjonar, med ein intensivert barbarisme og med "Holocaust, which took place in the very center of modernity" (s. 12).

¹⁰² Tjelmeland 1995, s. 1. Thomas Krogh 2005, s. 15, konstaterer sameleis at det heilt og fullt er eit produkt av utviklinga dei siste 20 åra at modernitets- og moderniseringsteori har vorte det sentrale temaet i idéhistoriefaget.

industrisamfunn, urbaniseringa og utbygging av kommunikasjonar og skuleverk har oftast vorte skildra med ein grunntone av endring frå mørker til lys og ein siger for rasjonaliteten over irrasjonaliteten.

Trass i historikarane si vegring mot moderniserings- og modernitetsomgrepa, har forståingsmåtar og tankemønster frå den klassiske moderniseringsteorien sett sine kraftige spor i norsk historieforsking. Med arbeidet til Rokkan vart norsk historie sett i sentrum for teoriutviklinga innanfor den historisk orienterte politiske makrososiologien. Inspirert av og i samarbeid med Seymour Martin Lipset utvikla han det komparative studiet av partisystem, veljaråttferd og politiske skiljeliner. Arbeidet om kryssande konfliktliner i norsk politikk som han publiserte i 1967, og ikkje minst omgrepet "motkultur", er framleis vanskeleg å koma utanom i studiet av nyare norsk politisk historie og kulturhistorie.

Tilhøvet mellom nynorsk og bokmål er med på å danna det empiriske grunnlaget for Rokkans inndeling i fem konfliktdimensjonar i norsk politikk. Målreisinga plasserer seg her eintydig i dei to fyrste, den *territorielle* konfliktlina mellom hovudstad og provins, og sentrum og periferi, og i den *sosio-kulturelle* konfliktlina mellom "akademisk utdannede, 'europeiserte' embetsmenn og patrisiere i byene og de stadig mer statusbevisste, artikulerte og nasjonsorienterte bøndene i landdistriktene og deres avkom i de voksende byene."¹⁰³ Rokkans funn står opp under det banebrytande arbeidet til Gabriel Øidne.¹⁰⁴ Han påviste kontinuitet i dei politiske preferansane gjennom fleire tiår, sette dette i samanheng med ymse ('mot'-)kulturelle variablar og teikna på dette grunnlaget kartet over ulike kulturregionar i Sør-Noreg. Ein hovudkonklusjon var at hovudskiljet knapt gjekk mellom Austlandet og Vestlandet, men mellom ei pietistisk kyststripe og eit "Fjell- og fjord-Noreg" på tvers av aust/vest-skiljet der folkehøgskule, gruntnivigianisme og målsak dominerte. Med Rokkans ord hadde Sør- og Vestlandet gjeve sterkare støtte enn andre regionar til tre sett av politiske spørsmål:¹⁰⁵

- 1) De har vært en forsvarsskanse for luthersk ortodoksi og pietistisk fundamentalisme mot byens radikaliserende og sekulariserende innflytelse.
- 2) De har gitt god grobunn for avholds- og forbudsbevegelser.
- 3) De har vært støttepunkter for målrørsla mot det vanlige riksmålet knyttet til hovedstaden og byens borgerskap.

¹⁰³ Rokkan 1987 [1967], s. 138.

¹⁰⁴ Øidne 1957.

¹⁰⁵ Rokkan 1987 [1967], s. 170.

I dette perspektivet står målreisinga fram som ein av tre motkulturelle forsvarsstrategiar mot moderniseringa: "Landsmålet ble det samlende symbol for en bred, kulturell forsvarsbevegelse, ikke bare på Sør- og Vestlandet, men også i de gamle bondesamfunn i dalførene på Østlandet."¹⁰⁶

Ein av dei som sterkast har følgd opp Rökkans og Øidnes perspektiv i forskinga på norsk politisk historie, er Trond Nordby. Med teoretisk støtte i Hobsbawm og Hroch meiner han at norskdomsrørsla stod for ein type internasjonal agrarnasjonalisme som "ofte oppstod i bøndernes møte med industrisamfunnet. Nasjonalismen ble del av en forsvarsideologi som var rettet mot de sosiale og økonomiske omveltningene som industrialiseringen og markedsutvikling satte i gang."¹⁰⁷ Nordby lanserte det han framheva som ein ny "historisk-sosiologisk teori" om norsk nasjonalisme i ein artikkel i 1986, altså før interessa for nasjonalisme verkeleg tok av i norsk historie- og samfunnsforskning og før moderniseringsomgrep og -teori fekk nokon nemnande innverknad i historiefaget.¹⁰⁸ Eit sentral punkt hjå Nordby som mange seinare har kritisert, er den måten han ser det han kallar "agrarnasjonalismen" til norskdomsrørsla før 1905 som ein forsvarsideologi for bygdesamfunnet retta mot moderniseringa.

Også i omtala av ulike retningar innanfor bondepolitikken kritiserer Nordby tidlegare forskning. I avhandlinga si om Venstre og interessegruppene har Leiv Mjeldheim identifisert tre bondepolitiske retningar kring hundreårsskiftet. Den fyrste var ein utlaupar av Jaabæk-tradisjonen, som la vekt på sparing og at det vart valt bønder til Stortinget. Den andre retninga var ein periferi-reaksjon som stod for fråhald og målsak, og den tredje var ei retning som primært var oppteken av økonomiske og faglege bondeinteresser.¹⁰⁹ Kritikken går på at Nordby meiner tredelinga er usystematisk og blandar ulike nivå. Men han sluttar seg til skiljet mellom ein periferi-reaksjon, som ein finn i bondereisinga på Vestlandet, Sørlandet og i Telemark, og det Mjeldheim kallar "den austlandske bondereisinga". Nordby framhevar og utdjuvar dette skiljet: "Men de to retninger sprang ut av vidt forskjellige tenkemåter: Periferireaksjonen uttrykte det tradisjonelle samfunnets protest mot de økonomiske og sosiale endringer som industrialiseringen satte i gang; den andre retningen – som preget Landmandsforbundet – omfattet bønder med sterke markedsinteresser."¹¹⁰ Nemninga 'agrarnasjonalisme' brukar han såleis ikkje om Norsk

¹⁰⁶ Ibid., s. 200.

¹⁰⁷ Nordby 1991, s. 107.

¹⁰⁸ Nordby 1986, seinare prenta i revidert utgåve og i ein større kontekst som kapittel 6 i Nordby 1991. Han kallar det sjølv dels 'teori', dels 'modell' – eg reknar det som ein teori.

¹⁰⁹ Mjeldheim 1978, her referert etter Nordby 1991, s. 140.

¹¹⁰ Nordby 1991, s. 141.

Landmandsforbund/Norges Bondelag, som han tvert om ser som den viktigaste drivkrafta i den økonomiske og organisatoriske moderniseringa av bondesamfunnet.

Nordbys teori har iallfall fått eit visst gjennomslag. Eit framtrekande døme på det er Slagstad, som i analysen av striden om konsesjonslovene slår fast at det fanst "en *tradisjonalistisk* opposisjon mot den industrielle modernisering. Hos tradisjonalistene, forankret i bygde-Venstre, var gjerne frykten for det industrielle forent med frykten for det 'fremmede'."¹¹¹

NORSK MÅLSTRID SOM UTTRYKK FOR ALTERNATIVE MODERNISERINGSPROSJEKT?

Den mest kjende kritikken av Rokkans teori om norsk politisk historie stod Jens Arup Seip for i 1974 med føredraget der hovudpoenget er oppsummert i tittelen "Modellenes tyranni". I ein større samanheng gjekk dette inn i ein vanleg kritikk av den historisk-komparative makrososiologien (inkludert klassisk moderniseringsteori). "Strangely, they seem to be driven by a compulsion to generalize even the historically individual case," heiter det i éi oppsummering av denne fagtradisjonen.¹¹² Seip meinte at hjå "Sars og Koht er modellens tvang over iakttagelse og tolkning åpenbar, stundom grotesk".¹¹³ Gjennom ei lang rekkje døme på at empirien ikkje høvde med modellen, fekk Seip fram at han ikkje meinte Rokkan var stort betre.

I kritikken går Seip òg meir konkret inn på tolkinga av "motkulturane". Seip skriv: "Det er imidlertid betenkelig å oppfatte avholdssak og pietisme, målsak også for den saks skyld, som uttrykk for en opprinnelig bondekultur og som grunnleggende i den bondeopposisjon som fra omkring 1870 går over i venstrebevegelsen, og fra 1883 i venstrepartiet."¹¹⁴ Korkje fråhaldssak eller målsak spela noka viktig rolle i venstrerørsla før 1884, innvender Seip.

Tjelmeland meiner Rokkan "for alltid" vart heftande ved åtaket frå Seip, iallfall i historikarlauget.¹¹⁵ Det siste er ein viktig modifikasjon, for i samfunnsvitskaplege miljø som syslar med norsk politisk historie, har Rokkans teori, ikkje minst 'motkultur'-omgrepet, fått ein sentral posisjon, og derifrå har det teke steget inn i den allmenne samfunnsdebatten.¹¹⁶ Seip stilte då i Rokkan-kritikken heller ikkje opp nokon heilskapleg teori eller syntese som

¹¹¹ Slagstad 1998, s. 137.

¹¹² Artur Bogner, sitert etter Tjelmeland 1995, s. 4.

¹¹³ Seip 1983, s. 46.

¹¹⁴ Ibid., s. 37.

¹¹⁵ Tjelmeland 1995, s. 4.

¹¹⁶ Og kanskje jamvel fått ein renessanse når det gjeld å forklara Framstegspartiet sin framgang, jf. t.d. Bjørklund 2007.

alternativ og vart dermed eit lett offer for Rokkans motåtak, oppsummert med at ein i fellesskap kanskje burde underkasta seg "modellenes ytterst temporære tyranni, for nettopp å kunne stå sterkere i kampen mot det permanente, det langt farligere tyranni, *detaljenes*."¹¹⁷

Den seinare kritikken av det ein kan kalla 'Rokkan-tradisjonen' sine synspunkt på norsk historie, har særleg retta seg mot Nordby. Nerbøvik har formulert ein kritikk på brei og generell basis og stått for eit tydeleg alternativ i synet på moderniseringa av Noreg. Mot Rokkan hevdar han at

... det er noko i både modell og omgrepsbruk som ikkje stemmer med røyndomen. Sjølve uttrykket motkultur blir vanlegvis assosiert med og kopla til antimoderne holdningar. Nyare forskning på felt etter felt motseier dette. Motkulturane var like mykje *med* – som mot. Snarare enn protestrørsler har det meir for seg å sjå dei klassiske motkulturane som moderniseringsrørsler.¹¹⁸

Eit samanfallande syn ligg til grunn for Dagfinn Slettan og Ola Svein Stugu sin kritikk av teorien til Nordby som "misvisende for hamskiftetida",¹¹⁹ og for Slagstads framstilling av "folkedannelsen".¹²⁰ Slagstad dreg ikkje minst store vekslar på dei utdanningshistoriske arbeida til Reidun Høydal. Ho har ført Seips assosiasjonar mellom Sars, Koht og Rokkan eit steg vidare når ho skriv at mange av dei som har forska på nasjonsbygginga på 1800-talet – og me kan leggja til moderniseringa – har adoptert hovuddraga i tokulturteorien til Sars og Koht så grundig at han er vorten ståande som sjølvinnlysande sann.¹²¹ Sentralt i revitaliseringa av tokulturteorien var den måten Rokkan introduserte 'motkultur'-omgrepet på og knytte det til analysen av sentrum-periferi-dimensjonen i norsk politikk. Høydal ser Nordbys forståing av norskdomsrørsla som eit reindyrka uttrykk for denne tradisjonen. Sørensen har òg slutta seg til rekkja av kritikarar. Utan å nemna namn skriv han med klar adresse til Nordby:

Det har også vert fremmet synspunkter om at Venstres nasjonalisme må forstås som en anti-moderniserende ideologi: et reaksjonært forsvar fra deler av bondesamfunnet mot den

¹¹⁷ Rokkan 1983, s. 72.

¹¹⁸ Nerbøvik 1999, s. 189. Dette er frå sisteutgåva hans av innføringsboka i norsk historie og oppsummerer eit kjernepunkt i hans eiga sentrale forskingsinteresse dei siste åra han levde, jf. Nerbøvik 2000b.

¹¹⁹ Slettan og Stugu 1997, s. 12f.

¹²⁰ Slagstad 1996; Slagstad 1998. Han er derimot som nemnt på line med Nordby i karakteristikken av agrarnasjonalismen.

¹²¹ Høydal 2007, s. 15.

fremvoksende kapitalismen. Men nyere empiriske undersøkelser gir få eller ingen holdepunkter for denne oppfatningen.¹²²

Eit grunnsyn på norskdomsrørsla som ei moderniseringsrørslе kjem òg tydeleg til uttrykk alt i Jostein Gripsruds doktoravhandling frå 1980-åra.¹²³ Trass i at avhandlinga har ei heller kritisk haldning til norskdomsrørsla, ikkje minst når det gjeld elitismen i rørsla, er Gripsrud tydeleg når han omtalar rørsla som eit *moderniseringsagentur* på landsbygda. Han finn at hovudtendensen i dei nynorske amatørskodespela som han har granska, er ei tematisering av konflikten mellom 'det gamle' og 'det nye' der dei nye verdiane går sigrande ut. Dette er det stikk motsette av det ideologiske innhaldet i tysk populærkultur 1880–1920.¹²⁴

Også i analysar av lekmannsrørsla har Rokkans syn møtt motbør. Bjørn Slettan er kritisk til 'motkultur'-omgrepet fordi den kristne kulturen òg støtta opp om grunnleggjande trekk ved den rådande samfunnsordenen.¹²⁵ Han meiner omgrepet 'subkultur' er meir nøytralt og dekkjande. I den store biografien om Lars Oftedal plasserer Berge Furre lekmannsrørsla eintydig i ein modernitetskontekst. "Ein individualisert 'personleg' kristendom samstava godt med den rådande liberalisme og verka saman med 'modernismen' til å sekularisera kulturlivet og samfunnsinstitusjonane", skriv han.¹²⁶ Dette er i samsvar med Eisenstadts syn på religiøs fundamentalisme som eit moderne fenomen.

Omgrepet 'agrarnasjonalisme' har hatt skiftande innhald og adresse i den norske debatten og krev nokre merknader. Dei fleste som har nytta omgrepet, har rekna det som ein moderniseringskritisk eller antimoderne nasjonalisme og som ein forsvarsideologi for bondesamfunnet. Nordby fann altså agrarnasjonalismen i norskdomsrørsla medan *bonderørsla* (særleg den austlandske) i større grad var moderniseringsvenleg. Nerbøvik snudde dette på hovudet. Han fann ein moderniseringsvenleg nasjonal ideologi i norskdomsrørsla og Venstre. Den moderniseringskritiske 'agrarnasjonalismen' var derimot å finna i kristelege bygdekonservative miljø, og Nerbøvik peikar her på Centrum-Østlandets moderate parti (skipa 1893) som hadde eit tyngdepunkt på Christopher Bruuns folkehøgskule i Gausdal:¹²⁷

¹²² Sørensen 1998a, s. 32. Høydal 2007, s. 16, er såleis noko unyansert i kritikken når ho føyer Sørensen inn i rekkja av forskarar som ikkje har greidd å overskrida forståingsramma til Sars og Koht.

¹²³ Gripsrud 1990, levert som doktoravhandling 1988.

¹²⁴ Ibid., s. 202.

¹²⁵ Slettan 1995, s. 175.

¹²⁶ Furre 1990, s. 860, jf. tilslutninga til dette synet frå filosofen Alfred Fidjestøl om Per Sivles veg inn i lekmannskristendomen (Fidjestøl 2007, s. 44).

¹²⁷ Nerbøvik 1998, s. 334f. Poenget er gjenteke i Nerbøvik 1999, s. 205, der han viser til kyrkjehistorikaren Dag Thorkildsen som omtalar dette som ein "regressiv nasjonalisme".

Programmet appellerte i særleg grad til dei større bøndene på Austlandet og i Trøndelag. Internasjonalt var agrarproteksjonismen ei rørsle i sterk vekst. ... Det er altså etter mitt skjøn *her* vi finn det mykje omtalte fenomenet *agrarnasjonalisme*, som på mange vis er eit anna ord for agrarproteksjonisme. ... I 1896 fekk agrarproteksjonistane ein samordnande instans då Landmannsforbundet vart skipa.

Det same synet formidlar Sørensen (jf. ovanfor). Han omtalar både "Venstres nasjonaldemokratiske prosjekt" og "norskdomsrørslas radikalisererte kulturnasjonalisme" i ein framstegsvenleg tone. Retninga han kallar "reaksjonær agrarnasjonalisme" er derimot "reaksjonær og tilbakeskuende i økonomisk henseende: Den preges av en gererell skepsis til det moderne industrisamfunnets verdier."¹²⁸ Tilhengjarane av denne nasjonalismen fann ein særleg "i og rundt Bondepartiet" og Norsk Landmandsforbund.

I arbeida sine om Bondepartiet legg May-Brith Ohman Nielsen ein liknande dikotomi til grunn, rett nok utan å bruka agrarnasjonalisme-omgrepet, og ho dreg demarkasjonslina gjennom bonderørsla. Den moderniseringskritiske nasjonalismen ho finn, har basis i leiinga i Norsk Landmandsforbund med Johan E. Mellbye som frontfigur medan ein meir framstegs- og moderniseringsorientert ideologi hadde basisen sin i stortingsgruppa til Bondepartiet.¹²⁹

Det lyt så langt kunna oppsummerast at det dominerande forskningssynet på agrarnasjonalismen, er at det er ein heller eintydig reaksjonær eller iallfall moderniseringskritisk ideologi. Vidare har tendensen i aukande grad vore å knyta dette til sentrale miljø i bonderørsla fram mot og ikring fyrste verdskrigen framfor norskdomsrørsla før 1905, slik Nordby gjorde. Eit par forskingsarbeid det siste tiåret har likevel nyansert biletet av agrarnasjonalismen som eintydig moderniseringskritisk. Brynjulv Gjerdåker kritiserer i *Norges landbrukshistorie* Slagstad for å meina at danninga av Bondepartiet var tufta på "en reaksjonær, rasebasert agrarnasjonalisme, kombinert med en front mot den økonomiske modernisering."¹³⁰ Kritikken hans rettar seg òg mot dei mykje siterte synspunkta til Nordby. Gjerdåker peikar på at den økonomiske moderniseringa var eit samansett fenomen som krev presisering, og at ein ikkje fann mange i Landmandsforbundet som vende tommelen ned for kunstgjødsel, krafftør eller nye

¹²⁸ Sørensen 1998a, s. 41.

¹²⁹ Nielsen 2001. I hovudoppgåva si, som rett nok er om 1930-åra, dreg Nielsen eit tilsvarande skilje mellom 'bondepartinasjonalismen' og 'venstrenasjonalismen' der eg oppfattar den fyrste som det som gjennom 1990-åra vart nemnt 'agrarnasjonalisme' (Nielsen 1989, s. 187).

¹³⁰ Gjerdåker 2002, s. 280; Slagstad 1998, s. 132.

maskinar. Han strekar tvert om under at bonderørsla var "ein samansett flokk som gav rom både til antiindustrialisme og moderniseringvilje."¹³¹

I doktoravhandlinga si om moderniseringsprosessane i Noreg og Sverige har Svein Ivar Angell sameleis kritisert Nordby og Slagstad for å gjera motsetnadene mellom bondesamfunn og industrisamfunn større enn dei var i synet på industrialiseringa. Angell viser at den skepsisen ein fann mot storindustrien i bondesamfunnet ikkje botna i generell industriskepsis, men heller i ein alternativ moderniseringsstrategi basert på ei småindustriell utvikling.¹³²

Den lange rekkja av kritikarar av Rokkan-tradisjonen byggjer såleis på eit omfattande tilfang av empiriske studiar, men det er langt mellom kritikarar som knyter dette til generelle retningar innanfor moderniseringsteorien. Slettan og Stugu lyfter det opp på eit meir generelt plan når dei skriv at ein innfallsvinkel der lokale endringsprosessar blir forstått som kulturmøte, er med på å "problematisere den typen samfunnsvitenskapelig moderniseringsteori som ser historia som en fremadskridende, lineær prosess, en framgangs- eller suksessfortelling med utviklingsoptimisme som bærende element."¹³³

Arbeid som prøver å formulera ein alternativ moderniseringsteoretisk plattform for eit syn på norsk historie, er likevel eit sjeldsyn. Her skal to dragast fram. Det eine er står Tjelmeland bak, og han er klar på at historikarar treng moderniseringsteoriar, men peikar òg på behovet for ei "reformulering" av dei tradisjonelle moderniseringsteoriane. Det trengst både ei overskriving av den klassiske dikotomien mellom modernisme og tradisjonalisme og å bryta ned biletet av modernisering som ein homogen prosess. "Vi må få tak på det *usamtidige*", skriv han.¹³⁴ Han viser òg i framhaldet til Eisenstadt, sjølv om han primært stør seg til ein modell av Johan Fornäs som legg til grunn at modernisering er eit fleirtydig fenomen som må studerast differensiert, ikkje minst i tid.

Det er likevel filosofen Gunnar Skirbekk som sterkast har formulert eit *alternativt* syn på norske moderniseringsprosessar med eksplisitt tilvising til eit alternativt moderniseringsteoretisk grunnlag der Eisenstadt står sentralt. Store delar av den tidlegare siterte artikkelen til Skirbekk er ein nærstudie av moderniseringsprosessen i eit norsk bygdesamfunn på dette teoretiske grunnlaget.¹³⁵ Konklusjonen hans er klinkande klar: "Oppfatninga av moderniseringsprosessane som deterministiske, endogene og unilineære

¹³¹ Gjerdåker 2002, s. 281.

¹³² Angell 2002, s. 294ff.

¹³³ Slettan og Stugu 1997, s. 11f.

¹³⁴ Tjelmeland 1995, s. 10, jf. s. 15.

¹³⁵ Skirbekk 2006. Den anonyme austlandsbygda han skriv om er Elverum, og dei anonyme aktørane i 'caset' kan lett identifiserast som Helge Væringsaasen, Olav Andreas Eftestøl, Magnus Hamlander og bestefaren Gunnar Skirbekk.

passar derfor ikkje på Noreg (eller Norden)". Han står likevel som nemnt fast ved at det berre er *ein* modernitet i den forstand at eit ufråkomeleg trekk ved den moderne tilstanden er knytt til behovet for diskursiv og refleksiv rasjonalitet og eit syn på vitskapane som 'organisert skepsis', og dessutan eit behov for visse grunnleggjande institusjonelle differensieringar. Men ut over dette er det eit stort rom for alternative institusjonelle ordningar, ulike verdier og verdssyn, og *mangfaldet* er i så måte eit sentralt kjenneteikn på moderniteten.

Det peikar i same retning når Tjelmeland kritiserer tidlegare historiske studiar innanfor ei framstegstenking for å ha oversett at ein må tala om tevlande rasjonalitetar meir enn ein kamp mellom rasjonalitet og irrasjonalitet. Dømet han dreg fram er motstanden mot det marknadsretta landbruket mellom nordnorske kystbønder og allmugen sin motstand mot utbygginga av skulestellet mange stader.¹³⁶ Her er det òg lett å dra ut eit allment poeng med relevans for målreisinga: Vantande definisjonsmakt på den nasjonale arenaen kan føra til at det som helst lyt tolkast som *alternative* moderniseringsprosjekt, heller vert stempla som moderniseringskritiske haldningar eller kanskje jamvel antimoderne straumdrag innanfor den klassiske dikotomien 'tradisjonell' - 'moderne'.

Oppsummering

Framstillinga i dette kapitlet har i stor grad vore refererande og er ein freistnad på å oppsummera ein del synspunkt både i den internasjonale teoretiske debatten og i forskingsarbeid om norsk historie som har relevans for denne studien.

Forskningsstrategien eg har lagt opp til, tek i praksis utgangspunkt i eit syn på moderniseringa som ein finn i den klassiske teorien. Det er primært målrørsla og målreisinga sitt tilhøve til urbaniseringa, industrialiseringa, framveksten av arbeidarrørsla og meir generelt til det politiske feltet som vert granska. Ei gransking som meir systematisk tok utgangspunkt i omgrepet om diskursiv rasjonalitet som konstituerande for moderniteten og moderniseringsprosessar, måtte ha vorte lagt heilt annleis opp. Då måtte ein ha teke føre seg målrørsla og målreisinga sitt tilhøve til framveksten av folkestyret i vid meining, til folkeopplysning og utdanning, institusjonsbygging, synet på og bruken av vitskapleg innsikt, ei diskuterande ålmente på alle plan frå samtalelag og ungdomshus til riksaviser, og ikkje minst korleis ulike rasjonalitetsformer kom til uttrykk i det vide språkpolitiske feltet.

¹³⁶ Tjelmeland 1995, s. 5.

Di viktigare vert det då å gå inn i stoffet med eit blick for at det nettopp finst ulike teoretiske tilnærmingar som kan koma til å gje ulike konklusjonar når det gjeld vurderingar av om målreisinga og målrørsla var 'moderne' eller 'antimoderne'. Og ikkje minst ligg det i teorien på dette feltet innsikter om at ein både skal vera varsam med å dela ut slike generelle merkelappar og at omgrepsbruken på feltet krev ei eksplisitt grunngjeving. Eit god illustrasjon på dette er dei refererte synspunkta på omgrepet og fenomenet 'agrarnasjonalisme'.

Kapittel 4 Kva var 'målrørsla'?

Dette spørsmålet kan både gjevast eit kort definatorisk og eit lengre drøftande og historiserande svar. Mario Diani har definert ei sosial rørsla som "a network of informal interactions between a plurality of individuals, groups and/or organizations, engaged in a political or cultural conflict, on the basis of a shared collective identity."¹ Ein annan framstående forskar på feltet, Sidney Tarrow, definerer sosiale rørsler som "collective challenges, based on common purposes and social solidarities, in sustained interaction with elites, opponents, and authorities."² Dette skal fanga opp alle typar sosiale rørsler frå den franske revolusjonen til i dag. Ørnulf Seippel har oppsummert desse og eit par andre definisjonar i eit slags minste felles multiplum:

En sosial bevegelse er sosial interaksjon over tid bestående av en blanding av løse og mer organiserte sosiale nettverk, som utfordrer noens makt, som bygger på en form for identitet eller felles forståelse og som benytter seg av aksjoner i det offentlige, gjerne en form for protest, for å nå sine mål.³

Eit kort svar på kva den nynorske målrørsla var og er, kunne då vera ein definisjon utleidd av dei generelle definisjonane av sosiale rørsler: ei blanding av lausare og meir organiserte nettverk av individ, grupper og institusjonar med ei sams forståing av at dei utgjer ei rørsla, og som arbeider, gjerne gjennom aksjonar, for auka oppslutnad om målsaka som politisk sak og auka utbreiinga av nynorsk som skriftspråk.

Samstundes er det fleire grunnar til å gje eit lengre svar på spørsmålet. For det fyrste har både målstriden og dei akademiske tilnærmingane til det språkpolitiske feltet vore prega av eit sterkt ideologisert omgrepsapparat som òg har endra seg mykje gjennom 150 år. Eit kjerneomgrep som *målrørsla* var til dømes lite nytta i store delar av den perioden som denne studien omhandlar. For det andre er det ikkje uproblematisk å hevda at målfolket utgjorde ei *rørsla* i 1880- og 90-åra. Fleire har dei siste tiåra stilt seg sterkt kritisk til om det stod noko som fortener å bli kalla ei folkerørsla bak det store rikspolitiske gjennombrotet for målsaka i 1880-åra. Og for det tredje endra målrørsla seg så mykje når

¹ Diani 1992, s. 13.

² Tarrow 1998, s. 4.

³ Seippel 2003, s. 184.

det gjeld omfang og institusjonalisering mellom 1885 og 1940 at det i seg sjølv reiser spørsmål om kva ein legg i omgrepet på ulike tidspunkt.

Klargjeringa og avgrensinga av omgrepet og fenomenet 'målrørsla' har i det følgjande to ulike innfallsvinklar. Omgrepet kan ikkje sjåast separat frå heile det omgrepsuniverset som målreisinga og målstriden utspann seg innanfor. Fyrste delen av dette kapitlet er difor ei omgrepshistorisk gransking av det sentrale omgrepsapparatet i målstriden inkludert dei skiftande namna på skriftmåla som målstriden har stått imellom.

Den andre hovuddelen har ei realhistorisk tilnærming og har som siktemål å identifisera, skildra og omgrepsfesta dei kreftene som arbeidde for målsaka og landsmålet mellom 1885 og 1940. Dette er såleis eit grovt oversyn over framveksten av målrørsla på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå gjennom desse tiåra. Samla er siktemålet både å klargjera ein del sentrale omgrep i studien og å dra opp ei ramme for dei følgjande kapitla, særleg når det gjeld å tydeleggjera korleis 'målrørsla' er forstått og avgrensa.

Målstridens omgrepshistorie

Ein treng ikkje gå lenger enn til namna på skriftmåla for å bli minna på at målstriden har vore ein strid om ord i dobbel tyding. "Det odiøse ordet 'bokmål' kom altså inn i lovverket under en høyreregjering i 1923. ... [Det] var ment som sjikane og ble oppfattet som sjikane," skriv Lars Roar Langslet.⁴ Omgrepsverda i målstriden og i reisinga av den nynorske skriftkulturen innbyr såleis til omgrepshistorisk analyse og refleksjon.

Som metodisk utgangspunkt har eg valt den tyske versjonen av omgrepshistorie der Reinhart Koselleck har stått sentralt. Omgrepshistoria har dei siste tiåra vorte utvikla både som ein eigen disiplin og som eit metodisk verkty til å setja historiske nøkkelomgrep inn i ein brei historisk samanheng – kulturelt, sosialt og politisk. Retninga til Koselleck er dessutan særprega av å ha eit meir sosialhistorisk og mindre filosofisk og idehistorisk fokus enn andre versjonar av 'Begriffsgeschichte' eller 'conceptual history'.⁵

Siktemålet med det følgjande er todelt. Dels skal framstillinga analysera korleis det sentrale omgrepsapparatet i målstriden har teke form og endra seg gjennom skiftande historiske kontekstar. Dette inkluderer òg dei skiftande ideologiske konnotasjonane og

⁴ Langslet 1999, s. 137, 148.

⁵ I engelskspråkleg litteratur held mange på 'Begriffsgeschichte' om den tyske og reserverer 'conceptual history' for den angloamerikanske tradisjonen. I den skandinaviske litteraturen på feltet er 'omgrepshistorie' (nn), 'begrepshistorie' (bm, da.) og 'begreppshistoria' (sv.) dei vanlege nemningane.

implikasjonane til dei ulike omgrepa. Samstundes skal framstillinga òg bidra til ei klargjering av korleis sentrale omgrep vert nytta i denne avhandlinga.

OMGREPSHISTORIE – KOSELLECK

Det monumentale hovudverket i den omgrepshistoriske disiplinen er sjubandsverket *Geschichtliche Grundbegriffe* som Reinhart Koselleck redigerte saman med dei eldre historikarane Otto Brunner og Werner Conze. Her vert om lag 120 nøkkelomgrep i tysk historie analyserte over 7000 sider.⁶ Det siste tiåret har disiplinen også vorte omfatta med aukande interesse utanfor den tyskspråklege verda.⁷

Då det tyske omgrepshistoriske programmet vart utvikla i 1960-åra, var det som ein del av reaksjonen mot positivismen. Eit sentralt positivistisk ideal, mellom anna hjå Max Weber, var strevet etter å etablere nøytrale, faste, ahistoriske og verdifrie vitskaplege omgrepsdefinisjonar.⁸ I den tyske sosialhistoriske forskinga etter 1945 var det vanleg å sjå omgrep berre som indikatorar og symptom på politiske og sosiale endringar.⁹ Samstundes var den tidlegare omgrepshistoria i fyrste rekkje filosofisk orientert, og den nye omgrepshistoria "directed itself to criticizing the practice in the history of ideas of treating ideas as constants".¹⁰ Koselleck hadde sjølv bakgrunn som sosialhistorikar, og noko av det mest særmerkte med forskingsprogrammet som han, Conze og Brunner stod bak, var syntesen av sosialhistorie og omgrepshistorie.

Koselleck stod i den hermenautiske tradisjonen etter Hans-Georg Gadamer og overtok den tanken at språket samlar opp røynsle, og at dei språklege samanhengane som då blir skapte, i neste omgang styrer eller skapar røynsler.¹¹ Ein grunntanke i omgrepshistoria vert dermed at omgrep ikkje einast kan reduserast til indikatorar på sosiale endringar, men at omgrepa samstundes skapar den 'røynslehorisonten' som styrer korleis politiske og sosiale endringar blir oppfatta, tolka og omsette i handling. Slik vil omgrepa òg påverka sosiale og politiske endringar.¹² Striden om samfunnsendringar vil

⁶ Brunner m.fl. (red.) 1972-1997. Både Brunner og Conze døydde før verket var fullført, og heilt frå byrjinga var Koselleck den leiande teoretikaren i forskargruppa som stod bak verket.

⁷ Framstillinga mi byggjer i stor grad på den grundige norske innføringa i Jordheim 2001, særleg s. 149-179, innføringsboka til Richter 1995, som primært tok sikte på å lansera den tyske tradisjonen for eit engelskspråkleg publikum og byggja bru over språkgrensene, og ikkje minst Kosellecks essay "Begriffsgeschichte und Sozialgeschichte", fyrst publisert i 1972, same året som fyrste bandet av GG kom ut (her etter Koselleck 2004, s. 75-92).

⁸ Richter 1995, s. 58, 67.

⁹ Ibid., s. 28.

¹⁰ Koselleck 2004, s. 81.

¹¹ Jf. Jordheim 2001, s. 154.

¹² Richter 1995, s. 36, 42.

såleis vera ein strid om omgrep, og ein sentral tanke for dei som praktiserer omgrepshistorie i Kosellecks form, vil vera at det politiske språket i konfliktsituasjonar er karakterisert av fundamental usemje om bruk og reglar.¹³ Forskargruppa bak *Geschichtliche Grundbegriffe* konsentrerte seg særleg om perioden ca. 1750–1850, og tre av dei grunnleggjande endringane dei meinte den politiske omgrepsbruken gjekk gjennom i denne perioden, var 'demokratisering', 'ideologisering' og 'politisering': Stadig fleire personar og grupper vart aktiviserte politisk, og politiske sosiale omgrep vart i aukande grad brukte som våpen mellom klassar, lag og rørsler. Målgruppa i slike strider vart både meir mangfaldig og større enn før. Nykomarane i politikken vart målet for mobilisering av tevlande rørsler og grupper, og omgrepsbruk vart i aukande grad styrt av propagandistiske omsyn.¹⁴ Koselleck skriv at

The semantic struggle for the definition of political or social position, defending or occupying these positions by deploying a given definition, is a struggle that belongs to all those times of crisis of which we have learned through written sources. Since the French Revolution, this struggle has become more acute and has undergone a structural shift; concepts no longer serve merely to define given states of affairs, but reach into the future.¹⁵

Merksemda for omgrepshistorikaren rettar seg ut frå dette mot "the autonomous power of words",¹⁶ og framfor å freista definera omgrep essensielt, blir oppgåva å gje ei brei sosial- og kulturhistorisk framstilling av historia til sentrale omgrep der det fleirtydige og skiftande står i fokus. Den tanken at omgrep må tolkast på bakgrunn av den historiske konteksten dei vart brukte i, er i og for seg ikkje ny – det står sentralt både i tradisjonell filologi og historisk kjeldekritikk. Det nye med det omgrepshistoriske programmet er ikkje minst den systematiske metodologien som er utvikla. Som historievitskapleg *metode* er omgrepshistorie "initially a specialized method for source criticism", seier Koselleck, men det er òg ein sjølvstendig disiplin med sitt eige teoretiske grunnlag og metodiske kjenneteikn.¹⁷

Poenget mitt er i denne samanhengen å henta nokre metodiske grep frå omgrepshistoria. Det mest grunnleggjande er å skilja *omgrepet* frå *ord*. Alle omgrep er ord, men ikkje alle ord er omgrep, og nokon klar definisjon har Koselleck heller ikkje – det ville dessutan vore sjølvmotseiande. Ordet vert til eit omgrep "når den politisk-sosiale

¹³ Ibid., s. 42.

¹⁴ Ibid., s. 38.

¹⁵ Koselleck 2004, s. 80.

¹⁶ Ibid., s. 75.

¹⁷ Ibid., s. 81.

betydningsammenhengen som ordet henviser til – og anvendes i – i sin helhet inngår i ordet,” skriv han.¹⁸ Omgrepa er konsentrat av ulike tydingsinnhald, og det grunnleggjande *fleirtydige* blir dermed den mest sentrale eigenskapen med eit omgrep, sjølv om dei gjerne kan vera klare i den konkrete samanhengen dei er brukte i.

Etter Richter vert dei tre metodologiske hovudprinsippa i omgrepshistoria ut frå dette 1) å analysera det postulerte dynamiske samspelet mellom omgrepsendringar og sosiale endringar, 2) å nytta eit breitt spekter av metodar frå fleire fag, mellom anna filologi, historisk semantikk og strukturell lingvistik og ei veksling mellom synkrone og diakrone analysar, og 3) å utnytta eit svært breitt kjeldetilfang.¹⁹ I dette inngår både omgrepsbruken hjå sentrale og tonegjevande forfattarar, meir kvardagsleg sakprosa som aviser, tidsskrift, pamflettar og offisielle dokument, og ikkje minst ordbøker og leksikalske oppslagsverk gjennom tidene.²⁰ Vektlegginga av at omgrep ikkje kan definerast essensielt, men diskursivt i høve til kvarandre der det å analysera ‘motomgrep’ òg blir sentralt, får Helge Jordheim til å peika på at det finst “vesentlige overlappinger mellom begrepshistorie og diskurshistorie” i den franske tradisjonen etter Foucault.²¹

Min analyse har i det følgjande berre ambisjonar om å gje ein viss peikepinn på når ein del sentrale omgrep på det språkpolitiske feltet vart tekne i bruk og av kven, korleis dei har vorte nytta, til kva føremål og korleis tydingane eventuelt har endra seg. Kjeldene er ordbøker, språkpolitiske skrifter frå perioden, språkhistorisk sekundærlitteratur, Bibsys og ikkje minst setelarkivet til prosjektet Norsk ordbok.²²

Ei metodisk utfordring er at ein har med to ulike språktradisjonar å gjera – den dansk-norske med opphav i dansk skriftmål, og den nynorske med opphav i arbeidet til Ivar Aasen. Ikkje minst Richter har med utgangspunkt i omgrepshistorisk teori synt kor store omsetjingsproblema kan vera når det gjeld historiske nøkkelomgrep.²³ Når problema ikkje er så store i dette tilfelle, er det fordi den nynorske skriftkulturen i stor grad hadde dansk omgrepsapparat som grunnlag, anten gjennom direkte lån eller omsetjingslån, og fordi dei to skriftradisjonane har vorte brukte og påverka kvarandre innanfor ein sams norsk språkfelleskap.

¹⁸ Her etter Jordheim 2001, s. 163.

¹⁹ Richter 1995, s. 39.

²⁰ Ibid., s. 50f.

²¹ Jordheim 2001, s. 171.

²² NO-setel. Bibsys har særleg vore nyttig når det gjeld å identifisera omgrepsbruk i titlar på bøker og andre skrifter.

²³ I Richter 1995, kap. 3, er det eit sentralt ærend for han å visa kor gale det har gått med det tyske omgrepet ‘Herrschaft’ i dei engelskspråklege omsetjingane av Webers skrifter.

'MÅL/SPRÅK'

I omgrepsverda til emnet for denne granskinga, er *mål* eit nøkkelomgrep, både usamansett og i samansetjingar som *målsak*, *målreising*, *målrørsle*, *landsmål*, *riksmål*, *folkemål*. Eit nærare blick på dei usamansette omgrepa *mål* og *språk* kan difor tena som ein inngang til dei mest sentrale omgrepa i avhandlinga.

Substantiva *mål* og *språk* står i moderne norske ordbøker (både bokmål og nynorsk) fram som synonym, som i nynorsk blir brukte om kvarandre. Samstundes registrerte Falk og Torp fyrst på 1900-talet at *maal* ofte vart nytta "mere specielt om det saakaldte 'landsmaal'".²⁴ Alt frå den fyrste målreisingstida finst det vitnemål om at Aasmund O. Vinje gjekk under kallenamnet *Maalet*. I uformell (gjerne munnleg) språkbruk kan ein framleis høyra uttrykket *på målet* i tydinga 'på nynorsk', men særleg er banda mellom *mål* og nynorsk tydeleg i dei mange samansetjingane med *mål*-. Dette er såleis eit godt døme på eit ord som i visse tilfelle vil vera eit omgrep ut ifrå omgrepshistorisk teori, og i andre tilfelle ikkje.

Mål n. kan førast attende til germansk **mapla* som opphavleg har hatt tydinga 'offentleg forsamling'.²⁵ Verbet *å mæla* var såleis opphavleg 'å tala i forsamlinga'. Frå dette utgamle opphavet har ein fått eit breitt spekter med tydingar og avbrigde i dei germanske språka, og i Fritznors gamalnorske ordbok fyller substantivet *mål* heile seks sider med i alt 24 tydingsnummer. I den nyare *Norrøn ordbok* er ei av tydingane enkelt og greitt 'mål, språk' med dømet '*ríta at norrœnu máli*'.²⁶ Aasen fann att ei rad tydingar i målføra i 1840-åra, og éi av dei er "Maal, Tungemaal, Sprog; ogsaa Landskabssprog, Dialekt. *Paa vaart Maal*: i vort Sprog. *Paa anna Maal*: i et fremmedt Sprog."²⁷ Det mellomnedertyske ordet *språke* 'tale, språk, samtale' fekk ein avleggjar i norrønt *spraki* 'spurnad, nyss', men det var som det danske lånordet *sprog* det kom til Noreg.

Mål hadde òg vore i bruk i dansk, men var på veg ut i tydinga 'sprog' då Molbech gav ut ordboka si i 1833, noko det både deskriptive og normative sitatet hans av lingvisten Rasmus Rask syner: "I vore Tider da 'Maal' ikke behøves til Begrebet 'Sprog', anvendes det sædvanlig meget indskrænket om det særegne i enhver Persons Talestemme."²⁸ *Maal* levde vidare i dansk i samansetjingane *modersmaal* og *tungemaal*, som òg vart mykje nytta i Noreg

²⁴ Falk og Torp 1991 [1903], s. 490a.

²⁵ Ibid.

²⁶ Heggstad m.fl. 1990. Fritznors tilsvarande tyding er rett nok 'talesprog (jvf. tunga)', medan *tunga* f. er omsett med 'sprog' (Fritzner 1973 [1883-96]). *Tunge* f. i tydinga 'språk' er med i Nn-ordboka, men korkje i dei to ordbøkene til Aasen eller hjå Ross, så ingen av dei hadde nok møtt på denne tydinga i målføregranskingane sine – hjå Aasen og mange andre stader støyter ein berre på samansetjinga *tungemaal*, som tidlegare òg var vanleg i dansk ('tungemaal', ODS).

²⁷ Aasen 2000 [1850].

²⁸ Molbech 1833.

gjennom 1800-talet. Då band 13 av *Ordbog over det danske sprog* kom ut i 1932, var *maal* i tydingane 'tungemaal, sprog, folkemaal, dialekt' brukt "fortrinsvis hos sprogrensere", altså i særleg språkpolitisk og språkvitskapleg engasjerte krinsar. Også i dansk er *maalet* i bunden form på dette tidspunktet oppført med tydinga (norsk) 'landsmaal'.²⁹

Det var gjennom den nynorske målreisinga at *mål* fekk ein renessanse i skriftleg bruk i Noreg. Det vart ein del av det nynorske puristiske programmet frå og med Aasen å bruka *mål* i staden for lånordet *språk*, og i dag er dei to omgrepa altså i vanleg bruk jamsides kvarandre i nynorsk.³⁰ Etter kvart kom òg *mål* i vanleg bruk i dansk-norsk, særleg i samansetjingar, dels i tydinga 'talemål, dialekt' (jf. *folkemål, bymål, bygdemål*), og dels i tydinga 'språk' i så viktige samansetjingar som namn på skriftmål (jf. *bokmål, riksmål*). *Norsk Riksmålsordbok* har 'sprog' og 'landsmål' som tydingar av *mål* utan andre tilleggsopplysningar enn at tydinga 'landsmål' er nytta "mest fam.[iliært]", noko som må tolkast som at ordboksforfattarane oppfatta *mål* i tydinga 'sprog' som umerkt og iallfall ikkje sjeldsynt i riksmål.³¹ Noko gjennombrøt i usamansett form har *mål* likevel aldri fått i bokmål, og det har alltid hatt konnotasjonar til talemål, særleg dialekt, og til den nynorske skrifttradisjonen.

Dette vert understreka av dei mange samansetjingane der førelekken *mål-* har tydinga 'nynorsk'. Det gjeld ikkje alle. I samansetjingar som *målpolitikk, målstrid, målsoge, målvitskap* støyter me på *mål-* i tydinga 'språk'. Men i eit ordpar som *språkfolk – målfolk*, har *mål-* tydinga 'nynorsk'. Så innarbeidd er desse tydingsskilja i moderne norsk at det knapt er grunnlag for mistydingar. Dette fortel mykje om kor språkleg institusjonalisert det norske målsprøsmålet har vorte.

Målreising er eit av dei mest sentrale omgrepa med *mål-* som førelekk i tydinga 'nynorsk'. Etter *Nynorskordboka* er det "arbeid for å skape ein språknormal (av dialektar), dyrke han og få han godteken i det språksamfunnet han høyrer heime". Brukt om norske tilhøve vil knapt nokon vera i tvil om at det er den nynorske målreisinga omgrepet refererer til. *Målreising* har vore i bruk om norske tilhøve sidan 1800-talet, men til noko inn på 1900-talet var det synonymet *målstrev* som dominerte, både hjå målfolk sjølve, motstandarar og andre. *Målstrev* om norske tilhøve sikta ikkje eintydig til det nynorske målstrevet. Alt arbeid for å endra på den etablerte språksituasjonen vart omtala som

²⁹ 'maal' II, ODS.

³⁰ I det normative hovudverket sitt, *Norsk Grammatik*, brukte Aasen *Maal* flittig, og synonymt med *Sprog*, sjølv om verket var skriva på dansk. Eit raskt søk i den digitale utgåva gjev 111 førekomstar av *Maal* og 411 av *Sprog* (usamansett) (Aasen 1864).

³¹ NR 1983, bd. 3.

målstrev, og Knud Knudsen nytta *målstrev* om sitt eige arbeid i fleire boktitlar.³² Omgrepet signaliserte at det gjekk eit vesentleg skilje mellom alle målstrevarar av ulikt slag som ville endra språksituasjonen på den eine sida, og på hi sida dei som med eit moderne omgrep frå språkplanleggingsteorien kan kallast 'tradisjonalar' som forsvarte den rådande språksituasjonen.

Den fyrste registreringa av *målreising* i setelarkivet til Norsk ordbok, gjeld flamsk målreising (1869), og eldste boktittel med omgrepet eg har registrert er *Maalreisningen her hjemme. Belyst fra udlandet* (1878) av Hans Ross; den neste tittelen med omgrepet er Vetle Vislie: *Norsk Maalreising* (1899). I boktitlar tok *målreising* for alvor over for *målstrev* om lag på same tida som Olav Rytter gav ut *Slavisk målreising* (1934). Den registrerte bruken frå 1869 til 1934 gjer det såleis til ein aktuell hypotese at *målreising* var eit omgrep målfolk aktivt tok i bruk mellom anna fordi det knytte band til målreisingar i andre land. *Maalsagen* er derimot eit særst vanleg omgrep å støyta på gjennom 1800-talet, og omgrepa *målstrev* og *målsak* dekte i stor grad det som seinare har gått under omgrepet *målreising*.

Flytter ein blikket til aktørane, var *målstrevar(-ane)* ei relativt vanleg nemning, særleg nytta av folk som ikkje rekna seg mellom dei, og då på riksmål.³³ *Målmann* er òg eit av dei mest sentrale aktøromgrepa frå den fyrste tida, jf. samansetjingar som *målmannsstemna*, *målmannskrav*.³⁴ Den kjønnsnøytrale nemninga og gruppenemninga *målfolk(-et)* vart mindre nytta, men kom noko i bruk, særleg frå 1920-åra³⁵ – i dag er ho særst vanleg. Til å byrja med var *målfolk* gjerne brukt om alle som skreiv nynorsk eller arbeidde for målreisinga, men dei siste 20–30 åra har *nynorskbrukar* kome inn som mykje nytta omgrep på den store gruppa som skriv nynorsk, men ikkje er tilknytt målrørsla og heller ikkje har noko aktivt ideologisk og politisk forhold til målreisinga.³⁶ Ordet *nynorskbrukar* er slik sett eit språkleg uttrykk for ei normalisering av språksituasjonen. Nynorsk er ikkje lenger berre eit språk for dei overtydde, men har store grupper med heilt vanlege språkbrukarar i ryggen. I perioden som er emnet for mi gransking, og særleg den fyrste

³² Viktigast i programskriftet *Det norske målstræv* (1867), jf. òg Knudsen 1887.

³³ Men òg av målfolk sjølve både på landsmål og dansk-norsk, jf. Kristofer Janson: *Hvad vi Maalstrævere vil, og hvorfor vi vil det* (1876) og Halvdan Koht: *Det vitenskapelige grunnlag for maallstræve* (1900).

³⁴ 'Målkvinne' har derimot berre tre registreringar i NO-setel – ei frå 1924 (Anton Beinset), ei frå 1963 og ei frå 1983.

³⁵ Jf. titlar som *Lauvsprett. Blad aat maalfolket* (1907–14). Før det vart 'målfolk' òg noko brukt av Arne Garborg og Rasmus Steinsvik. Grepstad 2002b, s. 34f og 377ff, "meiner det ligg ein stor kulturell avstand i denne ørvesle skilnaden mellom ubunden og bunden form av ordet *målfolk*." I dette ligg at målfolk sjølv nyttar den ubundne forma som ei positiv sjølvidentifisering medan folk utanfor nyttar den bundne forma, som i større grad markerer avstand og ofte har negative konnotasjonar. Eg har ikkje granska det systematisk, men har eit allment inntrykk av at det knapt er grunnlag for å tolka mykje inn i denne språklege nyansen, iallfall når det gjeld tida før 1940.

³⁶ Eldste registrering i NO-setel er frå 1977.

delen, er det langt vanskelegare å operera med eit tydeleg skilje mellom *målfolk* og *nynorskbrukarar*. Eg reserverer difor omgrepet *målfolk(-et)* for dei som reknar seg som ein del av målrørsla, anten gjennom personleg organisering, eller gjennom aktiv støtte til målreisinga på anna vis. Men dei trong ikkje nødvendigvis ha nynorsk som sitt personlege mål. Særleg på 1800-talet var det nok heller regelen enn unntaket at jamvel framståande målfolk brukte dansk-norsk både offentleg og privat.

Tittelen *Den ny-norske sprog- og nationalitetsbevægelse* signaliserte at sjølvforståinga til målfolka med Garborg som talsmann alt i 1877 var at dei såg seg som ei *rørsle*.

Sprogbevægelsen vart kring hundrerårsskiftet òg ei vanleg nemning (i riksmål) på målrørsla. Omgrepet *målrørsle* er derimot nyare. Steinar Schjøtt's omsetjing av *sprogbevægelse* i 1909 er ikkje 'maalsrørsle', som det ville vore i dag, men 'maalreisning, maalstræv'.³⁷ To registreringar i 1937 og 1940 er dei einaste før 1950 i setelarkivet til Norsk Ordbok, og dei aller fleste er frå etter 1970. Då har setelarkivet ikkje fått med seg at *maalsrørsla* førekjem i eit par boktitlar frå 1908 og 1910,³⁸ men det rokkar ikkje ved at *målrørsle* i fyrste rekkje er ei nemning frå siste halvdel av 1900-talet. *Rørsle* ser i det heile ut til å ha vore lite nytta på landsmål. I artikkeloverskrifter i *Den 17de Mai* dukkar ikkje 'rørsle' opp før i to tilfelle i 1899, deretter ikkje før 1907.³⁹

Definisjonen til Schjøtt viser oss ein viktig tydingsnyanse i *bevegelse/rørsle*. Av dei mange tydingane ordet kan ha, skil ordbøkene mellom 'retning, straumdrag, tendens' og 'foreining, organisasjon'.⁴⁰ Som Schjøtt viser oss, var det særleg i den fyrste (og eldste) tydinga *bevegelse/rørsle* vart nytta for hundre år sidan, og den gongen var dermed *målreisinga* og *sprogbevægelsen* bortimot synonym. I dag er derimot den andre tydinga den vanlege, noko ein må vera medviten om i historiske analysar av rørsler. Det er med andre ord ikkje sikkert at dei som kalla seg sjølv *bevegelse/rørsle* den gongen hadde meint at dei utgjorde ei *rørsle* i vår vanlege sosiologiske tyding av ordet. For straumdrag og tendensar utan noko klart organisatorisk element, lagar ein i dag heller gjerne nemningar på '-isme'.

³⁷ Schjøtt 1909.

³⁸ Arctander 1908 og artikkelrekkja "Maalsrørsla. Eit positivt kulturarbeid maa til" av Thorleif Schirmer i *Den 17de Mai*, 22.2.-3.3.1910, seinare utgjeve som særprent (feildatert til 1906 i Bibsys).

³⁹ I 1899 om 'den gudelege rørsle' og 'handelsrørsle' i Noreg, i 1907 om 'ungdomsrørsle' i Sverige og Noreg og 'sammøyte-rørsle' i Norderlendi. Fyrste gongen 'målrørsle' førekjem i ei artikkeloverskrift er "Maalsrørsla i Norig", 29.8.1908, skriven av Arctander same året som han gav ut det nemnde skriftet med 'målrørsla' i tittelen.

⁴⁰ Her etter Nn-ordboka, men tydingane i *Bokmålsordboka* er identiske. Definisjonen av 'rørsle' er noko mindre omfattande, men i kjernen den same.

NAMNA PÅ SKRIFTMÅLA

Om dagens skriftspråksituasjon i Noreg må ein kunna seia at det rår konsensus kring bruken av nemningane 'nynorsk' og 'bokmål', iallfall om ein legg til at det er vanleg å omtala den uoffisielle tradisjonalistiske varietetten av bokmål for 'riksmål'.⁴¹ For den perioden som mi gransking omfattar, var stoda ei heilt anna, og omgrepshistoria til namna på skriftmåla rommar hovuddraga i norsk språkhistorie i konsentrert form. Både skriftspråka fekk nye nemningar, og det var ein viktig del av målstriden å freista få gjennomslag for nemningar både for sitt eige mål og det tevlande. I tillegg kjem den situasjonen at både skriftmåla endra seg mykje gjennom desse 60–70 åra, både i offisiell norm og faktisk bruk. Det er såleis ei utfordring å finna nemningar på dei to måla som både er målpolitisk nøytrale, i den grad det er mogleg, og mest mogleg dekkjande for realitetane. Dette er såleis omgrep som kallar på omgrepshistorisk drøfting og refleksjon.

Det skriftmålet som me i dag kjenner som *nynorsk*, fekk namnet *landsmål* av Aasen alt med den fyrste boka på det nye normalspråket, *Prøver af Landsmaalet i Norge* (1853). Einerådande var nemninga ikkje. Aasen sjølv nytta *landssprog* som synonym til *landmaal* og tala i andre samanhengar om *normalsproget*.⁴² I tittelen på grammatikken og ordboka (1848/1850) hadde han nytta *det norske folkesprog*, og (*det norske*) *folkesprog(et)/folkemålet* vart ut gjennom 1800-talet mykje nytta, ikkje minst i offisielle samanhengar. Språkvitskapleg var *folkesprog* (frå tysk *Volkssprache*, nytta om dialektane) tidleg på 1800-talet nytta synonymt med *allmuesprog* om dialektar, til skilnad frå skriftmål og tilhøyrande høgare talemål. Aasen tok opp nemninga frå denne tradisjonen, men knytte det òg til eit språkideologisk program der ein sentral premiss var at dei norske dialektane samla utgjorde eitt mål som skilde seg frå dei andre nordiske måla. Slik vart både den indre samanhengen og den ytre avgrensinga vektlagd. Dette kom til uttrykk gjennom den programmatisk eintalsbruken i titlane *Det norske Folkesprogs Grammatik* og *Ordbog over det norske Folkesprog*.

Om ein stør seg til den fremste språkvitskaplege autoriteten på den landsmålskritiske sida kring hundreårsskiftet, Johan Storm, vart einskapstesen til Aasen godteken eit stykke på veg. I 1885 skreiv Storm: "Vore Bygdemaal danner en mærkelig Række Udviklinger af det gamle Norrønasprog, de kan være høist forskjellige og frembyde den rigeste Afvexling af Lyd, Toner, Former og Udtryk, men fører dog tilbage til én

⁴¹ Rett nok kan det framleis koma sterke utfall mot nemninga 'bokmål' frå riksmålshald, sjølv om riksmålsfolk sjølve i aukande grad omtalar sin eigen språkvarietet som 'moderat bokmål'.

⁴² Haugen 1969, s. 330.

Grundtone, en historisk Enhed.”⁴³ Han godtok den historiske einskapen, men la samstundes stor vekt på den store skilnaden mellom dei ulike dialektane og drog framfor alt eit grunnleggjande skilje mellom ”de til en vis Tid *virkelige eksisterende* Sprog og Dialekter” og ”saadanne, som først skal *dannes*,” altså det skriftlege landsmålet.

Ved å tilføra *folkesprog* (da., rm)/*folkemål* (nn) den nye, men kontroversielle tydinga ’(skriftleg) landsmål’, fekk målrørsla ei nemning som streka under det ideologisk tunge sambandet mellom dialektane og landsmålet. Då målmennene på Stortinget formulerte jamstillingsvedtaket i 1885, valde dei såleis nemninga *det norske folkesprog* i staden for *landsmål*.⁴⁴ Sameleis var det eit professorat i *det norske folkesprog* Stortinget tildelte universitetet i 1885. Då det nye testamentet låg føre på landsmål i 1889, heitte det òg i undertittelen *umsett fraa den greske Grunntekst paa norsk Folkemaal*. *Folkemål* skulle på denne tida *både* dekkja det skriftlege landsmålet og dialektane, men utover 1900-talet var det tydinga ’dialektar, talemål’ som igjen kom i framgrunnen. I mandatet til nemnda som utarbeidde 1917-rettskrivinga, heitte det at ein skulle leggja ”folkets virkelige talesprog” til grunn, og denne formuleringa vart ført vidare i mandatet for rettskrivingsnemnda av 1934 og i føremålsparagrafen til Norsk språknemnd (1952) som ”norsk folkemåls grunn”.⁴⁵ *Folkemål* vart med dette eit sentralt og kontroversielt omgrep og symbolord i norsk språkpolitikk, og motstandarane av samnorskpolitikken kritiserte omgrepet for å vera uklart.⁴⁶ *Folkemålet* i tydinga ’landsmålet’ fekk ikkje noko varande gjennomslag, og då ei ny utgåva av Det nye testamentet kom i 1914, var undertittelen talande nok endra til *Ny, gjenomsedd Utgaava av den fyrste Landsmaalsumsetjingi*. Professoratet som Marius Hægstad fekk i 1899, var heller ikkje lenger i ”det norske Folkesprog”, men i ”Landsmaalet og dets dialekter”.

Sjølv om landsmålet var eit kontroversielt fenomen, var nemninga *landsmål* ukontroversiell og i vanleg bruk både av tilhengjarar og motstandarar. Denne konsensusen dekte over eit tvitydig meiningsinnhald. Nemninga *landsmål* skulle femna både om det nye skriftmålet og om talemålsgrunnlaget for det. I det mest sentrale verket til Aasen, *Norsk Ordbog* (1873), vart *Landsmaal*, n. definert som ”Landsprog, Folkesprog; ogsaa: Talebruk i Landdistrikterne”. Alt i 1853 var denne doble tydinga til stades. I *Prøver af Landsmaalet*

⁴³ Storm 1885, s. 7.

⁴⁴ Dette skulle bli opphavet til ein hundreårig strid om tolkinga av vedtaket.

⁴⁵ Venås 1993, s. 175.

⁴⁶ Statsråd Lars Moen kom eit hjartesukk i stortingsdebatten om Norsk språknemnd i 1951 om at ”det er no eigenleg no i det siste at nemninga har vorti så reint umogleg”, jf. Hellevik 1979, som har ein grundig gjennomgang av historia til omgrepet *folkesprog/folkemål*. For ei nyare drøfting i lys av det engelske *vernacular*-omgrepet, sjå Hyvik 2008, s. 7ff.

brukte Aasen sume stader *Landsmaalet* i motsetnad til *Skriftsproget*, altså i tydinga 'dialekt', medan han i hovudbolken "Prøver af et almindeligt Landsmaal" opna med følgjande:⁴⁷

Den Sprogform, hvori de følgende Stykker ere skrevne, er at betragte som en til nærmere Prøvelse foreslaaet Form for et norsk Fællessprog, eller som et Forsøg paa at forene Bygdemaalene og benytte deres samlede Forraad af Ord og talemaader i en enkelt grammatikalsk Formbygning.

Aasen presiserte ved fleire høve at han med *landsmål* meinte målet for heile landet, ikkje målet for landdistrikta. I *Norsk Grammatik* (1864) definerte Aasen *landsmål* som "Normalsprog eller Mønsterform imellem Landskabsmaalene, ligedan som det svenske Bogmaal imellem de svenske Dialekter, det danske imellem de danske Dialekter o.s.v."⁴⁸ I eit uprenta føreord til landsmålsstykkka i P. A. Jensens lesebok skreiv han:⁴⁹

Det Tungemaal, som tales af Almuen i den største Deel af vort Land, er et eget Sprog, som ikke har sin Rod i det nu tilvante Bogsprog, men derimod i det gamle norske Sprog, som vi lære at kjende af de Skrifter, som vare skrevne her i Norge, førend dette Rige var blevet forenet med Danmark. Almuen selv kalder stundom dette Sprog "Landsmaalet", til Forskjel fra Byernes Sprog eller Bogmaalet; men det kunde ogsaa fortjene Navnet Landsmaal i en høiere Betydning, da det virkelig er Landets eget Maal ifra gammel Tid.

Då folkeskulelovene i 1892 opna for at skulestyra kunne velja mellom "det almindelige Bogmaal" og "Landsmaal" i folkeskulen, fekk omgrepet *landsmaal* status som offisiell nemning, og i neste omgang utløyste det eit behov for å avklara innhaldet i omgrepet. Skulestyrar Simon Hofgaard fekk i oppdrag frå departementet å utarbeida ein definisjon av "hvad der skal forstaaes med landsmaal", og utgreiinga vart seinare teken inn i *Lootidende*. Hofgaard prøvde her å avgrensa *landsmål* ved å visa til sentrale grammatikkar og skrifter.⁵⁰

Trass i at målfolket kjempa for den "høiere Betydning" av landsmåls-nemninga og at ho altså vart lovfest, viste det seg å vera ein vanskeleg kamp. Då Stortinget i 1929 vedtok den nye lærarskulelova, vart *bokmål* og *nynorsk* slege fast som offisielle nemningar på dei to

⁴⁷ Aasen 1853, s. 72.

⁴⁸ Aasen 1864, s. 359.

⁴⁹ Aasen 1957, s. 374, skrive 1859. Aasen strauk desse linene i den mykje nedkorta versjonen som kom på prent i leseboka i 1863.

⁵⁰ Haugland 1985, s. 152. Slike klargjerigar kunne likevel ikkje bøta på den uoversynlege normsituasjonen, og departementet sette difor i slutten av 1890-åra i gang eit rettskrivingsarbeid som enda med den fyrste offisielle nynorskrettskrivinga ('Hægstad-normalen') i 1901.

måla.⁵¹ I den samanhengen freista Noregs mållag å få gjennomslag for *norsk* og *norsk-dansk* som offisielle nemningar, og laget var ikkje nøgd med *landsmåls*-nemninga. "Landsmaal' er ikkje noko fullnøgjande namn. For det segjer ikkje noko um nasjonaliteten og opphavet til maalet. Utanforstaaande skynar ikkje av sjølve ordet kva det skal tyda. Namnet er i røyndi beint fram villeidande, etter som det slett ikkje er berre bygdedialektane som maalvitskapleg soknar til nynorsken."⁵² Her vedgår såleis styremedlem Gustav Indrebø og skrivar Aslak Torjussen i Noregs mållag at det er tydinga 'mål for bygdene' som har fest seg og dermed gjorde det lett for kritikarane å hevda at landsmålet ikkje høvde for byane. Dette er eit slåande døme på den omgrepshistoriske tesen om at eit omgrep er grunnleggjande fleirtydig og er det ein kan kalla ei politisk slagmark. I dette tilfellet tapte målfolket omgrepskampen sjølv om det var dei som opphavleg hadde etablert omgrepet.

Medan riksmålsrørsla protesterte kraftig mot nemninga *bokmål*, var *nynorsk* alt mykje i bruk på nynorskhold, og *landsmål* vart etter måten lite nytta av Noregs mållag.⁵³ *Nynorsk* var ved inngangen til 1900-talet godt etablert som språkhistorisk periodenemning (tida etter ca. 1500) og viste banda til *gamalnorsk* og *mellomnorsk*. "Norsk og nynorsk er dei naturlege og adæqvate nemningane her paa same maaten som t. d. svensk og nysvensk i Sverige om det nedervde maalet der", heitte det frå Noregs mållag i 1929.⁵⁴

Med Arne Garborgs *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse* (1877) vart *nynorsk* òg gjort til kulturpolitisk symbolord. Garborg brukte i boka helst *norsk* om landsmålet, medan *ny-norsk* var nemninga på det språkpolitiske prosjektet. Språket var for Garborg det viktigaste teiknet på ein nasjon, og kamp for språket og for nasjonaliteten var dermed to sider av same sak. Den norske nasjonaliteten var slett ikkje noko gjeve, men eit mål å strekkja seg etter:

Nei, vi faar nok erkjende, at vi ikke er vundne til Maalet - den ny-norske Nationalitet - endnu. Norge er endnu væsentligt "et geografisk Begreb", eller om man vil: et politisk. En Nation bliver vi først, naar vi er helt amalgamerede, naar Spliden og Modsætningen er jævnet, naar en fuld Folkebevidsthed og indbyrdes Slægtskabsfølelse har udviklet sig, naar én bestemt Eiendommelighed har præget vort *hele* folkelige Aandsliv, - og naar vi da, som Udtryk for alt dette, som Udtryk for, men tillige som *Middel* for Folkebevidstheden,

⁵¹ Haugen 1969, s. 90. Langslet 1999, s. 137, skriv at Stortinget slo fast 'bokmål' fyrste gong i 1923 og gjentok vedtaket i 1929.

⁵² Indrebø og Torjusson 1929, s. 5.

⁵³ Almenningen m.fl. (red.) 1981, s. 139.

⁵⁴ Indrebø og Torjusson 1929, s. 5.

Nationalaanden, National-Enheden og Nationalselvstændigheden, har udviklet et fællesnorsk, men ogsaa virkelig norsk, Kultursprog (...).⁵⁵

Omgrepet *ny-norsk* var gjennom heile boka knytt til førestellinga om nyvakning og atterreising:⁵⁶

Dersom De reiser omkring i de mere fremkomne Bygder [...], så skal De se, i hvilken forbausende Grad Maalsagens Tanke allerede er begyndt at "ligge i Luften", til et Vidnesbyrd om, at en norsk Nationalitet er i Sprett. [...] Følelsen af det Uværdige og Utaalelige i at skulle "knote" er vaagnet hos flere Bygders Ungdom i en meget sterk Grad, netop samtidig med, at det fremmede Sprog fra flere Kanter rykker dem saa nær ind paa Livet. Enkelte Steder, f. Ex. i Hardanger, er Bøndene tildels komne saavidt, at de taler sit Maal med *fuld Bevidsthed* om dets Selvstændighed og Ligeberettigelse med "Bymaalet".

Dette nyvåkingsperspektivet kombinert med den språklege gullaldermyten om den rike norrøne skriftkulturen i mellomalderen, stod sentralt i all målideologi som vart formidla på denne tida. Men det var viktige nyanseskilnader. Aasens nemning *landsmål* la stor vekt på den historiske kontinuitenten og peika mykje attover mot den språkleg stordomstid. Det andre sentrale ideologiske kampskriftet frå 1870-åra, *Folkelige Grundtanker* (1878) av Christopher Bruun, peika i endå større grad attover på den norrøne perioden og la hovudvekta på at denne språklege idealtilstanden skulle atterreisast. Med nemninga *ny-norsk* fører derimot Garborg heller inn eit syn på målreisinga der *framtidsperspektivet* er det sentrale, mot eit språkleg og nasjonalt frigjort *ny-norsk* Noreg. Dette var hjå Garborg knytt til eit sterkt internasjonalt perspektiv der nyare målvitskap og jamføringar med andre språk- og nasjonalitetsrørsler stod sentralt i argumentasjonen.⁵⁷

Frå kring 1900 byrja målfolk sjølve å ta i bruk *nynorsk* i staden for *landsmål*. Tittelen på det fyrste bandet av *Nynorsk boklista* (1916) illustrerer dette godt – undertittelen var *Skrifter i bokform paa norsk – bygdemaal og landsmaal – 1645–1915*. Her har Anton Aure greidd å få inn både *nynorsk*, *norsk*, *landsmål* og *bygdemål* i ein og same tittel, som i seg sjølv gjev ein indikasjon på at ein her er midt i omgrepsovergangen.

Ei av dei fyrste skriftene med *nynorsk* i tittelen, var symbolsk nok *Kongeriket Norigs grunnlov. Ums. paa nynorsk* (1901). Den fyrste språklæra eller ordboka med *nynorsk* i tittelen var *Norsk emne med rettleiding til aa læra skriva nynorsk* av Jonas Vellesen (1909). Særleg

⁵⁵ Garborg 1982 [1877], s.103.

⁵⁶ Ibid., s. 17-18.

⁵⁷ Eit langt kapittel er vigd reisinga av nasjonalmål i Finland (finsk), Belgia (flamsk), England og Sverige (Ibid., s. 154-186).

utover i 1920-åra vart *nynorsk* meir og meir vanleg. Sjølv om målrørsla freista å få Stortinget til å slå fast *norsk* i samband med lærarskulelova i 1929, var *nynorsk* alt akseptert og vart raskt einerådande på nynorskhold. Bortsett frå *ABC – fyrste boka mi. Landsmål med valfrie former* ved Karen Grude Koht og Bernt Støylen (1931), vart *nynorsk* einerådande i boktitlane etter 1929.⁵⁸ Viktig i vår samanheng er det å streka under at dei ulike nemningane aldri har spegla *ulike* skriftspråklege varietetar, slik det til dels har gjort for *riksmål* og *bokmål*.

Nemningsbyttet til *nynorsk* skjedde innanfor den perioden som denne avhandlinga tek føre seg. Eg brukar *landsmål* i omtala av den perioden dette var i vanleg bruk og *nynorsk* seinare, men presiserer at eg òg brukar *nynorsk* om heile perioden når det til dømes er snakk om *den nynorske språktradisjonen*.

Etter lausrivinga i 1814 vart det ein strid om namnet på skriftmålet som er velkjend frå språkhistoriske oversynsverk. Øystein Sørensen har lansert det råkande omgrepet "språklig kupp-forsøk" om freistnadene på å døypa om det danske skriftmålet i Noreg.⁵⁹ Endskapen vart at omskrivingar som *modersmaalet* vart vanlege, til dømes i språklærer for skulen. Etter 1850 då *nynorsken* hadde kome på bana, vart *det almindelige bogsprog* ei vanleg nemning i samanhengar der det vart skilt mellom dei to måla. *Dansk, dansk-norsk* eller *norsk-dansk*⁶⁰ vart mykje brukt av målfolk som samstundes kjempa for å gjera nemninga *norsk* synonym med *nynorsk*, og dei var mykje brukte i agitasjonen til målrørsla fram til midten av 1900-talet, til store protestar frå riksmålhald.

På 1800-talet vart ikkje nemninga like konsekvent avvist av brukarane. Alt frå 1850-åra gjorde Knud Knudsen *dansk-norsk* til positivt ladd nemning på den språklege varieteteten og det språkpolitiske prosjektet han sjølv kjempa for.⁶¹ Mot slutten av hundreåret var det vanleg at Knudsen og tilhengjarane hans brukte *det dansk-norske målstrevet* og snakka om *oss dansk-norske* i positiv sjølvidentifiserande tyding, i motsetnad til det negativt ladde *norsk-norske målstrevet* og *dei norsk-norske* (målfolket). Professor Johan Storm, ein skarp kritikar både av Aasen og Knudsen, brukte *dansk-norsk* utan negative konnotasjonar.⁶² I det store stortingsordskiftet om målsørsmålet i 1885 var *dansk-norsk* mykje nytta, mellom anna av leiande tradisjonalar og høgrerepresentantar som Jakob Aall Bonnevie og

⁵⁸ Bibsys. Då ser eg bort frå at det kom ein del lærebøker i nye utgåver og opplag med 'landsmål' i tittelen også etter 1929, at 'landsmål' vart ein del brukt av riksmålhald i agitasjonen etter 1945, og at nemninga heilt opp til i dag har halde seg hjå ein del av dei eldre som gjekk i skulen medan det enno heitte 'landsmål'.

⁵⁹ Jf. særleg Sørensen 1997b og Sørensen 2002, sjå Hyvik 2008, s. 192-198, for ein fersk analyse av debatten.

⁶⁰ Utamn som *heimedansk, fjelldansk* førekom òg.

⁶¹ Jf. boktitlar som *Haandbog i dansk-norsk Sproglære* (1856), *Lærebog i dansk-norsk Sproglære* (1857) og *Kortfattet redegjørelse for det dansknorske målstrævo* (1887).

⁶² Sjø t.d. og Storm 1885, s. 5.

Frederik Wilhelm Bugge. Samstundes kjem òg den flytande omgrepssituasjonen klart til uttrykk i ordskiftet.⁶³

Nemninga *dansk-norsk* slo likevel aldri heilt gjennom i dei språkpolitiske krinsane som forsvarte denne språktradisjonen. Det var problematisk å ha ei nemning som inneheldt *dansk-* og dermed vedgjekk at skriftmålet ikkje var fullnorsk. Det viste seg særleg mot slutten av 1800-talet då striden om det nasjonale kvesste seg til, politisk ved at unionsspørsmålet kom opp, og kulturelt ved at målreisinga og organiseringa av ungdomsrørsla fekk vind i segla. I denne situasjonen gjekk *dansk-norsk* gradvis over til å bli ei negativt ladd nemning nytta av målfolk, når dei då ikkje berre nytta *dansk*.

Utover i 1890-åra mangla forsvararane av det rådande skriftmålet såleis eit slagkraftig omgrep for sitt mål. Problemet kjem tydeleg til uttrykk i Johan Storms kampskrift *Norsk Sprog. Kraakemaal og Landsmaal* (1896). Han brukar både *Kultursproget* og *vort almindelige Skriftsprog* før han avsluttar med følgjande program: "Man vil da finde, at det havde været bedre at anvende de 'skjønne spildte Kræfter' paa en harmonisk Udvikling af det Landssprog, vi har, og som vi trods alt Maalstræv kommer til at beholde, det dansk-norske, eller, som det nu bør hede: *det norske*."⁶⁴ Kampen om omgrepet *norsk* hadde vorte presserande.

Som Haugland har framheva, kom det ei offisiell avklaring gjennom målparagrafen i folkeskulelova. I 1889 vart det i paragraf 73 slege fast at undervisninga skulle skje på "det norske Sprog". Ved dette høvet fekk ikkje målfolka gjennomslag for at skulestyra kunne ta i bruk landsmål i undervisninga, og departementet tolka difor "det norske Sprog" som det språket lova sjølv var skriven på.⁶⁵ Denne tolkinga vart sett til side då stortingsfleirtalet i 1892 tok inn i folkeskulelovene at skulestyra kunne velja om dei skriftlege arbeida til elevane og lærebøkene skulle vera "paa Landsmaal eller i det almindelige Bogmaal". Som Haugland oppsummerer: "Den omstridde termen *norsk* var no definert i lovs form som bokmål og landsmål."⁶⁶

Det var ei anna nemning som like etter skulle slå gjennom då Bjørnstjerne Bjørnson kom til å nytta omgrepet *riksmål* i den kjende måltala si i Gamle Logen 23. oktober 1899.⁶⁷ Omgrepet hadde Bjørnson etter alt å døma plukka opp frå den radikale venstremannen,

⁶³ Stortingstidende 1885, Forhandlinger i Storthinget, s. 509–585; 29. og 30. april og 2. mai.

⁶⁴ Storm 1896, s. 114.

⁶⁵ Haugland 1985, s. 147.

⁶⁶ Ibid., s. 151.

⁶⁷ Om nemningane *riksmål* og *riksprog*, sjå Haugen 1969, s. 37f, Askedal 1995, Seip 1954, Seip 1968 [1916] og Seip 1968.

venen og redaktøren Haakon Løken i *Dagsposten* i Trondheim.⁶⁸ Rett nok ser det ikkje ut til å ha vore Bjørnsons intensjon å lansera *riksmåls*-omgrepet som eit nytt samlingsmerke, eit poeng litteraturen om dette i stor grad har oversett. Han brukte *riksmål* éin gong, og utan å gjera noko særskild poeng av det: "Vi staar nu i en Tid, da vi gjennem vort nuværende Rigsmaal og Literaturen paa dette Maal har givet de største Aandsudslag og vundet Anerkjendelse ved Siden af Europas største Nationer."⁶⁹ Bjørnsons kampfellar må likevel raskt ha oppfatta kva blinkskot den nye nemninga var. Omgrepet *riksmål* vart institusjonalisert og gjort til samlingsmerke og slagord for rørsle alt sist i november då *Kristiania Rigsmaalsforening* vart skipa, ei hending som riksmålsrørsle seinare har rekna som det offisielle startpunktet sitt.⁷⁰ Konfirmeringa av *riksmåls*-omgrepet var det nestoren i norsk språkvitskap, Sophus Bugge, som stod for på skipingsmøtet: "Den Lov, som danner Grundlaget for Norges Ret som selvstændigt Rige, er skreven paa det almengyldige norske Skriftsprog. Derfor kalder vi dette med fuld Ret det norske *Rigsmaal*."⁷¹

Nemninga *rigssprog* var gjennom 1800-talet kjend i dansk, svensk og norsk akademisk språk som eit omsetjingslån av ty. *Reichssprache*. Dette var nemninga for ein høgtysk skriftleg og munnleg språkstandard, innført av den tyske regjeringa over heile riket (i motsetnad til *Volkssprache*). Den vanlege tydinga i norsk og dansk samanheng hadde vore eit 'fellespråk' – eit språk, skriftleg og munnleg, som var i vanleg bruk over heile riket, i motsetnad til *folkesproget*. I norsk samanheng vart likevel tydinga 'offisielt språk' like viktig, jf. Sophus Bugges ord ovanfor om grunnlova i 1899.

Forma *riksmaal* var registrert i dansk i 1880 i tydinga 'fælles skriftsprog',⁷² og ein skal ikkje undervurdera det valet riksmålsfolk gjorde då dei tok i bruk etterlekken *-mål* i staden for *-sprog*. Dette markerte ei sterk tilknytning til det nasjonale ved at dei positive nasjonale konnotasjonane knytte til (*lands*)*mål* følgde med omgrepet. *Riksmål* slo raskt gjennom i riksmålsrørsle sjølv og vart meir eller mindre einerådande, etter kvart òg i offentlege dokument og lærebøker. Garborg gjev eit vink om at nemninga var i bruk alt i

⁶⁸ Løken skeiv i *Dagsposten*, 10.7.1899: "Det er noget, som kan kaldes *Rigsmaal*, som hverken er tysk Taterstil eller mosegrodd vestlandsk, det er det naturlige Maal, som baade By og Land bruger i *sin Tale*." I Løken 1908, s. 6, gjev han sin versjon av korleis Bjørnson snappa opp *riksmåls*-omgrepet under ei samkome i Kristiania. Løken skriv her at han hadde omgrepet frå den danske lingvisten Otto Jespersen. Det må då leggjast til at framstillinga til Løken er prega av eit heller lågt presisjonsnivå – målstriden 1899 tidfester han til dømes til 1901. Jf. òg Seip 1968, s. 77f, og Haugen 1969, s. 37.

⁶⁹ *Verdens Gang*, 24.10.1899.

⁷⁰ Om Bjørnsons tale, målstriden hausten 1899 og skipinga av Riksmålsforeninga, jf. kapittel 6.

⁷¹ Bugge 1999 [1900], s. 406.

⁷² Oppført i Sv. Grundtvig: *Dansk Haandordbog* (1880), jf. Seip 1954, s. 82.

1897 då han skreiv at "Me held nok paa vaare Bygdemaal. Og me vil halda paa dei likefullt, um Riksmåale vert aldri so norskt."⁷³

Målfolket sitt åtak på den nye nemninga hausten 1899 var ein del av svaret på den nye offensiven til riksmålsrørsla. "'Riksmålet'? Det ser mest ut som ein nyfødning, men det skulde vel aldri vera berre eit nytt namn til å fiva upp gamalkjæraasten med? Slikt hev hendt fyrr," skreiv målmannen Arne Vestrum.⁷⁴ Då Garborg tok til motmæle mot Bjørnson, må han ha gløymt at han sjølv hadde nytta *riksmål* umarkert to år før:⁷⁵ "... hvor kan denne nye Glose være kommen ifra? Den skulde vel ikke være fulgt med i en eller anden Udenlandsreisendes Tøi fra Tyskland, hvorfra den dansk-norske Kultur i det hele taget". Han samanlikna vidare *Das Reich* med den svensk-norske unionen og knytte på den måten både nemninga og fenomenet *riksmål* ihop med unionsstriden. Ei utsegn frå Jørgen Løvlands 70-årsartikkel om Alexander Seippel kan få stå som døme på korleis målfolk såg både på målet og nemninga:

Sjølv stortingsmenn vanvyrder han inkje, endå dei hev vorte so utrygge i måle sit av alle dokumenti og diskussionane i det departementale norsk-danske "tatarmål", som dei kallar "riksmål", og som altso etter namnet sit inkje er livande folkemål, men eit "riks-", liksom russisk var i Finland, og ungarsk i Kroatia og tysk i Bøhmen o. s. v. og dansk i Norig.⁷⁶

Målrørsla prøvde fyrste gong i 1915 (i folkeskulelova) å få Stortinget til å slå fast *norsk* og *norsk-dansk* som offisielle nemningar utan å lukkast, og prøvde å få gjennom *norsk-dansk* både i 1936 og 1940 utan resultat.⁷⁷ I lovverket hang *det almindelige bogsprog* att, medan den oppnorska forma *bokmål* hadde vorte noko brukt, mellom anna av målfolk i offisielle samanhengar. I framlegget til jamstillingsvedtak frå 41 stortingsmenn i 1885, heitte det i vedtaksframlegget at det norske Folkemålet skulle "få full Rett og Fridom jamsides med *Bokmålet*".⁷⁸ Under ein revisjon av lærarskulelova i 1923 kom *bokmål* inn som modernisert nemning etter framlegg frå Høgre-regjeringa, til store protestar frå

⁷³ Garborg 1897, s. 42. Dette står i bolken "Etterskrift til Maalmenn", og ein skal merka seg at skriftet vart publisert i april 1897, altså tre år før Haakon Løken nytta nemninga i *Dagsposten*. Garborg set heller ikkje *riksmål* i hermeteikn, noko som indikerer at nemninga iallfall ikkje var heilt ukjend. Seip 1968, s. 76, vurderer utsegna slik at "vi må regne med det var vanlig brukt å kalle 'det almindelige Bogmaal' for 'riksmålet'." Eg deler likevel skepsisen til Haugen 1969, s. 330, mot Seips påstand om at det òg var vanleg å kalla det felles dansk-norske talemålet for *riksmål* før dette. Den einaste referansen hans er til Knud Knudsen, som Seip meiner hadde nytta *riksmål* om eit "landsgyldigt bokmål" i 1885 (Seip 1954, s. 82). Men Seip nemner ikkje at Knudsen her tvillaust siktar til *landsmålet*.

⁷⁴ *Den 17de Mai*, 16.11.1899.

⁷⁵ Eit poeng *Verdens Gang* ikkje let vera å utnyttja, jf. Seip 1968, s. 77, der Garborg-sitatet òg er henta frå.

⁷⁶ Løvland 1921, s. 100.

⁷⁷ *Almenningen m.fl.* (red.) 1981, s. 140.

⁷⁸ Mi uth. St.forh. 1885, del 5, Dok. No. 17, prenta i Haugland (red.) 1971b, s. 195.

riksmålsrørsla som ville ha *riksmål*.⁷⁹ Her låg utgangspunktet for det som etter 1938 skulle bli eit viktig språkpolitisk skilje mellom den offisielle *bokmålsnormalen* og den uoffisielle *riksmålsnormalen*. Etter dette har såleis *bokmål* og *riksmål* vore nemningar ikkje berre for to ulike språklege varietetar, men òg for ulike språkpolitiske program og miljø.

Medan nemninga *nynorsk* utan problem kan nyttast om heile skriftradisjonen frå Aasen til i dag, er det såleis ikkje like lett for det andre språket. Eg har valt å halda meg til ein nemningsbruk som vart brukt sjølvidentifiserande i samtida og samstundes ikkje skapar grunnlag for mistydingar, det vil seia *dansk-norsk* om tida fram til kring 1900, *riksmål* 1900–1930 og *bokmål* etter 1930, bortsett frå når det er naudsynt å skilja mellom *riksmål* og *bokmål* også etter 1930. Som overomgrep nyttar eg *den dansk-norske (språk)tradisjonen/skriftkulturen* som motsetnad til *den nynorske (språk)tradisjonen/skriftkulturen*.

Ei rørsle tek form

Etter at målfolket enno ein gong hadde diskutert og avvist behovet for ei sterkare landsorganisering i 1889, kom Arne Garborg med det mykje siterte hjertesukket om at "Høgre, vinstre, sosialistar, skytterlagsfolk, totalistar, misjonsvener, allesaman, parti elder sekter, dei organiserar seg og arbeider. Og det er det som gjer dei sterke. Men maalmennene dei gjeng som villdyr. Det hev aldri lukkast aa faa skikk paa dei."⁸⁰ Utan å ta stilling til om målfolket reelt sett verkeleg var så veikt organiserte som Garborg tykte, er det iallfall klart at institusjonslandskapet i målrørsla var mykje skriftande fram til mellomkrigstida. Det var òg ei stor grad av overlapping med andre rørsler. Dette vil seia at ein berre fangar ein del av målrørsla, og i periodar kanskje heller ikkje den viktigaste, om ein berre fokuserer på dei 'reine' nynorskinstitusjonane. I dei innleiande samfunnsvitskaplege definisjonane av sosiale rørsler er det dessutan eit vesentleg poeng at rørslene nettopp er ei blanding av lausare og meir organiserte nettverk.

Siktemålet med det følgjande er å gjera det klart korleis fenomenet 'målrørsla' kan avgrensast og forståast i perioden 1885–1940. Den føregåande omgrepshistoriske drøftinga vil her danna eit bakteppe. Framstillinga i det følgjande ikkje vera strukturert

⁷⁹ Langslet 1999, s. 137, skriv at dette hende i 1923, og ikkje i 1929 slik det vanlegvis blir hevda.

⁸⁰ *Fedraheimen*, 30.11.1889.

institusjonsvis, men etter det sentrale elitenivået og det lokale og regionale nivået. Det overordna spørsmålet er altså kvar yttergrensene for det som kan kallast 'målrørsla' går.

DET NASJONALE ELITENIVÅET

Mest opplagde er sjølv sagt dei formaliserte institusjonane som spela ei rolle dels på den nasjonale politiske arenaen og i den nasjonale ålmenta, og dels hadde funksjonar som eller iallfall ambisjonar om vera landsfemnande representative uttrykk for målfolket.

Det norske samlaget (1868) var skipa som eit litteraturselskap, men fekk frå sist i 1870-åra i tillegg ei meir halvoffisiell stode som hovudsamskipnad for alt målarbeid.⁸¹ At dette òg var sjølvoppfatninga, blir understreka av at styret i 1879 bad om at Samlaget fekk koma inn i Statskalenderen, noko det ikkje fekk. Bakgrunnen for ei sterkare orientering mot dei rikspolitiske institusjonane på denne tida var moglegheitene som opna seg med det radikale og liberale stortingsfleirtalet. At statsmaktene såg Samlaget som hovudorganisasjonen for målreisinga, ser ein på dei mest årvisse løyvingane over statsbudsjettet frå 1881. Samlaget vart gjennom 1880-åra ein samordnande instans som fekk tildelt løyvingar til bibelomsetjingar, skulebokutgjevingar, ordbøker, lærarkurs i landsmål og anna, som laget formidla vidare til institusjonar og personar som utførte arbeidet. Samlaget si statstilknytning vert understreka av at Kyrkjedepartementet frå 1903 oppnemnde to av dei fem faste styremedlemene i laget.⁸²

Den andre sentrale nasjonale institusjonen i målrørsla på denne tida var den radikale vekeavisa *Fedraheimen*, som kom ut frå 1877 og hadde velmaktsdagane sine gjennom fyrste halvdel av 1880-åra – denne tida kom avisa òg ut i hovudstaden. Målfolket fekk her eit fellesorgan som særleg vart viktig i den politisk tilkvesste situasjonen kring 1880 då ein byrja framstøyten som i fyrste omgang sikra løyvingar til landsmålstiltak og i neste omgang jamstillingsvedtaket (1885). Ein finn gjennom desse åra ei overlapping mellom redaksjonen i *Fedraheimen* og styret i Samlaget, og Arne Garborg peikar seg ut som ein heilt sentral aktør. I 1877 gav han målfolk det viktige programskriftet *Den ny-norske sprog- og nationalitets-bevægelse*, og same året fekk han både i gang *Fedraheimen* og vart formann i Samlaget. Ottar Grepstad har dokumentert at *Fedraheimen* vart redigert av minst elleve personar mellom 1877 og 1891, og av dei finn ein att både Garborg, stortingsstenografen Halfdan A. Halvorsen og presten Kristian Magnus Olsen Nordlid i

⁸¹ Reidar Djupedal i Birkeland m.fl. (red.) 1968, s. 46, som i all hovudsak er grunnlag for framstillinga av Samlaget.

⁸² Ibid.(red.), s. 87.

styret i Samlaget.⁸³ Her har ein såleis å gjera med eit felles målmiljø kring dei to sentrale nynorskinstitusjonane.

I andre halvdel av 1880-åra flytte *Fedraheimen*-redaksjonen frå hovudstaden medan avisa gradvis vart eit meir og meir sekterisk anarkistisk organ og miste rolla som hovudorgan for målrørsla. Avisa gjekk til slutt inn i 1891. Eit vendepunkt kom med skipinga av avisa *Den 17de Mai* i januar 1894 med Rasmus Steinsvik og Arne Garborg som redaktørar, trygt plassert i den nasjonaldemokratiske rørsla med undertittelen *Norskt Folkeblad*. Avisa fekk raskt ein posisjon som det nye sentrale landsfemnande organet til målrørsla. Redaksjonsmiljøet vart òg det nye institusjonelle tyngdepunktet for eit alternativt elitemiljø i målrørsla som fylte eit tomrom etter at Samlaget i fyrste halvdel av 1890-åra mest var utan aktivitet. Med utspring i dette redaksjonsmiljøet vart organisasjonen *Maalkassa* skipa hausten 1895.⁸⁴ Det var ein lukka organisasjon som 24 initiativtakarar handplukka av Steinsvik stod bak, og som primært skulle reisa pengar til målarbeidet, men òg fylla ein funksjon som landsorganisasjon for målfolket. *Maalkassa* stod bak suksesstiltaket Den norske Marknaden i hovudstaden september 1898 som gav eit overskot på 20 000 kr.⁸⁵ Dette gav *Maalkassa* økonomisk handlefridom, mellom anna til å skipa *Norskt Maalkontor* i lag med Samlaget i januar 1900. Dette var ein viktig samordnande agitasjons- og distribusjonssentral i målrørsla fram til fyrste verdskrigen.

Norigs ungdomslag må frå skipinga i juli 1896 òg reknast som ein del av dei sentrale elitemiljøa i målrørsla. I byrjinga var rett nok det dominerande miljøet kring *Den 17de Mai* heller lunken til den nye landsamskipnaden i motsetnad til det sentrale Venstre-miljøet som ytte monaleg hjelp i organiseringsarbeidet.⁸⁶ Det kom i gang fleire ungdomslagsblad gjennom 1890-åra; det viktigaste var *Unge Skud* (1893) som frå 1897 var organ for NU. I 1899 vart det omdøyppt til *Unglyden*, og det vart gjennom desse åra eit reint landsmålsblad. NU vart straks etter skipinga retta inn mot målarbeidet, og etter ein alvorleg leiarkrise i 1899 vart sentralleiinga i samskipnaden i praksis lagd administrativt under *Norskt maalkontor* frå 1900. Særleg frå 1906 då Nikolaus Gjelsvik tok over som formann og fram mot 1912/13, vart NU bygt opp og fekk ei rolle som den leiande målreisingsorganisasjonen.

⁸³ Grepstad 2006, s. 109-115; Grepstad 2005a. Det sentrale forskingsarbeidet om *Fedraheimen* er Dalhaug 1995.

⁸⁴ *Maalkassa* er mest ikkje omtala i litteraturen om målrørsla. Sentrale kjelder er oppslag i *Den 17de Mai*, 5.11., 9.11. og 3.12.1895, 23.7.1896, 13.4.1897, 1.11.1898, 17.5.1904 og 22.10.1910, jf. Hoel (red.) 2006, s. 12f.

⁸⁵ Om marknaden, sjå kapittel 5.

⁸⁶ Skipinga av NU er grundigare handsama i kapittel 7.

Norigs maallag, skipa i februar 1906, var i utgangspunktet eit påfunn av målfolk på Vestlandet som eit kritisk elitemiljø i hovudstaden fekk tredd ned over øyro, og samskipnaden fungerte dårleg fram til 1912.⁸⁷ Men det året gjekk Maalkasse-miljøet tungt inn i leiinga, som no vart samla i hovudstaden med Gjelsvik som formann. I 1913 kom eit felles kontor for NU og NM i gang med Edvard Os som 'skrivar', og gjennom utstrekkt kryssubsidiering frå storebror NU, vart NM fram mot 1920 bygt opp som ein slagkraftig organisasjon. Ved utgangen av fyrste verdskrigen hadde NM nådd ein posisjon som hovudsamskipnad for målarbeidet både mot sentrale politiske miljø og utover i landet.⁸⁸ Ei klar spesialisering, differensiering og arbeidsdeling mellom dei sentrale institusjonane følgde no. Samlaget konsentrerte seg om bokutgjevingar og tok dei fyrste stega mot å bli eit reint forlag. NU prioriterte anna kulturarbeid medan NM i større grad tok seg av det politiske målarbeidet. Samstundes var det likevel overlapping og stor kontakt mellom leiingane i Samlaget, NM og NU, og frå skipinga 1912 var Det norske Teatret med i denne institusjonsfamilien. NM og NU hadde sams 'skrivarstove' til opp i etterkrigstida og sams medlemsblad, og landsleiinga i NU må gjennom heile mellomkrigstida reknast som ein viktig del av det sentrale målmiljøet. Det vert understreka av at akademikarar frå det sentrale målmiljøet spela ei tonegjevande rolle i NU-leiinga frå 1906 og i mange tiår framover.

Leiingane i dei hovudstadsbaserte nasjonale nynorskinstitusjonane er utan vidare uproblematiske å rekna til dei nasjonale elitemiljøa i målrørsla. Bak desse institusjonsleiingane fanst det heil-, halv- og uformelle nettverk som i ulike former har ein kontinuitet attover til dei lukka krinsane som samla seg kring Ivar Aasen i 1850-åra. Målrørsla sine lokalorganisasjonar i hovudstaden må reknast med her, det gjeld særleg Studentmaallaget (1900), leiinga i Bondeungdomslaget (1899) og Oslo maallag i dei periodane laget var i drift. Av dei halvformelle samrådsforumama var *Røelaget* viktig – det kom i stand i mars 1897 i samband med det fyrste store planleggingsmøtet for Den norske marknaden. Initiativet skal ha kome frå stortingspresident Jørgen Løvland, og her skulle målfolk møtast "til samtale og drøs paa norsk maal".⁸⁹ Dei følgjande tiåra finn ein jamleg spor etter denne typen tiltak under namn som *Røelaget*, Oslo Gilde, Vakaringen eller

⁸⁷ Almenningen m.fl. (red.) 1981; Almenningen 1984; Hoel (red.) 2006.

⁸⁸ Sjå meir om styrkinga av NM i kapittel 7.

⁸⁹ Sven Moren i *Unge Skud*, 18.3.1897 – stykket er dagsett 9. mars. Koht skriv at "det var vel alt i 90-åra at Alexander Seippel freista få gjort oss til eit arbeidslag med samkomene i 'Røelaget'", men det var altså Løvland som var opphavsmannen. (Koht 1954, s. 396.) Jf. òg 'S.E.' (som må vera Severin Eskeland) i *Unge Skud*, 20.5.1897.

Pønskarlaget.⁹⁰ Som Jostein Nerbøvik og Ottar Grepstad har peika på, fanst det i ein 20-årsperiode frå sist i 1890-åra òg eit mektig målmiljø kring Steinsvik og Garborg i det som har vorte heitande 'Askerkretsen'.⁹¹ I slike fora kan ein rekna med at mange av dei viktige initiativa og reelle strategiske vegvala for målrørsla vart tekne. Samstundes viser både indre spenningar og skiftande tyngdepunkt i hovudstadsmiljøet at ein kanskje heller må tala om ulike skiftande, overlappande og til dels tevlande nettverk.

Enno eit miljø må nemnast for å komplettera dette biletet, og det kom sterkest til uttrykk i maktvakuemet i den sentrale målrørsla i fyrste halvdel av 1890-åra. Trass at målrørsla vanta fungerande nasjonale institusjonar, kom to av dei viktigaste sigrane til målfolket gjennom tidene på plass i 1892 – stortingsavgjerda som opna for at skulestyra etter krinsrøysting kunne innføra landsmål i folkeskulen, og regjeringsvedtaket som opna for at kyrkjelydane kunne ta i bruk Blix-salmane. I desse åra fann ein den reelle landsleiinga for målrørsla i det sentrale Venstre-miljøet med Viggo Ullmann som ein heilt sentral aktør. Gjennom store delar av perioden for denne avhandlinga var det ein så sterk målfraksjon i venstremiljøet kring dei rikspolitiske institusjonane i hovudstaden at delar av venstremiljøet òg må seiast å tilhøyra målrørsla.⁹²

Den viktigaste avgrensinga i dei sentrale elitemiljøa går for det fyrste mot dei som hadde sympatiar for målsaka og kanskje jamvel uttrykte aktiv støtte, men der desse sympatiane ikkje var så sterke at *dei sjølve* ville rekna seg til målfolket sine rekkjer. Særleg relevant er denne avgrensinga i høve til sentrale politiske miljø. Med eitt unntak røysta stortingsgruppa til Venstre for jamstillingsvedtaket i mai 1885, men berre eit mindretal i denne stortingsgruppa rekna seg som målfolk og tilhøyrande målrørsla ut ifrå eit sjølvidentifikasjonskriterium.

Den andre avgrensinga heng i nokon grad saman med den førre, nemleg mot dei krinsane som ynskte eller arbeidde for ei språkreform etter Knud Knudsens line. Frå kring 1870 stod landsmåls- og oppnorskingsalternativa fram som to etter måten tydelege alternative språkpolitiske strategiar med kvar sine miljø og talspersonar som til dels låg i offentleg strid med kvarandre. Likevel fann ein heile tidsrommet for denne studien ein monaleg gråson mellom dei to alternativa. Innanfor målrørsla fanst det ei fløy som såg så positivt på oppnorskingslina at ein ynskte ein fusjon av dei to språkpolitiske alternativa – lina frå H. E. Berner til Halvdan Koht. Ein sentral venstreideolog som J. E. Sars delte i all

⁹⁰ Om Oslo Gilde, jf. Koht 1948 og Bjørhusdal 2001, s. 179-180; om Vakaringen Grepstad 2006, s. 140-142; om Pønskarlaget, jf. Hoel i Almenningen m.fl. 2003, s. 38f.

⁹¹ Nerbøvik 1994; Grepstad 2002a.

⁹² Tilhøvet mellom målrørsla og Venstre vert nærare drøfta i fleire av dei følgjande kapitla. Om 1880- og 90-åra, sjå kapittel 6.

hovudsak Berners syn på tilnærminglina, men stod for eit meir skeptisk syn enn Berner på landsmålet og målreisinga og kan korkje etter eigen eller vår identifikasjon plasserast innanfor målrørsla.

DEI LOKALE OG REGIONALE NIVÅA

Den formelle organiseringa av målinstitusjonar er enno vanskelegare å leggja til grunn om ein skal identifisera og avgrensa ei målrørsla på dei regionale og lokale nivåa. Det mest omfattande forskingsarbeidet på feltet er Kjell Hauglands studie av organisasjonsgjennombrøtet i målrørsla ved hundreårsskiftet. Han meiner at det frå 1860-åra til 1890 ikkje kom i gang meir enn kring tretti lokale mållag, og dei fleste fekk heller ikkje noko langt liv.⁹³ Ein del fleire kom til gjennom 1890-åra, og frå 1899 til 1901 vart det organisert elleve fylkesmållag som dekte det meste av landet. Fleire av desse var likevel mest å rekna som papirorganisasjonar utan nemnande aktivitet dei fyrste åra.⁹⁴

Organiseringa av lokalorganisasjonar skaut fart etter hundreårsskiftet, ikkje minst stimulert av målstriden hausten 1899. Olaf Almenningen har dokumentert at det før 1906 stod 101 lokale mållag tilslutta dei elleve fylkesmållaga (av dei var åtte i arbeid). Dette inkluderte ti ungdomslag, og av dei kring 100 laga var truleg kring 80 aktive. Det samla medlemstalet må ha vore på drygt 3000.⁹⁵ Dette var altså stoda på då Norigs maallag vart skipa.

På det same tidspunktet var språkskiftet til landsmål alt i full gang i folkeskulen. I 1905 hadde over 500 skulekrinsar gått over til landsmål, dei fleste i herad der det aldri hadde vore noko mållag. Eit godt døme er Sogn og Fjordane, som var det fylket som låg fremst i overgangen til landsmål. Her har eg ikkje funne spor etter noko som kalla seg 'mållag' før hundreårsskiftet, og skipinga av mållag fekk ikkje noko omfang før kring fyrste verdskrigen. Då var språkskiftet langt på veg gjennomført – alt i 1915 hadde 63 prosent av elevane i folkeskulen i fylket nynorsk som hovudmål, fem år seinare 90 prosent.⁹⁶ Haugland har lagt vekt på at målreisingsarbeidet i stor grad vart kanalisert gjennom det han kallar sekundære media – organisasjonsapparata og institusjonane til andre rørsler og grupper.⁹⁷ Han har kartlagt korleis framveksten av målrørsla frå 1860-åra til 1880-åra skjedde med utgangspunkt i sentrumsmiljø i dei største byane (særleg Kristiania og Bergen) gjennom spreining til distriktssentra og vidare til lokalplanet.

⁹³ Haugland 1977b, s. 19.

⁹⁴ Jf. drøftinga av det regionale nivået i målrørsla i kapittel 8.

⁹⁵ Almenningen 1984, s. 13-15. Haugland 1971a, s. 22, skriv at det i 1905 iallfall var 67 lokale mållag i arbeid, men Almenningen meiner dette talet er for lågt.

⁹⁶ Grepstad 2005b, tab. 8.12.

⁹⁷ Haugland 1985, s. 14.

Ei heilt sentral gruppe i denne diffusjonsprosessen var lærarane, og rolla deira i målreisingsprosessen er framheva i fleire forskingsarbeid dei siste tiåra.⁹⁸ Brit Marie Hovland har dokumentert korleis lærarmøta frå tidleg i 1850-åra fungerte som ein arena for drøfting av målpørsmålet og spreining av målideologi i lærarmiljøa.⁹⁹ I 1870- og 80-åra utgjorde lærarane den klart største yrkesgruppa i medlemsmassen til Samlaget,¹⁰⁰ og på målmannsstemna i februar 1906 der Norigs maallag vart skipa, var 54 prosent av utsendingane skulefolk.¹⁰¹ Haugland har sameleis funne at ni av elleve formenn og 60 prosent av styremedlemene i fylkesmållaga og 14 av 19 formenn og 50 prosent av styremedlemene i fylkeslaga i Norigs ungdomslag kring hundreårsskiftet var lærarar.¹⁰²

I kjølvatnet av den nye allmugeskulelova 1860 vart det sett i gang ei rad nye lærarskular for å tilfredstilla det nye lovfesta kravet om at folkeskulelærarane skulle ha lærarutdanning, og på desse institusjonane fekk målsaka etter kvart eit godt fotfeste.¹⁰³ Nokre av dei fyrste mållaga vart organiserte av elevar ved seminara, som Asker 1872, Stord 1877 og Kristiansand 1878. I byrjinga stod landsmålsvenlege elevar mot skeptiske seminarlærarar; etter kvart fekk målsaka òg innpass i lærarstaben. Eit særleg viktig sentrum for målrørsla på Vestlandet vart seminaret på Stord. Då elevmållaget heldt oppteljing ved 20-årsjubileet i 1897, viste det seg at 620 komande lærarar så langt hadde vore innom laget. Når lærarane mot slutten av hundreåret gjekk saman i meir fasttømra organisasjonar, vart dette òg mange stader viktige fora for å fremja målsaka. Vektlegginga av lærarane si rolle i målrørsla samsvarar elles med den viktige rolla lærarane er tilkjende både i organisasjonsbygginga, moderniseringa av bygdene og norsk politikk og samfunnsliv meir allment i dette tidsrommet.¹⁰⁴ Dette fall òg saman med ei monaleg løns- og statusheving for folkeskulelærarane.

Andre viktige regionale sentrum fann ein på fleire av dei mange private folkehøgskulane som vart skipa frå 1864. Fram til 1875 kom det i gang kring 35

⁹⁸ Det gjeld både arbeid som særskilt tek føre seg lærarane og målreisinga (som Haugland 1977a, Haugland 1985 og Høydal 1995a), og meir generelle lærar- og skulehistoriske framstillingar (som Hagemann 1992).

⁹⁹ Hovland 1999.

¹⁰⁰ Gjengedal 1971, s. 21, har rekna ut at lærarane utgjorde 16–19 prosent av medlemene i Samlaget i 1874, 1879 og 1885.

¹⁰¹ Hoel (red.) 2006, s. 96.

¹⁰² Haugland 1977a, s. 179.

¹⁰³ Attåt dei fem offentlege stiftsseminara som var skipa mellom 1826 og 1841 (Trondenes, Klæbu, Stord, Asker og Holt), kom det i gang heile 16 lærarskular fram til 1865 (sju før 1861 og ni 1861–65). Mange fekk eit stutt liv – i 1870 var berre åtte att, og med eitt unntak vart resten nedlagde 1876–83 (Dahl 1959, s. 91 og 98). Målmiljø på lærarskulane i denne perioden er rett nok berre i liten grad kartlagde. For ein punktstudie av Balestrands lærarskule, sjå kapittel 6.

¹⁰⁴ Jf. oversynsverk som Hagemann 1997, Slagstad 1998 og Nerbøvik 1999, og ikkje minst Try 1985 og Mjeldheim 1984.

folkehøgskular, og talet auka utetter 1880-åra.¹⁰⁵ Eit viktig døme er Christopher Bruuns skule i Sel (1867), seinare Gausdal, andre er Sogndal folkehøgskule (1871) og folkehøgskulen til Hans Konrad Foosnæs og Lars M. Bentsen i Stjørdal (1868).¹⁰⁶ I Telemark vart Viggo Ullmanns folkehøgskule i Seljord (1880) viktig, i Namdalen folkehøgskulen til Marius Hægstad (1884). Slett ikkje alle folkehøgskular var drivne av målfolk eller vart landsmålsbastionar, men ved mange av dei vart målideologien spreidd til elevane, særleg ut gjennom 1880-åra. Det var òg i dette skuleslaget ein fann dei fyrste tillaupa til organisert skriftleg landsmålsopplæring. Den fyrste skal ha vore ein folkehøgskule på Halsnøy i Sunnhordland 1868–72. I 1880-åra tok òg fleire folkehøgskular til å halda kortare sommarkurs for folkeskulelærarar som gav skriftleg opplæring i landsmål – det fyrste var i Sogndal 1881. Søknad om statsstøtte frå fleire folkehøgskular til slike lærarkurs var medverkande til det omfattande målordskiftet i Stortinget våren 1885. Trass i at det ikkje finst studiar som gjer det mogleg å talfesta omfanget, kan det ikkje vera mykje tvil om at folkehøgskulemiljøa var viktige for å spreia målideologi og landsmålskompetanse utover i mange bygder før landsmålet så smått byrja å få innpass i folkeskulen i 1890-åra. Miljøa kring folkehøgskular eller lærarskular utgjorde i mange tilfelle òg basisen for regional organisering i ungdomsrørsla eller målrørsla. Då det offentlege tok til å skipa amtsskular frå sist i 1870-åra, vart dessutan fleire av dei òg liknande sentrum for målrørsla og formidlarar av målideologien. Det same vart fleire av dei kristelege ungdomsskulane.¹⁰⁷

Dei private folkehøgskulane, dei offentlege amtsskulane og dei private og offentlege lærarskulane og lærarseminara kan gjennom desse tiåra studerast som eit samla system med stor sirkulasjon av lærarkrefter imellom institusjonane. Lærarane vart rekrutterte frå to hovudkjelder. Mange av dei unge entusiastiske folkehøgskulepionerane hadde bakgrunn frå Universitetet og det radikale studentmiljøet kring 1870 der målsaka stod sterkt. Den andre hovudgruppa var dei med lærarutdanning som gjennom dette systemet fekk ein karriereveg som kunne føra heilt til topps – det fremste dømet er Jørgen Løvland.

Lærarkollegiet utgjorde gjerne kjernen i målmiljøa i bygdene, og særleg i dei fyrste tiåra dreiv gjerne desse nettverka eit målreisingsarbeid utan ei organisert ramme kring arbeidet. Frå 1890-åra tok så eit lokalt og regionalt organisasjonsapparat i målrørsla, ungdomslaga, til å veksa fram, ofte organisert av lærarar. I ungdomslagsrørsla si historieforteljing vert opphavet gjerne ført attende til eit lag folkehøgskuleeleven Ivar

¹⁰⁵ Torjusson 1977.

¹⁰⁶ Sletvold 1998.

¹⁰⁷ Sjå meir om desse skuleslaga i kapittel 6.

Blekastad skipa på Sel vinteren 1868/69. Utover i 1870-åra kom det til nokre få lag, og gjennom 1880-åra nokre fleire. Ungdomslaga er likevel i all hovudsak eit fenomen som kan tidfestast til 1890-åra, og det var noko uti dette tiåret dei tok til å kalla seg *ungdomslag*. No eksploderte den lokale organisasjonsveksten, laga gjekk saman i fylkeslag (1894–96) og vart i større grad uniformerte med ei utbreidd kjensle av å høyra til *ei rørsle*. Dette står i kontrast til laga frå sist i 1860-åra til uti 1880-åra som heller må reknast som forlauparar for dei seinare ungdomslaga, og der ein fann eit langt større mangfald av organisasjonstypar. I 1880-åra er det til dømes ikkje alltid like lett å skilja klart mellom ungdomslag, skyttarlag, ymse slags lese- og diskusjonsforeiningar, bondevenforeiningar og meir politiske venstreleg. Det er fyrst gjennom 1890-åra ein får ein spesialiserings- og differensieringsprosess i dette breie nasjonaldemokratiske organisasjonslandskapet der lokalorganisasjonane i større grad vert tilknytte klart definerte landsfemnande rørsler og organisasjonar.

Werner Steinsland har kartlagt organisasjonsveksten i ungdomslagsrørsla fram til 1896 og har registrert totalt 379 lagsskipingar, av dei berre 38 før 1890, og heile 301 i åra 1893–96.¹⁰⁸ Ein del lag fekk eit kort liv, og det tok tid før mange av dei slutta seg til Norigs ungdomslag. Det fyrste offisielle talet frå Norigs ungdomslag fortalde at ni fylkeslag med 192 ungdomslag og 15 489 medlemmer hadde slutta seg til landslaget ved utgangen av skipingsåret (1896).¹⁰⁹ Kor mange lag som stod utanfor, veit ein ikkje. I 1900 skal det ha funnest kring 800 frilynde ungdomslag, av dei var 298 tilslutta Norigs ungdomslag.¹¹⁰

Mange framstillingar av ungdomslagsrørsla framhevar at målspørsmålet var problematisk i organisasjonen.¹¹¹ Det var eit sprik mellom det ideologiske grunnlaget som leiingane på nasjonalt og regionalt nivå gjerne ville at heile rørsla hugheilt skulle slutta seg til, og ein medlemsmasse som i større grad var oppteken av kulturaktivitetar. Mange lag og fylkeslag vegra seg òg mot å gå inn i NU på grunn av målsaka. Trass i store regionale skilnader må målsaka likevel ha stått etter måten sterkt i grunnorganisasjonen. Den fyrste aksjonen som NU skipa til, gjev ein viss indikasjon på dette. I 1897 sette NU i gang ein landsfemnande ungdomsaksjon for å få Stortinget til å gje alle lover på båe mål.¹¹² Heile

¹⁰⁸ Steinsland 1981. Utan at det her skal gjerast forsøk på ei talfesting, indikerer mi eiga registrering av ungdomslagsskipingane i Sogn på ei underregistrering hjå Steinsland iallfall for denne regionen.

¹⁰⁹ Moren og Os 1921, s. 380.

¹¹⁰ *Trønderungdommen*, 24.7.1900, her etter Klippenberg 1996, s. 34. Koht 1901, s. 302, oppgjev òg at det i 1900 fanst kring 800 ungdomslag. Opplysningane er truleg samla av ei nemnd, nedsett på NU-årsmøtet i 1900, som skulle greia ut spørsmålet om føredragsarbeid i laga. I utgreiinga opplyste nemnda at av 800 ungdomslag i landet med 45 000 medlemmer stod 250 lag med 14 730 medlemmer i NU (Moren og Os 1921, s. 408).

¹¹¹ T.d. Haugland 1977b, Tvinnereim 1981 og Gripsrud 1990.

¹¹² St.forh, del 5, Dok. No. 62 (1897) med tre tillegg. Oppropet er prenta i *Unge Skud*, 25.3.1897, jf. òg omtale av overrekkinga i *Den 17de Mai*, 13.3.1897.

131 av dei 175 laga i NU på dette tidspunktet slutta seg til aksjonen, og den indremedisinske verknaden var kanskje vel så viktig som det ytre føremålet for aksjonen. I 25-årsskriftet til Romsdal ungdomslag vert det oppsummert at saka tente "til å gjera den nasjonale stemneleia klar for ungdomsrørsla", med andre ord gje målsaka ein sentral plass i samskipnaden.¹¹³

Utover i 1890-åra byrjar målfolk lokalt altså for alvor å organisera seg i ungdomslag og i nokon grad i mållag samstundes som ein kan gå ut ifrå at dette òg fall saman med ein monaleg vekst i talet på målfolk. Frå slutten av 1890-åra byrjar ein òg å få opplysningar om lags- og medlemstal. Ein kan gå ut ifrå at dei har store feilmargar, men dei gjev iallfall ein indikasjon.

Ei talfesting av omfanget på lokalnivået i målrørsla før 1890-åra byr på langt større utfordringar, men også her kan dei tilgjengelege tala gje ein indikasjon. Samlaget hadde 200 medlemmer i skipingsåret (1868), passerte 500 før 1875 og var i 1885 oppe i 1367.¹¹⁴ I 1893 var talet nede i 600 medlemmer. Men i desse medlemstala løyner det seg òg mange organisasjonar som kvar berre er talde som éin medlem. Ole Dalhaug har i perioden 1880–85 talt 175 ulike organisasjonar som var medlemmer i Samlaget i eitt eller fleire år, av dei 22 ungdomslag, 80 lese- og samtalelag og åtte mållag.¹¹⁵ Ein god del av desse var nok med i Samlaget på grunn av primærføremålet, nemleg å få tilsendt bøkene som laget gav ut, men ei støtte til målsaka låg nok òg bak ein god del av medlemsskapa. Dalhaug har òg talt innsende brev til *Fedraheimen* som kan plasserast geografisk. Gjennom dei elleve årgangane 1877–1887 står han att med 616 brev.¹¹⁶ Dei var altså skrivne på landsmål og kom såleis frå personar rekna seg kompetente til å publisera stykke på målet. Dette må i all hovudsak ha vore personar i eit kulturelt og intellektuelt og kanskje politisk elitesjikt i lokalsamfunna. Samstundes var dei i mange tilfelle truleg òg representantar for små lokale målmiljø. Desse tala fangar likevel berre ein del av dei målfolka som utgjorde målrørsla i dette tidsrommet.

Etter hundreårsskiftet gjev medlemstala i hovudorganisasjonane Norigs ungdomslag og Norigs maallag dei sikraste indikasjonar på kva omfang målrørsla hadde. NU voks raskt fram til fyrste verdskrigen då samskipnaden hadde kring 43 000 medlemmer i drygt 800 lokallag. Frå 1921 til andre verdskrigen låg talet på lokallag mellom 1000 og 1150 og medlemstalet mellom 37 000 og 50 000. Innanfor desse spennan låg både medlems- og

¹¹³ Heggdal m.fl. (red.) 1925, s. 238, jf. òg Haugland 1977b, s. 31.

¹¹⁴ Grepstad 2005b, tab. 19.1.

¹¹⁵ Dalhaug 1995, s. 97, jf. Grepstad 2005b, tab. 19.6.

¹¹⁶ Han har då talt berre eitt brev frå same person per halvår for å redusera skeivheita som ligg i at somme skibentar var svært aktive. Han oppgjev likevel ikkje kor mange *ulike* personar som sende inn brev (Dalhaug 1995, s. 121).

lagstala på eit gjennomgåande lågare nivå gjennom 1930-åra enn i 1920-åra.¹¹⁷ Når det gjeld Norigs maallag, har ein berre meir sporadiske medlems- og lagstal å visa til. Mellom 1913 og 1931 varierte talet på lokallag mellom 170 og 230 og medlemstalet mellom 8700 og 11 000 – i 1930-åra truleg lågare.¹¹⁸

DEN NYNORSKE PRESSA

Opplagstala til dei sentrale nynorske publikasjonane gjev òg ein indikasjon. *Norsk Barneblad* låg på 1500–3000 tingarar kring hundreårsskiftet og oppgav i 1916 å ha 11 000.¹¹⁹

Opplagstalet til *Den 17de Mai* auka jamt bortsett frå nokre svingingar kring hundreårsskiftet frå kring 2000 ved skipinga i 1894 til kring 15 000 i 1911.¹²⁰ Berre *Morgenposten* og *Aftenposten* hadde då større opplag. Tek ein omsyn til dei svært ulike spreingsmønster til avisene, gjer nok dette *Den 17de Mai* til den riksavisa med størst spreing utover i landet. Alt i 1903 hevda redaktøren at avisa hadde tingarar ved mest alle dei 2000 posthusa i landet. Sjølv om ikkje alle tingarar kan ha vore målfolk, var nok mange av dei det, og desse tala understrekar framfor noko den reelle landsfemnande sambindande funksjonen som *Den 17de Mai* fylte som hovudorgan for målrørsla.

Eit anna vesentleg drag i organiseringa av målrørsla gjennom mellomkrigstida var utbygginga av sterkare regionale sentrum for målarbeidet. Dette gav seg særleg utslag i skipinga av *målkontor* med ein regional arbeidskrins, som gjerne vart etablert i byar i tilknytning til sterke bylag i målrørsla. I desse miljøa fann ein òg ofte bedriftene til lag i NM og NU. Kapittel 8 vil gå nærare inn på bylaga og den regionale sentrumsfunksjonen som dei fylte.

Ein siste type institusjonar som skal nemnast i samanheng med dei lokale og regionale nivåa, er nynorskavisene. Dei nynorske hovudorgana (*Fedraheimen* og *Den 17de Mai*) er alt nemnde. Fram til 1940 vart det sett i gang 74 publikasjonar på nynorsk som kan definerast som aviser.¹²¹ Det er noko meir uvisst om alle desse rekna seg sjølv og kan reknast av oss som ein del av målrørsla. Eg har til saman registrert 160 personar som var

¹¹⁷ Grepstad 2005b, tab. 19.1. Moren og Os 1921, s. 386, gjev opp eit medlemstal på heile 56 000 i 1920.

¹¹⁸ Almenningen m.fl. (red.) 1981, s. 522f, som skriv at tala er svært usikre og at mangelen på årsmeldingar frå lokallaga i det sentrale arkivet gjer det umogleg å setja opp lags- og medlemstal gjennom 1930-åra. Jf. Grepstad 2005b, tab. 19.1.

¹¹⁹ Grepstad 2005b, tab. 16.10.

¹²⁰ Dalhaug [1998], s. 23f, som presiserer at tala er usikre. Det fyrste talet stadfesta av styresmaktene (byfuten) er frå 1911 då avisa hadde 13 729 tingarar og sjølv oppgav opplaget til "umlag 15 000".

¹²¹ Statistikken er basert på listene over nynorske aviser og blad i Grepstad 2005b, tab. 16.15, 16.17 og 16.19, justert med eigne opplysningar og tilleggsinformasjon frå Ottar Grepstad om nokre publikasjonar. Partitilhøyrslar er òg registrert, og desse opplysningane dannar grunnlaget for dei pressehistoriske punktneDSLaga i kapittel 11.

redaktører i dei 74 nynorskavisene som kom ut mellom 1858 og 1940.¹²² Ein kriterium på sterk eller svak tilknytning til målrørsla er om redaktørane var medlemmer i Norsk Bladmannelag (skipa i 1913). Når dette kriteriet vert supplert med eit visst skjøn, vert konklusjonen at kring halvparten av avisene må seiast å ha hatt ei sterk tilknytning til målrørsla, men det er store variasjonar både i tid og rom. Så godt som alle aviser som kom i gang fram til 1920 må seiast å ha hatt sterk tilknytning til målrørsla medan aviser som kom til utover i 1920- og særleg i 30-åra i langt mindre grad hadde det. Den geografiske tendensen var at di svakare nynorsken stod i nedslagsfeltet til avisa, di sterkare var avisa sitt band til målrørsla. Det kom ikkje minst av at det berre var i dei sterkaste nynorskområda det var eit kommersielt grunnlag for avisene som gjorde dei uavhengige av jamleg økonomisk støtte frå institusjonane i målrørsla. Dette var samstundes òg eit uttrykk for ei normalisering av språksituasjonen i dei sterkaste nynorskområda der det voks fram eit stadig klarare skilje mellom målrørsla som ei rørsla med eit tydeleg ideologisk og kulturpolitisk program, og nynorskbrukande folk flest. Når det er sagt, kan ein nok gå ut ifrå at alle nynorskaviser i tidsrommet *sympatiserte* i større eller mindre grad med den organiserte målrørsla og støtta målsaka.

Oppsummering

Den omgrepshistoriske drøftinga har vist at *målrørsla* var eit omgrep som fyrst vart vanleg mot slutten av perioden for denne studien. Litteraturen på dette feltet, både den populære og den vitskaplege, er likevel eintydig i omgrepsbruken på den måten at 'målrørsla' vert nytta som nemning på dei kreftene som arbeidde for landsmålet/nynorsken frå hundreårsskiftet og framover. Om målfolket fortente å bli kalla ei rørsla attover til 1850- og 60-åra, som mykje av litteraturen gjer, er derimot eit meir kontroversielt spørsmål som skal drøftast nærare i kapittel 13.

Realhistorisk byr det på ein del utfordringar å avgrensa *målrørsla* nærare både på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Framstillinga skulle ha synt at ei avgrensing til dei institusjonane som etter føremålet skulle arbeida for landsmålet og målsaka, vert altfor snever og nærmar seg det meiningslause for store delar av perioden. Dette er òg ei tilnærming som bryt med innsiktene frå den nyare teoretiske samfunnsvitskaplege litteraturen om sosiale rørsler. Overlappinga med andre rørsler var stor, og det er fyrst i mellomkrigstida ein kan tala om at målarbeidet primært (men ikkje einast) vart kanalisert

¹²² Redaktør opplysningane er i hovudsak basert på Høeg 1973 og Høeg 1974.

gjennom separate formaliserte målinstitusjonar. Og heller ikkje for mellomkrigstida sin del er det dekkjande for lokalnivået alle stader.

Denne tilnærminga utfordrar òg bruken av nokre mykje brukte omgrep i nyare historiske framstillingar. Eitt av dei er *norskdomsrørsla*, som er ei nyare nemning.¹²³ Omgrepet ser primært ut til å ha kome i bruk fordi det har fylt eit akademisk behov for ei samlenemning for målrørsla, (den frilynde) ungdomsrørsla¹²⁴ og nærskyldde institusjonar som dei frilynde folkehøgskulane. I denne studien er denne omgrepsbruken likevel problematisk. Om ein nyttar *norskdomsrørsla* som eit overomgrep over 'delrørslar' som ungdomsrørsla og målrørsla, impliserer det ei snevrare oppfatning av målrørsla og eit skarpare skilje mellom delrørslene enn det reelt var. Med fare for å utfordra etablert omgrepsbruk inkluderer eg i denne granskinga difor òg dei delane av den frilynde ungdomsrørsla, folkehøgskulerørsla og andre rørslar som arbeidde for landsmålet og målsaka i omgrepet *målrørsla*. *Ungdoms(lags)rørsla* oppfattar eg som eit relativt uproblematisk nemning på heile den rørsla som hadde NU som organisatorisk kjerne, også dei landsmålskritiske delane. Overomgrepet *norskdomsrørsla* er derimot problematisk ut ifrå dette resonnementet, og i den grad eg nyttar det, er det nettopp som eit overomgrep, primært for målrørsla og ungdomsrørsla. I ein del tilfelle vil likevel *den nasjonaldemokratiske rørsla* vera meir dekkjande sidan det òg inkluderer den politiske venstrerørsla og tilgrensande rørslar som skyttarlagsrørsla.

Den praktiske konsekvensen av ein slik bruk av målrørslomgrepet er at det òg inkluderer sentralleinga og store delar av organisasjonsapparatet og dei tilhøyrande institusjonane til NU. Framstillinga ovanfor har framheva at ein finn ei klarare arbeidsdeling etter 1920 der NM tok seg av målsaka og NU anna kulturarbeid. Likevel var samskipnadene framleis sterkt samanvovne, nasjonalt med felles administrasjon og lokalt ikkje minst ved at mange viktige lag var med både i NU og NM (til dømes mange bondeungdomslag).

¹²³ Tidlegaste registrering i NO-setel er 1983, og fyrste boktittel med nemninga er frå 1984 (Bibsys).

¹²⁴ *Ungdomsrørsla* var frå kring hundreårsskiftet ei vanleg nemning på den rørsla som Norigs ungdomslag frå 1896 var det fremste organiserte uttrykket for.

Kapittel 13 Konklusjon

Det overordna temaet for denne studien er tilhøvet mellom den nynorske målreisinga og den omfattande moderniseringa av det norske samfunnet mellom 1885 og 1940. Dette vart innleiingsvis mynta ut i to problemstillingar: Kva er forklaringa på at det halve hundreåret fram til 1940 under eitt vart ein framgangs- og konsolideringsperiode for nynorsk skriftkultur? Og vidare: Kva langsiktige faktorar i åra og tiåra før 1940 kan vera med på å forklara kvifor framgangen kulminerte i 1940-åra? Eller formulert med eit kontrafaktisk spørsmål: Finn ein i framgangsperioden før 1940 kimen til ein stagnasjon eller tilbakegang for målreisinga som truleg hadde kome uavhengig av krigsutbrotet og okkupasjonstida?

Det lokale nivået og domenespørsmålet

Det vart i innleiinga gjort klart at denne studien ikkje tok mål av seg til å gjera ei samla gransking av etableringa av nynorsk skriftkultur som *praksisfelt*, korkje når det gjeld lokal og regional utbreiing eller bruk på ulike samfunnsområde (domene). Studiet av norsk språkstrid, og ytre norsk språkhistorie i det heile, har i all hovudsak dreidd seg om språkpolitikk og ideologi på eit nasjonalt eliteplan, og denne granskinga er slik sett ikkje noko unntak.

Like fullt er det gjennom studien gjort ein del lokale og regionale punktgranskingar og andre observasjonar som gjev grunnlag for somme refleksjonar. Det vanlegaste målet på nynorskframgangen, målbruken i folkeskulen, løyner at dette var ein framgang med sterk slagside. Det galdt for det fyrste domenespørsmålet der ein på somme område ikkje kan snakka om nemnande framgang i det heile. Innanfor utdanningssystemet vart nynorskbruken lågare di høgre ein kom. I 1935 hadde til dømes 20 prosent av elevane i folkeskulen nynorsk som opplæringsmål, av artianarane 7 prosent og til embetseksamen truleg langt færre enn det òg.¹ Relativt sett stod nynorsken klart sterkast innanfor folkeskule og lærarutdanning, det kyrkjelege feltet, lokalforvaltning, delar av organisasjonslivet, litteratur og presse. På dei særskilte viktige teknologisk-økonomiske

¹ Grepstad 2005b, tab. 1.2.

domena var det derimot nynorsken så godt som fråværande.² Det einaste unntaket var visse nynorskinnslag i småskala næringsliv i dei sterkaste nynorskområda og bedriftene til målrørsla sjølv i byane. Også på somme av dei offentlege domena sleit nynorsken med å få innpass, som sentraladministrasjonen i hovudstaden, rettssystemet og ikkje minst forsvaret.

Allment vil målreisingsprosjekt oftast få denne domeneprofilen. Målrørslar peikar oftast ut utdanningssystemet som det viktigaste domenet, og det er her dessutan gjerne enklast å nå fram, ikkje minst fordi det ligg under streng politisk styring, og fordi lokale språkaktivistar gjerne er lærarar.³ Dette er korkje ein ny observasjon eller spesielt oppsiktsvekkjande. Poenget her er heller å understreka det problematiske i at målbruken i folkeskulen i Noreg gjennom perioden i så stor grad har vorte nytta til å skapa ei generalisert forteljing om den lange og kontinuerlege framgangen. Og som figuren over nynorsk skulemål også i seg sjølv viser (jf. figur 2, kapittel 12), var dette heller ingen kontinuerleg framgang, men ein framgang i rykk og napp. Det er såleis eit sterkt behov for studiar som nyanserer og differensierer denne store framgangsforteljinga med studiar frå praksisfeltet – av korleis ein nynorsk *språkbruk* breidde seg ut på somme område, men ikkje andre. Her ligg framover truleg ei av dei største kjeldene til auka innsikt i det som har forma dei lange linene i norsk språksituasjon.

Dette vil i mange tilfelle vera einstyddande med studiar av det lokale nivået der det meste av den faktiske språkbruken tok form, og det er òg påtrengjande for å skaffa auka innsikt i dei regionale skilnadene i målsprøsmålet. Utan at det er nemnande tematisert i denne studien, er det tydeleg at nynorsken sitt stempel som 'vestlandsspråk' går heilt attende til Aasens tid og har vore ein høgst verksam faktor i norsk målstrid. Men det fell raskt i augo at riksmålsrørsla her hadde eit av sine sterkaste retoriske våpen, og for *Nidaros*-sida i namnestriden var assosiasjonane med målrørsla og nynorsken som vestlandsfenomen reint øydeleggjande. *Trondhjems*-patriotane fekk her ikkje berre eit høve til å posisjonera seg regionalt mot det nasjonale nivået i hovudstaden, men òg mot Vestlandet.

Spørsmålet om kva som gjorde somme regionar meir mottakelege for landsmålet og målsaka enn andre, står framleis utan eit godt forskingsbasert svar. Dette representerer òg ei stor metodisk utfordring på språkhistoriefeltet (inkludert denne studien) der ein i all hovudsak har konsentrert seg om 'frøet', ikkje 'jordsmonnet', for å bruka Jens Arup Seips

² Jf. Lynghammar 2004, som er den viktigaste domenegranskinga.

³ Jf. Fishman 1991.

legendariske metafor.⁴ Ein veit i dag langt meir om diffusjonsprosessen frå nasjonalt til regionalt og lokalt nivå der lærarane spela ei hovudrolle enn om føresetnaden for at dei lukkast lokalt med målreisingsprosjektet.

Dette vil òg representera ei utfordring til synet på målreisingsideologien som noko som spreidde seg frå sentrum og i større eller mindre grad seiv ned i lokalsamfunna. Litteraturen som har problematisert dette, har primært lagt vekt på spriket mellom eit ideologisert elitenivå og eit lokalnivå som var meir orientert mot praksis og kulturaktivitetar.⁵ Ikkje minst nedslaga i målstriden på dei ein-sidede industristadene i kapittel 9, tyder på at dette perspektivet lyt supplerast. Ein fann her lokale miljø som tilpassa målreisingsideologien til den konkrete lokale situasjonen, anten det gav seg utslag i forsøka på å skapa ein fast front mot industrisamfunnet og 'den nye tida', eller tvert om i freistnader på å appellera til kva bønder og arbeidarar hadde sams mot den lokale overklassen. Desse lokale røynslene var i neste omgang med på prega dei nasjonale ideologane og strategane sitt syn på målspeørsmålet. Det slo til dømes raskt og direkte inn i nasjonal språkpolitikk i form av parallellklasseordninga. Dette er såleis ei støtte til eit *bottom up*-perspektiv på målideologi og identitetsforming slik det vart streka opp i kapittel 3, og der Kjell Hauglands studie av moderniseringsprosessen i Oppdal er ein førebiletleg norsk lokalhistorisk studie. Han fann at bygda slett ikkje var ein passiv mottakar av kulturelt tankegods ovanfrå, men tvert imot ein arena for eit kulturmøte der nasjonal ideologi utanfrå vart omtolka og brynt mot lokale identitetar, tradisjonelle haldningar og gamle fellesskapsformer.⁶

Målrørsla, Venstre og venstrenasjonalismen

Kva forklarar så det raske gjennomslaget for målsaka som rikspolitisk sak? Dette gjennomslaget var alt eit faktum, iallfall på det prinsipielle nivået, ved startpunktet for denne studien (1885).

To perspektiv skal følgjast når det gjeld tilhøvet til Venstre og framgangen for målsaka på nasjonalt plan gjennom tiåra kring hundreårsskiftet, og dei er knytte til omgrepa *integrering* og *differensiering*. Nøkkelen til suksessen ligg her, som både Leiv Mjeldheim og Kjell Haugland har framheva, i at målsaka vart integrert i og allmenngjort som berebjelke i nasjonsbyggingsprosjektet til Venstre. Så viktig vart innpasset i Venstre

⁴ Seip 1940-42, s. 76.

⁵ T.d. Tvinnereim 1981 og Gripsrud 1990.

⁶ Haugland 1996, særleg s. 165-172, jf. Slettan og Stugu 1997, s. 10ff.

vurdert å vera i dei sentrale målmiljøa at det i fleire tiår var ein viktig grunn til at målfolka let vera å byggja opp eit eige organisasjonsapparat, og det i ei tid då skipinga av landsfemnande organisasjonar greip om seg i det norske samfunnet (jf. kapittel 4 og 6).

I kapittel 3 vart det framheva som ei viktig innsikt i forskinga på norsk nasjonalisme gjennom 1990-åra at norsk nasjonsbygging ikkje var *éi*, men fleire.

Nasjonsbyggingsprosessen kan best fangast om ein opnar for at det har funnest fleire tevlande nasjonsbyggingsprosjekt der alle på ulike vis og i ulik grad har hatt innverknad. Samstundes er typologiseringa krevjande. Øystein Sørensen har altså identifisert 14 ulike norske nasjonsbyggingsprosjekt mellom 1770 og 1945. Mindre krevjande vert det ikkje når Sørensen set seg føre å skilja mellom vinnarar og taparar i den norske kampen om det nasjonale. Taparane er "en broget skare" der ein mellom anna finn norskdomsrørsla – då vurdert opp mot målsetjinga om at landsmålet skulle bli einaste riksmål i landet. I det perspektivet karakteriserer han jamvel målreisinga som ein "fiasko", i sterk kontrast til Venstre-nasjonalismen.⁷ Når Sørensen skal prøva å forklara kva som skilde vinnarane og taparane, legg han særleg vekt på at dei vinnande prosjekta gjennomgåande var statsborgarleg orienterte – knytte til samlande politiske institusjonar – medan dei tapande var "lukkede i betydning ideologisk snevre og lite fleksible."⁸ Reidun Høydal har kritisert Sørensens kåring av målrørsla som tapar: "Ei så snever framstilling overser at norskdomsrørsla hadde langt større påverknad på norsk nasjonal identitet enn talet på nynorskbrukarar skulle tilseie."⁹ Sørensen tek rett nok eit lite atterhald når han peikar på at sjølv om norskdomsrørsla ikkje nådde sitt primære mål, har prosjektet hatt stor innverknad gjennom kontakten med Venstre-prosjektet.

Både Sørensen og Høydal er her inne på vesentlege poeng, men typologiseringa bør mjukast opp og i større grad historiserast og det prosessuelle vektleggast. Målsaka si integrering i norsk nasjonsbygging kan iallfall førast attende til Ivar Aasens veg inn i norsk språkforskning i 1840-åra då han vart sett til å kartleggja ein del av det Noreg som var løynd for embetseliten. Gjennom 1850- og særleg 60-åra kom det så ei avklaring der landsmålsprosjektet definitivt fekk ein eigen identitet, tydeleg skilt frå Knud Knudsens dansk-norske målstrev. Ei vesentleg forklaring på målreisinga sin integrasjon i venstrenasjonalismen må liggja i det at målsaka vart adoptert av det unge radikale akademikarmiljøet sist i 1860-åra som 15 år seinare var sentrale i Venstre si

⁷ Sørensen 1998a, s. 35 og 46. Dei som vert kåra som vinnarar, er 1814-prosjektet, Venstre-nasjonalismen og Fellesprogrammet frå 1945, i noko mindre grad òg nasjonalromantikken og intelligensens nasjonsbyggingsprosjekt. (Jf. kapittel 3.)

⁸ Ibid., s. 46.

⁹ Høydal 2007, s. 16.

maktøvertaking. Når heile venstregruppa unnateke ein representant gjekk inn for og ei samla høgregruppe gjekk mot jamstillingsvedtaket i mai 1885, var det eit symbolsk uttrykk for at målfolket hadde lukkast i å allmenngjera målsaka som ein del av venstre sitt nasjonsbyggingsprosjekt.

Haugland har lagt stor vekt på at støtta til målsaka i delar av Venstre ikkje strekte seg lenger enn til jamstillingspolitikken. Då det vart snakk om *obligatorisk* landsmålsopplæring – i 1896 og 1907 i den høgre skulen og i 1902 i lærarskulen, fall delar av partiet av. Som Haugland oppsummerer: Gjennom 1890-åra byrja den liberalistiske språkpolitiske plattformen til Venstre å smuldra opp.¹⁰ Dette var likevel ikkje berre eit spørsmål om skilnader mellom målstrategiar som la vekt på det *friviljuge* kontra eit element av *tvang*. Det var like mykje ein skilnad på målsaka som ideologisk prinsipp sak kontra ei sak som skulle få *praktiske* konsekvensar.

Samstundes markerer dette berre ein bølgedal i partiet sin tilslutnad til målsaka, noko Hauglands sentrale forskingsarbeid som går fram til 1902 og 1907, ikkje fangar opp. Etter at sidemålsstilen i gymnaset var vedteken i 1907 og partiet var konsolidert under Gunnar Knudsen året etter, vart òg språkpolitikken til partiet gjennom dei følgjande åra konsolidert i møtet med dei store riksmålsaksjonane, politisk støtta av Høgre. I eit lengre perspektiv må det vera dekkjande å seia at Venstre hadde ei vernande hand over målsaka gjennom heile perioden som denne avhandlinga dekkjer. Partiet var den parlamentariske hovudkanalen for målrørsla til og med målbrukslova og *Nidaros*-striden kring 1930. Ikkje minst kom det nære tilhøvet til uttrykk gjennom Gunnar Knudsen-perioden i 1910-åra der alliansen mellom målrørsla og Venstre frå 1880-åra i stor grad var rehabilitert. Då var Frisinnede Venstre skilt ut, frå starten rett nok med ein del sentrale målfolk på laget, men etter kvart (frå fyrste verdskrigen) med ein tydeleg riksmålsprofil. Verre for målrørsla var det likevel at Venstre sitt hegemoni i norsk politikk no byrja å slå sprekkar.

I denne samanhengen må det då oppsummerast at ein viktig del av grunnlaget for framgangen til målreisinga gjennom desse tiåra låg i at det ein med Sørensen godt kan kalla 'norskdomsrørslas radikalisererte kulturnasjonalisme', ikkje var isolert som eit eige nasjonsbyggingsprosjekt, men tvert om i stor grad var integrert i venstrenasjonalismen. Bjørnson, som Sørensen legg stor vekt på, og det språklege opprøret til by-Venstre frå sist i 1890-åra og eit tiår framover, markerer helst eit *unntak* når det gjeld tilhøvet mellom målrørsla og Venstre. I eit vidare perspektiv markerer det derimot noko nytt (jf. nedanfor om urbaniseringa).

¹⁰ Haugland 1985, s. 224.

Kulturnasjonalisme og politisk nasjonalisme

Integrasjonen mellom ein politisk basert venstrenasjonalisme og kulturnasjonalismen i målrørsla representerer ei utfordring ikkje minst til John Hutchinsons skarpe skilje mellom politisk nasjonalisme og kulturnasjonalisme (jf. kapittel 3). Politiske nasjonalistar var med Hutchinsons ord dei som kjempar for politisk autonomi (unionsoppløysing) og like rettar for alle samfunnsmedlemer (allmenn røysterett, også for kvinner; allmenn verneplikt), dei skipar elitestyrte parti (Norges Venstreforening) og opptrer gjerne som lovgjevarar (Venstre si stortingsgruppe som sentrum i partiet). Kulturnasjonalistane var derimot ofte historikarar, filologar og kunstnarar som kjempa kollektivt mot ei form for sosial demoralisering og kulturelt forfall, gjerne etter ytre press, som skulle bøtast med ein rekonstruksjon og ei modernisering av den nasjonale kulturarven. Kjernen i dette var ei indre eller moralsk reform i folket som kravde fostring nedanfrå (språkskifte til landsmål). Dette står fram som ei etter måten råkande skildring på målfolket, som ville 'atterreisa' ein heilnorsk kultur der eit norsk skriftspråk utgjorde eit berande element, og i dette la ein sterk moralsk dimensjon.

Mot Hutchinson kan det då innvendast at dei politiske nasjonalistane og kulturnasjonalistane i stor grad var *dei same folka og miljøa*. Kan det då forsvarast å halda på eit analytisk skilje mellom politisk nasjonalisme og kulturnasjonalisme? Denne studien har vist at det kan ha noko føre seg. For det fyrste var det ikkje fullt samsvar mellom den politiske venstrenasjonalismen og kulturnasjonalismen til målrørsla sjølv om det var stor overlapping. Ein fann alltid markante politiske nasjonalistar i Venstre som distanserte seg i større eller mindre grad frå målreisinga sjølv om det varierte kor sterkt desse kreftene stod i partiet (Bjørnson og Sars er to sentrale, men elles ulike døme). Og for det andre opnar skiljet ikkje minst for å analysera kulturnasjonalismen til målrørsla som eit meir autonomt nasjonsbyggingsprosjekt utover i 1920-åra. Eit spørsmål som reiser seg om ein skal halda seg innanfor dette omgrepsapparatet, er om kulturnasjonalismen til målrørsla nettopp byrja å møte større problem når dette nasjonsbyggingsprosjektet ikkje lenger hadde ein politisk nasjonalisme som lokomotiv.

Her kan Jonathan Githens-Mazers omgrep 'cultural trigger point' og dikotomien 'hot' og 'banal' nasjonalisme som mellom anna Hutchinson har vidareutvikla, vera til hjelp. Kjell Haugland har oppsummert at "oppblomstringa av den politiske nasjonalismen i 1890-åra var ein føresetnad for den store veksten som målrørsla opplevde i siste halvdel av

dette tiåret. Det same gjentok seg i 1905.”¹¹ Slike politisk-nasjonalistiske mobiliseringar som fungerte som ‘cultural trigger points’, fann ein både før og etter dette: sist i 1860-åra mot unionsrevisjonen, fram til 1884 mot embetsmannsregimet, og opprustinga fram mot og under fyrste verdskrigen. I alle desse periodane kom det eit oppsving for målreisinga, og ein kan her tala om eit systematisk samsvar.

Med Hutcinsons omgrepsbruk kan ein då seia at det fanst ein form for ‘banal’ nasjonalisme i folket – Sørensen brukar omgrepet *resonans* – som i gjevne situasjonar kunne omformast til ein ‘varm’ nasjonalisme som målrørsla kunne utnytta til fordel for sitt kulturnasjonalistiske prosjekt. Leiarane i målrørsla var på det reine med at dei politisk-nasjonalistiske mobiliseringane gav slike høve til å konsolidera målsaka sin posisjon i eit breiare nasjonalistisk program. Målmannsstemna i februar 1906 var direkte motivert av ynsket om å utnytta unionsmobiliseringa i 1905 til fordel for målsaka. Dette fekk òg kraftfulle litterære uttrykk, som Ivar Mortensson-Egnunds oppstemte song “Flaumen gaar”, publisert sommaren 1906.¹²

Etter fyrste verdskrigen endra dette seg. Dei leiande målmiljøa forlet den aktivistiske militærpolitikken og orienterte seg i sterkare grad mot arbeidarrørsla. Den neste nasjonale mobiliseringa leiande målfolk såg voner, i var grønlandssaka. I eit rundskriv til lokallaga vinteren 1933 bad styret i Noregs mållag om at lokallaget “stend på, og nyttar ut for norskdomsreisingi den nasjonale stemningi ho [Grønlands-saki] vekkjer.”¹³ Gustav Indrebø meinte då òg at saka hadde “friska upp litevetta” og forklarte eit oppsving i vedtak om nynorsk som administrasjonsspråk i kommunane med dette.¹⁴ Men ein kan trygt oppsummera at grønlandssaka aldri fekk eit omfang som kan samanliknast med dei tidlegare politisk-nasjonalistiske mobiliseringane som hadde vore til hjelp for målreisinga. Denne tilnærminga kan det òg vera freistande å føra vidare til okkupasjonstida, som i denne samanhengen stod for noko kvalitativt nytt: Her skal det berre konstaterast at for fyrste gong på eit knapt hundreår skapte ikkje mobiliseringa i samband med ein nasjonal krisesituasjon ei ny bølge for målreisinga, men truleg heller det stikk motsette. Til dette kjem òg at okkupasjonstida var ei spesiell krise som i omfang og alvor knapt kan samanliknast med nokon av dei føregåande.

Like fullt må det kunna oppsummerast som eit problem for målrørsla at ho etter 1905 og særleg etter fyrste verdskrigen ikkje lenger hadde hjelp av kraftfulle politisk-

¹¹ Ibid.

¹² Fyrste gong prenta (anonymt) i *Den 17de Mai*, 12.7.1906.

¹³ Her etter Almenningen m.fl. (red.) 1981, s. 164.

¹⁴ Ibid.(red.), s. 165.

nasjonalistiske mobiliseringar av den typen som tidlegare hadde skapt medvind for målreisinga. Utover i 1920-åra fell dette saman med at dei leiande målmiljøa i aukande grad vil profilera målrørsla som partipolitisk uavhengig og tverrpolitisk. Forklaringa på dette er primært den nye politiske situasjonen etter verdskrigen der ein både fekk eit styrkt Arbeidarparti og eit nytt Bondeparti å ta omsyn til. Konsekvensen vart like fullt at målrørsla i aukande grad stod fram som ei reindyrka *kulturnasjonalistisk* rørslle. I kapittel 4 vart det peika på at det skjedde ei differensiering i målrørsla med ei sterkare spesialisering og arbeidsdeling mellom dei ulike nynorskinstitusjonane. Men dette var òg ein differensieringsprosess utetter der målrørsla markerte større avstand til rørsler ho tidlegare hadde stått nær innanfor det nasjonaldemokratiske komplekset (som Venstre, skyttarlagsrørsla og forsvarsrørsla).

Urbaniseringa

Store delar av denne studien har vore vigd ei gransking av korleis målrørsla møte utfordringane som vesentlege sider av den sosiale og økonomiske moderniseringsprosessen skapte. Dette vart særleg brennande etter 1905 då unionsspørsmålet var rydda av vegen og nye saker og konfliktliner kom i framgrunnen. Tre sentrale moderniseringsdrag er særleg granska: urbaniseringa, industrialiseringa og framveksten av arbeidarrørsla.

Urbaniseringa er handsama i kapitla 5, 8 og 12, og granskinga dokumenterer dei langvarige og alvorlege problema målrørsla hadde med å få innpass for nynorsken og målsaka i byane. Spørsmålet om kvifor nynorsken aldri vann fram i nokon by gjennom vekstperioden 1885–1940, har grovt sett tre svar som heng nøye saman: byane var ikkje inkluderte i målreisingsprosjektet ved inngangen til perioden, målrørsla makta heller aldri å inkludera dei trass i visse freistnader, og viktige miljø i byane avviste kontant målreisinga.

Som granskinga av målordskifta i Stortinget i mai-juni 1885 har vist, rådde det ei overraskande sterk sams forståing på tvers av dei skarpe språkpolitiske motsetnadene om at landsmålet var eit skriftleg uttrykk for *bygdemåla*. Før hundreårsskiftet finn ein berre sporadiske freistnader på å inkludera bydialektane i normeringsgrunnlaget for landsmålet, og då berre somme av dei – særleg uglesedd var dialektane i Kristiania og dei andre sentrale austlandsbyane. I dei språkreformatoriske miljøa finn me ei klar arbeidsdeling mellom målrørsla, som fremja eit landsmål tufta på *bygdemåla*, og Knudsens dansk-norske målstrev som bygde på *bymåla*. Dette skiljet kan ein følgja attover til 1840-åra, og det vart

etter alt å døma fastspikra med det endelege brotet mellom målfolka og Knudsen-folka sist i 1860-åra. Flokkane stod fram med kvar sine tydeleg definerte språkpolitiske alternativ. Målfolka sitt alternativ hadde med Aasens grammatikk frå 1864 dessutan fått ei fast norm som dei følgjande åra vart ihuga forsvart mot alle former for endring.

Med andre ord overgav målfolka bymåla til Knudsen utan motstand. I den grad me støyter på synspunkt før hundreårsskiftet om at landsmålet og målrørsla må ta omsyn til bymåla, er det tett knytt til eit program om at målrørsla og Knudsen-flokken må samarbeida. Dette synet vart institusjonalisert med delinga av Samlaget i Bymålslaget og Landsmålslaget i 1902. På 1800-talet løynde omgrepet *bymål* eit større kontinuum av varietetar. Det Knudsen bygde på, var den danna daglegtala hjå dei øvre sosiale laga. Allmugedialektane i byane vart såleis liggjande i eit ingenmannsland som korkje oppnorskingsfolk eller målfolk brydde seg med før i åra kring hundreårsskiftet. Landsmålet si lingvistiske og ideologiske tilknytning til bygdene og bygdemåla var altså fastlagd i god tid før startpunktet for denne studien.

I hovudstadseliten i målrørsla kan me identifisera eit nytt og meir positivt syn på bydialektane i åra kring hundreårsskiftet. Ikkje minst gjorde ei rekkje små og store bymålsgranskingar at ein no fekk augo opp for at lågstatusdialektane i byane hadde sterke fellestrekk med bygdemåla ikring byane og at dei såleis kunne reknast som 'norske' dialektar. Med Amund B. Larsens gransking frå 1907 var det heller ingen tvil om at kristianiamålet høyrde til i det gode dialekselskapet. Kjeldene som er granska her, tyder på at eit slikt syn i all hovudsak hadde slege gjennom i breiare delar av målrørsla i 1920-åra, om ikkje før.

Mindre klart var det kva konsekvensar ein burde dra av denne innsikta, og ein kan iallfall identifisera fire ulike målreisingsstrategiar for byane dei neste tiåra. Den fyrste var *samnorskstrategien*, som før hundreårsskiftet hadde Berner som hovudtalsmann i målrørsla. Gjennom 1890-åra fekk denne strategien sterkare tilslutnad frå det sentrale målmiljøet enn i dei føregåande tiåra, noko som altså manifesterte seg med delinga av Samlaget. Konsekvensen av det nye synet på bydialektane vart då at normeringsgrunnlaget for *riksmålet* måtte utvidast til å inkludera lågstatusdialektane, og at domenedelinga mellom landsmål og riksmål såleis stod fast. Løysinga på språkstriden låg i eit samarbeid fram mot eitt felles skriftmål. Denne lina peikar såleis fram mot samnorskpolitikken, som offisielt tok til med Eitrem-nemnda i 1908 og hadde 1917- og 1938-rettskrivingane som høgdepunkt.

Den andre var *innflyttarstrategien*, som i motsetnad til samnorskstrategien ikkje primært var eit språkleg reformprogram, og difor står dei heller ikkje i direkte motstrid. Det kjem ikkje minst til uttrykk ved at Berner leverte det mest grunnleggjande

programskriftet også for denne retninga (1897). Det hadde som utgangspunkt eit grunnleggjande negativt syn på byane som dei sentrale arenaene for moralsk og kulturelt forfall. Berner understreka likevel at byveksten var ufråkomeleg og byane sin innverknad på individa òg hadde ei positiv side: Dei som ikkje greidde det harde bylivet, gjekk til grunne, og her låg ein viktig sorteringsmekanisme for å få gjort noko med den degenererte folkesetnaden i byane. Og heldigvis var innflyttarane meir hardføre og fekk fleire born enn byfolk med mange generasjonar bak seg i byen, så i innflyttarane låg den store vona både for byane og målreisinga.

Desse synsmåtane fann ein att i det ideologiske grunnlaget bak organiseringa av målrørsla i byane, primært uttrykt gjennom lagstypen med det symboltunge namnet *bondeungdomslag*. Ein reindyrka sosialdarwinisme av den typen Berner uttrykte, var rett nok eit sjeldsyn, men grunnsynet på byar og byliv i elitesjiktet i desse laga var neppe mindre kritisk. Bondeungdomslaga – og mållaga i byane – vende seg primært til innflyttarar og stod i ein innflyttarsamanheng for ein segregeringsstrategi som skulle skapa frirom der innflyttarane kunne ta vare på og dyrka bygdebakgrunnen sin i byen. Som kulturpolitiske organisasjonar var desse laga bru hovud for bygdekultur, nynorsk og norskdom i byane. Det vart berre unntaksvis uttrykt ambisjonar om å vinna byfolk over på den 'norske' sida. Ikkje sjeldan førte rekruttering av byungdom i noko omfang tvert om til frykt for å mista kontrollen over lagsdrifta, sjølv om gleda òg var stor over byfolk som let seg omvenda til nynorskbrukarar.

Ein tredje bystrategi, som kan kallast *omvendingstrategien*, hadde som siktemål å vinna byfolk for det landsmålet som fanst. Det fremste dømet i denne studien er Oslo maallag, skipa i 1912, med klart uttrykte målsetjingar om å utgjera eit alternativ til Bondeungdomslaget, som vart kritisert for berre å venda seg til tilflyttande landsungdomar, og å skipa til skuletilbod (parallellklassar) for borna til foreldre som ynskte nynorsk som opplæringsmål. I praksis kom likevel også dei reindyrka mållaga i hovudsak til å venda seg til innflyttarar, og fleire av dei dreiv òg med anna kulturarbeid. På hi sida prøvde somme bondeungdomslag seg på å driva målarbeid retta mot byfolk. Skilnaden var i praksis såleis ikkje så stor på dei to lagstypene.

Ingen av dei tre målreisingsstrategiane for byane førte fram. Medan målreisinga elles opplevde ein sterk framgang på bygdene og breidde seg til nye regionar, vart byane verande kvitt land for målrørsla. Det klaraste vitnemålet om dette, er at målfolka ikkje ein gong greidde å etablere eit nynorskspråkleg opplæringstilbod for borna sine. Trass i at ein finn tendensar i bondeungdomslaga, danna det seg aldri nynorske diasporamiljø i byane som kunne danna ein basis for ei institusjonalisering av dei språklege skilnadene.

Parallellklasseordninga som vart formalisert i folkeskulelovene i 1917, kan i denne samanhengen sjåast som tilbod om eit offentleg lågterskeltilbod, men heller ikkje dette gav resultat for nynorsken i byane. Her dannar den nynorske målreisinga ein tydeleg kontrast til andre målreisingsprosjekt, som den katalanske og irske, der ein også har hatt segregasjonsstrategiar og dessutan i større grad lukkast med å byggja opp mellom anna eigne opplæringstilbod i byane på mindretalsspråket. Hovudforklaringa på at dette ikkje lukkast i dei norske byane, må vera at tilflyttarane jamt over ikkje knytte ein så sterk identitet til nynorsken og målsaka at det gjorde ein segregeringsstrategi til eit reelt val. I staden let tilflyttarane, også dei med nynorskbakgrunn, seg integrera i bylivet i dei bydelane dei heldt til i. Den einaste spede freistnaden på å skapa eit nynorsk 'China town' i Kristiania, var byggjefeltet til Bondeungdomslaget i eit betre villastrok på Smestad der det ved utgangen av 1920-åra budde 75 huslydar.¹⁵

Målrørsla stanga altså hovudet i bymuren, og det er i forlenginga av dette ein bør tolka lineskiftet i dei sentrale målmiljøa i 1920-åra. Programfestinga av 'nynorsk som einaste riksmål' i 1921 og den sterkare vektlegginga av offentleg målbruk ut gjennom 1920-åra er oftast tolka som eit utslag av den nye styrken og auka optimismen til målrørsla. Mi gransking sluttar seg til at dette er viktige forklaringsfaktorar, men framhevar òg at denne dreininga samstundes må tolkast som eit uttrykk for *avmakt*. Målarbeidet i byane gjennom 20–30 år hadde knapt gjeve resultat i form av nynorskbrukarar, samstundes som den stadig sterkare posisjonen til nynorsken på bygdene og dermed i nasjonal samanheng opna for framtidsutsikter der byane kunne tvingast over til nynorsk gjennom statleg lovgjeving. Under dette låg ei grunnleggjande forståing av den norske målstriden som alle partar delte: Målstriden og måkløyvinga var i prinsippet uheldig og noko det var eit mål å koma bort ifrå – den norske nasjonen burde berre ha *eitt* skriftmål. Utover i 1920-åra tok såleis ein fjerde målreisingsstrategi for byane form – *tvangsstrategien* som opna for å bruka statleg parlamentarisk fleirtalsmakt mot gjenstridige lokalsamfunn.

Striden for norske stadnamn har fått ei omfattande handsaming fordi han her vert sedd som ei konsentrert utgåve av striden mellom dei to skriftmåla. Namneverket var det domenet der målrørsla raskast opplevde eit *nasjonalt* gjennombrot, og det skjedde kring fyrste verdskrigen med dei omfattande endringane av administrative namn. Ein føresetnad for suksessen var at ein kunne hevda at dette var spørsmål som stod utanfor striden mellom nynorsk og bokmål. Dette var såleis eit arbeid som samla brei støtte også utanfor

¹⁵ Almenningen m.fl. (red.) 1989, s. 70f.

dei miljøa som kjempa for målsaka. Samstundes er det ingen tvil om at målrørsla både sentralt og lokalt utgjorde den aktivistiske kjernen i dette arbeidet.

Arbeidet for ei endring av bynamna vart i denne samanhengen dels ei naturleg vidareføring av det generelle arbeidet med oppnorsking av namneverket, og dels ein prøveklut på den nye målreisingsstrategien for byane. Endringa frå *Kristiania* til *Oslo*, vedteken i Stortinget 1924, gjekk etter måten greitt og skapte ein sterk optimisme som førte til ei rad initiativ om bynamnendringar. *Nidaros*-tapet i 1931 markerer i denne samanhengen ein dramatisk sluttstrek ikkje berre for planane om ei omfattande endring av bynamna, men òg meir generelt for tvangsstrategien som målreisingsstrategi for byane og for ynskedraumen om at nynorsken i det heile kunne vinna fram i byane.

Det er vanskeleg å sjå at noko av dette kunne gått vesentleg annleis innanfor perioden for denne studien. Alt i 1885 var *by-bygd* ei vesentleg konfliktline i målstriden, og den vart forsterka dei neste åra. Ikkje minst Kjell Haugland har framheva at frontlinene i målstriden endra seg fram mot hundreårsskiftet.¹⁶ Fram til 1880-åra var målstriden framfor alt farga av kampen mot embetsmannsregimet. Etter at regimet var nedkjempa og venstrefolk – også målfolk – gradvis tok til å innta eliteposisjonar i samfunnet, vart denne konfliktlina mindre aktuell. Og *her* står hendingane i 1899 fram som eit større vendepunkt enn dei gjorde for tilhøvet mellom målrørsla og Venstre. Utnemninga av Marius Hægstad til professor i landsmål ved Universitetet symboliserer den nye legitimiteten til landsmålet i nasjonal samanheng. Målfolk var no i ferd med å få innpass i dannelseseliten og deira fremste dannelsesinstitusjon. Den store riksmålmobiliseringa same hausten, dels utløyst av Hægstad-utnemninga, markerte samstundes både *massemobiliseringa* som nytt verkemiddel i målstriden og ei mobilisering frå *byane* mot landsmålet. 1899-striden stadfeste såleis at *by-bygd* no var den mest sentrale konfliktlina i målstriden, noko som fall saman med at tilhøvet mellom by og land òg var i ferd med å bli ei av dei mest sentrale konfliktlinene i norsk politikk og samfunnsliv i det heile i kjølvatnet av den sterke urbaniseringa og hovudstadsveksten dei siste tiåra på 1800-talet.

Målrørsla sin ambivalens i høve til byane kom ikkje berre til uttrykk gjennom ulike strategiar *i* byane, men òg gjennom den måten *by-bygd*-konflikten vart utnytta. Den utbreidde bygdeskepsisen mot byar og byvekst var truleg ei av dei sterkaste drivkreftene bak den sterke nynorskframgangen dei to fyrste tiåra på 1900-talet. I denne perioden står målreisninga såleis fram som ein del av bygdene sin kulturelle forsvarskamp mot urbaniseringa. Samstundes kan ein her sjå ein sjølvforsterkande tendens: Di sterkare

¹⁶ Haugland 1985, s. 224.

målreisinga vart knytt til *by-bygd*-konflikten med utteljing for nynorsken på bygdene som resultat, di vanskelegare vart det å overvinna denne konflikten og få innpass for nynorsken i byane.

Motstanden mot nynorsken og målsaka er her ikkje granska i særleg grad – dette er primært ein studie av målreisinga, ikkje målstriden. Slik sett er det ein asymmetri i framstillinga ein skal vera merksam på. Det burde likevel vera grunnlag for å slå fast at riksmålsmobiliseringa hausten 1899 fungerte utløysande på ein sterk latent landsmålsmotstand i hovudstaden, spesielt i delar av mellomklassen. Massemobiliseringar vart dei neste tiåra eit sentralt verkemiddel for riksmålsrørsla – i hovudstaden til dømes mot russetalen til Edvard Os på landsmål i 1904 og opninga av Det norske teatret i 1913, og ikkje minst i Trondheim og Bergen i samband med namnestridentene i 1929.

Riksmålsrørsla opplevde gjennom perioden for denne studien stort sett ei samanhengande rekkje med nederlag. Det er to viktige unntak: den vellukka mobiliseringa for å få gjort om vedtaka om å bruka dei 'radikale' riksmålsformene i skulane i mange austlandsbygder tidleg i 1920-åra, og *Nidaros*-saka der riksmålsrørsla berre utgjorde ein liten del av ein brei lokal allianse. Ein lukkast *ikkje* med den langvarige kampen om å ta frå landsmålet den offisielle statusen som tok til med Bjørnsons tale hausten 1899 og rann ut i sanda med det konservative valnederlaget i 1912. Freistnadene på å hindra og få omgjort 1917-rettskrivinga førte heller ikkje fram. Andsynes nynorskframgangen på bygdene stod riksmålsrørsla i all hovudsak makteslaus og med eit veikt organisasjonsapparat. På lokalplan kan ein berre oppsummera at riksmålsrørsla lukkast på eitt felt, men det var til gjengjeld viktig nok: å halda nynorsken unna byane. Riksmålet forsvarte og styrkte gjennom desse tiåra posisjonen som det språklege uttrykket for ein norsk urban modernitet.

Industrialiseringa

Tilhøvet mellom målreisinga og *industrialiseringa* er særleg handsama i kapitla 5 og 9, og i nokon mon i kapittel 12. Og medan målreisinga kan tolkast som ein del av bygdene sin kulturelle forsvarskamp mot urbaniseringa, er ordet *forsvarskamp* i langt mindre grad dekkjande for industrialiseringa. Dei aktørane som er granska her, som i all hovudsak høyrer til i dei sentrale elitemiljøa i målrørsla, uttrykkjer i stor grad eit *positivt* syn på industrialisering og økonomisk og teknologisk modernisering i seg sjølv. Synet på ei utbygging av alle former for samferdsle og kommunikasjonar var eintydig positivt, og det

same gjeld bruken av industriell teknologi i landbruket (til dømes kunstgjødsel, mekanisering) og elektrifiseringa av bygdene gjennom ei utnytting av vasskrafta.

Samstundes finn ein eit like eintydig syn i målrørsla på kva rammer industrialiseringa, inkludert bruk av industriell teknologi i vid meining, burde skje innanfor. Det var gjennom det Lars Thue kallar småskalamodellen (i motsetnad til ein storskalamodell) og Olav Wicken kallar den franske modellen (i motsetnad til den engelske). Det målfolka stilte seg positive til, var ei desentralisert næringsutvikling med vekt på vidareutvikling av dei tradisjonelle handverks- og landbruksbaserte næringane, bygd opp kring etter måten små bedriftseiningar som lett kunne integrerast i bygdesamfunna. John Hutcinsons skildring av kulturnasjonalistar som *meklarar* tykkjest her å vera råkande – dei arbeider for å finna ein mellomveg mellom behova for framsteg og behova for å ta vare på ein distinkt identitet og etablerte tradisjonar. Kjernepunktet for målfolka var ei industrialisering på premissane til lokalsamfunna. På eit allment plan finn ein her ei felles tilnærming til industrialiseringa hjå så ulike aktørar som Rasmus Steinsvik, ingeniørane og industrialistane Fredrik Størmer og Johs. C. Bull, agrarnasjonalisten Lars Eskeland og ungdomslagsmannen og sosialøkonomen Jon Dyrddal. Dette var eit syn som på den eine sida tok avstand frå ein endringsfiendsleg tradisjonisme, men på hi sida òg hadde ein fast og tydeleg front mot *storindustrien*.

Det var i all hovudsak småskalamodellen som låg til grunn for den teknologisk-økonomiske moderniseringa av det norske samfunnet i perioden for denne studien. Merksemnda både i samtida og ikkje minst ettertida har likevel vore knytt til den nasjonaløkonomisk langt mindre viktige storindustrien. Synet på storindustrien har dermed òg gjerne vorte nytta som målestav på moderniseringsvilje. Når ein i denne granskinga og finn ei sterk vektlegging av storindustrien, er det dels på grunn av den viktige symbolske og kulturelle funksjonen som dei store industriprosjekta og industristadene fekk, og særleg fordi målreisinga her opplevde sine fyrste *tilbakeslag*. På dei einsidige industristadene som her er granska gjennom lokale nedslag (Notodden, Rjukan, Odda, Tyssedal og Høyanger), finn ein ei lokal målrørsle som temmeleg eintydig førte ein forsvarskamp på vegner av det tradisjonelle bygdesamfunnet mot dei omfattande verknadene av storindustrialiseringa. Dette var ein type industriprosjekt som førte til ei total omkalfatring av dei eksisterande bygdesamfunna eller oppbygging av heilt nye samfunn, som også innebar oppbygginga av ei ny urban samfunnsform i bygde-Noreg. Slik sett har konfliktane på industristadene òg ein tydeleg *by-bygd*-dimensjon.

Skepsisen til storindustrien var ikkje berre eit lokalt fenomen i målrørsla i dei lokalsamfunna som dette gald, men òg noko som prega målrørsla på sentralt plan. Også

industrifolk som Størmer og Bull stilte seg negative til storindustrien. Ein har berre einstaka døme på målfolk som uttalte seg positivt om storindustrien, som Viggo Ullmann og Jørgen Løvland, og det var i kraft av posisjonar (amtsmann, statsråd) der dei forvalta eller var medansvarlege for ein statleg næringspolitikk som la til rette for slik industri. Som det òg er poengtert tidlegare, var skepsisen til storindustrien utbreidd i norsk politikk og samfunnsliv dei fyrste tiåra etter hundreårsskiftet, særleg etter at konsekvensane av dei store industriprosjekta byrja å visa seg.

På dei nye industristadene opplevde målrørsla altså sine fyrste tilbakeslag. I Tinn var nynorsk som opplæringsmål vedteke også for Austfjorddalen, men vedtaket vart neppe sett i verk før Rjukan vart bygd opp og bokmålsopplæringa fekk ein sjølvsgd plass i skulen. Det nye samfunnet i Tyssedal fekk sameleis bokmål i skulen medan Odda og Høyanger vart språkkøyvde samfunn. Båe stader var nynorsk teke i bruk i skulen før industrialiseringa, og den beiske målstriden i Odda var den direkte årsaka til parallellklasseordninga i folkeskulelovene (1917). Dette var eit reint forsvarstiltak frå målfolka si side for å unngå at nynorsken vart kasta heilt ut av bygda. I reine tal hadde nynorsktapa i desse skulekrinsane lite å seia i nasjonal samanheng, men symbolkrafta var stor: Ein såg her meir systematisk det som før berre hadde skjedd sporadisk, nemleg at nynorsken vart kasta *ut* av skulekrinsar der han tidlegare var komen inn, og ikkje minst at det oppstod ein antagonisme mellom nynorsk og industrialisering.

Drivkreftene bak bokmålsaktivismen på desse stadene var mellomklassen med funksjonærene som ei viktig gruppe, og med støtte frå dei av arbeidarane som gjerne kom flyttande til frå bokmålsstrok. I målstriden på industristadene finn ein altså òg ein sterk *regional* dimensjon som denne granskinga altså ikkje har gått inn på. Dei sentrale nynorskaktivistane var lærarane og dei som elles sokna til det etablerte bondesamfunnet, gjerne med støtte frå arbeidarar frå dei tilgrensande bygdene der nynorsk alt var innført. Framfor den vanlege dikotomien *bondesamfunn-industrisamfunn* verkar difor trekantmodellen utforma av Knut Kjeldstadli meir råkande (jf. drøfting i oppsummeringa til kapittel 9). I eitt hjørna fann ein bondesamfunnet, ofte med lærarane i leiarposisjonar, i eitt hjørna mellom- og overklassen knytt til industrisamfunnet, gjerne i allianse med dei kondisjonerte miljøa frå bygdesamfunnet (prestar og andre embetsmenn, dokter, forretningsdrivande), og i det tredje hjørna arbeidarane som utgjorde ei mangslungen gruppe av faglært og ufaglært arbeidskraft og tilflyttarar frå fjern og nær. Strid og alliansar innanfor desse lokalsamfunna kunne skifta. Frå Høyanger har ein døme på at bondesamfunnet og funksjonærene allierte seg i ungdomslaget mot arbeidarane i ein periode. Men hovudfronten i språkstriden stod i hovudsak mellom bondesamfunn og

mellom- og overklassen i industrisamfunna medan kampen stod om å vinna arbeidarane over på si side.

Samstundes er det i kapittel 9 argumentert for at modellen bør utvidast til ein 'firkant'. Eit hovudproblem er at han opererer med 'bondesamfunnet' som ei meir einskapleg eining enn det truleg er grunnlag for. Det me finn som aktivistar for målsaka, er *eliten* i bondesamfunnet (lærarar, framstående bønder). Meir uvisst er det i kva grad underklassen av husmenn, landarbeidarar og andre småkårsfolk identifiserte seg med målsaka. Dette var òg grupper som kom til å utgjera viktige delar av arbeidarklassen på industristadene, og som dei stridande partane i målstriden prøvde å vinna.

Sjølv om det altså ser ut til å ha vore brei semje i målrørsla om hovuddraga i synet på industrialiseringa, var det store skilnader i korleis dette vart brukt agitatorisk. I dei agrarnasjonalistiske miljøa i og utanfor målrørsla vart det ein såg som negative konsekvensar av storindustrialiseringa, brukte for det dei var verde i eit ideologisk forsvar for bondestanden og det idealiserte tradisjonelle bondesamfunnet. Når ein til dømes les skriftene til Lars Eskeland, finn ein at heller ikkje han var mot bruk av industriell teknologi eller ei småindustriell utvikling på bygdene. Men i agitatoriske samanhengar var han ikkje alltid like oppteken av å gå opp grensa mellom ulike industrialiseringsformer. Då kunne han godt slå fast med brei pensel at "me nordmenn ikkje hev tolt å laga oss so snøgt um ifrå eit sterkt bondefolk til eit industrisamfund. Det ser ikkje ut til at me høver til industrifolk."¹⁷ Men som det særleg er framheva i kapittel 11, fann ein heller ikkje i dei agrarnasjonalistiske miljøa i målrørsla eller bonderørsla ei generell og konsekvent avvising av alle former for industrialisering.

Arbeidarrørsla

I granskinga av målrørsla sitt tilhøve til arbeidarrørsla er det i all hovudsak lagt vekt på den politiske delen av arbeidarrørsla, altså Arbeidarpartiet og utbrytarpartia i 1920-åra. Dessutan er tilhøvet til arbeidarsamfunnsrørsla frå 1880-åra til noko etter hundreårsskiftet granska. Som fleire andre forskingsarbeid òg har peika på, fekk målrørsla aldri det same nære tilhøvet til Arbeidarpartiet som ho hadde hatt til Venstre, og det fekk direkte konsekvensar for målrørsla sin innverknad på rikspolitikken gjennom 1920- og særleg 1930-åra. I perioden for denne studien var målbrukslova (1930) det siste vesentlege målrørsla fekk utretta i rikspolitikken. Den nye situasjonen kom skarpt til uttrykk i

¹⁷ Eskeland 1929, s. 4.

rettskrivings-saka i mai 1937, då ikkje berre Arbeidarpartiet og Bondepartiet, men òg alle målfolka i Venstre gjekk mot det høgt proklamerte synet til Noregs mållag og vedtok den nye rettskrivingsendringa. Dei leiande delane av målrørsla vart meir eller mindre sett på sidelina i den nasjonale språkpolitikken medan førarskapen gjekk over til dei samnorskvenlege miljøa med den viktigaste partipolitiske representasjonen i Arbeidarpartiet.

Kvifor fekk ikkje målrørsla eit like nært tilhøve til Arbeidarpartiet som til Venstre? Somme faktorar, velkjende frå andre framstillingar, høyrer framleis med. Iallfall delar av arbeidarrørsla stod for ein internasjonal sosialisme som ideologisk var vanskeleg å sameina med kulturnasjonalismen som målrørsla var tufta på. Grunnlaget for arbeidarrørsla var dessutan eit knippe økonomiske og sosiale spørsmål som for mange arbeidarar og arbeidarpartimedlemer og -veljarar var viktigare enn kulturelle spørsmål. Torgeir Vraas 'gryta-gryten'-utsegn vert her gjerne sitert til det trøyttsame. Inntoget til Arbeidarpartiet i norsk politikk fell i Rokkans modell saman med ei forskyving frå dei kulturelle til dei økonomiske konfliktlinene. Dessutan hadde Arbeidarpartiet i langt større grad enn Venstre ein vesentleg del av veljarmassen i byane og hadde såleis faren for indre kløyving å ta omsyn til (jf. særleg kapittel 10). Den erklærte språkpolitiske nøytralitetspolitikken til partiet vert her i stor grad ikkje analysert ikkje som eit utslag av vantande interesse for målsprøsmålet i partiet og veljarflokket, men som ein freistnad på å temja eit stort og eksisterande engasjement som i verste fall kunne kløyva partiet og som kunne koma i vegen for det som *centrale partifolk* såg som viktigare saker. Oppslutnaden om samnorskpolitikken i partiet må i framhald av dette sjåast som ein freistnad på å få ei vanskeleg sak ut av verda. Samstundes var dette eit kompromiss som i Kohts utforming òg hadde ideologisk appell til mange språkpolitiske engasjerte i partiet.

Denne granskinga har avdekt ein situasjon etter hundreårsskiftet som var meir open enn forskingslitteraturen gjev inntrykk av. Dei leiande miljøa i målrørsla hadde frå 1880-åra vore å finna på den mest radikale fløya i Venstre, og innslaget av målfolk i arbeidarsamfunnsrørsla var stort. Det reine austlandspartiet Arbeidardemokratane var då òg det fyrste som programfeste målsaka (januar 1906). *Den 17de Mai* plasserte seg innanfor den breie nasjonaldemokratiske rørsla i 1890-åra, men i mange konkrete saker på dei sosiale og økonomiske felt òg i grenselandet mellom Venstre/Arbeidardemokratane og det framveksande Arbeidarpartiet. Jamvel gjennom den sterkare militærpolitiske aktivismen frå siste halvdel av 1890-åra til 1905 heldt dei leiande miljøa i målrørsla på eit etter måten godt tilhøve til Arbeidarpartiet. Hausten 1905 utvikla dette seg så til eit tett allianse i striden om styreforma der målrørsla og arbeidarrørsla utgjorde dei viktigaste

elementa i den republikanske rørsla. Støtta til målsaka i sentrale krinsar i Arbeidarpartiet gav seg både utslag i oppslutnad om oppropet for målstemna i januar 1906 og røystemåten i Stortinget då sidemålsordninga for den høgre skulen vart vedteken våren 1907. Det er på denne tida eg meiner det er grunnlag for å karakterisera situasjonen som temmeleg open når det gjeld tilhøvet mellom dei to rørslene.

I denne situasjonen tok så dei leiande miljøa i målrørsla eit strategisk val som er overraskande lite framheva i tidlegare forskingsarbeid. Ein heldt fast ved og styrkte den aktivistiske militærpolitikken, og etter at Arbeidarpartiet i 1906 tok eit oppgjær både med karlstadopposisjonen i eigne rekkjer og folkevæpningslina og gjekk inn for full avvæpning, vart Arbeidarpartiet ein politisk hovudmotstandar for målrørsla. Dette botna ikkje i målpolitikk, men i militærpolitikk, og det vart stadig klarare uttrykt di nærare verdskrigen ein kom. Det kjølege tilhøvet mellom dei to partane viste seg retorisk på bae sider, men Arbeidarpartiet heldt i Stortinget fast på ein landsmålsvenleg målpolitikk. Og sjølv om partidisciplin og ikkje målpolitikk var avgjerande i den saka, var eksklusjonen av Alfred Eriksen i 1912 òg viktig for å markera avstand til riksmålsrørsla.

Offisielt stod Arbeidarpartiet for ei språkpolitisk nøytralitetsline heilt til 1930-åra, men i praksis førte partiet i Stortinget i all hovudsak ein nynorskvenleg politikk. Klagemål frå målfolk tyder på at biletet var mindre eintydig på lokalplan etter kvart som partiet kom inn i styre og stell, utan at det er granska her. I 1919 innleidde så det sentrale miljøet i målrørsla ein sjarmoffensiv andsynes Arbeidarpartiet som i praksis tok slutt då Halvdan Koht gjekk av som formann i Noregs mållag i 1925. Det viktigaste kontaktpunktet vart dermed borte. Dette gav ikkje så mange handfaste resultat, og det kan vera vanskeleg å skilja Kohts personlege og mållaget sine institusjonelle initiativ i denne samanhengen. Partileiinga tinga iallfall, og fekk eit viktig målpolitisk programskrift av Koht (1921) sjølv om det på kort sikt ikkje førte til ei målpolitisk avklaring i partiprogrammet – det skjedde formelt fyrst i 1936.

Om det ikkje kom ei formell språkpolitisk avklaring i Arbeidarpartiet i denne perioden, må ein kunna seia at det kom ei allmennpolitisk avklaring i målrørsla. I dei leiande målmiljøa såg ein no ei tydeleg orientering i retning Arbeidarpartiet og ein fråstand til dei høgreaktivistiske miljøa, i 1920-åra fyrst og fremst uttrykt ved Fedrelandslaget (1925). Målrørsla og målsaka plasserte seg gjennom desse åra eintydig som eit sentrum-venstre-fenomen i politikken, eventuelt med unntak av dei bygdekonservative målvenlege kreftene i Bondepartiet. Noko *nært* tilhøve til Arbeidarpartiet utvikla seg likevel heller ikkje gjennom desse åra, spesielt ikkje etter at leiarskapen i Noregs mållag flytte til Bergen i 1925/26, og det kom ikkje minst til uttrykk i den noko kuriøse Hannaas-affæren i 1929.

Utover i 1930-åra møter me så på eit Arbeidarparti som under språkpolitisk leing av Halvdan Koht forma ut ein sjølvstendig ståstad i språkpolitikken og tok leiinga, til dels frå store protestar frå sentrale miljø i målrørsla, men òg med sterk støtte frå den tilnærmingsvenlege fløya.

Målrørsla og radikalismen

I fleire forskingsarbeid, mellom anna Gripsruds doktoravhandling, vert det oppsummert at målrørsla og målsaka vart *avradikalisert* kring hundreårsskiftet. Den radikale ånda til Fjørtoft, Steinsvik, Garborg, Mortensson-Egnund og andre frå 1870- og 80-åra vart borte. I kapittel 6 er det argumentert for at denne analysen er ikkje nødvendigvis i eitt og alt er gale, men at han er for generell og upresis.

Framfor alt vert vurderingane avhengig av kva målestav på 'radikalisme' ein legg til grunn. Om *Fedraheimen*-anarkismen i den mest sekteriske perioden til hovudpersonane bak avisa er målestaven, må nødvendigvis det meste av den seinare utviklinga oppsummerast som høgredreing og avradikalisering. Ein meir relevant innfallsvinkel er kontaktflata mellom målrørsla og venstreradikale rørsler og miljø i norsk politikk, og då vert biletet eit anna. Dominerande delar av dei sentrale målmiljøa plasserte seg i den radikale fløya i Venstre heilt frå før partiet var skipa til godt inn på 1900-talet. Eit uttrykk for dette er nettopp poengtert, nemleg den breie kontaktflata mellom sentrale målmiljø og arbeidarsamfunnsrørsla – seinare Arbeidardemokratane. Her plasserte altså òg *Den 17de Mai* seg.

Tilhøvet til Arbeidarpartiet (1887) og den sosialdemokratiske arbeidarrørsla var mindre relevant så lenge det var eit relativt urbant fenomen og ikkje representert på Stortinget. Men *Den 17de Mai* hadde vist stor sympati for mange sentrale arbeidarkrav ut gjennom 1890-åra, og leiingane i dei to rørsleane var allierte på den unionsradikale fløya i unionsstriden. Slik sett kan dei skarpe motsetnadene mellom dei leiande målmiljøa og Arbeidarpartiet i tiåret etter unionsoppløysinga, drivne fram av militærpolitikken, meir reknast som eit unntak, men like fullt ein realitet som hindra ei tilnærming mellom målrørsla og Arbeidarpartiet i ein viktig formativ fase for båe.

Ei anna side av avradikaliseringsprosessen var tilnærminga mellom målrørsla og dei kristeleg miljøa som sist i 1880-åra braut ut av Venstre. Den 'kristninga' av landsmålet som særleg skjedde frå 1890-åra og utover, var heilt avgjerande for å gje landsmålet innpass i skular og kyrkjer i mange bygder. I dei kristeleg målmiljøa var ein oppteken av å bryta ned biletet av landsmålet som 'fritenkjarmålet', som særleg var skapt gjennom 1880-

åra. At landsmålet var skiftleg medium for ein elitistisk religionskritikk, vil likevel ikkje seia at dette nødvendigvis var representativt for målfolk i *den* perioden heller.

Grunnstammen av lokale målfolk og målmiljø som bygde seg opp gjennom 'fritenkjartida' og 'anarkistrida', stod truleg like langt frå Garborgs religionskritikk og Steinsviks anarkisme som målfolk flest 20 år seinare. Det verkar såleis mest rimeleg å sjå det auka innpasset for landsmålet i kristelege og politisk moderate miljø som ei naudsynt *domeneutviding* i den fasen målreisinga var komen. Det galdt i like stor grad integreringa i statsapparatet og den offentlege institusjonaliseringa av målkøyvinga gjennom lovgjeving, økonomisk og politisk statleg støtte, og det at målfolk fekk posisjonar (som Hægstad i 1899). Dette var lekkar i ei utvikling der nynorsken gjekk frå å vera eit språk for patente politiske meiningar til eit språk for alle samfunnsområde, altså ein normaliseringsprosess.

Dette er like fullt endringstendensar som må sjåast i eit større perspektiv. Gjennom heile perioden for denne avhandlinga representerte den dansk-norske språktradisjonen ei sterk overmakt. Det galdt kvantitativt på alle domene bortsett frå nokre regionar der nynorsken kom i fleirtal, men vel og merke her også berre på somme felt, særleg dei offentlege. Vitale delar av samfunnslivet (som næringslivet) gjekk framleis i stor grad føre på riksmål også i områda der nynorsken stod sterkast. Til dette kom òg den sterke hegemoniske posisjonen som riksmålet hadde i hovudstaden og dei nasjonale institusjonane, inkludert statsapparatet. I *kulturpolitisk og kulturell forstand* representerte nynorsken såleis gjennom heile perioden ein språkleg radikalisme og eit mothegeonisk prosjekt.

Når vart målrørsla ei 'rørslé'?

Sjølv om det i litteraturen òg har vore vanleg å inkludera dei heller avgrensa målmiljøa i 1850- og 60-åra i *målrørsla*, har dette møtt motførestellingar, og det botnar i at ein med *rørslé* i norsk samanheng gjerne har meint *folkerørslé* med masseoppplutnad. Den som klarast har (spiss)formulert ein fagleg opposisjon mot synet på 1800-talsmålreisinga som ei folkereising, er Jostein Gripsrud, som har sagt det slik:¹⁸

Ei eigentleg folke- eller masseorganisering omkring spørsmålet kom ikkje før århundret var i ferd med å nedrødma, for å nytta Wergeland sitt bilde. Før 1890-åra var målsak ei sak for idealistar og galningar av to slag: nasjonalromantiske borgarar og bondestudentar av den

¹⁸ Gripsrud 1990, s. 36-37, jf. motlegg frå Høydal 1995a, s. 62, når det gjeld seminarlærarane.

”mistilpassa” typen. Først i 1890-åra gir *forsøka* på folkeleg organisering kring spørsmålet resultat for alvor ...

I ein nyare avispolemik har han omtala jamstillingsvedtaket som ”eit politisk topp-planskupp” vedteke av Stortinget ”i ei sterkt nasjonalbegeistra tid, mange år før det fanst ei eigentleg målrørsle i arbeid.”¹⁹ Andre sentrale forskarar på feltet har undra seg over korleis eit språk som knapt var meir enn eit ”interessant språkleg eksperiment med nokså usikker lagnad”²⁰ og ”ikke [var] stort annet enn et leketøy for idealistiske språkmenn og diktere”²¹ kunne bli offisielt jamstilt med eit skriftspråk med fleire hundre års tradisjon i landet. Arvid Gjengedal har i hovudoppgåva si om målreisinga i 1870- og 80-åra konkludert med at jamstillingsvedtaket kom fordi leiande målmenn innsåg at målrørsla ”ikkje hadde nokon status [som folkerørsle] i det heile tatt”. Difor var det ”i første rekkje ... mellom politikarane på landsplan, i Stortinget, at ein måtte vente største framgangen for målarbeidet.”²²

I organiseringsgrad stod målrørsla monaleg bak andre ’motkulturelle’ sosiale rørsler som gjorde gjeldande i det same tidsrommet. Fremst i organiseringa stod lekmannsrørsla (ytre- og indremisjonsrørslene). Det norske misjonsselskap (skipa 1842) kunne i 1880-åra til dømes skilta med heile 2000 lokale foreiningar medan Det norske totalafholdsselskab i 1894 mønstra 150 000 medlemmer.²³

Synspunkta som særleg Gripsrud har fått stå som representant for, er likevel problematiske. Ei sak er det at jamstillingsvedtaket kom som resultat av ein politisk kampanje der initiativet dels kom frå Samlaget, dels frå eit lærarmøte i Vadheim. Oppunder 50 venstrelag, lærarmøte og andre organisasjonar og folkemøte slutta seg til krava i den samordna nasjonale aksjonen frå september 1884 til juni 1885 medan dei 41 stortingsmennene forma ut det private framlegget i januar 1885 som vart vedteke i Stortinget i juni.²⁴ No kan kanskje dette òg tolkast som ein kampanje ovanfrå sjølv om det iallfall vitnar om ein viss oppslutnad om målsaka.

Då er det vanskelegare å tolka krava og strategien til målfolket gjennom desse åra inn i dette perspektivet. Eit sentralt krav, som Stortinget og regjeringa gjekk med på i 1892, var å delegera viktige språkpolitiske avgjerder til lokalnivået. Avgjerda om landsmål eller dansknorsk skulle nyttast i folkeskulen vart delegert til skulestyra og krinsmøta, og kyrkjelydane fekk høve til å innføra Blix-salmane. Om dei sentrale målstrategane hadde

¹⁹ *Bergens Tidende*, 7.2.2004.

²⁰ Haugland 1974a, s. 149.

²¹ Haugen 1969, s. 30.

²² Gjengedal 1971, s. 134.

²³ Nerbøvik 1999, s. 178-179.

²⁴ I Haugland 1974a, s. 180-182, jf. Mjeldheim 1984, s. 389, og kapittel 6.

vurdert det slik at dei berre hadde støtte i dei sentrale politiske miljøa og ikkje utover i landet, ville dei neppe valt ein slik strategi. Ein treng ikkje ein gong sjå utanfor dei norske grensene for å få auga på alternativet. Då samelova fekk det viktige språktillegget i 1990, vart det slege fast at staten skulle avgjera kva kommunar som skulle gå inn i forvaltningsområdet for samisk språk (i dag åtte kommunar).²⁵ Då Den irske fristaten definerte sine irkskspråklege 'gaeltacht' i 1926, var det òg gjennom statleg påbod ovanfrå.²⁶

I norsk samanheng har derimot *nedanfrå*-strategien til målrørsla i 1880-åra vore så sjølv sagt at han ikkje ein gong er problematisert i den nyare forskingslitteraturen. Denne strategien må ha botna i ein analyse som tilsa at eit lokalt apparat tok form – eit apparat som var i stand til å utnytta dei nye moglegheitene i skule og kyrkje til å innføra landsmål. Som det vart lagt vekt på i kapittel 4, var dette apparatet midt i 1880-åra mangslunge, dårleg organisert og ikkje veldig omfattande, men likevel omfattande nok til at det kan kallast ei 'rørslé' i ei rimeleg forståing av omgrepet.

Alternative moderniseringsprosessar

Korleis kjem så den framlagde empirien ut i høve til dei innleiande moderniseringsteoretiske perspektiva som vart dregne opp? Innanfor det klassiske moderniseringsparadigmet der industrialisering og urbanisering er heilt sentrale kriterium på modernisering, kjem målrørsla ut som eit motstandsreir mot moderniseringa og eit forsvarsverk for det etablerte rurale og jordbruksbaserte bondesamfunnet. Som Rokkan har oppsummert det: "Landsmålet ble det samlende symbol for en bred, kulturell forsvarsbevegelse, ikke bare på Sør- og Vestlandet, men også i de gamle bondesamfunn i dalførene på Østlandet."²⁷

Målrørsla kan trygt reknast som ein del av ei breiare motstandsørsla mot *storindustrialiseringa* dei fyrste tiåra på 1900-talet og ei forsvarsørsla for bondesamfunnet mot den dramatiske omkalfatringa som ei storindustriell utvikling førte med seg. Men industrialisering var altså meir enn oppbygging av storindustri. Det synet på industri og industrialisering som er avdekt i dei sentrale målmiljøa i denne studien og kort oppsummert ovanfor, kan ikkje karakteriserast som eit antiindustrialiseringsprogram, men som eit *alternativt* industrialiseringsprogram (småskalamodellen). Og i

²⁵ Lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold, § 3-1, og Forskrift til sameloven om forvaltningsområdet for samisk språk. Sidan 1.1.2008 har Karasjok, Kautokeino, Nesseby, Porsanger, Tana, Kåfjord, Tysfjord og Snåsa vore med i forvaltningsområdet (Lovdata).

²⁶ Om etableringa av irske gaeltacht i 1920-åra, sjå t.d. Ó Huallacháin 1994, s. 89, jf. òg Nybø 2007, s. 53ff.

²⁷ Rokkan 1987 [1967], s. 200.

nasjonalismeteorisk forstand fann ein altså dei granska målfolka i den *mellomposisjonen* mellom det tradisjonelle og det moderne slik Hutchinson har framheva som karakteristisk for kulturnasjonalistar. Dette vert då ståande som eit klart teoretisk alternativ mot Hobsbawm og Hroch si vektlegging av at nasjonalismen som ofte oppstod i bondesamfunn i ein moderniseringsfase må reknast som meir reindyrka forsvarsideologiar mot industrialisering og marknadsutvikling.

Det må understrekast at jamvel om ein nyttar klassisk moderniseringsteori som utgangspunkt med industrialisering som eit avgjerande kriterium, er ikkje konklusjonen når det gjeld målrørsla så eintydig som han kan framstå i arbeida til Rokkan og Nordby. Ideen om at moderniseringsprosessen kunne ta ulike vegar, finn òg støtte i den klassiske moderniseringsteorien slik han vart modifisert særleg ut gjennom 1970-åra.

Likevel verkar omgrepet om multiple modernitetar som ein teoretisk innfallsvinkel som har større forklaringskraft på emnet for denne studien (jf. kapittel 3). Om ein følgjer Gunnar Skirbekk og går bort ifrå industrialisering og føremålsrasjonalitet og heller opnar for at ein diskursiv eller kommunikativ rasjonalitet er konstituerande for alle former for modernitet, opnar det seg andre perspektiv. Vektlegginga av vitenskapleg forskning og vitenskapleg basert kunnskap er sentralt også i denne forståinga av moderniteten og moderniseringsprosessen. Heilt avgjerande er samstundes forminga av arenaer der ulike meiningar og innsikter kan brytast mot kvarandre i ein open diskusjon. Framveksten av folkestyret og ei diskuterande ålmente som gjer folkestyret reelt, vert dermed heilt avgjerande.

Nyttar ein eit slikt utgangspunkt, står målreisinga fram som ei sterk moderniseringskraft i det norske samfunnet frå dei siste tiåra på 1800-talet og framover. Målreisinga var tufta på eit moderne vitenskapleg grunnlag gjennom arbeida til Ivar Aasen og andre, og sentralt i målreisingsprosjektet stod førestellingar om å letta allmugen sin tilgang til opplysning og deltaking i offentlege diskusjonar gjennom eit skriftspråk som fall lettare og meir naturleg enn det dansk-norske bokspråket. Målsaka var knytt til eit større idekompleks der folkeopplysning vart framheva, dels gjennom ei styrking av det offentlege og private utdanningsvesenet, demokratisering av dei politiske institusjonane og nasjonalt sjølvstyre. Målrørsla tok etter kvart òg form som ei av dei mange rørsleane der ein fekk vertikalt integrerte organisasjonar som skapte kanalar frå lokalnivå til sentralt nasjonalt nivå, batt regionar og bygder saman og skapte nye arenaer for deltaking i politisk arbeid og i forminga av samfunnet i vid meining.

Norsk målstrid som kvasi-etnisk konflikt

Til slutt skal det knytast nokre ord til spørsmålet om i kva grad og på kva måte den norske målstriden har hatt dimensjonar som kan kallast etniske eller nasjonale. Dette grip inn i ein langvarig diskusjon både med faglege og ideologiske over- og undertonar om målstriden 'eigenleg' er 'nasjonal' eller 'sosial'. Korleis kan ein i det heile forsvare at ein strid mellom nordmenn, innanfor dei norske grensene og utan framande makter som på noko vis prøver å påverka eller gripa inn, kan kallast ein 'nasjonal' strid? Føremålet er å sjå om nyare teoretiske innsikter kan yta eit bidrag til svar på desse spørsmåla.

Går ein til aktørane sjølv, er eit ytterpunkt 'to-nasjonslæra' som særleg er knytt til Arne Garborgs bok frå 1877, men som både grip attende til dei fyrste målfolka (Aasen, Vinje) og dessutan hadde eit visst fotfeste i målrørsla utover på 1900-talet. Her var formelen grei: Språket var det fremste kjenneteiknet på nasjonaliteten, og i Noreg var det ein framand nasjonalitet, den 'norsk-danske', som rådde. Genealogisk var dette etterkomarane etter innvandra danske og tyske embetsmenn. Mot dette hegemoniske kolonispråket stod reisinga av eit fullnorsk språk, som uttrykk for ein like fullnorsk nasjonalitet. Nasjonalismeteorisk var denne tradisjonen klart primordialistisk, og målspørsmålet kan knapt tolkast i klarare etniske kategoriar enn dette, i den forstand at den norske målstriden stod mellom to etniske grupper.

Men sjølv om Garborg og dei som har gått i dei ideologiske fotspora hans sterkast har tolka målstriden som ein etnisk konflikt – vil det seia at ein her òg har å gjera med ein utprega *etnisk* nasjonalisme? Her melder problema seg raskt. Med den heller einsidige vektlegginga av språk som kriterium på nasjonalitet, opnar Garborg i stor grad for å gjera nasjonalitet til eit spørsmål om *individuell val*. Eit sentralt poeng hjå Garborg er då nettopp òg at den 'dansk-norske' nasjonaliteten i Noreg skal nedkjempast ved at medlemene i denne gruppa *vel landsmålet*. Dette er iallfall eit nasjonalitetssyn som ligg langt frå ei etnisk vektlegging av avstamming. Når språk på denne måten snarare vert rekna som ein institusjon som knyter samfunnet saman, nærmar dette seg heller ein statsborgarleg nasjonalisme med vektlegging av sams rettar og plikter for medlemene i nasjonen. Fransk nasjonsbygging og språkpolitikk er då òg eit viktig (positivt) referansepunkt for Garborg. Dette er ein demonstrasjon av det problematiske i å skilja mellom 'etnisk' og 'statsborgarleg' nasjonalisme som Rogers Brubaker, Oliver Zimmer og andre argumentert imot.

I det norske samfunnet utanom målrørsla hadde Garborgs syn svært avgrensa gjennomslagskraft, og det møtte jamvel kraftig motbør i tonegevendende delar av målrørsla

frå kring hundreårsskiftet, klarast uttrykt med Halvdan Kohts oppgjer med Garborg i 1900. Her vart det skarpt avvist at norsk målstrid kunne tolkast som ein strid mellom ulike etniske grupper i Noreg. Innvendingane gjekk på at dei som brukte og streid for riksmålet også måtte reknast som del av den norske nasjonaliteten – Koht la mellom anna stor vekt på å dokumentera dei norske (nasjonaliserte) innslaga i embetsmannsslektene. Målstriden stod altså innanfor den norske nasjonaliteten, men dette var ikkje einstyddande med at ein nasjonal dimensjon vart tolka *ut* av målstriden. Den nasjonale dimensjonen i målstriden sprang ut av ynsket om å ta eit oppgjer med ein 'unasjonal' språkleg og kulturell tradisjon, importert frå eller påført Noreg frå Danmark. Og *denne* tolkinga av den nasjonale dimensjonen i målspørsmålet hadde brei resonans i det norske samfunnet. Språkfelleskapen med Danmark vart sett på som eit så stort problem i det norske samfunnet at jamvel sentrale delar av den organiserte riksmålsrørsla såg positivt på 1907-rettskrivinga.

Som det er peika på ovanfor, står den historisk-nasjonale legitimiteten til nynorsken fram som ei sentral forklaring på gjennombrøtet og framgangen for målreisinga frå 1880- til 1940-åra. Rett nok la aktørar som Garborg, Koht og Hannaas vidt ulike forståingar av det nasjonale til grunn, og enno større var variasjonen når det gjaldt kva andre ideologiske motiv og argument som vart nytta for å legitimera målreisinga. Men *ingen* grupper, jamvel ikkje i den sosialistiske fløya i målrørsla i 1920-åra, avviste det nasjonale grunnlaget for målreisinga. Det nasjonale var det som batt saman ei rørsle der ein elles fann ulikt syn på mangt og mykje, og der aktivistane spreidde seg over heile det politiske spekteret frå kommunistane til høgreaktivistiske grupperingar.

Når språkhistorikarar dei siste tiåra diskutert dette, har eit sentralt synspunkt som nemnt vore at målstriden alltid har vore ein sosial strid eller ein klassestrid, men i periodar har vore ført med nasjonal retorikk (jf. kapittel 3). Eit anna sentralt argument for dette synet er det lingvistiske: Striden har stått om ulike skriftnormalar innanfor eit felles talemålkontinuum der det blir snakka 'norsk', og det er såleis ikkje lingvistisk grunnlag for å hevda at striden står mellom ulike språk. Dette synet kan reknast som reindyrka modernistisk i nasjonalismeforskinga, og det vart dessutan i stor grad formulert (fagleg) i kjølvatnet av at modernismen braut gjennom som forskingssyn i internasjonal nasjonalismeforsking.

Motlegget mot dette synet har vore at målstriden har hatt *ulike* og langt på veg samanfallande dimensjonar, både ein nasjonal og ein sosial, og spørsmålet for dei som har argumentert for eit slikt syn, har meir vore kva som har dominert i ulike periodar. Typologiseringar av motivasjonen bak målreisinga som 'nasjonal', 'sosial' og eventuelt

'pedagogisk' har ut ifrå dette vore ein gjengangar i språkhistoriske framstillingar. Ernst Håkon Jahr har argumentert for at målstriden gjekk over frå å vera 'nasjonal' til å bli 'sosial' i 1917, dels grunngjeve med rettskrivingsendringa som skapte eit definitivt brot mellom norsk riksmål og dansk, og dels med at litteratur på riksmål på denne tida byrja å koma i dansk omsetjing i Danmark.²⁸

Denne teorien om eit slikt brot kring 1917 byr likevel på problem. I kjeldetilfanget er det ikkje er mogleg å få auga på store skilnader i bruken av nasjonale argument i målstriden før og etter 1917. Og det er heller ikkje mogleg å få auga på noko anna som gjer det rimeleg å kalla tida kring fyrste verdskrigen for eit brot, heller ikkje 1917-rettskrivinga. Tendensen i nasjonalismeforskinga har elles vore ei vektlegging av den subjektive kollektive oppfatninga av identitet framfor å leita etter objektive kriterium slik Jahr gjer. Meir tydeleg enn synet på det nasjonale i målstriden gjennom desse åra, er ei dreining i innhaldet i dei sosiokulturelle argumenta for målsaka. Denne dreia frå ei framheving av bondestanden sine interesser til ei sterkare vektlegging av interessene til både arbeidarar og bønder i bygd og by, sterkast uttrykt i Kohts sosialdemokratiske syntese.

Spørsmålet vert då om det kan formulerast meir tilfredstillande mellomposisjonar enn det Jahr har gjort mellom primordialisten Garborg og modernistane i språkhistorieforskinga frå 1970- og 80-åra. Det å sjå målstriden som ein konflikt mellom to tevlande nasjonalismar eller nasjonsbyggingsprosjekt, slik ein har sett i nyare norsk nasjonalismeforsking, er eit steg framover (jf. kapittel 3). Samstundes er dette òg ein posisjon som ikkje gjev eit tilfredstillande svar på tilhøvet mellom nasjonale, etniske, kulturelle, sosiale og regionale aspekt ved målstriden.

Kva finn ein så av mellomposisjonar hjå dei språkpolitiske aktørane sjølve? Ernst Sars avviste Garborgs tonasjonslære, men meinte likevel målstriden stod mellom to 'kulturar' som ikkje kunne reduserast til ein klassemotsetnad, eit syn som i samnorsktradisjonen vart følgt opp av Moltke Moe og Halvdan Koht. I målrørsla vart dette òg eit rådande syn etter at tonasjonslæra vart umogleg å forsvare. Denne granskinga har stadfest og utdjupa kunnskapen om at målstriden fall saman med viktige konfliktliner både sosialt, regionalt og i synet på teknologisk-økonomisk modernisering og urbanitet, og dei spela ein vesentleg rolle. Det nasjonale spela likevel som nemnt ei så konstant og konstituerande rolle at det knapt kan reduserast til vikarierende argument og retoriske våpen. Her ser John Hutchinsons omgrep om 'kvasi-etniske' stridar innan nasjonar ser ut

²⁸ Jahr 1993.

til å vera råkande og kan ha forklaringskraft.²⁹ Målreisinga henta ikkje berre næringa si frå dei dagsaktuelle politiske, regionale og politiske stridane, men òg i stor grad frå dei kollektive historiske minna som var knytte til dansketida, som i denne samanhengen utgjer det Hutchinson kalla "The Trauma of History" som utgjer eit repertoar av kollektive minne med potensiale til å mobilisera til kollektiv handling.

Avrunding

Denne studien har avdekt eit knippe faktorar som samla kan seiast å utgjera ein kime til dei problema målrørsla møtte etter okkupasjonstida. Kulturnasjonalismen som bar målreisinga oppe, hadde ikkje den same krafta då ein kom ut i mellomkrigstida, ikkje minst fordi ein vanta den drahjelpa som den politisk nasjonalismen særleg kring 1905 hadde gjeve. Grønlandssaka var ein freistnad på å reetablere ein slik politisk nasjonalisme, men dette var så kontroversielt at det ikkje lukkast å samla målrørsla om ho. Ikkje minst vart dette ein demonstrasjon av at dei kollektive minna om dansketida på langt nær hadde det same mobiliseringspotensialet som den dagsaktuelle striden mot svenskeunionen fram mot 1905. Som forklaring på problema som målreisinga møtte etter krigen, vert det ofte drege fram at det ikkje lenger var mogleg å argumentera for at nynorsken var meir nasjonal enn bokmålet. Det er det tvillaust noko i, men poenget her er at krafta i det nasjonale argumentet ser ut til å ha tapt seg alt i mellomkrigstida.

Problema målreisinga møtte i byane og byliknande stork, som særleg manifesterte seg med *Nidaros*-tapet, er ein annan vesentleg faktor. Ein tredje er den problematiske stoda målrørsla kom i andsynes Arbeidarpartiet, som viste seg då DNA reiv til seg initiativet i målpolitikken 1930-åra frå ei målrørsla som hadde hatt det sidan 1880-åra. Dei viktigaste premissane for den retninga målstriden kom til å ta, ser i all hovudsak ut til å ha vore fastlagde før 1885 – særleg gjeld det *by-land*-konflikten. Det er vanskeleg å sjå føre seg at dei språkpolitiske aktørane kunne ha påverka dette slik at stoda var *vesentleg* annleis kring 1940. På eit overordna plan vert dermed dei viktigaste forklaringane å finna i rammefaktorane som dei språkpolitiske aktørane ikkje rådde over. Det punktet der situasjonen var mest open for innverknad frå dei språkpolitiske aktørane, ser ut til å ha vore i tilhøvet mellom målrørsla og arbeidarrørsla i åra etter hundreårsskiftet.

²⁹ Hutchinson hentar gjentekne gonger døme frå norsk målstrid for å underbyggja teorien, noko eg i denne samanhengen ser bort ifrå sidan han ikkje demonstrerer nokon spesialkunnskap om norske tihøve (han byggjer på Haugland 1980 og Haugen 1966). Faren for ringslutningar burde heller ikkje vera stor sidan Hutchinson har bygt teorien sin på eit breitt komparativt grunnlag der norsk målstrid berre utgjer ein liten del.

Kjelder og litteratur

Arkiv

Peder Hovdands arkiv for norsk målreising (Ivar Aasen-tunet)

Hovdan, Peder. (1946). *Norsk målreising. Målskiftet i heradi. 1865–1940–195...* Handskriven protokoll. Ymse avisklypp og arkivtilfang.

PA 797 Arkiv for Studentmållaget i Oslo (Riksarkivet)

Rapport frå republikknemnda i 1905 (D-0001).
Møtebøker 1909–14, 1918–23 og 1923–29 (Ae-0002).
Heidrun (handskrive lagsblad) (F-0001).

Oppslagsverk, internettressursar m.m.

Arb.leks. *Arbeidernes leksikon*. (1932–36). (Bd. 1–6). Oslo: Arbeidermagasinets forlag.

Atekst. *Atekst. Retriever*. Oslo: Mediearkivet.no. <https://web.retriever-info.com/services/archive.html?redir=true>.

Bibsys. *Bibsys Ask*. <http://ask.bibsys.no/ask/>.

D17M-base. Dalhaug, Ole. (1999.) *Den 17de Mai. Norsk folkeblad. Register 1894–1913*. [digital ressurs]. (Versjon 5.4.1999, i Ivar Aasen-tunet).

DA. *Digitalarkivet*. Arkivverket. <http://digitalarkivet.no/>.

EBO. *Encyclopædia Britannica Online*. <http://www.britannica.com/>.

Lovdata. *Lovdata Online*. <http://lovdata.no/>.

NA. *Norsk Allkunnebok*. (1948–66). (Bd. 1–10). Oslo: Fonna.

NB-1905. 1905. *Norge, Sverige & unionen*. (2005.) Oslo: Prosjekt 1905. <http://www.nb.no/baser/1905/om.html>.

NBL1. *Norsk biografisk leksikon*. (1923–83). (Bd. 1–19). Oslo: Aschehoug.

NBL2. *Norsk biografisk leksikon*. (1999–2005). (Bd. 1–9). Oslo: Kunnskapsforlaget.

NFL. *Norsk Forfatter-Lexikon 1814–1880. Bd. 1–6. Paa Grundlag af J.E. Krafts og Chr. Langes "Norsk Forfatter-Lexikon 1814–1856"*. (1885–1908). Ved J.B. Halvorsen og Halvdan Koht (Bd. 1–6). Kristiania: Den Norske Forlagsforening.

Nn-ordboka. *Nynorskordboka* [internettutg.]. Oslo: Institutt for lingvistiske og nordiske studiar, Universitetet i Oslo. <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>.

NO-setel. *Setelarkivet – Norsk ordbok* [internettutg.].

<http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?tabid=436&appid=8>.

ODS. *Ordbog over det danske sprog. Dansk i perioden 1700–1950* [digital utgåve]. (1919–56). (Bd. 1–28). <http://ordnet.dk/ods>.

Ot.tid. *Odelstingstidende*. (Frå 1888 del 8 av Stortingsforhandlinger). Kristiania.

Samf.vev. *Samfunnsveven. Dataressurser. (Regjeringer, Storting)*. Bergen: Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste. <http://samfunnsveven.no>.

St.forh. *Kongeriget Norges Stortings Forhandlinger*. (Del 1–9). Kristiania/Oslo.

St.tid. *Stortingstidende*. (Frå 1888 del 7 av Stortingsforhandlinger). Kristiania.

Wiki (en). *Wikipedia*. (Engelsk utg.). <http://en.wikipedia.org>.

Wiki (ty). *Wikipedia*. (Tysk utg.). <http://de.wikipedia.org>.

Aviser og tidsskrift

Aftenposten
Bergens Tidende
Bodstikka
Breidablik
Dag og Tid
Dagbladet
Dagsposten
Den 17de Mai
Fedraheimen
For Kirke og Kultur
Fram (1923-29)
Fritt Folk
Gula Tidend
Klassekampen
Morgenbladet
Nora
Norsk Ungdom
Norsk Aarbok
Norske Intelligenssedler
Riksmålsbladet
Samtiden
Sogns Tidende
Syn og Segn
Teknisk Ugeblad
Tidens Tegn
Unge Skud
Varden
Verdens Gang

Kjelde- og litteraturliste

- Almenningen, Olaf. (1984). *Målstrev og målvokster 1905-1913. Organisering, ideologi og arbeidsoppgåver*. Oslo: Samlaget.
- Almenningen, Olaf, m.fl. (red.). (1989). "Og byen er vår bror..." *Bondeungdomslaget i Oslo 1899-1989*. Oslo: Bondeungdomslaget i kommisjon hjå Noregs boklag/Samlaget.
- Almenningen, Olaf, m.fl. (red.). (1981). *Målreising i 75 år. Noregs mållag 1906-1981*. Oslo: Fonna forlag.
- Almenningen, Olaf, m.fl. (2003). *Studentar i målstrid. Studentmållaget i Oslo 1900-2000*. Oslo: Samlaget.
- Almenningen, Olaf, og Åsmund Lien. (1978). *Striden for nynorsk bruksmål. Ei lita målreisingssoge*. Oslo: Samlaget.
- Almenningen, Olaf, m.fl. (red.). (1981). *Språk og samfunn gjennom tusen år*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Alsvik, Bård. (2001). "Oslo leve!" Om navneendringen fra Kristiania til Oslo. *Tobias* (nr. 1), 3-7.
- Alveberg, Marie Lund. (2007). *I hvilken grad kan ønsket om og argumentasjonen for folkevæpning og folkehær være en fruktbar innfallsvinkel til militaristiske strømninger i Norge rundt 1905?* Upublisert forelesningsmanuskript. Oslo.
- Andersen, Ketil Gjølme. (2005). *Hydros historie 1905-2005. Flaggskip i fremmed eie. Hydro 1905-1945*. (Bd. 1). Oslo: Pax.
- Andersen, Roy. (1998). *Opprustning og unionsstrid. Forsvarets betydning 1892-1905*. *Forsvarsstudier*, 4/1998. Oslo: Institutt for forsvarsstudier.
- Andersen, Roy. (1999). Ideologiske forutsetninger for den militære opprustningen i Norge. *Historisk tidsskrift* (nr. 1), 48-60.
- Andersen, Roy. (2000). *Henrik Angell. En nordmann på tvers*. Oslo: Forum - Aschehoug.
- Angell, Henrik. (1910). Ny dag i Norig. I H. C. Roti (red.), *Bondeungdomslaget Ervingen 10 aar. 20.mars 1900 - 20. mars 1910* (s. 19-25). Bergen: Laget.
- Angell, Svein Ivar. (2002). *Den svenske modellen og det norske systemet. Tilhøvet mellom modernisering og identitetsdanning i Sverige og Noreg ved overgangen til det 20. hundreåret*. Oslo: Samlaget.
- Angell, Svein Ivar. (2004). *Arna bygdebok. Bygd nær byen 1840-1972*. (Bd. 2). Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- Apelseth, Arne. (1991). *Tildriv og føresetnad for Ivar Aasen*. Skrift nr. 15. Volda: Volda lærarhøgskule.
- Apelseth, Arne. (2004). *Den låge danninga. Skriftmeistring, diskursintegrering og tekstlege deltakingsformer 1760-1840*. Avhandling (dr.art.). Universitetet i Bergen.

- Arctander, Adolf Maurits Stenbock. (1908). *Maalrørsla i Norig. Ei stutt utgreiding, skrivi aat tyskarane*. Voss: Unglyden.
- Aschim, Anders. (2008). *Ein betre vår ein gong. Elias Blix. Biografi*. Oslo: Samlaget.
- ASEN. (2008). 18th Annual ASEN Conference. Nationalism, East and West: Civic and Ethnic conceptions of Nationhood. Henta 20.3.2009, frå http://www.lse.ac.uk/collections/ASEN/conference_08.html.
- Askedal, John Ole. (1995). Einar Haugen om betegnelser for norsk språk. *Ordet* (nr. 1), 8-10.
- Astrup, P. (1923). Er det samiske spursmålet løyst? *Norsk Aarbok*, 131-134.
- Aune, Tormod. (2002). *Korridorenes dronning. Fredrikke Marie Qvam*. Levanger: Nord-Trøndelag krets av Norske kvinners sanitetsforening.
- Aure, Anton. (1916). *Kvinnor i den nynorske bokheimen. Stutte livsskildringar*. Kristiania: Nikolai Olsens Prenteverk.
- Aure, Anton. (1923). *Dei nynorske bladi. Ei stutt sogeyversyn med biografiske opplysningar um nynorske bladmenner no*. Bjørgvin: J.D. Beyer.
- Aure, Anton. (1924). *Prestar som talar nynorsk. Stutte livssogor med ei innleiding um norsk maal i kyrkja*. Risør: Erik Gunleikson.
- Aure, Anton, og Olav Dalgard. (1926). *Nynorsk bokliste. 1921-1925*. (Bd. 3). Oslo: Samlaget.
- Aure, Anton, og Hans Aarnes. (1923). *Norskt Bladmannelag gjennom 10 aar - 1913-1923. Dei norske bladi gjennom 65 aar 1858-1923. Biografiar av norske bladmenn*. Bjørgvin.
- Ausland, Are. (2006). *Nasjon og nasjonalisme. En historiografisk studie*. Upublisert hovedoppgave i idehistorie. Universitetet i Oslo.
- Bakken, Ove. (1969). Arne Dybfest, Fedraheimen og den norske anarkismen. *Syn og segn*, 305-313.
- Bandle, Oskar (red.). (2002-05). *The Nordic languages. An international handbook of the history of the North Germanic languages* (Bd. 1-2). Berlin: de Gruyter.
- Barstad, Johannes A., og Chr. Bruun. (1900). Mållag av norske prestar. *For kirke og kultur*, 61.
- Barth, Fredrik. (1969). Introduction. I Fredrik Barth (red.), *Ethnic groups and boundaries. The social organization of culture difference* (s. 9-38). Bergen: Universitetsforlaget.
- Berg, Roald. (2001). *Norsk forsvarshistorie. Profesjon, union, nasjon. 1814-1905*. (Bd. 2). Bergen: Eide.
- Berge, Kjell Lars. (2004). Skriftkultur. I Kjell Lars Berge, m.fl. (red.), *Skriftkultur* (s. 5-14). Oslo: Norsk sakprosa i samarbeid med Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening.
- Berge, Kjell Lars, Trine Gedde-Dahl, og Stephen Walton (red.). (2004). *Skriftkultur*. Oslo: Norsk sakprosa i samarbeid med Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening.
- Bergo, Andres. (1925). *Ervingen. 1900-1925*. Bjørgvin.
- Bergsgård, Arne. (1915). Forsvarssaki og valet. *Syn og segn*, 309-321.
- Bergsgård, Arne. (1951). Skipinga av amtsskulane. I Kristian Nygård (red.), *Frå amtsskole til folkehøgskole. 75-årskrift for fylkesskolen i Noreg* (Bd. 1, s. 9-64). Trondheim: I kommisjon: Brun.
- Bergsgård, Arne. (1980). Nidaros-striden - eit 50-årsminne. *Årbok for Trøndelag*, 87-96.
- Bergstrøm, Margit. (2005). "Norig for nordmenn, no eller aldri". *Den sentrale krinsen rundt Den 17de Mai og Studentmållaget og deira kamp mot unionen i 1905*. Masteroppgåve i historie. Universitetet i Oslo.
- Berner, H. E. (1897). Vaare byar og deira folkesetnad. *Syn og segn*, 129-145 og 193-218.
- Bernsen, Marit. (1975). "Den sosiale" argumentasjon for målsaken blant målstudenter i tiden 1923-1938 og dens forutsetninger. Upublisert hovedoppgave i nordisk språk. Universitetet i Bergen.
- Bernaas, Anfinn. (1996). Nynorsken inn i skulestova. *Årbok for Telemark*, 98-125.
- Birkeland, Bjarte, m.fl. (red.). (1968). *Det Norske Samlaget 1868-1968*. Oslo: Samlaget.
- Birkeland, Bjarte, og Bjørn Kvalsvik Nicolaysen. (1986). *Folkemål og danning. Nynorske lærebøker 1867-1915*. Oslo: Samlaget.
- Bjørge, Ivar. (1952). Sjur Fedje. *Årbok for Gudbrandsdalen*, 127-128.
- Bjørge, Ragnhild. (2006). *Motstand og oppgjer - målørsla sitt tilhøve til Nasjonal Samling*. Upublisert masteroppgåve i nynorsk skriftkultur. Høgskulen i Volda.
- Bjørgum, Jorunn. (1985). Det nasjonale spørsmål i norsk arbeiderbevegelse. *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* (nr. 1), 99-130.
- Bjørgum, Jorunn. (2005). Unionsoppløsningen og radikaliseringsen av norsk arbeiderbevegelse. *Arbeiderhistorie*, 28-49.
- Bjørhusdal, Eli. (2001). *Målkvinne før 1900*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet, 12. Volda: Høgskulen i Volda.
- Bjørklund, Tor. (1979). Motkultur i medvind. *Syn og segn*, 450-457 og 535-544.
- Bjørklund, Tor. (2004). Lokale avstemninger om mål og alkohol. To motkulturer med ulikt syn på folkeavstemning. *Historisk tidsskrift* (nr. 1), 57-80.
- Bjørklund, Tor. (2007, 10. juli). Frp - en politisk kameleon. *Klassekampen*.
- Bjørndal, Ivar. (1998). *Fra vannkraft til datakraft. Trekk fra Haldens historie i hundre og tredve år. 1868-1998*. Halden: Forum Bjørndal.
- Bjørnson, Bjørnstjerne. (1900). *En Tale af Bjørnstjerne Bjørnson om Maalsagen*. Norsk rigsmaalsforenings smaaskrifter, 4. Kristiania.
- Bjørnson, Bjørnstjerne, og Knud Knudsen. (1887). *Til dem, som forkynner eller lærer i det norske mål*. Kristiania.

- Bjørnson, Øyvind. (1990). *Arbeiderbevegelsens historie i Norge. På klassekampens grunn (1900-1920)*. (Bd. 2). Oslo: Tiden.
- Bleken, Brynjulv. (1966). *Om norsk sprogstrid*. Skrifter utgitt av det Norske akademi for sprog og litteratur, 4. Oslo: Universitetsforlaget.
- Blom, Ida. (1973). *Kampen om Eirik Raudes land. Pressgruppedpolitikk i grønlandsspørsmålet 1921-1931*. Oslo: Gyldendal.
- Bond, Brian. (1983). *War and society in Europe 1870-1970*. New York: St. Martin's Press.
- Bondevik, Jarle. (2003). *Og ordet vart nynorsk. Soga åt den nynorske Bibelen*. Bergen: Norsk bokreidingslag.
- Bonnevie, Jacob Aall. (1900). *Foredrag om Maallovene ved Rigsmaalsmødet 28. November 1899*. Norsk rigsmaalsforenings smaaskrifter, 1. Kristiania.
- Bothner, Harald. (1987). *Dagbøker fra 1905*. Trondheim: Tapir.
- Brandal, Trygve. (2002). Hartvig Halvorsen - ein hjelmelandsbu i norsk kyrkjehistorie [digital versjon]. *Gamalt frå Suldal*. Henta 2008, 17. juni frå http://home.no.net/sulsog/New_Folder/index.html.
- Brevik, Ingrid Hilde. (1985). *Venstreprensa 1920-1930. Ei gransking av utviklingsmønsteret og tilhøvet til partiet*. Upublisert hovudoppgåve i historie. Universitetet i Bergen.
- Broch, Just. (1943). *Fredrik Størmer. En pioner i norsk teknikk og industri*. Norsk teknisk museums skrift, nr. 5. Oslo: Cappelen.
- Brox, Arthur (red.). (1923). *Mållaget "Heimhug". Troms lærarskule. Festskrift utgjeve av laget til 25 årshøgtida*. Tromsø: Laget.
- Brubaker, Rogers. (1999). The Manichean myth: rethinking the distinction between "civic" and "ethnic" nationalism. I Hanspeter Kriesi, m.fl. (red.), *Nation and national identity. The European experience in perspective* (s. 55-71). Chur: Rüegger.
- Brubaker, Rogers. (2004). In the name of the nation: Reflections on nationalism and patriotism. *Citizenship Studies* (nr. 2), 115-127.
